Kontaktperson: Skjalg Trældal (tlf. 770 15021, mobil 958 22 357)

Oppdrag til/fra 2005-2011	Herav ambulanse-helikopter	Herav rednings-helikopter	Til sykehuset	Fra sykehuset
544	526	18	106	438

Vurdering:
Gruppe 3
Tiltak på gang. (Obs sjekk at de forholder seg til kommende forskrift)

<u>Universitetssykehuset Nord-Norge Narvik</u>
Dagens situasjon:
Benytter flyplassen
Framtidsplaner:
Styrevedtak i Helse Nord om at landingsplass tas inn i nytt byggeprosjekt

Kontaktperson: Skjalg Trældal (tlf. 770 15021, mobil 958 22 357)

Oppdrag til/fra 2005-2011	Herav ambulanse-helikopter	Herav rednings-helikopter	Til sykehuset	Fra sykehuset
136	111	25	43	93

Vurdering:
Gruppe 3.
Ref styrevedtak. Landingsplass tas inn som en del av byggeprosjekt. Diameter 23 m (fast dekke), 46 m inkl. sikkerhetsområde. Dersom opphøyet plattform: diameter 28,75 m.

Universitetssykehuset Nord-Norge Longyearbyen
Dagens situasjon:
Benytter flyplassen
Framtidsplaner:
Ingen planer
Møte UNN 05.04.2011:
Bekymringsmelding fra operatør Airlift AS ang nødlandingsplass ved sykehus.
Info fra Airlift 05.05.11:

- *Hva vil det kreves for å få en tilfredsstillende landingsplass ved sykehuset?*
  Fylle ut og heve grøft / skråning mellom sykehus og vei. Planere og asfaltere dette samt sperre av slik at det ikke er mulig å bruke denne plassen til parkering av biler. I tillegg må eksisterende ledninger langs veien, luftspenn, legges i bakken.
- *Er det nok plass i nærheten i dag?*
  Vi bruker denne plassen i dag, men kun om vinteren når bakken er frosset. For mye grus og søppel som samler seg der om sommeren.
- *Vil det være nok med tilrettelagt plass, ryddet for sne/annet, lys i hvert hjørne?*
  Bør asfalteres + luftspenn fjernes / legges i rør i bakken.
- *Hvem eier plassen?*
  Store Norske Spitsbergen Kullkompani a/s er grunneier på vegne av staten. Longyearbyen Lokalstyre er i.ht avtale med SNSK ansvarlig utøver for arealplanen i området, (ref: http://www.lokalstyre.no/Modules/theme.aspx?Category.ID=1068&ObjectType=Article&ElementID=1954)
- *Hvor mange oppdrag kan det være snakk om i året?*
  2-3 oppdrag / landinger hvert år, men disse kan være ytterst kritiske der det står om minutter mellom liv og død. Det tar ca 5 min for ambulansen å transportere pasienten fra flyplassen inn til sykehuset. I tillegg må vi regne ytterligere 5 min på innflyging og omlasting fra helikopter til ambulanse. Ved landing på asfaltert område ved inngangen til akuttmottaket vil man i tillegg spare pasienten for en ekstra omlasting.
- *Er det andre momenter som dere kommer på?*
- *Det er et paradoks at staten i dag vurderer å innføre tilstedevakt på redningshelikopteret på Svalbard, noe som i praksis i beste fall kun vil spare 15 min (vi har i dag en gjennomsnittlig utrykningstid på 32 min), mens vi allerede kunne spart 10 min ved å investere en brøkdel av denne kostnaden på landingsplass ved sykehuset!*

Vurdering:
Gruppe 1
Det bør etableres en forsvarlig landingsplass ved sykehuset. (Sjekk om forskriftskravet gjelder på Svalbard)

Nordlandssykehuset Bodø
Dagens situasjon:
Benytter flyplassen
Framtidsplaner:

I Bodø har vi klarlagt tekniske , bygningsmessige og økonomiske betingelser for gjenåpning av plattformen på sykehustaket tilpasset største, tyngste alternativ for nytt ambulanse/redningshelikopter. Vi har i tillegg utredet etablering av ny akuttheis som tilrettelegger for hensiktsmessig intern pasientlogistikk mellom plattform og øvrige akuttenheter i sykehuset. I forhold til behov for ny ROS-analyse, har vi pekt på at takløsninga i Bodø er lik etableringa på St. Olav. Det kan vanskelig tenkes at ei ROS-analyse i Bodø konkluderer med uakseptabel risiko ved ei takløsning. Poenget her er å gjennomføre ei ROS-analyse knytta til driftsmessige, operative forhold som sikrer at vi avdekker og iverksetter driftsrelaterte, risikoreduserende tiltak. Det har vi god til på oss til å gjennomføre. Plattformen kan bygges en gang i perioden 2016-2018, og åpnes etter at AB-ombygging er avsluttet og tårnkraner demontert.
Heis og forsterking av taket ligger allerede inne i investeringsplanen.

Utbyggingssjef Terje A. Olsen 11.06.2013:
Det er gitt egen bevilgning til gjenåpning/ ny helikopterlandingsplass i Sentrum Bodø. Planarbeidet er kommet i gang og etter gjennomgang med DNV er det avklart at det må søkes ny konsesjon for gjenåpning av helikopterlandingsplassen på taket av høyblokken. Dette arbeidet videreføres i høst.

Oppdrag til/fra 2005-2011	Herav ambulanse-helikopter	Herav redningshelikopter	Til sykehuset	Fra sykehuset
1600	79	1521	1582	18

Vurdering:
Gruppe 3
Tiltak iverksatt

<u>Nordlandssykehuset Vesterålen</u>
Dagens situasjon:
Kan lande på veien nedenfor sykehuset. Politiet sperrer av. Benytter ellers flyplassen. Helikopter lander også på idrettsbanen, 3-400 m unna akuttmottak.

Sea King redningshelikopter:
Kan bruke plassen
Framtidsplaner:
Det er bekreftet at det etableres landingsplass ved det nye sykehuset som er under bygging. Nytt sykehus skal settes i ordinær drift 1. april 2014. Prosjektet er informert om våre krav til landingsplass.

Kontaktperson: Geir Grimstad, tlf 75 55 13 01, mob 91 56 22 88, geir.grimstad@ramboll.no
Eller Hallgeir Karlsen, leder drift og vedlikehold

Utbyggingssjef Terje A. Olsen 11.06.2013:
I det godkjente forprosjektet, som ga budsjettrammen for prosjektet, var det ikke tatt med kostnader for helikopterlandingsplass. Men ved utformingen av den asfalterte plassen utenfor akuttmottaket er det forutsatt at det skal kunne lande helikopter ved behov.
I styresak 56-2012 "Modernisering av Nordlandssykehuset" i Nordlandssykehuset HF heter det i saksframlegget om Nordlandssykehuset Vesterålen:
"Etablering av landingsplass for helikopter i tilknytning til sykehuset er imidlertid tilkommet ved RHF styrevedtak (sak 71/2011). I prosjektet er forutsatt at det skal kunne lande helikopter på den asfalterte plassen utenfor akuttmottaket, men da slik at denne plassen ikke

tilrettelegges for øvrig. Men vedtak i HN RHF (sak 71/2011) gjør at det sannsynligvis må tilrettelegges for en definert helikopterlandingsplass med godkjennelse fra Luftfartsmyndighetene. Dette forhold undersøkes pt med ansvarlig myndighet. Det er ikke rom til dette innenfor dagens budsjettramme som i så fall må økes med i størrelsesorden 10 mill kr. "

Oppdrag til/fra 2005-2011	Herav ambulanse-helikopter	Herav redningshelikopter	Til sykehuset	Fra sykehuset
36	10	26	19	17

Vurdering:
Gruppe 3
Ref styrevedtak. Landingsplass tas inn som en del av byggeprosjekt. Diameter 23 m (fast dekke), 46 m inkl. sikkerhetsområde.

Nordlandssykehuset Gravdal i Lofoten
Dagens situasjon:
Benytter flyplassen
Framtidsplaner:
Ingen planer.

Kontaktperson: Hallvard Karlsen, leder drift og vedlikehold

Oppdrag til/fra 2005-2011	Herav ambulanse-helikopter	Herav redningshelikopter	Til sykehuset	Fra sykehuset
86	0	86	28	58

Vurdering:
Gruppe 3
Ikke behov

Helgelandssykehuset Mo i Rana – Rana helikopterplass sykehuset
Dagens situasjon:
Asfaltplass ved sykehuset. Diameter 32 m.
Vektbegrensning: ukjent, dimensjonert for Sea King (10 tonn)

- Godkjent Luftfartstilsynet: ja
  - Konsesjon: ja, utløpsdato 01.07.2022.
  - T/O-godkjenning: Ikke nødvendig
- Drivstoffanlegg: nei
- Avstand til akuttmottak: 75 m
- Ambulansetransport til akuttmottak: nei (evt. hvis dårlig vær)
- Miljøproblemer: Ingen spesielle

Sea King redningshelikopter:
Kan bruke plassen
Framtidsplaner:
Ingen planer.

Kontaktperson: Vidar Smalås

Oppdrag til/fra 2005-2011	Herav ambulanse-helikopter	Herav redningshelikopter	Til sykehuset	Fra sykehuset
302	262	40	243	59

Vurdering:
Gruppe 3
OK.

Helgelandssykehuset Mosjøen – Mosjøen helikopterplass sykehuset
Dagens situasjon:
Asfaltplass 100 m fra sykehuset 26x26 m.
Vektbegrensning: ukjent

- Godkjent Luftfartstilsynet: ja
  - Konsesjon: JA, utløpsdato 01.08.2016
  - T/O-godkjenning: Nei
- Drivstoffanlegg: nei
- Avstand til akuttmottak: 100 m
- Ambulansetransport til akuttmottak: ja (kan evt. trille)
- Miljøproblemer: 2 barnehager innenfor 100 m, samt biler helt inntil

Sea King redningshelikopter:
Kan bruke plassen
Framtidsplaner:
Ingen planer.
Møte 04.04.2011 (Spørck, Elsbak, Jenssen):
Har konsesjon, men ikke godkjenning. Usikkert om landingsplassen er stor nok iht krav til landingsplass for AW139 helikopter. I og med at flyplassen er nær er det liten vilje til å bruke store summer på en evt oppgradering. Jenssen refererte til et møte i Luftfartstilsynet hvor inspektøren mente det sannsynligvis var mulig å benytte dagens plass uten altfor store endringer (behov for maling av større sirkel, montering av bedre markeringslys, evt liten utvidelse av fast dekke). Elsbak undersøker de fysiske målene for landingsplassen i dag (bredde og lengde), og oversender ANS v/Jenssen.

Kontaktperson: Vidar Smalås

Oppdrag til/fra 2005-2011	Herav ambulanse-helikopter	Herav redningshelikopter	Til sykehuset	Fra sykehuset
164	154	10	84	80

Vurdering:
Gruppe 1
Plassen tilfredsstiller sannsynligvis kommende forskrift: Diameter 23 m (fast dekke), 46 m inkl. sikkerhetsområde. I så fall bør det søkes konsesjon og godkjenning.

Helgelandssykehuset Sandnessjøen – Sandnessjøen helikopterplass sykehuset
Dagens situasjon:
Landingsplass på bakken. Oppgradert til diameter 33,25 m
Vektbegrensning: 15 tonn

- Godkjent Luftfartstilsynet: ja

  - Konsesjon: JA, utløpsdato 01.06.2016
  - T/O-godkjenning: JA- utløpsdato?
- Drivstoffanlegg: nei
- Avstand til akuttmottak: 100 m
- Ambulansetransport til akuttmottak: kan trille. Ambulanse evt.
- Miljøproblemer: ingen kjente.

Sea King redningshelikopter:
Plassen er ok for Sea King
Framtidsplaner:
Det er bestilt rampe for pasientinntak i sørvestveggen, slik at pasient kan trilles direkte.
Kontaktperson: Gunnar Sjøset, teknisk sjef

Oppdrag til/fra 2005-2011	Herav ambulanse-helikopter	Herav redningshelikopter	Til sykehuset	Fra sykehuset
1261	1235	26	1211	50

Vurdering:
Gruppe 3
OK

12.6. Statistikk

Statistikk over helikopteroppdrag til og fra sykehus i årene 2007 – 2011: Se vedlagte regneark.

INSTITUSJON	Totalt antall 2005 - 2011 (7 år)	Gj.snitt/år 2005-2009	Gj.snitt/år 2010-2011	Ambulanse-helikopter	Redningshelikopter	TIL Primær-oppdrag	TIL Sekundær-oppdrag	TIL Tilbake-føring	AVLEVERTE (FRA)	Travelhet siste to år	Antall travelhet
										H: > 208	12
HELSE SØR-ØST										M: 48-208	22
										L: < 48	24
Ahus Lørenskog*	1872	253	304	1863	9	1761	75	22	14	H+	
Ahus, Stensby	71	14	0	71	0	9	2	0	60	L (0)	
Diakonhjemmet	24	3	4	24	0	18	1	4	1	L-	
Feiringklinikken	58	9	7	58	0	9	26	1	22	L-	
Lovisenberg sykehus	10	2	1	10	0	9	1	0	0	L-	
OUS Aker	351	58	31	330	21	311	29	6	5	L	
OUS Radiumhospitalet	11	2	2	11	0	4	7	0	0	L-	
OUS Rikshospitalet	2793	376	457	2749	44	937	1788	3	65	H+	
OUS Ullevål	4762	662	727	4650	112	2957	1741	8	56	H+	
SI Elverum	451	62	72	451	0	128	39	33	251	M	
SI Gjøvik	567	80	83	567	0	258	4	27	278	M	
SI Hamar	361	52	50	360	1	96	46	23	196	M-	
SI Kongsvinger	201	26	35	201	0	56	3	10	132	L	
SI Lillehammer	1692	236	257	1691	1	1071	18	60	543	H	
SI Tynset	334	47	35	332	2	89	2	1	242	L	
SiV Tønsberg	385	52	62	374	11	161	20	14	190	M	
SS Arendal*	1441	200	219	1434	7	988	87	15	351	H	
SS Flekkefjord	250	35	38	211	39	9	1	0	240	L	
SS Kristiansand	1320	181	207	1307	13	705	83	37	495	M+	
ST Notodden	202	30	27	198	4	38	6	0	158	L	
ST Rjukan	175	25	25	173	2	58	0	0	117	L	
ST Skien	1075	146	173	1052	23	444	96	49	486	M	
Sunnaas sykehus	28	6	0	28	0	0	4	0	24	L (0)	
SØ Fredrikstad	374	49	65	335	39	188	9	12	165	M	
SØ Moss	68	8	13	61	7	40	3	3	22	L	
Vestre Viken Bærum	130	18	20	128	2	107	6	5	12	L	
Vestre Viken Drammen	830	114	131	805	25	637	90	48	55	M	
Vestre Viken Kongsberg	154	22	21	152	2	65	16	2	71	L	
Vestre Viken Ringerike	1045	157	131	1045	0	802	7	8	228	M	

* Disse to sykehusene har base og benytter denne som landingsplass. Disse tallene er derfor ikke et uttrykk for den totale aktiviteten, bare pasientstrøm med helikopter til og fra sykehuset

HELSE MIDT-NORGE										
Helse M&R Kristiansund	479	71	61	404	75	77	6	5	391	M
Helse M&R Molde	991	141	142	939	52	419	43	16	513	M
Helse M&R Volda	492	69	75	476	16	171	12	19	290	M
Helse M&R Ålesund*	2481	334	405	2393	88	1527	520	13	421	H+
Helse NT Levanger	542	76	81	478	64	371	73	7	91	M
Helse NT Namdal	1091	156	156	931	160	615	3	13	460	M
St. Olav, Orkdal	338	50	45	230	108	311	2	0	25	L+
St. Olav, Røros	34	6	2	32	2	6	0	0	28	L-
St. Olav, Trondheim	6440	907	952	5319	1121	4660	1737	6	37	H+

* Dette sykehuset har base og benytter denne som landingsplass. Disse tallene er derfor ikke et uttrykk for den totale aktiviteten, bare pasientstrøm med helikopter til og fra sykehuset

HELSE VEST										
Helse Bergen, Haukeland	6179	893	858	5890	289	3956	2128	5	90	H+
Helse Bergen, Voss	309	42	49	306	3	84	2	3	220	M
Helse Fonna, Haugesund	1362	189	210	1148	214	181	23	21	1137	H-
Helse Fonna, Odda	266	36	42	245	21	36	0	0	230	L+
Helse Fonna, Stord	530	66	100	509	21	74	4	2	450	M
Helse Førde, Florø										
Helse Førde, Førde*	3234	453	484	3158	76	2147	330	30	727	H+
Helse Førde, Lærdal	424	62	57	416	8	41	2	0	381	M
Helse Førde, Nordfjordeid	496	71	70	475	21	41	1	2	452	M
SUS, Stavanger*	5298	748	778	4591	707	4086	773	9	430	H+

* Disse to sykehusene har base og benytter denne som landingsplass. Disse tallene er derfor ikke et uttrykk for den totale aktiviteten, bare pasientstrøm med helikopter til og fra sykehuset

HELSE NORD										
Helgelandssykehuset, Mosjøen	164	23	25	154	10	80	2	2	80	L
Helgelandssykehuset, Rana	302	45	39	262	40	221	22	0	59	L
Helgelandssykehuset, Sandnessjøen	1261	176	190	1235	26	1135	73	3	50	M+

Helse Finnmark, Hammerfest	817	119	111	24	793	775	4	2	36	M
Helse Finnmark, Kirkenes	91	15	9	0	91	87	3	0	1	L-
Nordlandssykehuset, Bodø	1600	236	211	79	1521	1383	196	3	18	H-
Nordlandssykehuset, Lofoten	86	9	20	0	86	23	1	4	58	L
Nordlandssykehuset, Stokmarknes	36	6	3	10	26	18	0	1	17	L-
UNN, Harstad	544	81	70	526	18	88	12	6	438	M
UNN, Narvik	136	19	22	111	25	38	4	1	93	L
UNN, Tromsø*	4428	649	593	4110	318	3789	621	1	17	H+

* Dette sykehuset har base og benytter denne som landingsplass. Disse tallene er derfor ikke et uttrykk for den totale aktiviteten, bare pasientstrøm med helikopter til og fra sykehuset

asplan viak

NOTAT

Oppdragsgiver:	Tømrer Prosjekt As
Oppdrag:	603644-01 – Helikopterlandingsplass Volda Støy
Dato:	08.01.2016
Skrevet av:	Alf Idar Småge og Halvor Berulfsen
Kvalitetskontroll:	Trond Norén

DETALJREGULERING LEGENE - BØKEVEGEN - HELIKOPTERSTØY

INNHALD

1 Bakgrunn 1
2 Trafikktall og forutsetninger 2
3 Regelverk 4
4 drøfting 6
5 Konklusjon 11

1 BAKGRUNN

Tømrer Prosjekt AS arbeider med reguleringsplan for bustader for området Bøkevegen, nær Volda sjukehus. Planområdet går fram av Figur 1.



Figur 1: Planlagd utbygging og helikopterlandingsplass ved sjukehuset

Sjukehuset har helikopterlandingsplass, og det er reist ei problemstilling omkring støyplage frå helikoptertrafikken. Mellom anna er det i klage frå nabo hevda at fjerning av skog vil gje meir støy. Dette notatet omtalar kort regelverket og aktiviteten ved helikopterlandingsplassen opp mot dette.

2 TRAFIKKTALL OG FORUTSETNINGER

Luftambulansetjenesten ANS (LAT ANS) gjennomførte vinteren 2007/08 ei kartlegging av helikopterlandingsplassane ved 54 somatiske akuttsjukehus, mellom desse Volda. Tilhøva viste seg å ikkje vere tilfredsstillande, og vidare arbeid resulterte i rapporten *Landingsforhold ved sykehus. Rapport fra et interregionalt prosjekt*, datert 11.11.2013. Utdrag som gjeld Volda sjukehus er vist i Figur 2.

Helse Møre og Romsdal Volda

Dagens situasjon:

Parkeringsplass som kan avsperres 13x20 m.
Vektbegrensning: nei. Vil tåle AW101 (vekt).

- Godkjent Luftfartstilsynet: nei
- Drivstoffanlegg: nei
- Avstand til akuttmottak: 50 m
- Ambulansetransport til akuttmottak: nei
- Miljøproblemer: ingen kjente klager

Sea King redningshelikopter:

Kan ikke bruke plassen. Benytter flyplassen.

Framtidsplaner:

Ingen planer
Operatøren Lufttransport AS ønsker at et hinder (pipe på 30 meter) må fjernes.
Dersom det kreves konsesjon vil trolig Hovden flyplass være aktuell landingsplass.

Kontaktperson: Seksjonsleder Rolf J. Strømsheim, Eiendomsseksjonen
tlf 70105024 / 97067012

Oppdrag til/fra 2005-2011	Herav ambulanse-helikopter	Herav redningshelikopter	Til sykehuset	Fra sykehuset
492	476	16	202	290

Vurdering:

Gruppe1
Plassen er flyoperativt ikke tilfredsstillende, blant annet grunnet høy pipe rett ved plassen.
Dersom det fortsatt er ønskelig å lande helikopter ved sykehuset, bør det søkes om konsesjon. Dette vil kreve tiltak. Alternativt bør plassen stenges og flyplassen benyttes som landingsplass.

Figur 2 Oppsummering av tilhøva ved landingsplassen ved Volda sjukehus

Totalt var 492 oppdrag i perioden 2005 – 2011. Kvart oppdrag tilsvarar to turar, dvs 984 flyrørsler eller i gjennomsnitt 12 flyrørsler pr månad i perioden.

Vi har motteke opplysingar om helikopteraktiviteten ved Volda sjukehus i åra 2012 – 2014. Tabell 1 viser at det er utført 390 flyrørsler til saman for desse 3 åra, eller 11 pr månad i gjennomsnitt,dvs. om lag det same som i perioden 2005 – 2011. Talet har minka kvart år dei siste tre åra, slik at det i 2014 var knapt 9 flyrørsler pr månad i gjennomsnitt. Det er uvisst om dette er ein nedgang som vil fortsette.

I perioden 2012 – 2014:

Tabell 1: Flyrørsler 2012 - 2014

År	Talet på flyrørsler
2012	150
2013	134
2014	106
Sum	390

Det er innhenta meir detaljert informasjon om aktiviteten ved flyrørslene frå ein av pilotene i Lufttransport AS, ved base Ålesund. Følgjande avsnitt er sitert frå epost datert 6.1.2016:

«*Vi opererer idag Agusta Westland AW 139 på våre ambulansebaser. Dette er en to-motors maskin med maks takeoff-vekt på 6400 kg.*

Avgangsprosedyren innebærer at vi stiger vertikalt ca. 25 meter før vi begynner å fly ut av området. Innflyginger blir gjort i lignende høyder, dvs. at vi på et punkt ca. 200 m fra landingsplass vil være i en høyde av minst 30 m før vi begynner nedstigning mot landingsplass. Hvilken vekt vi har, samt vind og vær kan påvirke landingsprofilen, men stort sett holder vi disse parameterne.

I Volda er mesteparten av innflygingene fra vest, unntaksvis fra øst, men pga. bygningsmassen på sykehuset, inkludert en høy pipe og stigende terreng mot nord, er andre retninger bortimot ubrukelige for oss.

Ellers tar det vanligvis rundt to, til to og et halvt minutt fra vi begynner å starte, til vi løfter av bakken. Normal tomgangskjøring etter landing kan strekke seg til ca. ett minutt, ytterst sjelden skjer inn/ut-lasting med motorer i gang».

I berekningane av støy frå helikopter er det teke utgangspunkt i støyspekteret[1] frå helikoptertypen Eurocopter EC135, som er eit mindre helikopter enn AW139. Basert på målingane[1] for å finne lydeffekten frå EC135 og oppgitte støydata for EC135 og AW139 på websida www.blueskyrotor.com, er lydeffekten korrigert for å tilsvare det kraftigare helikopteret AW139 i berekningane. Det eksisterer ei uvisse m.o.t om støyspekteret er noko ulikt mellom dei to helikoptertypane, men denne uvissa reknar vi med har liten relevans for å kunne vurdere berekningsresultata.

For å kunne vurdere korleis maksimalstøynivået er sammenlikna med det ekvivalente støynivået er det nytta eigne målinger av Forsvaret sitt Bell 412-helikopter (Det ligg ikkje føre

[1] Helikopterstøy Grønneviksøren, utarbeidet av Kilde Akustikk i 2005.

rapport med denne informasjonen synleg, derfor finst ingen referanse). I desse tidlegare målingane vart det funne at det var relativt liten forskjell på det maksimale og det ekvivalente lydtrykknivået, stort sett mellom 3-5 dB med Fast tidskonstant. Siden grenseverdien for maksimalt lydtrykknivå i T-1442 er gitt med Slow tidskonstant er det vurdert at 3 dB er ein fornuftig og sannsynlig forskjell på maksimalt og ekvivalent lydtrykknivå for helikopteret. Grenseverdien skal også være det støynivået som vert overskride for maksimalt 5 % av hendingane, men dette er ein statistisk verdi som berekningsprogrammet ikkje klarer å rekne ut. På vedlegga er det derfor berekna L_{pAmax}, basert på eit lydeffektnivå med Slow tidskonstant.

Piloten til Lufttransport vart ikkje spurt om stigningsvinkel eller fart under inn-/utflyging, men ved eit tidligere oppdrag der det vart gjort tilsvarande berekningar vart det oppgitt at helikoptera kunne ha ein stigning på 3-6 grader ved inn-/utflyging og ein fart på ca. 60 knop (denne farta var då oppgitt for ei vesentlig lenger innflyging enn dei 200 meterane som vart oppgitt av Lufttransports pilot). De siste 200 meterane, forbi dei planlagde nye bustadane, vil helikopteret vere i en oppbremsingsfase og farta vert redusert. I berekningane er det nytta ein innflygingstrasé på 3 grader og med lengde 356 meter vestover frå landingsplassen (så langt vi har digitalt kart). På desse 356 meterane er det berekn ein flytid på 15 sekund, noko som truleg samsvarar bra med dei faktiske tilhøva. Tilsvarande er det nytta 15 sekund som tid på nedstiging og oppstiging vertikalt 25 meter. Tida på tomgang ved landing og takeoff er oppgitt i sitatet fra Lufttransport AS på forrige side.

3 REGELVERK

Retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen (T-1442/2012) (https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinje-stoy-arealplanlegging/id696317/) skal leggast til grunn ved utarbeiding av reguleringsplanar. For *flyplass* gjeld grenseverdiane i Tabell 2.

Tabell 2: Grenseverdiar for flystøy i T-1442/2012

Støykilde	Gul sone		Rød sone	
	Utandørs støynivå	Utandørs støynivå i nattperioden (23-07)	Utandørs støynivå	Utandørs støynivå i nattperioden (23-07)
Flyplass	L_{den} 52dB	L_{5AS} 80 dB	L_{den} 62dB	L_{den} 90dB

I T-1442/2012 er flyplass definert som *Alle typer sivile og militære landingsplasser på sjø og land for motordrevne luftfartøy, herunder helikopter.*

I rettleiinga til retningslinja (M-128 – 2014) (http://miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M128/M128.pdf) er dette utdjupa: *Med flyplass menes i disse retningslinjene ethvert anlegg, på land eller sjø, godkjent av Luftfartstilsynet til å operere med enhver type luftfartøy, og landingsplassen har mer enn 25 flybevegelser totalt i den sammenhengende tremåneders sommerperiode med mest trafikk.*

M-128 seier også dette: «*Helikopterlandingsplasser i tettbygd strøk kan medføre støykonflikter, da støy fra landing og avgang samt innflyging i lav høyde over bebyggelse*

ofte gir høye støynivåer. Landingsplasser som brukes om natten, for eksempel knyttet til ambulanseflyging, gir vanligvis de største konfliktene knyttet til maksimalstøy.

Helikopterlandingsplasser er i likhet med andre typer landingsplasser konsesjonspliktig etter luftfartslovens § 7-5. Bestemmelser om konsesjonsbehandling er nedfelt i forskrift om konsesjon for landingsplasser, som forvaltes av Luftfartstilsynet.

Bruk av såkalte naturlige landingsplasser er unntatt fra konsesjonskravet. Dette gjelder blant annet midlertidige landingsplasser til kortvarig bruk, landing i forbindelse med bygg- og anleggsvirksomhet m.v. Antall flybevegelser på naturlig landingsplass må imidlertid ikke overstige 12 per uke, og annet aktuelt lovverk må overholdes, herunder bestemmelsene om motorferdsel i utmark. Dersom antall operasjoner overstiger 25 bevegelser innenfor en sammenhengende tre måneders periode, kan det ved behov fremmes krav om støykartlegging også for midlertidige landingsplasser».

«Mange helikopterlandingsplasser kan ha relativt få flybevegelser, og ekvivalentnivåene på årsbasis vil i slike tilfeller bli lave. For boliger nær landingsplassen kan imidlertid maksimalnivåene bli høye, og kommunen bør derfor vurdere om det bør benyttes grenser for maksimalnivå også på dag- og kveldstid. Dersom nattflyging er vanlig forekommende, bør det også vurderes å stille krav til maksimalstøy i nattperioden selv om det er mindre enn 10 hendelser».

«For flyplasser hvor trafikken er så lav at ekvivalentnivåbaserte konturer blir urimelig små, eller hvor svært støyende aktiviteter forekommer regelmessig med en hyppighet som ikke gir særlig utslag i ekvivalentnivåbaserte konturer, må støykartleggingen suppleres med støykartlegging av maksimumsbaserte måleenheter for periodene dag, kveld og natt. Dette vil særlig gjelde helikopterlandingsplasser og flyplasser med militær jagerflytrafikk, men kan også gjelde en del regionale lufthavner der få flybevegelser gir et lavt ekvivalentnivå».

4 DRØFTING

Det er altså to kriterium, som skal oppfyllast for at landingsplassen skal reknast som flyplass, og dermed omfattast av regelverket og med eit kartleggingsansvar:

- Godkjend av Luftfartstilsynet, og meir enn 25 flyrørsler i mest trafikerte tremånaders periode.

Landingsplassen ved Volda sjukehus inngår ikkje i Luftfartstilsynet sin oversikt over godkjende flyplassar (http://luftfartstilsynet.no/incoming/article12472.ece).

Omfanget av helikoptertrafikken i perioden 2007 – 2011 er ovanfor utrekna til gjennomsnittleg ca 12 pr månad, dvs 36 flyrørsler pr 3-månaders periode, som er noko høgare enn minimumsaktiviteten på 25 flyrørsler i den 3-månaders perioden med mest trafikk for å komme inn under definisjonen av flyplass. For åra 2012 – 2014 er gjennomsnittleg trafikk i ein 3 månaders periode 33 flyrørsler, og i 2014 nede i 24. Vi reknar med at det er liten sesongvariasjon, og at 33 – 36 flyrørsler er representativt som maksimalperiode. Dette kriteriet tilseier då at landingsplassen skal handsamast som flyplass.

Det er ikkje utarbeidd støysonekart for landingsplassen av anleggseigaren. For bebuarar, både eksisterande og nye, nær landingsplassen er det talet på hendingar og ikkje om landingsplassen er godkjend av Luftfartstilsynet som er avgjerende for om aktiviteten vert oppfatta som ein støyplage. I tillegg seier M-128 at dersom talet på hendingar er få kan det være nødvendig å gjere vurderingar av støy mot maksimumsbaserte måleeiningar.

Påstanden frå naboar om at fjerning av vegetasjon vil forverre støytilhøva er ikkje rett. Ei tilfeldig samling av spreidde tre vil ikke gje merkbar endring av støynivået, sjølv om lydbiletet kan bli noko annleis. Det skal breie vegetasjonsbelte med tett skog til for at det skal ha merkbar støydempande effekt, og då i første rekkje på høgfrekvent lyd, sjå t.d. http://www.tiltakskatalog.no/e-1-1.htm . Helikopterstøy kjem også i stor grad ovanfrå, slik at lyden store delar av tida vil gå over vegetasjonen. Visuell skjerming av støykjelden kan likevel redusere den negative, subjektive opplevinga av støyen.

Det er utført berekingar av ulike fasar ved ei flyrørsle. Innflyging, nedstiging og tomgang etter landing er éi flyrørsle. Tomgang før takeoff, oppstigning og utflyging er også ei flyrørsle. Det høgste maksimale støynivået ved dei planlagde, nye bustadane nærast landingsplassen vil vere under nedstiging vertikalt frå det høgste punktet 25 meter over bakken. Vist på vedlegg A kan då L_{pAmax} vere inntil 92 dB, altså over grenseverdi for rød sone iht. T-1442 på planlagde nye bygningar. Det vil derimot ikkje vere over 10 hendingar i nattperioden og T-1442 har berre krav om maksimalnivå i nattperioden dersom det er meir enn 10 hendingar. M-128 seier likevel at ei vurdering av maksimalnivå også kan vere aktuelt i nattperioden sjølv om talet på hendingar ikkje er meir enn 10 dersom nattflyging er vanleg, og også i dag- og kveldsperiodane dersom talet på hendingar er så få at det ikkje gjev nemnande utslag for ekvivalentnivåa. I dag- og kveldsperioden vil støynivået vere så høgt under ei flyrørsle at det ikkje er mogleg å føre ein samtale. Ved ambulanseflyvning er det heller ikkje mogleg å unngå nattflygingar.

Vedlegg B viser maksimalt støynivå L_{pAmax} undervegs i innflyging i eit punkt 100 meter vest for landingsplassen. Støynivået ved planlagde nye bustader er litt lågare enn ved nedstiging, høgst 89 dB, men berekninga viser også at kva bygning og kva fasade som er mest

støyutsett vil variere med kvar støykjelden (helikopteret) er. I praksis kan derfor alle dei planlagde bygga bli utsette for maksimalt støynivå tett opp mot grenseverdi for rød sone ved ei flyrørsle.

Ut frå to flyrørsler er det også berekna L_{DEN} dersom begge flyrørslene skjer i nattperioden. Dette er vist på vedlegg C. Det går fram at sjølv om det berre skjer ei landing og ein avgang i løpet av eit døgn, vil tre av fire planlagde bygg ha støy over grenseverdi for rød sone for parameteren L_{DEN}. Dette sjølv om hendingane ikkje varer lenger enn totalt 4,5 minutter inkludert alle fasar. Grunnen til at det gjev utslag for den døgnmidla parameteren L_{DEN} er at det er snakk om svært kort avstand frå helikopterlandingsplassen til dei planlagde nye bustadane, at støynivået er svært høgt under sjølve hendinga, og at støy i nattperioden får ei skjerping på 10 dB. Dersom hendingane skjer i dagperioden vil L_{DEN} bli vesentleg lågare, men framleis vil tre av fire planlagde bustader ligge i gul sone, vist på vedlegg D.

Sjølv om planlagde bustader vil ligge i ei støysone er det ingen automatikk i at det hindrar utbygging. Avbøtande tiltak kan gjerast dersom det er praktisk mogleg. Det er to tilhøve som er viktig og som det er krav til skal oppfyllast:

- Innandørs støynivå i opphalds- og soverom iht. NS 8175 lydklasse C.
- Utandørs støynivå på private uteplassar og felles uteoppholdsareal.

Det vert som regel stilt krav om at ein viss del av opphalds- og soverom skal ha minst eitt vindu som vender mot ei stille side (støynivå lågare enn grenseverdiar for gul sone). For den aktuelle utbygginga vurderer vi det slik at det ikkje er tenleg å stille eit slikt krav til utandørs støynivå. Det er heller ikkje vesentleg for opplevd støyplage sidan det ikkje er ei vedvarande støykjelde, men ei støykjelde som kan vere plagsam berre inntil 5 minutt per døgn. Soverom bør likevel så langt råd plasserast mot nord og vest. Det viktige er at sjansen for oppvakning i nattperioden vert redusert ved å dimensjonere bygningskonstruksjonane slik at dei har tilstrekkelig lydreduksjon ved berekning av maksimalt innandørs støynivå i nattperioden (grenseverdi er $L_{p,AF,max}$ 45 dB iht. NS 8175:2012). Akustikar kan berekne naudsynte krav til vindauge, ytterveggar og takkonstruksjon når planteikningar ligg føre for prosjektet, og dersom materialbruk og oppbygging av veggar og tak er fastlagt.

Støynivå på private uteplassar og felles uteopphaldsareal er også relatert til L_{DEN} 52 dB som grenseverdi, men det er berre i dag- og kveldsperioden uteplassane vert nytta og det tener derfor ikkje føremålet å berekne L_{DEN} ved aktivitet i nattperioden sidan det berre er inntil ei hending per døgn. Flyhendingar i kveldsperioden vil gje noko høgare støynivå for L_{DEN} enn flyhendingar i dagperioden. Kveldsperioden er derfor brukt som tidsperiode der aktiviteten skjer.

Det er ikkje krav til maksimalt støynivå på uteplassar, men uavhengig av dette vil det vere vanskeleg å t.d. snakke saman når det er flyaktivitet frå helikopter på bakgrunn av dei maksimale støynivåa og dei ekvivalente støynivåa i løpet av tida kvar hending tek. Det er berekna støynivå for uteopphaldsareal på bakkeplan sør for dei planlagde bustadane. Berekningspunkta er vist på Figur 3. For å forsøke å skjerme uteopphaldsarealet er det plassert ein støyskjerm sør og søraust for dei planlagde bustadane. Høgde på støyskjerm er gitt som kotehøgde for topp skjerm på Figur 3 og i vedlegga. Støyskjermen vil heilt klart ha ein skjermande effekt i tidsperioden helikopteret står på tomgang på bakken på landingsplassen, men skjermen vil ikkje ha verknad når helikopteret er i lufta under innflyging

og utflyging. Då må ein også vere klar over at tidsperioden for innflyging og utflyging vil vere vesentleg mindre enn tidsperioden på tomgang.

Tabell 3 viser berekna støynivå i berekningspunkt 1,5 meter over bakkeplan, på uteopphaldsarealet sør for dei planlagde bustadane. To flyrørsler i kveldsperioden er lagt til grunn for berekningane. Med planlagd støyskjerm vil mykje av støyen frå helikopteret når det står på tomgang på landingsplassen verte redusert, og gje vesentleg lågare støynivå på uteplassane for parameteren L_{DEN}. 8-15 dB reduksjon er mykje. Det maksimale støynivået på uteopphaldsarealet vil vere inntil L_{pAmax} 90 dB, uavhengig av om ein fører opp støyskjermen eller ikkje.

Det viser seg dermed at med foreslått støyskjerm vert det formelle kravet til støynivået for parameteren L_{DEN} på det planlagde uteopphaldsarealet vere oppfylt der støyskjermen bryt sikten ned til landingsplassen (Altså ikkje for dei to punkta lengst vest). Det er ikke klart om dette berre er felles uteopphaldsareal, eller om noko av det er avsett til private uteplassar. Støyskjermen bør forlengast forbi avgrensninga av uteopphaldsarealet mot vest.

Ved ei hending med ambulansehelikopter vil støynivået vere så høgt at normal samtale ikkje vil vere mogleg. Dette kan vere plagsomt, men sidan det skjer så sjeldan vil det for dei fleste vere til å leve med. Ein viktig faktor er også at bustadane skal byggast og selgast medan helikopterlandingsplassen allereie finst der. Dette må opplysast om i salgsprospekt slik at kjøparar av nye bustader veit om dette før dei flytter dit. Sjansen for klager på støy vil dermed være mykje mindre enn dersom det var helikopterlandingsplassen som skulle etablerast ved eksisterande bustader. Dersom ein vil legge til rette uteplassar som også har akseptabelt støynivå under ei flyrørsle er dette berre mogleg med fullstendig innglassing av balkongar, eller etablering av frittståande, lukka paviljongar på bakkeplan.

Tabell 3: Støynivå på uteopphaldsareal på bakkeplan

Berekningspunkt for uteopphaldsareal på bakkeplan, berekna L_{DEN} for to flyrørsler i kveldsperioden.		
Utan foreslått støyskjerm	**Med foreslått støyskjerm**	**Skjermverknad, lydreduksjon**
54,8 dB	54,8 dB	0 dB
55,8 dB	55,8 dB	0 dB
57,7 dB	49 dB	8,7 dB
58,5 dB	46,3 dB	12,2 dB
58,4 dB	49,4 dB	9 dB
59,3 dB	44,8 dB	14,5 dB
59,4 dB	47,1 dB	12,3 dB
59,8 dB	45,9 dB	13,9 dB
59,1 dB	49,9 dB	9,2 dB
60 dB	48,1 dB	11,9 dB
60,2 dB	47,5 dB	12,7 dB
59,4 dB	45,1 dB	14,3 dB
58,2 dB	50,2 dB	8 dB
44,5 dB	44,6 dB	-0,1 dB
44 dB	44 dB	0 dB
43,8 dB	43,9 dB	-0,1 dB
58,4 dB	46,2 dB	12,2 dB
58,5 dB	51,8 dB	6,7 dB

Figur 3: Berekningspunkt for uteplassar på bakkeplan, svarte og kvite sirklar er berekningspunkt plassert 1,5 meter over bakkeplan.

5 KONKLUSJON

Uteplassar bør plasserast slik at dei er så godt skjerma som mogleg for helikopter som står på bakken under oppstart og etter landing. Det er vanskeleg å skjerme uteplassar for helikopter under inn- og utflyging, og det kan være vanskeleg å snakke saman under ei innflygning. Likevel vil støynivået på uteplassane vere innafor grenseverdiane i T-1442 dersom dei vert skjerma mot støy frå sjølve landingsplassen. Dette kan gjerast f.eks. ved plassering av uteplassane på bakkeplan og med oppføring av foreslått støyskjerm mot sør og søraust. Støyskjermen bør forlengast forbi avgrensninga av uteopphaldsarealet mot vest. Eventuelle balkongar/private uteplassar på fasadane til bygningane må ha lokale skjermingstiltak, t.d. tett rekkverk med høgde minimum 1,6 meter over balkonggolv.

Støynivå utanfor fasade vil vere i rød sone både mht. L_{DEN} og L_{5AS} ved flyrørsler i nattperioden. Det er vurdert slik at det viktige er å dimensjonere fasadekonstruksjonane slik at maksimalt innandørs støynivå i nattperioden ikkje overstig kravet i NS 8175:2012, for å redusere risiko for oppvakning. Dette må dokumenterast av akustikar før rammeløyve kan gjevast. Ekvivalent innandørs støynivå vil vere oppfylt med dei same konstruksjonane som tilfredsstiller krav til maksimalt innandørs støynivå.

Plassering av opphalds- og soverom slik at kvart rom har minst eitt vindauge mot stille side er vurdert som mindre viktig då helikopterstøyen ikkje er ein vedvarande støykjelde. Vi rår likevel til at soverom vert plasserte mot nord og vest i bygningane.

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Utskrift til:

Per Mulvik AS	Holmen 7	6100	VOLDA
Tømrer Prosjekt AS	Røysbakken 5	6100	VOLDA

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2015/1593	7945/2016	2015001	SVK/ SONHAV	30.06.2016

PLANID 2015001 - BUSTADOMRÅDE LEGENE - BØKEVEGEN - DEL AV GNR 19 BNR 29 - PLANFRAMLEGG

Vi melder med dette frå at formannskapet den 21.06.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 118/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Pkt. 1 Formannskapet vedtek ikkje å fremje planen og vedtek ikkje å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn.

Pkt. 2 Arealet vert å sjå i samanheng med revisjon av kommuneplanens arealdel.

Pkt. 3 Formannskapet ynskjer så langt råd å sikre trygg og god pasienttransport til og frå sjukehuset i Volda. I denne samanheng herskar det tvil om korleis denne utbygginga kan påverke den framtidig pasienttransporten med helikopter. Formannskapet ber difor om å få ei avklaring på framtidige endra krav til landingsplass, infrastruktur og val av helikoptertype og sjuketransport.

Saksutgreiinga følgjer vedlagt.

Med helsing

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Heltne	Arkivsak nr.:	2015/1593
		Arkivkode:	2015001

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
118/16	Formannskapet	21.06.2016

PLANID 2015001 - BUSTADOMRÅDE LEGENE - BØKEVEGEN - DEL AV GNR 19 BNR 29 - PLANFRAMLEGG

Handsaming:

Planleggar Per Heltne orienterte om saka.

Fride Sortehaug reiste spørsmål om habilitet. Mor hennar er nabo og har levert klage tidlegare i prosessen. Jf. fvl § 6, 1.ledd, b. Fride Sortehaug tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Fride Sortehaug vart samrøystes kjent inhabil.

Det var soleis åtte røytsteføre under handsaminga av saka.

Volda Høgre, v/Dan Bjørneset kom med slikt framlegg:

Formannskapet ynskjer så langt råd å sikre trygg og god pasienttransport til og frå sjukehuset i Volda. I denne samanheng herskar det tvil om korleis denne utbygginga kan påverke den framtidig pasienttransporten med helikopter. Formannskapet ber difor om å få ei avklaring på framtidige endra krav til landingsplass, infrastruktur og val av helikoptertype og sjuketransport.

Formannskapet drøfta saka og kom med slikt tillegg til utsetjingsframlegget frå Dan Bjørneset:

Pkt. 1 Formannskapet vedtek ikkje å fremje planen og vedtek ikkje å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn.

Pkt. 2 Arealet vert å sjå i samanheng med revisjon av kommuneplanens arealdel.

Røysting:

Framlegget frå Dan Bjørneset, med tillegget frå formannskapet, vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 21.06.2016:

Pkt. 1 Formannskapet vedtek ikkje å fremje planen og vedtek ikkje å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn.

Pkt. 2 Arealet vert å sjå i samanheng med revisjon av kommuneplanens arealdel.

Pkt. 3 Formannskapet ynskjer så langt råd å sikre trygg og god pasienttransport til og frå sjukehuset i Volda. I denne samanheng herskar det tvil om korleis denne utbygginga kan påverke den framtidig pasienttransporten med helikopter. Formannskapet ber difor om å få ei avklaring på framtidige endra krav til landingsplass, infrastruktur og val av helikoptertype og sjuketransport.

Fride Sortehaug tok sete.

Administrasjonen si tilråding:

1. *Formannskapet tilrår fremjing av privat reguleringsplan for området "Bustadområde Legene - Bøkevegen" med arealbruksformål i tråd med planframlegg datert 11.04.2016.*
2. *Før eventuell utlegging til offentleg ettersyn ber ein om fylgjande endringar i plan:*
    - *Det må leggast inn byggegrenser i området o_BIN -mot elva, mot byggeområde bustad/planlagt tilkomstveg og justert byggegrense mot gangvegen i aust.*
    - *Vegområdet (anna vegformål) langs vestsida av gangvegen "Råsa" skal utvidast til min. 3m.*
    - *Byggegrense mot gangvegområdet i aust skal vere 4m.*
    - *Utnyttingsgrad for byggeområdet bustader - skal vere BYA inntil 30%.*
    - *Ved fremjing av justert planframlegg skal ein søkje å legge til rette for eit godt felles areal for uteopphald/småbarnleikeplass på område nær inngangsparti i bustader og på nivå utan vesentleg høgdeskilnad i høve til tilkomst og inngangar.*
3. *Administrasjonen vert gitt fullmakt til å kvalitetssikre grunnlaget for utlegging av plan til offentleg ettersyn, jf vilkåra i pkt 2.*

Vedleggsliste:

P. Mulvik as - Oversending av framlegg til plan.
Planomtale
Plankart
Planføresegner
Sjekkliste ROS
Avtale grunnavståing - Helse Møre og Romsdal
Situasjonsplan
Illustrasjonar
terrengsnitt

Byggteikningar

Uprenta saksvedlegg:
Kommunedelplan E39 Volda -Furene
Sak om lovlegkontroll
Referat førehandskonferanse.
Støy-rapport
Skredfarevurdering
Flaumfarevurdering
Samla innspel og korrespondanse ved planoppstart.

Saksopplysningar:

I kommunedelplan for Volda sentrum er eit større område unntatt frå stadfesting i påvente av ny plan for E39 FVolda –Furene.
Kommunedelplan for desse områda vart godkjent av kommunestyret den 18.12.2014 , som sak PS 153/14.
Innanfor planområdet er eit areal på gnr 19 bnr 29 ovanfor Volda Sjukehus, tilknytt vegane Legene og Bøkevegen, gitt endra status frå offentleg formål (sjukehusområde) til bustadformål.

Det er i kommunedelplan sett krav om reguleringsplan før utbygging av området.

Grunneigar har inngått intensjonsavtale med byggefirma Tømrer Prosjekt as om planlegging/utvikling av området. Dei har engasjert plankonsulent P.Mulvik as til å gjennomføre planutarbeiding/planprosess.
Ut frå førespurnad frå P.Mulvik as vart det gjennomført oppstartmøte knytt til planoppstart for det aktuelle området.
Kopi av referat frå oppstartsmøte ligg ved saka.
Her tek ein med utdrag av konklusjonar i møtet:
«Oppstart av privat detaljreguleringsarbeidt Jf. PBL §12-8 vert tilrådd.
Med omsyn til kap 4 i pbl finn ein ikkje at det her er krav om planprogram, eller vidare konsekvensutgreiing. Kommunen finn heller ikkje at planarbeidet gir behov for nærare utgreiing i høve til naturmangfaldlova. Jf. Kommunedelplan.
Planavgrensing:
Planavgrensing i samsvar med kommunedelplan og eigedomsgrenser.
I høve behov for oppgradering av tilgrensande vegnett må desse vere med som del av plan.
Alle eigedomar tilknytt eksisterande vegnett som vil bli råka av tiltaket skal varslast i høve planopstart.
Oppretting av eigedomsgrenser:
Endring av eigedomsgrenser mot Helse Møre og Romsdal sine eigedomar 19/144, 19/145 og 19/290, må avklarast gjennom planprosessen. Det same gjeld omsynet til planlagt friområde/grøntkorridor langs bekken som renn gjennom området.
Omsynssone i kommunedelplan.
Statens vegvesen er høyringsorgan knytt til omsynssone vegtunell i bakken under aktuelt område.
Vilkår knytt til dette i føresegner må avklarast gjennom planprosessen.
Overvatn/tekniske anlegg:
Plan for tekniske anlegg må planleggast og avklarast med kommunalteknisk avd. tilknytt planarbeidet.
Overvatn i området går i til bekk/elv. Behov for tiltak knytt til sikring av bekken , eventuell justering av denne som del av plan må nærare avklarast med teknisk sektor gjennom prosessen. Tilknytingspunkt og tekniske krav til løysingar for vatn og spillvatn må avklarast med teknisk sektor. Det same gjeld omlegging av eksisterande vassleidning gjennom området.
To aktuelle vegar for tilkomst til areala, Bøkevegen og Legene. Ei delt løysing vert tilrådd for utbygging på området.
Utnyttingsgrad/utbyggingsform:

Tiltakshavar ynskjer konsentrert utnytting på området. Administrasjonen meiner eit så sentralt og sentrumsnært område, også nær knytt opp mot sjukehuset og høgskulen bør kunne tåle ei relativt tett utnytting. Utnyttingsgrad - Ut frå intensjon om tilrettelegging for toetasjes bygningar er BYA 30 - 40% vurdert som akseptabelt. U.U -tilgang til inngangsparti på etasjeplan skal ivaretakast. (garasje-inngang, ev med heis).Parkeringskrav – 2 plassar pr bustad. Min 1 plass pr bustad i garasje/carport. Det vert planlagt samtidig fremjing av plansak og søknad om rammeløyve for byggesak på området.

Barn og unge/universell utforming:

Skal vurderast og klargjerast særskilt for i plan. Det bør også her leggast vekt på å legge til rette for gode leikeareal/uteopphaldsareal innafor planområdet.

Kunngjering/ varsling til partar:

Plankonsulent hentar inn kartgrunnlag og lagar i samråd med kommunen liste over aktuelle høyringsinstansar. Naboliste vert innhenta saman med bestilling av kartgrunnlag frå Servicekontoret /kart og oppmåling.

Oppstart av planarbeidet vert å varsle/kunngjere på vanleg måte etter reglane i PBL ved annonse i Møre og på kommunen si heimeside, samt tilskriving av statlege og fylkeskommunale faginstansar og direkte røyrde partar/naboar.

Ved oppstartvarsel skal Fylkeskommunen sin web-baserte oversending av plansaker nyttast.

Krav til innhald i planleveransen:

Forslagsstillar leverer sosi-fil med planavgrensing til kommunen ved varsel om oppstart av planarbeid. Ved innsending av planframlegg:

- *Plankart jf. Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og digitalt planregister og Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister. Plankart skal leverast både som pdf-fil og som sosi-data.*
- *Reguleringsføresegner jf. PBL § 12-7, som er uttømmande.*
- *Planomtale jf. PBL § 4-2. Skal omtale føremål med planen, hovudinnhald og verknader, samt tilhøve til rammer og retningslinjer som gjeld for området.*
- *Risiko- og sårbarheitsanalyse jf. PBL § 4-3. Fylkesmannen si sjekkliste kan nyttast.*
- *Innkomne merknader og uttaler med notat som oppsummerar og kommenterer desse, skal inngå i planomtalen.*
- *Evt. Illustrasjonar (terrengmodellar, 3D-illustrasjonar m.v.).*

Kommunen har fastsett gebyrregulativ for plansaker.

Faktura for gebyr vil bli sendt ut separat og forfell til betaling før plan vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Kommunen sine vurderingar er faglege, generelle og av foreløpig karakter. Naboprotestar, uttalar frå offentlege etatar og politiske vedtak m.v. vil kunne gje nye moment eller føre til krav om/behov for endringar i planarbeidet undervegs. Oppstartmøtet skal avklare aktuelle tema og spørsmål, men avgjer ikkje viktige punkt som ein føreset skal belysast i vidare planutarbeiding, og planprosess fram til endeleg politisk vedtak.»

I samsvar med dette er det gjennomført planprosess for privat reguleringsplan for området. Varsel om planoppstart vart gjennomført ved kunngjering i møre og på kommunen si heimeside den 4.07.2015 og ved utsending av brev til aktuelle faginstansar og partar den 2.07.2015.

I samband med planoppstart har Plankonsulenten motteke i alt 13 innspel.
Desse er teke inn utdrag frå i planomtalen kap. 9. Her har også tiltakshavar/plankonsulent gitt sine kommentarar til innspela og korleis desse vidare er teke omsyn til i planutforminga.
Det er også gjennomført møte med representantar for Helseføretaket, knytt til avklaring om eigedomsgrenser, behov for areal og omsyn til helikopterlandingsplassen.
Det er her seinare inngått avtale om avståing av grunn/regulering av areal til utviding av sjukehuset sitt område.
Jf avtale som ligg ved saka, og der det i pkt 3 også heiter at :

«Helseføretaket ønskjer ikkje, og treng ikkje resterande areal ovanfor (o_BIN1) og dette arealet kan regulerast til bustadføremål med tilkomst frå Bøkevegen»

Ut frå dette har tiltakshavar/plankonsulent konkludert med at innkomen merknad frå Helseføretaket er tilbaketrekt – og har konkludert med at det ikkje er behov for ytterlegare kommentar til dette.
Tilknytt planarbeidet er det nytta eksterne konsulentar til utarbeiding av Støyrapport , skredfarevurdering og flaumvurdering tilknytt planområdet.
Det er firma Asplan Viak og firma Skred as som har utarbeidd dei aktuelle rapportane. Desse ligg som vedlegg til planomtale.

Vurdering og konklusjon:

Etter gjennomgang av gjennomført planprosess, framlagd planomtale med tilhøyrande fagrapportar finn administrasjonen at planprosessen så langt er gjennomført på ein fagleg god måte og i samsvar med gjeldande føresetnader i plan og bygningslova §12-11, jf. §12-10.

I samband med planoppstart er det som del av merknader frå naboar til området også reist spørsmål det har vore ein tilfredsstillande planprosess knytt til endring av arealbruksformålet for dette aktuelle arealet ved handsaming av kommunedelplan. Det er også reist krav om lovlegkontroll av dette planvedtaket.

Kommunestyret og Fylkesmannen har her i ettertid konstatert at planprosessen tilknytt dette har vore i samsvar med reglane i plan og bygningslova.
Det var gjennomført fullstendig høyring til partar og offentlege planfaglege instansar som Fylkesmannen og Møre og Romsdal fylkeskommune. I spørsmål om endra bruksformål for dette arealet har Helseføretaket (Helse Møre og Romsdal) har også fått saka til uttale utan å ha hatt innvendingar.
Kommunen har såleis ved handsaming av kommunedelplan lagt til grunn at endring av sjølve arealformålet ikkje er i konflikt med Sjukehuset sine interesser eller arealbehov.
Med dei endringar som no er lagt inn i planframlegget om endra grense mellom areal til sjukehusformålet og resterande bustadareal, og den avtale som er gjort tilknytt dette, finn ein at dette er tilfredsstillande løyst.

Når det gjeld krav om lovlegkontroll er dette i etterkant avvist av kommunestyret den 01.10.15, som sak PS 92/15, og av Fylkesmannen i brev av 6.10.2015 og 17.11.2015.

Vurdering av det mottekne planframlegget:
I plan er det sett av areal til justering av sjukehusområdet (o_BIN Institusjonsformål) i samsvar med etablert avtale.
I føresegnene for dette arealet er det berre vist til gjeldande reguleringsplan for byggehøgder i Sjukehusområdet. Det er her gitt høve til bygging med inntil 3 etasjer.
Det er i planframlegget ikkje vist byggegrenser for bygging innanfor området anna enn mot gangvegen Råsa. Dette bør sikrast i plan før utlegging, med byggegrenser både mot vest-mot elva og mot nord - mot byggeområde bustad og planlagt tilkomstveg. Jf også eventuell justering av byggegrense mot gangvegen i aust.

Det resterande arealet er avsett til bustadformål og areal for leikeplass og omsynssoner langs elva. Det er lagt fram illustrerande situasjonsplan og byggteikningar med tilhøyrande terrengsnitt mv for tenkt utbygging etter plan.

Det er her vist 3 tomannsbustader og ei rekke med 4 husvære (to og to tilsvarande er kjeda saman).
I byggeområdet bustad er det lagt til grunn utnyttingsgrad BYA inntil 40%.
I illustrert utbyggingsplan bustader er utnytting rekna til 36.09%.
I plan er det sett av areal til grøntstruktur og omsynssone /sikringssone langs elva i samsvar med tilrådingar i fagrapport. Jf planomtalen og føresegner. Det er vidare sett av areal til leik og gangsti som grensar inn mot dette friområdet, og som samla gir eit relativt romsleg uteopphaldsareal/grøntstruktur. Dette arealet kan også ivareta «snarvegfunksjonen» gjennom områda både mellom Bøkevegen og Legene og mot gangvegen «Råsa».
Sett i høve til samla planlagt lokalisering av bustader er kanskje plasseringa av leikeområdet mindre heldig då det ligg lengst unna bustadane (avstand inngang mv) og det vert relativt stor høgdeskilnad frå dei øvre bustadane til området. Ut frå dette burde det heller/også vere sett av areal til uteopphald /leik i «tunområdet» på same nivå som veg og inngangsparti.

Gangvegen aust for området er ein sentral snarveg. Slike korridorar er over tid gitt auka fokus og verdi. Det er difor viktig å sikre desse både med omsyn til framtidig oppgradering og driftsmessige tilhøve, samt å hindre «innbygging» av desse.
I planframlegget er sett av 1.5m til service-areal langs gangvegen, og ei samla byggegrense på 4m inkludert dette arealet. Eg finn dette å ver for lite, og at dette bør aukast for å ivareta behovet for oppgradering/drift og vedlikehald, og for å sikre vegetasjonsbelte langs vegen. Dette er også naudsynt for betre å ivarta dei hødeskilnader som er mellom gangveg og planlagde bygg, samt planlagt støyskjermingstiltak.
I samråd med teknisk sektor rår ein såleis til at vegområdet innanfor planområdet vert utvida til min 3m, og at byggegrense vert sett til min 4m målt frå vegområdet.

Utnyttingsgrad.
For å sikre ei utbygging som i større grad er tilpassa eksisterande utbygging i tilgrensande område vil ein også tilrå at utnyttingsgrad for bustadområdet vert redusert til maks 30% BYA. Dei aktuelle endringane som vi gjennom dette tilrår vil truleg gje redusert tal husvære på området, og med det mindre behov for garasje/parkeringsareal.
Dette vil igjen gje større mulegheit for å finne eigna uteopphaldsareal/-leikeareal/småbarnleikeplass nær og i nivå med inngangsparti i bustadane.

Konsekvensar for tilgrensande gater og eigedomar med omsyn til vegstandard, trafikktal og behov for tiltak er etter administrasjonen si vurdering godt utgreidd i planomtale.

Også omsynet til konsekvensar knytt til sjukehuset sin helikopterlandingsplass er tilfredsstillande vurdert sett i høve til omsynet til støy og støv.
Denne plassen er allereie i dag etablert gjennom dispensasjon, og med dei omsyn som i plan er teke for å ivareta støy i og ved nye bustader kan ein ikkje sjå at endringa vil gje vesentleg endra situasjon for eventuell vidare drift av denne som i dag.

I samband med planoppstart var det i mange innspel og kommentarar m.a. i lokalavisa Møre der det vart fokusert på "dei store konsekvensar som endra arealbruk/bustadutbygging her" ville kunne ha for framtida til Volda sjukehus.
Kommunen har eit sterkt engasjement knytt til Volda Sjukehus, og har i alle planprosessar knytt til arealbruk og funksjonar i og omkring sjukehusområdet søkt å sikre løysingar som ivaretek sjukehuset sine interesser og arealbehov, jfr. langsiktig disponering av areal gjennom overordna planar for Volda sentrum.

Dette har sikra så vel Sjukehuset sine behov for areal, og areal til bustader for rekruttering av sjukehustilsette. Her er det også framleis sett av areal for framtidige arealbehov aust for "Råsa".
Administrasjonen finn i samsvar med dei vurderingar som var gjort i kommunedelplan, og ut frå dei konsekvensar som no går fram av framlegg til detaljreguleringsplan, at endra arealbruk her ikkje synest å ha slike negative konsekvensar for sjukehuset.
Bustadarealet er no gitt ei naturleg avgrensing mot eksisterande bebyggelse på sjukehusområdet, det har ein naturleg avgrensing mot gangvegen"Råsa".
Bustadområdet er eit naturleg fortettingsareal knytt til lenging av Bøkevegen, ei kort bustadgate utan gjennomgangstrafikk. (8 tomter tilknytt denne i dag).
Arealet er sentrumsnært og ligg i gangavstand til mange sentrale funksjonar.
Fortetting i slike områder er så langt ein kan sjå i samsvar både med intensjon i gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum, og med nyleg vedteken kommuneplanens samfunnsdel.

Dersom ein ved politisk handsaming av saka har endra syn/konklusjon i høve dette, og ynskjer endra arealbruksformål for arealet, må dette skje gjennom ny kommune-planhandsaming. Formannskapet uttalte i førre kommunestyreperiode at ein vil vurdere arealformålet på nytt. Formannskapet får vurdere dette ut frå dei nye føresetnadene som saka no byggjer på.
Kommunen er/skal i gang med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, og dette vil i så fall vere naturleg prosess for ei slik omgjering.

Ei avvising av planframlegget med sikte på omgjering av formål vil då kunne gje konsekvensar som t.d erstatning for plan og prosjekteringskostnader. Slik administrasjonen vurderer saka vil det i ein slik situasjon vere naturleg at arealformålet for det som no er bustadformål vert liggande som eit utvida friområde eller som del av sjukehusområdet (institusjonsformål).

Helse og miljøkonsekvensar:
Godt vurdert og ivareteke gjennom planprosess, planomtale og planutforming. Jf tilrådde endringar.

Økonomiske konsekvensar:
Ingen vesentlege for kommunal økonomi. Utviding av vegområde langs gangvegen kan gje kostnader med grunninnløysing for kommunen. Alternativt kan dette samordnast i utbyggingsavtale som gjeld utviding og kommunal overtaking av ny del av Bøkevegen og tekniske anlegg i området.
Ved avvising av plan og eventuell tilbakeføring til alternativ arealbruk (institusjonsformål eller friområde) vil ein kunne forvente krav om erstatning i høve til gjennomført deling, planarbeid og prosjektering. Eventuelt også krav om innløysing av grunn.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Vurdert i planprosessen.

Naturmangfaldlova:
Oppslag i *www.naturbase.no* og *www.artskart.no* viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Ut frå dette konkluderer ein difor med at planlagd arealbruk ikkje kjem i konflikt med vesentlege forhold knytt til natur og miljø – jfr. naturmangfaldlova §§8-12.

Kommuneplanen sin samfunnsdel:
Arealbruk etter planframlegget er i samsvar med overordna arealplan.
Arealbruken er i samsvar med mål og strategi knytt til busetting, der ynskje om variert bustadtilbod, byggeklare sentrumsnære bustadtomter gjennom fortetting.
Dette gjeld og intensjon om bustadtilbod i gangavstand frå sentrum og frå sentrale funksjonar som skule, barnehage, butikk, sjukehus m.m.
Gjennom planprosessen har ein også vurdert planframlegget og arealbruken sett i høve til vedtatt strategi om *"å sikre høgskulen og sjukehuset som viktige arbeidsplassar og institusjonar for framtida",* og konkludert med at tiltaket ikkje har slike negative konsekvensar. Jf. vurderingane ovanfor og tilrådinga i saka.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
P.Mulvik as.
Tømrer Prosjekt as

Kopi:
Utvikling for utlegging til offentleg ettersyn
Teknisk sektor

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Heltne	Arkivsak nr.:	2015/1593
		Arkivkode:	2015001

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

PLANID 2015001 - BUSTADOMRÅDE LEGENE - BØKEVEGEN - DEL AV GNR 19 BNR 29 - PLANFRAMLEGG

Administrasjonen si tilråding:

1. *Formannskapet tilrår fremjing av privat reguleringsplan for området "Bustadområde Legene - Bøkevegen" med arealbruksformål i tråd med planframlegg datert 11.04.2016.*
2. *Før eventuell utlegging til offentleg ettersyn ber ein om fylgjande endringar i plan:*
   - *Det må leggast inn byggegrenser i området o_BIN -mot elva, mot byggeområde bustad/planlagt tilkomstveg og justert byggegrense mot gangvegen i aust.*
   - *Vegområdet (anna vegformål) langs vestsida av gangvegen "Råsa" skal utvidast til min. 3m.*
   - *Byggegrense mot gangvegområdet i aust skal vere 4m.*
   - *Utnyttingsgrad for byggeområdet bustader - skal vere BYA inntil 30%.*
   - *Ved fremjing av justert planframlegg skal ein søkje å legge til rette for eit godt felles areal for uteopphald/småbarnleikeplass på område nær inngangsparti i bustader og på nivå utan vesentleg høgdeskilnad i høve til tilkomst og inngangar.*
3. *Administrasjonen vert gitt fullmakt til å kvalitetssikre grunnlaget for utlegging av plan til offentleg ettersyn, jf vilkåra i pkt 2.*

Vedleggsliste:
P. Mulvik as - Oversending av framlegg til plan.
Planomtale
Plankart
Planføresegner
Sjekkliste ROS
Avtale grunnavståing - Helse Møre og Romsdal
Situasjonsplan
Illustrasjonar
terrengsnitt

Byggteikningar

Uprenta saksvedlegg:
Kommunedelplan E39 Volda -Furene
Sak om lovlegkontroll
Referat førehandskonferanse.
Støy-rapport
Skredfarevurdering
Flaumfarevurdering
Samla innspel og korrespondanse ved planoppstart.

Saksopplysningar:

I kommunedelplan for Volda sentrum er eit større område unntatt frå stadfesting i påvente av ny plan for E39 FVolda –Furene.
Kommunedelplan for desse områda vart godkjent av kommunestyret den 18.12.2014 , som sak PS 153/14.
Innanfor planområdet er eit areal på gnr 19 bnr 29 ovanfor Volda Sjukehus, tilknytt vegane Legene og Bøkevegen, gitt endra status frå offentleg formål (sjukehusområde) til bustadformål.

Det er i kommunedelplan sett krav om reguleringsplan før utbygging av området.

Grunneigar har inngått intensjonsavtale med byggefirma Tømrer Prosjekt as om planlegging/utvikling av området. Dei har engasjert plankonsulent P.Mulvik as til å gjennomføre planutarbeiding/planprosess.
Ut frå førespurnad frå P.Mulvik as vart det gjennomført oppstartmøte knytt til planoppstart for det aktuelle området.
Kopi av referat frå oppstartsmøte ligg ved saka.
Her tek ein med utdrag av konklusjonar i møtet:
«Oppstart av privat detaljreguleringsarbeidt Jf. PBL §12-8 vert tilrådd.
Med omsyn til kap 4 i pbl finn ein ikkje at det her er krav om planprogram, eller vidare konsekvensutgreiing. Kommunen finn heller ikkje at planarbeidet gir behov for nærare utgreiing i høve til naturmangfaldlova. Jf. Kommunedelplan.
Planavgrensing:
Planavgrensing i samsvar med kommunedelplan og eigedomsgrenser.
I høve behov for oppgradering av tilgrensande vegnett må desse vere med som del av plan.
Alle eigedomar tilknytt eksisterande vegnett som vil bli råka av tiltaket skal varslast i høve planopstart.
Oppretting av eigedomsgrenser:
Endring av eigedomsgrenser mot Helse Møre og Romsdal sine eigedomar 19/144, 19/145 og 19/290, må avklarast gjennom planprosessen. Det same gjeld omsynet til planlagt friområde/grøntkorridor langs bekken som renn gjennom området.
Omsynssone i kommunedelplan.
Statens vegvesen er høyringsorgan knytt til omsynssone vegtunell i bakken under aktuelt område. Vilkår knytt til dette i føresegner må avklarast gjennom planprosessen.
Overvatn/tekniske anlegg:
Plan for tekniske anlegg må planleggast og avklarast med kommunalteknisk avd. tilknytt planarbeidet. Overvatn i området går i til bekk/elv. Behov for tiltak knytt til sikring av bekken , eventuell justering av denne som del av plan må nærare avklarast med teknisk sektor gjennom prosessen. Tilknytingspunkt og tekniske krav til løysingar for vatn og spillvatn må avklarast med teknisk sektor. Det same gjeld omlegging av eksisterande vassleidning gjennom området.
To aktuelle vegar for tilkomst til areala, Bøkevegen og Legene. Ei delt løysing vert tilrådd for utbygging på området.
Utnyttingsgrad/utbyggingsform:
Tiltakshavar ynskjer konsentrert utnytting på området. Administrasjonen meiner eit så sentralt og sentrumsnært område, også nær knytt opp mot sjukehuset og høgskulen bør kunne tåle ei relativt tett

utnytting. Utnyttingsgrad - Ut frå intensjon om tilrettelegging for toetasjes bygningar er BYA 30 - 40% vurdert som akseptabelt. U.U -tilgang til inngangsparti på etasjeplan skal ivaretakast. (garasje-inngang, ev med heis).Parkeringskrav – 2 plassar pr bustad. Min 1 plass pr bustad i garasje/carport. Det vert planlagt samtidig fremjing av plansak og søknad om rammeløyve for byggesak på området.

Barn og unge/universell utforming:

Skal vurderast og klargjerast særskilt for i plan. Det bør også her leggast vekt på å legge til rette for gode leikeareal/uteopphaldsareal innafor planområdet.

Kunngjering/ varsling til partar:

Plankonsulent hentar inn kartgrunnlag og lagar i samråd med kommunen liste over aktuelle høyringsinstansar. Naboliste vert innhenta saman med bestilling av kartgrunnlag frå Servicekontoret /kart og oppmåling.

Oppstart av planarbeidet vert å varsle/kunngjere på vanleg måte etter reglane i PBL ved annonse i Møre og på kommunen si heimeside, samt tilskriving av statlege og fylkeskommunale faginstansar og direkte røyrde partar/naboar.

Ved oppstartvarsel skal Fylkeskommunen sin web-baserte oversending av plansaker nyttast.

Krav til innhald i planleveransen:

Forslagsstillar leverer sosi-fil med planavgrensing til kommunen ved varsel om oppstart av planarbeid. Ved innsending av planframlegg:

- *Plankart jf. Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og digitalt planregister og Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister. Plankart skal leverast både som pdf-fil og som sosi-data.*
- *Reguleringsføresegner jf. PBL § 12-7, som er uttømmande.*
- *Planomtale jf. PBL § 4-2. Skal omtale føremål med planen, hovudinnhald og verknader, samt tilhøve til rammer og retningslinjer som gjeld for området.*
- *Risiko- og sårbarheitsanalyse jf. PBL § 4-3. Fylkesmannen si sjekkliste kan nyttast.*
- *Innkomne merknader og uttaler med notat som oppsummerar og kommenterer desse, skal inngå i planomtalen.*
- *Evt. Illustrasjonar (terrengmodellar, 3D-illustrasjonar m.v.).*

Kommunen har fastsett gebyrregulativ for plansaker.

Faktura for gebyr vil bli sendt ut separat og forfell til betaling før plan vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Kommunen sine vurderingar er faglege, generelle og av foreløpig karakter. Naboprotestar, uttalar frå offentlege etatar og politiske vedtak m.v. vil kunne gje nye moment eller føre til krav om/behov for endringar i planarbeidet undervegs. Oppstartmøtet skal avklare aktuelle tema og spørsmål, men avgjer ikkje viktige punkt som ein føreset skal belysast i vidare planutarbeiding, og planprosess fram til endeleg politisk vedtak.»

I samsvar med dette er det gjennomført planprosess for privat reguleringsplan for området. Varsel om planoppstart vart gjennomført ved kunngjering i møre og på kommunen si heimeside den 4.07.2015 og ved utsending av brev til aktuelle faginstansar og partar den 2.07.2015.

I samband med planoppstart har Plankonsulenten motteke i alt 13 innspel.
Desse er teke inn utdrag frå i planomtalen kap. 9. Her har også tiltakshavar/plankonsulent gitt sine kommentarar til innspela og korleis desse vidare er teke omsyn til i planutforminga.
Det er også gjennomført møte med representantar for Helseføretaket, knytt til avklaring om eigedomsgrenser, behov for areal og omsyn til helikopterlandingsplassen.
Det er her seinare inngått avtale om avståing av grunn/regulering av areal til utviding av sjukehuset sitt område.
Jf avtale som ligg ved saka, og der det i pkt 3 også heiter at :
«Helseføretaket ønskjer ikkje, og treng ikkje resterande areal ovanfor (o_BIN1) og dette arealet kan regulerast til bustadføremål med tilkomst frå Bøkevegen»

Ut frå dette har tiltakshavar/plankonsulent konkludert med at innkomen merknad frå Helseføretaket er tilbaketrekt – og har konkludert med at det ikkje er behov for ytterlegare kommentar til dette.
Tilknytt planarbeidet er det nytta eksterne konsulentar til utarbeiding av Støyrapport , skredfarevurdering og flaumvurdering tilknytt planområdet.
Det er firma Asplan Viak og firma Skred as som har utarbeidd dei aktuelle rapportane. Desse ligg som vedlegg til planomtale.

Vurdering og konklusjon:

Etter gjennomgang av gjennomført planprosess, framlagd planomtale med tilhøyrande fagrapportar finn administrasjonen at planprosessen så langt er gjennomført på ein fagleg god måte og i samsvar med gjeldande føresetnader i plan og bygningslova §12-11, jf. §12-10.

I samband med planoppstart er det som del av merknader frå naboar til området også reist spørsmål det har vore ein tilfredsstillande planprosess knytt til endring av arealbruksformålet for dette aktuelle arealet ved handsaming av kommunedelplan. Det er også reist krav om lovlegkontroll av dette planvedtaket.

Kommunestyret og Fylkesmannen har her i ettertid konstatert at planprosessen tilknytt dette har vore i samsvar med reglane i plan og bygningslova.
Det var gjennomført fullstendig høyring til partar og offentlege planfaglege instansar som Fylkesmannen og Møre og Romsdal fylkeskommune. I spørsmål om endra bruksformål for dette arealet har Helseføretaket (Helse Møre og Romsdal) har også fått saka til uttale utan å ha hatt innvendingar.
Kommunen har såleis ved handsaming av kommunedelplan lagt til grunn at endring av sjølve arealformålet ikkje er i konflikt med Sjukehuset sine interesser eller arealbehov.
Med dei endringar som no er lagt inn i planframlegget om endra grense mellom areal til sjukehusformålet og resterande bustadareal, og den avtale som er gjort tilknytt dette, finn ein at dette er tilfredsstillande løyst.

Når det gjeld krav om lovlegkontroll er dette i etterkant avvist av kommunestyret den 01.10.15, som sak PS 92/15, og av Fylkesmannen i brev av 6.10.2015 og 17.11.2015.

Vurdering av det mottekne planframlegget:
I plan er det sett av areal til justering av sjukehusområdet (o_BIN Institusjonsformål) i samsvar med etablert avtale.
I føresegnene for dette arealet er det berre vist til gjeldande reguleringsplan for byggehøgder i Sjukehusområdet. Det er her gitt høve til bygging med inntil 3 etasjer.
Det er i planframlegget ikkje vist byggegrenser for bygging innanfor området anna enn mot gangvegen Råsa. Dette bør sikrast i plan før utlegging, med byggegrenser både mot vest- mot elva og mot nord - mot byggeområde bustad og planlagt tilkomstveg. Jf også eventuell justering av byggegrense mot gangvegen i aust.

Det resterande arealet er avsett til bustadformål og areal for leikeplass og omsynssoner langs elva. Det er lagt fram illustrerande situasjonsplan og byggteikningar med tilhøyrande terrengsnitt mv for tenkt utbygging etter plan.
Det er her vist 3 tomannsbustader og ei rekke med 4 husvære (to og to tilsvarande er kjeda saman).
I byggeområdet bustad er det lagt til grunn utnyttingsgrad BYA inntil 40%.
I illustrert utbyggingsplan bustader er utnytting rekna til 36.09%.
I plan er det sett av areal til grøntstruktur og omsynssone /sikringssone langs elva i samsvar med tilrådingar i fagrapport. Jf planomtalen og føresegner. Det er vidare sett av areal til leik

og gangsti som grensar inn mot dette friområdet, og som samla gir eit relativt romsleg uteopphaldsareal/grøntstruktur. Dette arealet kan også ivareta «snarvegfunksjonen» gjennom områda både mellom Bøkevegen og Legene og mot gangvegen «Råsa».
Sett i høve til samla planlagt lokalisering av bustader er kanskje plasseringa av leikeområdet mindre heldig då det ligg lengst unna bustadane (avstand inngang mv) og det vert relativt stor høgdeskilnad frå dei øvre bustadane til området. Ut frå dette burde det heller/også vere sett av areal til uteopphald /leik i «tunområdet» på same nivå som veg og inngangsparti.

Gangvegen aust for området er ein sentral snarveg. Slike korridorar er over tid gitt auka fokus og verdi. Det er difor viktig å sikre desse både med omsyn til framtidig oppgradering og driftsmessige tilhøve, samt å hindre «innbygging» av desse.
I planframlegget er sett av 1.5m til service-areal langs gangvegen, og ei samla byggegrense på 4m inkludert dette arealet. Eg finn dette å ver for lite, og at dette bør aukast for å ivareta behovet for oppgradering/drift og vedlikehald, og for å sikre vegetasjonsbelte langs vegen. Dette er også naudsynt for betre å ivarta dei hødeskilnader som er mellom gangveg og planlagde bygg, samt planlagt støyskjermingstiltak.
I samråd med teknisk sektor rår ein såleis til at vegområdet innanfor planområdet vert utvida til min 3m, og at byggegrense vert sett til min 4m målt frå vegområdet.

Utnyttingsgrad.
For å sikre ei utbygging som i større grad er tilpassa eksisterande utbygging i tilgrensande område vil ein også tilrå at utnyttingsgrad for bustadområdet vert redusert til maks 30% BYA.
Dei aktuelle endringane som vi gjennom dette tilrår vil truleg gje redusert tal husvære på området, og med det mindre behov for garasje/parkeringsareal.
Dette vil igjen gje større mulegheit for å finne eigna uteopphaldsareal/-leikeareal/småbarnleikeplass nær og i nivå med inngangsparti i bustadane.

Konsekvensar for tilgrensande gater og eigedomar med omsyn til vegstandard, trafikktal og behov for tiltak er etter administrasjonen si vurdering godt utgreidd i planomtale.

Også omsynet til konsekvensar knytt til sjukehuset sin helikopterlandingsplass er tilfredsstillande vurdert sett i høve til omsynet til støy og støv.
Denne plassen er allereie i dag etablert gjennom dispensasjon, og med dei omsyn som i plan er teke for å ivareta støy i og ved nye bustader kan ein ikkje sjå at endringa vil gje vesentleg endra situasjon for eventuell vidare drift av denne som i dag.

I samband med planoppstart var det i mange innspel og kommentarar m.a. i lokalavisa Møre der det vart fokusert på "dei store konsekvensar som endra arealbruk/bustadutbygging her" ville kunne ha for framtida til Volda sjukehus.
Kommunen har eit sterkt engasjement knytt til Volda Sjukehus, og har i alle planprosessar knytt til arealbruk og funksjonar i og omkring sjukehusområdet søkt å sikre løysingar som ivaretek sjukehuset sine interesser og arealbehov, jfr. langsiktig disponering av areal gjennom overordna planar for Volda sentrum.
Dette har sikra så vel Sjukehuset sine behov for areal, og areal til bustader for rekruttering av sjukehustilsette. Her er det også framleis sett av areal for framtidige arealbehov aust for "Råsa".
Administrasjonen finn i samsvar med dei vurderingar som var gjort i kommunedelplan, og ut frå dei konsekvensar som no går fram av framlegg til detaljreguleringsplan, at endra arealbruk her ikkje synest å ha slike negative konsekvensar for sjukehuset.
Bustadarealet er no gitt ei naturleg avgrensing mot eksisterande bebyggelse på sjukehusområdet, det har ein naturleg avgrensing mot gangvegen"Råsa".

Bustadområdet er eit naturleg fortettingsareal knytt til lenging av Bøkevegen, ei kort bustadgate utan gjennomgangstrafikk. (8 tomter tilknytt denne i dag).
Arealet er sentrumsnært og ligg i gangavstand til mange sentrale funksjonar.
Fortetting i slike områder er så langt ein kan sjå i samsvar både med intensjon i gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum, og med nyleg vedteken kommuneplanens samfunnsdel.

Dersom ein ved politisk handsaming av saka har endra syn/konklusjon i høve dette, og ynskjer endra arealbruksformål for arealet, må dette skje gjennom ny kommune-planhandsaming. Formannskapet uttalte i førre kommunestyreperiode at ein vil vurdere arealformålet på nytt. Formannskapet får vurdere dette ut frå dei nye føresetnadene som saka no byggjer på.
Kommunen er/skal i gang med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, og dette vil i så fall vere naturleg prosess for ei slik omgjering.

Ei avvising av planframlegget med sikte på omgjering av formål vil då kunne gje konsekvensar som t.d erstatning for plan og prosjekteringskostnader. Slik administrasjonen vurderer saka vil det i ein slik situasjon vere naturleg at arealformålet for det som no er bustadformål vert liggande som eit utvida friområde eller som del av sjukehusområdet (institusjonsformål).

Helse og miljøkonsekvensar:
Godt vurdert og ivareteke gjennom planprosess, planomtale og planutforming. Jf tilrådde endringar.

Økonomiske konsekvensar:
Ingen vesentlege for kommunal økonomi. Utviding av vegområde langs gangvegen kan gje kostnader med grunninnløysing for kommunen. Alternativt kan dette samordnast i utbyggingsavtale som gjeld utviding og kommunal overtaking av ny del av Bøkevegen og tekniske anlegg i området.
Ved avvising av plan og eventuell tilbakeføring til alternativ arealbruk (institusjonsformål eller friområde) vil ein kunne forvente krav om erstatning i høve til gjennomført deling, planarbeid og prosjektering. Eventuelt også krav om innløysing av grunn.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Vurdert i planprosessen.

Naturmangfaldlova:
Oppslag i *www.naturbase.no* og *www.artskart.no* viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Ut frå dette konkluderer ein difor med at planlagd arealbruk ikkje kjem i konflikt med vesentlege forhold knytt til natur og miljø – jfr. naturmangfaldlova §§8-12.

Kommuneplanen sin samfunnsdel:
Arealbruk etter planframlegget er i samsvar med overordna arealplan.
Arealbruken er i samsvar med mål og strategi knytt til busetting, der ynskje om variert bustadtilbod, byggeklare sentrumsnære bustadtomter gjennom fortetting.
Dette gjeld og intensjon om bustadtilbod i gangavstand frå sentrum og frå sentrale funksjonar som skule, barnehage, butikk, sjukehus m.m.
Gjennom planprosessen har ein også vurdert planframlegget og arealbruken sett i høve til vedtatt strategi om *"å sikre høgskulen og sjukehuset som viktige arbeidsplassar og institusjonar for framtida",* og konkludert med at tiltaket ikkje har slike negative konsekvensar. Jf. vurderingane ovanfor og tilrådinga i saka.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
P.Mulvik as.
Tømrer Prosjekt as

Kopi:
Utvikling for utlegging til offentleg ettersyn
Teknisk sektor

FORSLAGSSTILLAR:
TØMRER PROSJEKT AS

PLANOMTALE:
FRAMLEGG TIL DETALJREGULERING FOR:

Bustadområde Legene-Bøkevegen del av gbr.19/29

DATO: 11.04.2016

mulvik
www.mulvik.no

Innhold

1 SAMANDRAG 4
2 BAKGRUNN 4
2.1 Målet med planen 4
2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold 4
2.3 Tidlegare vedtak i saka 4
2.4 Utbyggingsavtalar 4
2.5 Krav om konsekvensutgreiing 4
3 PLANPROSESSEN 4
3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram 4
4 PLANSTATUS OG RAMMER 6
4.1 Overordna planar 6
4.2 Gjeldande reguleringsplan 6
4.3 Tilgrensande planar 7
4.4 Temaplanar 7
4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar 7
5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE 7
5.1 Lokalisering 7
5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk 9
5.3 Stadens karakter 9
5.4 Landskap 9
5.5 Kulturminne og kulturmiljø 10
5.6 Naturverdiar 10
5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde 10
5.8 Landbruk 10
5.9 Trafikkforhold 10
5.10 Barn sine interesser 11
5.11 Sosial infrastruktur 12
5.12 Universell tilgjengeligheit 12
5.13 Teknisk infrastruktur 12
5.14 Grunnforhold 12
5.15 Støyforhold 13
5.16 Luftforureining 13
5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon) 14
5.18 Analyser/utgreiingar 14
6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET 14
6.1 Planlagt arealbruk 14

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål 15
6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming 15
6.4 Bumiljø/bukvalitet 16
6.5 Parkering 16
6.6 Tilknyting til infrastruktur 16
6.7 Trafikkløysing 16
6.8 Planlagde offentlege anlegg 17
6.9 Miljøoppfølging 17
6.10 Universell utforming 17
6.11 Uteopphaldsareal 17
6.12 Landbruksfaglege vurderingar 19
6.13 Kollektivtilbod 19
6.14 Kulturminne 19
6.15 Plan for vatn og avløp samt tilknyting til offentleg nett 19
6.16 Plan for henting av avfall 19
6.17 Avbøtande tiltak/løysingar ROS 19
6.18 Rekkefølgjekrav 19
7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET 19
7.1 Overordna planar 19
7.2 Landskap og omgjevnader 19
7.3 Staden sin karakter 21
7.4 Estetikk 21
7.5 Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi 21
7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova 21
7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde 21
7.8 Trafikkforhold 22
7.9 Barn sine interesser 22
7.10 Sosial infrastruktur 22
7.11 Universell tilgjengeligheit 22
7.12 Energibehov – energibruk 22
7.13 ROS 22
7.14 Jordressursar/landbruk 23
7.15 Teknisk infrastruktur 23
7.16 Økonomiske konsekvensar for kommunen 23
7.17 Konsekvensar for næringsinteresser 23
7.18 Interessemotsetnader/konflikttema 23
7.19 Avveging av verknader 23
8 KONSEKVENSUTGREIING 28

9 INNKOMNE INNSPEL 28
9.1 Innspel (samandrag med kommentar) 28
9.1.1 NVE (14.07.2015) 28
9.1.2 Statens Vegvesen (09.07.2015) 29
9.1.3 Volda kommune v/brannsjef (21.07.2015) 29
9.1.4 Ottar Rekkedal (14.07.2015) 29
9.1.5 Jørn og Ingeborg Kippersund (09.08.2015) 29
9.1.6 Adv. Christian Garmann (18.08.2015 og 31.08.2015) 30
9.1.7 Fylkesmannen i Møre og Romsdal (18.08.2015) 30
9.1.8 Møre og Romsdal Fylkeskommune (21.08.2015) 31
9.1.9 Arnfinn Johs Henjum (25.08.2015) 31
9.1.10 Helse Møre og Romsdal (26.08.2015) 31
9.1.11 Åsrun Eli Håvik (29.08.2015) 32
9.1.12 Eli Schjølberg og Trond Barstad (28.08.2015) 32
9.1.13 Naboane Lia og Halkjelsvik (25.08.2015) 33
10 AVSLUTTANDE KOMMENTAR 33

Vedlegg:

1. Plankart
2. Reguleringsføresegner
3. Referat frå oppstartsmøte
4. ROS-sjekkliste
5. Innspel/merknader til planoppstart
6. Støyrapport (Asplan Viak AS)
7. Flaumrapport (Asplan Viak AS)
8. Skredrapport (Skred AS)
9. Situasjonsplan (Tømrer Prosjekt AS)
10. Terrengsnitt (Tømrer Prosjekt AS)
11. Avtale om grunnavståing mellom helseforetaket og grunneigar
12. Utsnitt frå 3D-modell. Illustrasjon.

1 SAMANDRAG

Dette planframlegget er utarbeidd av Per Mulvik AS på vegne av Tømrer Prosjekt AS som forslagsstillar. For den delen av planframlegget som gjeld bustadområde (BKS) er det lagt opp til felles handsaming av planframlegg og byggesak med Tømrer Service AS som ansvarleg søkjar. For området regulert til utvidingsareal for Helse Møre og Romsdal føreligg ingen konkrete byggjeplanar pr.dato. Dette vert difor å detaljere i evnt. seinare byggjesak.

Planframlegget er elles utarbeidd i samsvar med overordna plan og så langt mogleg tilpassa innkomne merknader som alle er gjennomgått, vurdert og kommentert i planframlegget. Vurdering av støy, ras- og flaumfare er utført av eksterne konsulentar og rapportar vedlagt saka. Konklusjonen i desse er at området kan byggast ut som planlagt ved gjennomføring av konkrete tiltak m.o.t helikopterstøy og flaumsikring av Orgylelva. Desse tiltaka er difor innbakt i planframlegget.

Etter vårt syn er alle relevante tema belyst, slik at planframlegget kan godkjennast slik det no ligg føre.

2 BAKGRUNN

2.1 Målet med planen

Planområdet er i kommunedelplan for E39 Volda - Furene sett av til bustadføremål med høve til fortetting gjennom utarbeiding av ny detaljreguleringsplan. Hovudformålet med planarbeidet er difor å detaljregulere området slik at det kan byggast ut i samsvar med intensjonen i overordna plan.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Tømrer Prosjekt AS er forslagsstillar med Per Mulvik AS som plankonsulent. Grunneigarar er Eldbjørg Rotevatn (gbr.19/29) og Helse Sunnmøre HF (gbr.19/144). Tømrer Service AS er ansvarleg søkjar.

2.3 Tidlegare vedtak i saka

Utover godkjenning av overordna plan føreligg ingen tidlegare vedtak i saka.

2.4 Utbyggingsavtalar

Det føreligg ingen utbyggingsavtale med kommunen i dette prosjektet.

2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Konklusjonen er at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing då formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

3 PLANPROSESSEN

3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Formell saksgang i samsvar med reglane i plan- og bygningslova sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Det er ikkje sett krav om planprogram.

Oppstartsmøte

Det vart halde oppstartsmøte (vedlagt) med kommunen 29.06.2015 med gjennomgang og drøfting av følgjande tema:

- Bakgrunn for ønsket om oppstart av planarbeid
- Gjeldande plansituasjon
- Planavgrensing
- Oppretting av eigedomsgrenser mot Helse Møre og Romsdal sine eigedomar og mot elv.
- Omsynssone i kommunedelplan
- Overvatn/tekniske anlegg

- Utnyttingsgrad/utbyggingsform
- Barn og unge/universell utforming
- Kunngjering/varsling til partar
- Krav til innhald i planleveransen
- Konklusjon/tilråding

Varsel om oppstart
Varsel om oppstart vart annonsert i avisa Møre 04.07.2015 og ved varslingsbrev utsendt 03.07.2015. Frist for innspel/merknader vart satt til 30.08.2015.

Innkomne innspel
Innan fristen sitt utløp kom det inn i alt 13 innspel/merknader. Desse er vedlagt, vurdert , kort oppsummert og kommentert sist i planomtalen. Krav om støy, ras- og flaumvurderingar er handtert av eksterne konsulentar og rapportar vedlagt.

Møter og synfaringar
19.11.2015 var forslagsstillar på synfaring saman med Volda kommune v/Aasebø der m.a sikring av Orgylelva var tema.

02.12.2015 var det møte mellom forslagsstillar, plankonsulent og kommunen der første utkast til plankart og følgjande tema vart drøfta:
- Utbyggingskonsept (3stk 2-mannsbustader og 4 leiligheiter i rekke.)
- Tilhøvet til helseforetaket
- Politisk handsaming
- Orgylelva
- Leikeareal
- Offentlege areal
- Snuplassar

Det er også halde møte mellom grunneigar sin representant, forslagsstillar og Helse Møre og Romsdal der det vart semje om arealbruk og grunnavståing til helseforetaket i samsvar med deira ønske. Signert avtale er vedlagt.

Vidare saksgang
Etter handsaming av planframlegget i kommunen og vedtak om utlegging til offentleg ettersyn, vert framlegget sendt til berørte partar for uttale normalt med ein frist på 6 veker etter utsending. Utsending av planframlegget vil også fungere som nabovarsel i samband med byggesaka, med frist for tilbakemelding på nabovarsel lik høyringsfristen for planframlegget (6 veker).

Etter høyringsfristen vert framlegg til reguleringsplan og søknad om rammeløyve evnt. justert i samsvar med innkomne innspel før endeleg kommunal handsaming. Nedanfor er ei enkel oversikt over planprosess med planlagt framdrift.

Planfase	Medverknad	Tid
Oppstartmøte	Kommunen	29.06.2015
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varselbrev til berørte partar.		Varslingsbrev datert 01.07.2015 Kunngjeringsannonse 04.07.2015
Høyringsperiode	Innspel/merknad til planoppstart,	Høyringsfrist 30.08.2015
Utarbeiding av planforslag	Arbeidsmøte med planseksjon	August - desember 2015
Oversending av planforslag til kommunen		April 2016
Kommunal handsaming om		Mai - juni 2016

utlegging til offentleg ettersyn/høyring. (frist 12 veker)		
Offentleg ettersyn/høyring(6 veker)	Merknad til planforslag	Juni - august 2016
Handsaming av merknader og ev. godkjenning av plan.		August - september 2016
Ev . endring av planforslag og nytt offentleg ettersyn.		
Godkjenning av planforslag (Kommunestyret)		Oktober - november 2016
Kunngjering av godkjent plan		November - desember 2016

4 PLANSTATUS OG RAMMER

4.1 Overordna planar

Kommuneplanen sin arealdel /kommunedelplanar

PlanID 2010013 «Kommunedelplan E39 Volda Furene» – datert 18.12.2015 – er gjeldande for planområdet. AB-2 – som planområdet er ein del av - er sett av til bustadføremål med krav om detaljregulering før utbygging – jfr. kommunedelplanen sine føresegner §11:
«Innanfor bustadområde AB_1-10 er det tillate å fortette gjennom utarbeiding av ny reguleringsplan»

Planområdet inngår også i omsynssone H190_1 for framtidig vegtunnel. Innanfor denne sona er det ihht kommunedelplanen sine føresegner §14 ikkje tillate med tiltak som kan medføre skade på den framtidige tunnelen. Statens Vegvesen skal ha varsel om og godkjenne alle tiltak og planar innanfor sikringssona før utbygging kan skje.



Figur 1 Utsnitt frå gjeldande kommunedelplan – med lokalisering av planområdet

Orgylelva og sideområda i vestre del av planområdet er i kommunedelplanen markert som friområde (F-2)

4.2 Gjeldande reguleringsplan

.Planframlegget skal delvis erstatte del av gjeldande reguleringsplan for området:

- PlanID 1980001 «Endring Sjukehusområdet» – datert 08.04.1980.

For delar av planframlegget (o_BIN1, o_BIN2 og BBB) skal gjeldande reg.planar framleis gjelde.

4.3 Tilgrensande planar

Planområdet grensar til følgjande reguleringsplanar:

- PlanID 1995003 «Rundebota» – datert 04.05.1995
- PlanID 1979002 «Endring område I og II Sjukehusområde»
- PlanID 1969001 «Røyslid/Heltne 1» – datert 10.10.1969



Figur 2 Tilgrensande reguleringsplanar – vist med PlanID.

4.4 Temaplanar

Ingen kjende temaplanar med relevans for saka.

4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Nasjonalt nivå:

- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging .
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga.

Utover dette vil planarbeidet vere basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter.

5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE

5.1 Lokalisering

Lokalisering

Planområdet ligg i bustadområdet Røyslida i overkant av ein kilometer i luftlinje nordaust for sentrums-kjernen i Volda kommune.

Figur 3 Oversiktskart med avmerkt planområde (raud prikk)

Avgrensing og storleik på planområdet
Planområdet utgjer om lag 5,7 daa, og er avgrensa som omtalt og vist i kartutsnitt nedanfor.



Figur 4 Planavgrensing

Omtale av plangrensa:
I nord er plangrensa lagt i teiggrensa mot gbr.19/507, 508, 509 og 19/360 som fell saman med plangrensa for Plan-ID 1979002.
I sør er plangrensa lagt i teiggrensa mot gbr.19/102, 19/145 og 19/134.
I aust er størstedelen av plangrensa samanfallande med gbr.19/29 si austre teiggrense mot gangvegen Råsa og lengst sør følgjer plangrensa gbr. 19/144 si austre teiggrense.
I vest er plangrensa samanfallande med austre plangrense i Plan-ID 1995003.

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

I søraustre hjørne ligg noko av Helse Møre og Romsdal sin bygningsmasse (brakker) innanfor plangrensa. Utover dette er planområdet ubebygt og i stor grad attgrodd med krattskog. Arealet har truleg ikkje fungert som beitemark på fleire år. Langs vestre plangrense går bekken/elva Orgylelva.
Som det framgår av ortofoto nedanfor er det bebygt inntil planområdet på tre sider. Nord og vest for plangrensa med bustadbygg i form av hhv. einebustader og blokker/terrassehus. I sør ligg Helse Møre og Romsdal sine institusjonsbygg samt trafikkareal, parkering og helikopterlandingsplass.
I aust grensar planområdet til gangvegen Råsa som skiljer planområdet frå ei open ubebygt mark regulert til offentleg føremål.

Bustadgatene Bøkevegen og Legene kjem inn frå vest og møter plangrensa hhv. i øvre og nedre del av planområdet. Desse vegane vert tilknytt planområdet som køyretilkomst.

Figur 5 Ortofoto av planområde og omgjevnader

5.3 Stadens karakter

Struktur/estetikk/byform/eksisterande bebyggelse
Som omtalt i pkt.5.2 ovanfor er det stor variasjon i tilstøytande bygningsmasse med villabebyggelse i nord, institusjonsbygg i sør og bustadblokker/terrassehus i vest. I søraustre hjørne ligg mellombels oppførte brakker tilhøyrande Helse Møre og Romsdal.

5.4 Landskap

Topografi og landskap
Planområdet ligg i ei sørhelling i dalsida mellom Voldsfjorden og Rotevatnet. Terrenget lengst sør ligg på om lag kote +90, og lengst nord på om lag kote +107. Dette gjev ei gjennomsnittleg helling mot sør på ca

1:5 som er gunstig mellom anna av omsyn til utsikts- og solforhold. Arealet er elles i hovudsak attgrodd med kratt og tre. Langs vestre plangrense går Orgylelva som endar ut i Voldsfjorden ved småbåthamna.

Solforhold/lokalklima
Området er sør- og svakt sørvestvendt med svært gode solforhold og utan kjende lokalklimatiske tilhøve det må takast særlege omsyn til.

Estetisk og kulturell verdi
Området har ingen særleg estetisk eller kulturell verdi utover å vere ei grøn lunge i landskapet.

5.5 Kulturminne og kulturmiljø
Ifølgje tilgjengelege kartbasar (www.kulturminnesok.no) er det ingen registrerte kulturminne i planområdet. Det er heller ikkje sett fram krav om arkeologiske registreringar i samband med planarbeidet.

5.6 Naturverdiar
Planområdet har blandingsskog og eit gjennomgåande elve-/bekkefar Orgylelva langs vestre plangrense. Oppslag i Naturbase (www.naturbase.no) og Artskart (www.artskart.no) gir ingen funn av verdifulle natur-verdiar eller raudlisteartar innanfor planområdet. Eit stykke nord for planområdet - i Mosevegen - er det imidlertid registrert funn av fuglearten Tårnseiler som er ein nær trua art.

5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde
Nordvest i planområdet er det etablert gangbru over Orgylelva og frå denne ei trakka ràs austover gjennom planområdet mot snarvegen Råsa.
Utover dette er det ikkje registrert at området har særleg verdi som friluftsområde, og området inngår heller ikkje i ein av dei større samanhengande grønstrukturkorridorane frå sentrum og opp dalsidene.

Kantsona til elva er likevel ein del av ei mindre grøntsone som er viktig å vidareføre , og det er etablert ein enkel sti langs Orgylelva som snarveg frå Bøkevegen og nedover mot Legene. Denne vert å oppretthalde.

Figur 6 Sti frå «Bøkevegen» til «Legene»

5.8 Landbruk
I følgje kartbasar (www.skogoglandskap.no og www.naturbase.no) er planområdet klassifisert som skogslandskap (AR50) med særs høg bonitet. Det er ingen kjende landbruksinteresser tilknytt området.

5.9 Trafikkforhold
Bøkevegen
Innan sjølve planområdet er det ingen køyrevegar, men øvre del av planområdet som blir regulert til konsentrert busetnad (BKS) vil bli tilknytt Bøkevegen. Dette er ei kommunal bustadgate på ca 170 meter som er tilknytt Røyslidvegen i vest og som endar med snuplass inn mot plangrensa i aust. Gata gir i dag køyretilkomst til 8 einebustader, herav tre registrert med hybel-/sokkelhusvære i tillegg.

Legene
Nedre del av planområdet – regulert til offentleg formål o_BIN1 – vert tilknytt vegen Legene. Dette er ei kommunal bustadgate på ca 240m tilknytt Dr.Halkjelsviks veg og som endar ved eksisterande bustad-blokker i plangrensa. Det er i nyare tid etablert køyrbar veg herifrå og ned forbi DPS-bygningen som avlastningsveg når helikopteret står på landingsplassen og stengjer hovudtilkomsten.

Vegsystem
Både Bøkevegen og Legene munnar via hhv. Røyslidvegen og Dr. Halkjelsviks veg ut i Kårstadvegen som

er sambindingsveg inn mot E39 mot Ørsta og Rv.651 mot Austefjord.

Figur 7 Vegsystem

Trafikkmengde
Langs Bøkevegen er det i dag tilknytt 8 einebustader, herav tre registrert med sokkelhusvære i tillegg. Ved utrekning av trafikkmengde (ÅDT) reknar ein normalt med 3,5-4 passeringar pr. bueining pr.døgn. For 11 bueiningar utgjer dette ein ÅDT på mellom 39 og 44 langs Bøkevegen

Langs Legene er det tilsvarande tilknytt 4 einebustader, 4 bustader i rekke, ein 2-mannsbustad og 34 leiligheiter i terrassehus/ bustadblokker. Dette blir totalt 44 bueiningar som utgjer ein ÅDT på 154-176.

Ulykkessituasjon og trafikktryggleik for mjuke trafikantar
Ein kjenner ikkje til særskilte ulukkespunkt i området. Både Bøkevegen og Legene er bustadgater utan fortau/gangveg og med ein standard som innbyr til liten fart i samsvar med tilrådingar frå både Statens Vegvesen og Sintef Byggforsk. Jfr. pkt «7.19 Avvegingar av verknader»

Vi har vidare registrert sikthinder både i krysset Bøkevegen/Røyslidvegen, Legene/ Dr.Halkjelsviks veg samt ved enkelte private avkøyrsler langs vegane. Desse hindra – bestående av busker/tre - kan utgjere ein risiko både for bilistar og mjuke trafikantar og bør fjernast uavhengig av dette planframlegget.

Kollektivtilbod
Planområdet har gangavstand til busshaldeplass ved Røyslidvegen og ved Volda sjukehus.

5.10 Barn sine interesser

Inn mot vestre plangrense er det i gjeldande plan (ID-1995003) sett av eit areal til felles leikeplass. Om lag 100m lenger vest i Bøkevegen er det regulert inn eit større offentleg friområde på i overkant av 1500m2.

Like ovanfor Raudemyrvegen – om lag 80m frå planområdet - finn vi enda eit offentleg friområde, dette på om lag 2500m2.
Vidare har vi aust for planområdet og nord for sjukehuset ei stor open mark med innslag av skog som er regulert til offentlege føremål/ utvidingsareal for sjukehuset.
Noko lenger vest for planområdet – i Håmyra – finn vi eit friluftsområde med stiar og skogsvegar som fører opp til Volda si drikkevasskjelde Dinglavatnet og omkringliggjande fjell som t.d Melshornet. Dette området kan nyttast av større born til varierte aktivitetar både sommar og vinter.

Innanfor planområdet vert det opparbeidd om lag 500m2 med felles leikeplass – utstyrt med eit leikeapparat, ei sandkasse og ein benk. Samla sett vil det difor etter vår vurdering vere gode vilkår for variert leik og aktivitet for born og unge i alle aldrar og til alle årstider.

5.11 Sosial infrastruktur

Skulekapasitet
Frå planområdet er det gangavstand til dei to barneskulane Øyra og Bratteberg, som begge har klassetrinn 1-7. I Volda kommune praktiserast flytande krinsgrenser.

Barnehagedekning
Det er full barnehagedekning i kommunen, og planområdet ligg berre ca 250m frå dei to kommunale barnehagane Oppigarden og Sollida.

Anna
I umiddelbar nærleik ligg sjukehuset, elles er det langs Kårstadvegen vidaregåande skule, høgskule, idrettshall og daglegvarebutikk. Hovudtyngda av servicefunksjonar finnast i sjølve sentrumskjernen.

5.12 Universell tilgjengeligheit

Planområdet er i dag ikkje tilrettelagt m.o.t universell utforming.

5.13 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp
Som vist under pkt.5.14.2 ligg det kommunale VA-leidningar både gjennom feltet og inntil plangrensa for tilknyting frå planområdet.

Trafo
Det er ingen trafo innanfor planområdet. Mørenett er høyringspart og har ikkje meldt om behov for dette.

Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m
Det blir energiforsynig til området frå trafo i Brenslene. Området er ikkje underlagt krav om tilknyting til fjernvarmenett.

5.14 Grunnforhold

Stabilitetsforhold
I følgje oppslag tilgjengelege kartbasar (www.ngu.no) ligg planområdet i eit område med tjukk morene som normalt er rekna som god byggegrunn.

Leidningar
Kommunalt leidningskart syner ei 150mm vassleidning av støypejarn som kryssar midt gjennom planområdet og som difor må leggast om.



Figur 8 Utsnitt frå kommunalt leidningskart

Ev. rasfare
Ifølgje www.nve.no (skredatlas) er planområdet trygt m.o.t snø- og steinskred, men ligg innanfor aktsemdssone for jord- og flaumskred. Jfr. utsnitt frå kartbasen nedanfor.



Figur 9 Utsnitt frå NVE Atlas – aktsemdsone for jord- og flaumskred

På bakgrunn av dette- og i samsvar med innspel frå NVE - har forslagsstillar engasjert eksterne konsulentar for flaum- og skredfarevurdering av planområdet. Konklusjonen er at heile planområdet tilfredsstiller lovverket sine krav m.o.t skred for tryggleiksklassene 1 og 2 som er gjeldande for bustadområdet BKS. For Helse Møre og Romsdal sitt utvidingsareal (o_BIN1 og o_BIN2) kan det vere aktuelt med bygning i høgare tryggleiksklasse. Dette arealet er difor avmerkt med faresone på plankartet.

5.15 Støyforhold

Vegtrafikkstøy
Planområdet er ikkje eksponert for vegtrafikkstøy.

Helikopterstøy
Like sør/sørvest for planområdet ligg Helse Møre og Romsdal sin helikopterlandingsplass. I samband med varsling av oppstart kom det inn ei rekkje innspel/merknader i høve støyproblematikk knytt til denne.
For å avklare forholda er det utarbeidd og lagt ved ein støyrapport med konklusjon gjengitt i kapittel «7.19 Avveging av verknader» som seier at området kan bebyggast ved gjennomføring av konkrete tiltak.

5.16 Luftforureining

Påstand om helsefare grunna oppvirvling av støv frå helikopterlandingsplassen er brukt som argument mot utbygginga. Ein er kjend med at lufttrykket kan virvle opp støv og grus frå plassen og at bilar må flyttast frå den tilgrensande parkeringsplassen. Vi kan likevel ikkje sjå at omfanget kan karakteriserast som luftforureining med reell helserisiko for dei som skal bu innanfor planområdet. Viser til kap.7.19.

5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit er gjennomgått, signert og vedlagt. Gjennomgangen avdekte to punkt med trong for nærare utgreiing – begge relatert til naturgitte forhold:

Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?
Kartbasen til NVE syner at planområdet ligg innanfor aktsemdsone for jord- og flaumskred. Forslagsstillar engasjerte difor konsulentfirmaet Skred AS for utarbeiding av ein detaljert skredrapport forøvrig også i samsvar med merknad frå NVE. Skred AS konkluderer slik i sin rapport (vedlagt):
«Dimensjonerende skredtype i planområdet er løsmasseskred langs Orgylelva. Samlet årlig sannsynlighet for skred i planområdet er mindre enn 1/1000. Hele planområdet tilfredsstiller dermed krav til sikkerhet mot skred for sikkerhetsklassene S1 og S2.»

Er området utsett for flaum eller flaumskred ?
I følgje NVE sin kartbase ligg planområdet innanfor aktsemdsone for jord- og flaumskred. Forslagsstillar engasjerte difor konsulentfirmaet Asplan Viak AS for utarbeiding av ein detaljert flaumfarerapport forøvrig også i samsvar med merknad frå NVE. Det vart der avdekt tre kritiske punkt langs Orgylelva og skissert forslag til tiltak. I hovudsak handlar dette om dimensjonering av kulvertar i øvre og nedre del av plan-området, samt terrengarrondering langs elveløpet slik at evnt. flaumvatn førast tilbake til bekkefaret.

I tillegg har Volda kommune fått utarbeidd ein rapport med berekningar av 20-, 200- og 1000-årsflaum for Orgylelva og eit par andre elvar i same område. Kommunen planlegg å etablere eit overløp frå Orgylelva oppstraums planområdet med formål å fjerne flaumtoppane i denne. Dette vil gje ei meir føreseieleg maksimalvassføring i elva enn i dag.
I sum reduserer eller fjernar planlagde tiltak heilt faren for flaum eller flaumskred i området.

5.18 Analyser/utgreiingar

Følgjande rapportar er utarbeidde og lagt ved saka:

- Støyrapport for helikopterlandingsplass utarbeidd av Asplan Viak
- Sikringstiltak langs Orgyla, utarbeidd av Asplan Viak
- Skredrapport, utarbeidd av Skred AS

6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

6.1 Planlagt arealbruk

Planframlegget vil erstatte del av gjeldande reguleringsplan for området – PlanID 1980001 - og legge til rette for utbygging av bustader med tilhøyrande anlegg som omtalt innleiingsvis. Sørlege del av planområdet vert frådelt og regulert til sjukehusformål ihht avtale med Helse Møre og Romsdal.

Reguleringsformål
Følgjande formål inngår i planområdet:

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
Bustader-blokker	0,0
Bustader-konsentrert-småhus	3,2
Institusjon (2)	1,2
Leikeplass	0,5
Sum areal denne kategori:	4,8

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Annan veggrunn – tekniske anlegg (6)	0,1
Køyreveg (2)	0,1
Sum areal denne kategori:	0,3
§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	Areal (daa)
Kombinerte formål (natur-.og friluft) i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (3)	0,6
Sum areal denne kategori:	0,6
Totalt alle kategoriar:	5,7

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

Bustader – blokker (BBB)
For dette arealet på ca 30m2 vest for Orgylelva, skal gjeldande reguleringsplan framleis gjelde.

Bustader – konsentrert småhus (BKS)
Innanfor BKS er det med byggjeliner vist plassering av eit rekkehus med 4 bueiningar og tre tomanns-bustader samt felles carport-/garasjeanlegg i nordvestre del av området. Kvar av dei 10 bueiningane skal ha to biloppstillingsplassar derav ein overdekt. Utnyttingsgrad m.m framgår av reguleringsføresegnene.

Institusjon (o_BIN1 og o_BIN2)
For dette arealet skal gjeldande reguleringsplan framleis gjelde. Arealet blir frådelt til Helse Møre og Romsdal som utvidingsareal. Tilsvarande gjeld eit lite areal – o_BIN2 - i sørvestre hjørne av planområdet.

Felles leikeplass (f_BLK)
Det er sett av eit areal på i underkant av 500 m2 til felles leikeplass for bustadane innanfor BKS. Innanfor formålet er det berre høve til tiltak som legg til rette for leik, og arealet skal opparbeidast med eit leike-apparat, ei sandkasse og ein benk.

Annan veggrunn – tekniske anlegg
Gjeld sideområde avsett til grøft og snøopplag langs køyreveg o_SKV1 og o_SKV2.

Køyreveg (o_SKV1)
O_SKV1 er ei forlenging av Bøkevegen inn i planområdet og skal opparbeidast som vist på plankartet med breidde 4,5m inkl. skulder. Det er i tillegg sett av 1,5m på kvar side til grøft og snøopplag (annan veggrunn – jfr. punkt ovanfor). Vegen skal tene som tilkomstveg til bustadområdet BKS.

Køyreveg (o_SKV2)
O_SKV2 er ei forlenging av vegen Legene inn til o_BIN1. Denne vert å opparbeide som vist på plankartet med breidde 4,5m inkl. skulder ved ei evnt. seinare realisering av området o_BIN1. Det er også her sett av 1,5m på kvar side til grøft og snøopplag (annan veggrunn).

Kombinerte formål i sjø og vassdrag (o_VKA1 – o_VKA3)
Langs Orgylelva er det sett av ei 5m brei sone med høve til forbygging og opparbeiding av enkel tursti. Offentleg eigarskap sikrar fri tilgang for ålmenta.

6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming

Plassering og bygningshøgde
Bygningar er vist med byggelinjer og plassert i plan og høgd på ein måte som reduserer utsiktstapet for

eksisterande busetnad til eit minimum. Det er vidare valgt ein hustype med pulttak og slak takvinkel som reduserer utsiktstapet yttarlegare.
Maksimal mønehøgd er sett til 8 m og maksimal gesimshøgd til 6 m rekna frå gjennomsnittleg planert terreng. Bygningane skal ha tak med inntil 18 grader helling.
For carportane skal mønehøgda vere maks 4,5 m og gesimshøgda maks 3 m. Carportar og parkeringsplassar er lagt til inngangen til feltet, noko som avgrensar intern trafikk.

Grad av utnytting (BYA,BRA,%-BYA eller %-BRA)
Innanfor BKS er det lagt til grunn ei utnyttingsgrad på 40%BYA

Antal bustader, leiligheitsfordeling
Området skal byggjast ut med totalt 10 bueiningar fordelt på eit rekkehus med 4 bueiningar og tre tomannsbustader. Jamfør vedlagte situasjonsplan.

6.4 Bumiljø/bukvalitet

Planen legg til rette for oppføring av typiske familiebustader med god standard og inntil 4 soverom illustrert ved aktuell 2-mannsbustad nedanfor.
Planløysinga blir tilnærma lik for alle bueiningane og det blir opparbeidd gode uteområde, nærliggande felles leikeplass og støyskjermingstiltak mot helikopterlandingsplass. Området er elles relativt sentrumsnært, solrikt og med god utsikt mot Voldsfjorden. Ein har tru på at dette kan bli eit attraktivt bustadområde.

Figur 10 Valgt hustype (2-mannsbustad)

6.5 Parkering

Tal på parkeringsplassar – maksimum og minimumstal
Det er sett av areal til to biloppstillingsplassar pr. bueining, derav ein overdekt (i carport).

Utforming og lokalisering av parkeringsanlegg
Carportar og parkeringsplassar er samla i nordvestre hjørne av planområdet i forlenginga av Bøkevegen. Ei slik samlokalisering ved inngangen til bustadområdet minimerer internt trafikkareal og gir ei trygg trafikkavvikling. Plasseringa er forøvrig vist med byggelinjer på plankartet.

6.6 Tilknyting til infrastruktur

Vatn og avløp
Det er framlagt offentleg VA-nett til planområdet som kan tilknytast – jfr. figur 8 framanfor.
Fjernvarmeanlegg
Planområdet ligg ikkje innanfor konsesjonsområde for fjernvarme.

Avfallshandtering/renovasjonspunkt
Det er ikkje sett av eige formål for renovasjon i plankartet då ein føreset dette løyst internt innanfor byggjeområdet. Situasjonsplanen syner framlegg til plassering.

6.7 Trafikkløysing

Køyretilkomst

Planområdet er regulert med to køyretilkomstar – begge frå vest – slik at bustadområdet (BKS) vert tilknytt Bøkevegen og o_BIN1 vert tilknytt vegen Legene.

Som køyretilkomst til øvre del av planområdet, regulert til bustadområde (BKS), vert difor å forlenge Bøkevegen inn i planområdet i samsvar med plankartet. Vegen er gitt nemninga o_SKV1 og skal etter bygging overtakast kostnadsfritt av Volda kommune for drift og vedlikehald. Bøkevegen munnar ut i Røyslidvegen, som igjen er tilknytt Kårstadvegen.

Som køyretilkomst til nedre del av planområdet, regulert som utvidingsareal for Helse Møre og Romsdal (o_BIN1), vert tilsvarande å forlenge vegen Legene inn i planområdet i samsvar med plankartet. Vegen er gitt nemninga o_SKV2 og skal etter bygging overtakast kostnadsfritt av Volda kommune for drift og vedlikehald. Legene munnar ut i Dr.Halkjelsviks veg som igjen er tilknytt Kårstadvegen.

Utforming av vegar
O_V1 og o_V2 er regulert med 4,5m breidde inkl. skulder + 1,5m annan veggrunn (grøft og snøopplag) på kvar side. Samla regulert vegbreidde 7,5m.

Krav til samtidig opparbeiding
Det er i føresegnene sett krav om at tilkomstveg o_SKV1 skal opparbeidast samtidig med bygningane innanfor planområdet BKS og ferdigstillast før bustadane kan takast i bruk.

Tilgjengeligheit for gåande og syklande
Røyslidvegen, Kårstadvegen og Heltnevegen har fortau, øvrige vegar i området ikkje. Frå snuplassen i Bøkevegen til Legene og Dr. Halkjelsvik veg er det etablert ein sti. Langs austre plangrense ligg gangvegen Råsa mellom Røyslidvegen i nord og sjukehusområdet i sør. BKS vert tilknytt denne gangvegen.

Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold
Både o_SKV1 og o_SKV2 er regulert som offentleg veg, og vert etter opparbeiding overtekne av Volda kommune for drift og vedlikehald.

6.8 Planlagde offentlege anlegg
Det er ikkje planlagt offentlege anlegg innanfor planområdet.

6.9 Miljøoppfølging
Det skal utvisast normalt omsyn til omgjevnadane – herunder redusere støy- og støvplager, utvise særleg aktsemd m.o.t trafikktryggleik (smale vegar) etc. Arbeid og transport på sein kveld og natt skal unngåast.

6.10 Universell utforming
Krav
For område BKS (område for bustadbygg) gjeld krav til tilgjengeleg bueining for bygningar med alle hovudfunksjonar på inngangsplanet – jfr.TEK10 §12-2. For området o_BIN1 (institusjon) gjeld krav til universell utforming ihht TEK10 §12-1.

Skildring av korleis krav til universell tilgjengeligheit skal løysast
For BKS vert det lagt til rette for trinnfri tilkomst til inngangspartia (jfr. pkt.4.7) i samsvar med TEK10 §8-6. For o_BIN1 skal løysingar framgå av evnt. byggjesøknad.

6.11 Uteopphaldsareal
Privat og felles uteopphaldsareal/storleik, lokalisering og kvalitet
Bustader innanfor BKS vil ha gode private og felles uteopphaldsareal kring bygningane. Som vist med lysegrøn skravur på situasjonsplan er det på sørsida av bustadane sett av privat uteopphaldsareal på om lag 20m2 pr. bueining. Desse areala må skjermast mot støy frå helikopterlandingsplassen i samsvar med tilrådingane i vedlagte støyrapport. For o_BIN1 vert dette å detaljere i ei evnt. byggjesak.

Leikeplass
Innanfor planområdet er det sett av eige formål/areal til felles leikeplass på i underkant av 500 m2. Denne leikeplassen – f_BLK - skal utstyrast med eitt leikeapparat, ei sandkasse og ein sittebenk og opparbeidast samtidig med oppføring av bustader innanfor BKS. Det er knytt rekkefølgjekrav til opparbeidinga.
Leikeplassen grensar mot grøntkorridoren langs elva, og på motsett side av elva er det sett av areal til felles leikeplass for tilgrensande bustadfelt.

Ivaretaking av eksisterande og ev. ny vegetasjon
Eksisterande vegetasjon innanfor plangrensa vert i hovudsak fjerna.

Offentlege friområde og turvegar
Utanfor planområdet - om lag 100m lenger vest i Bøkevegen - er det i gjeldande plan (ID-1995003) regulert inn eit større offentleg friområde på i overkant av 1500m2. Også like ovanfor Raudemyrvegen er det innregulert eit offentleg friområde, dette på om lag 2500m2 og lokalisert berre 80m nord for planområdet.
Samla sett vil det etter vår vurdering vere gode vilkår for variert leik og aktivitet for born og unge i alle aldrar og til alle årstider både innanfor og utanfor planområdet.



Figur 11 Oversikt over regulerte friområde i nærmiljøet (grøn farge)

Turvegar
Langs Håmyrselva noko vest for planområdet er eit mykje nytta friluftsområde som også kan nyttast av større born til varierte aktivitetar både sommar og vinter. Stiar og skogsvegar fører opp til Volda si drikkevasskjelde Dinglavatnet og dei omkringliggande fjella – herunder t.d Melshornet.
Tilkomst og tilgjengeligheit
Regulerte friområde utanfor plangrensa har varierande grad av opparbeiding og tilrettelegging. Felles leikeplass innanfor plangrensa vert opparbeidd med eitt leikeapparat, ei sandkasse og ein sittebenk og blir så langt mogleg gjort tilgjengelig også for rørslehemma.

Krav om utomhusplan og rekkefølgjekrav.
Planforslag og byggjesøknad for BKS skal handsamast samtidig og det er difor utarbeidd situasjonsplan som viser detaljar for utbygginga innanfor planområdet. Felles leikeplass skal opparbeidast samtidig med bygningane som vist i situasjonsplan og omtalt i føresegnene.

For o_BIN1 er det uavklart kva helseforetaket vil nytte arealet til utover at ein er bedt om å regulere til «sjukehusformål» Gjeldande reguleringsplan for området skal difor framleis gjelde.

6.12 Landbruksfaglege vurderingar
Inga endring som følgje av plan.

6.13 Kollektivtilbod
Inga endring som følgje av plan. Auka busetnad kan gje auka bruk og dermed styrkje tilbodet.

6.14 Kulturminne
Ingen registrerte kulturminne gjev inga endring som følgje av plan.

6.15 Plan for vatn og avløp samt tilknyting til offentleg nett
Utarbeidast i samband med byggjesak.

6.16 Plan for henting av avfall
Visast på og opparbeidast ihht situasjonsplan.

6.17 Avbøtande tiltak/løysingar ROS
Støyskjermingstiltak etablerast i samsvar med utarbeidd støyrapport.
Sikring av Orgylelva utførast i samsvar med utarbeidd flaumrapport.

6.18 Rekkefølgjekrav
Det er i føresegnene sett krav om at tilkomstveg o_SKV1 og leikeareal f_BLK skal opparbeidast samtidig med bygningane innanfor planområdet BKS og ferdigstillast før bustadane kan takast i bruk. Det same gjeld flaumsikring av Orgylelva og støyskjermingstiltak.

7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

7.1 Overordna planar
Planframlegget er i samsvar med overordna plan både m.o.t formål og utstrekning. Området ligg innanfor omsynssone for framtidig tunnel med krav om at alle byggjeplanar skal godkjennast av Statens Vegvesen. Dette kravet er nedfelt i reguleringsføresegnene.

7.2 Landskap og omgjevnader
Planområdet er hovudsakleg ubebygt og attgrodd med krattskog. Skogen vert i stor grad fjerna ved utbygginga og terrenget omarbeidd. Bygningsform, takvinkel og plassering i terrenget gir små terreng-inngrep og minimalt utsiktstap for naboane bakanfor slik terrengsnitta nedanfor syner.
Etter vår vurdering ivaretek utbygginga omsynet til landskap og omgjevnadar på ein god måte.



Figur 12 Terrengsnitt A-F



Figur 13 Terrengsnitt E-H

Illustrasjon

Det er utarbeidd ein svært enkel 3D-modell for å visualisere bygningsvolum, terrengtilpasning etc. i bustadområdet. Utsnitt frå denne følgjer som vedlegg. Poengterer at modellen er enkel og ikkje framhevar detaljar som murar, trapper etc. Støyskjerm er vist med rett høgd.

Figur 14 Illustrasjon av bustadområdet

7.3 Staden sin karakter

Planområdet er ei naturleg utviding av det etablerte bustadområdet med einebustader bakanfor og i vest, bustadblokker i sørvest og institusjonsbygg nedanfor. Planlagde bygningar får eit moderne preg i samsvar med dagens byggeskikk og vil etter vår vurdering fint innordne seg eksisterande busetnad i området.

7.4 Estetikk

Eit moderne preg ivaretek etter vårt syn omsynet til estetikk på ein god og framtidsretta måte:

Figur 15 Illustrasjon av 2-mannsbustadane

7.5 Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi

Inga endring som følgje av plan. Det er ikkje registert verneverdige kulturminne i området.

7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova

Oppslag i www.naturbase.no og www.artskart.no viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Utfrå dette konkluderer ein difor med at planlagd arealbruk ikkje kjem i konflikt med vesentlege forhold knytt til natur og miljø – jfr. naturmangfaldlova §§8-12.

7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde

Langs Orgylelva vil det i samband med forbygging/plastring bli lagt til rette for å kunne gå langs elvekanten som no. Dette området er regulert til offentleg formål med tilgjenge for ålmenta.

7.8 Trafikkforhold

Vegforhold

Planområdet får køyretilkomstar via Bøkevegen i nord og Legene i sør - begge med innslag i vestre plangrense. Ved forvarslinga kom det fleire innspel på at eksisterande vegar ikkje har god nok standard til å ta imot trafikk frå planområdet, og enkelte har frykta meirbelastning frå så mykje som 40 nye bueiningar. Det reelle talet på nye bueiningar er imidlertid 10, og desse vert alle tilknytt Bøkevegen. Området lengst sør vert frådelt og regulert til offentleg formål/utvidingsareal for helseforetaket utan at det pr. dato er klart kva området i detalj eventuelt skal nyttast til. Denne delen av planområdet er tilknytt Legene.

Trafikkauke/-reduksjon

Generelt reknar ein med at kvar bueining i snitt genererer 3,5-4 bilpasseringar pr. døgn. Dei 10 nye bueiningane innanfor BKS vil utfrå dette gje ein trafikkauke langs Bøkevegen på 35-40 passeringar pr. døgn. Saman med trafikken frå dei 8 eksisterande bustadane, herav tre med utleigedel, vil årsdøgn-trafikken (ÅDT) for Bøkvegen etter utbygging utgjere mellom 74 og 84.

Langs Legene er det tilsvarande tilknytt 4 einebustader, 4 bustader i rekke, ein 2-mannsbustad og 34 leiligheiter i terrassehus/ bustadblokker. Dette blir totalt 44 bueiningar som utgjer ein ÅDT på 154-176. Utfrå vegstandard, og SVV sine tilrådingar om maks 50 bueiningar tilknytt denne type veg, nærmar ein seg kapasitetsgrensa for vegen. Pr.dato føreligg ingen konkrete planar for området.

Kollektivtilbod

Kapasiteten i kollektivtilbodet er god og vil i liten grad bli påverka av denne utbygginga. Auka bruk av tenestene kan evnt. styrke/utvide tilbodet.

7.9 Barn sine interesser

RPR for barn og planlegging

Det er ikkje meldt om at planområdet vert nytta av barn til leik/rekreasjon. Det er difor lite truleg at endra arealbruk vil ha negative følgjer for barn sine interesser i området. Den etablerte stien gjennom området langs elva Orgylelva vil bli oppretthalden i samband med sikring av elveløpet.
Forøvrig vil det innanfor planområdet bli sett av eige areal på 500m2 til nærleikeplass.

7.10 Sosial infrastruktur

I nærleiken finnast både skular, idrettsanlegg og andre fritidstilbod med tilstrekkeleg kapasitet til å ta i mot auka etterspørsel som følgje av planforslaget.

Skulekapasitet

Etablering av barnefamiliar vil kunne styrke grunnlaget for skuledrifta i kommunen. Det er kort veg både til Bratteberg og Øyra skule (trinn 1-7) og god kapasitet med flytande krinsar.

Barnehagekapasitet

Det er god barnehagekapasitet i området, og berre 250m aust for planområdet ligg dei to kommunale barnehagane Oppigarden og Sollida.

7.11 Universell tilgjengeligheit

Jfr. punkt 6.10.

7.12 Energibehov – energibruk

Det er lagt opp til ein kombinasjon av varmepumpe og vedfyring til oppvarming.

7.13 ROS

Rasfare

Skredrapport utarbeidd av firmaet Skred AS (vedlagt) konkluderer med at heile planområdet tilfredsstiller lovverket sine krav til tryggleik for sikkerheitsklassene S1 og S2.

Flaumfare

I samband med reguleringsarbeidet har Asplan Viak kartlagt flaumfaren langs Orgylelva som går gjennom planområdet. Rapporten er vedlagt og legg føringar for korleis elva skal sikrast.ved utbygginga og med dette gi ein tryggare situasjon mot overfløyming enn i dag.

Beredskap og ulukkesrisiko
I samband med utbygginga vert det etablert fleire brannhydrantar. Dette tryggar beredskapen for området.

7.14 Jordressursar/landbruk
Ingen relevans då arealet er sett av til bustadområde i overordna plan.

7.15 Teknisk infrastruktur
Vatn og avløp
Eksisterande offentleg VA-nett i området har god kapasitet og ligg lett tilgjengeleg for tilknyting. Behov for omlegging av eksisterande 150mm vassleidning som kryssar området.

Trafo
Ingen innspel frå Mørenett. Antatt god straumkapasitet i området.

7.16 Økonomiske konsekvensar for kommunen
O_SKV1 og o_SKV2 er regulert som offentleg køyreveg, og skal overtakast av kommunen for drift og vedlikehald etter opparbeiding. Vedlikehaldskostnader – herunder brøyting – vil difor utgjere ein kostnad for kommunen. Tilsvarande er Orgylelva med sideområde regulert til offentleg formål. Utbyggar forestår og bekostar plastring/sikring av elva, medan evnt. framtidig vedlikehald blir utført av kommunen.

7.17 Konsekvensar for næringsinteresser
Auka busetjing vil normalt generere auka handel og såleis kunne styrke lokalt næringsliv.

7.18 Interessemotsetnader/konflikttema
Utfrå innkomne innspel/merknader kan nokre tema karakteriserast som konflikttema. Desse er kort opplista her, og utgreidd/kommentert under kapittel «7.19 Avveging av verknader» :

Helikopterstøy
Påpeikt støyplager frå helikopterlandingsplassen og at området difor ikkje kan bebyggast. Fryktar også at fjerning av skog/kratt vil gje eksisterande bebyggelse auka støyplager.

Støv frå helikopterlandingsplassen
Det blir hevda at oppvirvling av støv frå landingsplassen ved landing og take-off kan utgjere helserisiko.

Trafikale forhold i Bøkevegen
Oppsitjarar langs Bøkevegen hevdar at vegen alt i dag er underdimensjonert og ikkje kan tilførast meir trafikk m.a pga dårlege siktforhold i krysset mot Røyslidvegen.

Trafikale forhold i Legene
Oppsitjarar langs Legene hevdar at vegen alt i dag er underdimensjonert og ikkje kan tilførast meir trafikk.

Bustadtype
Naboar negative til høg utnyttingsgrad og «lågblokker». Nokre tilrår/aksepterer einebustadar.

7.19 Avveging av verknader
Helikopterstøy
Fleire framhevar støyplager frå helikopterlandingsplassen som eit problem og uttrykkjer uro for at dei som kjøper seg inn i feltet etter kvart vil klage på støyen og slik kunne medverke til at landingsplassen på sikt blir avvikla og med det true sjukehuset si framtid.
Ei slik problemstilling fell litt på sida av det som kan regulerast i ein detaljplan som dette dersom støy-

forholda elles er «lovlege» og innanfor gjeldande regelverk. Ein må difor legge til grunn at eventuelle kjøparar gjer seg kjende med alle forhold ved handelen før signering av kontrakt.
For å avklare støyproblematikken i høve regelverket har forslagsstillar engasjert Asplan Viak AS som i sin rapport konkluderer med at støyproblemet er reelt, men at området lovleg kan bebyggast som planlagt ved gjennomføring av konkrete støyskjermingstiltak:

«Uteplassar bør plasserast slik at dei er så godt skjerma som mogleg for helikopter som står på bakken under oppstart eller etter landing. Det er vanskeleg å skjerme uteplassar for helikopterstøy under inn- og utflyging, og det kan vere vanskeleg å snakke saman under ei innflyging. Likevel vil støynivået på uteplassane vere innanfor grenseverdiane i T-1442 dersom dei vert skjerma mot støy frå sjølve landingsplassen. Dette kan gjerast f.eks ved plassering av uteplassane på bakkeplan og med oppføring av foreslått støyskjerm mot sør og søraust. Støyskjermen bør forlengast forbi avgrensinga av uteopphalds-arealet mot vest.
Eventuelle balkongar/private uteplassar på fasadene til bygningane må ha lokale skjermingstiltak, t.d tett rekkverk med høgde minimum 1,6m over balkonggolv.
Støynivået utanfor fasade vil vere i raud sone mht. Lden og L5as ved flyrørsler i nattperioden. Det er vurdert slik at det er viktig å dimensjonere fasadekonstruksjonane slik at maksimalt innandørs støynivå i natt-perioden ikkje overstig kravet i NS8175:2012 for å redusere risiko for oppvakning. Dette må dokumenterast av akustikar før rammeløyve kan gjevast.
Ekvivalent innandørs støynivå vil vere oppfylt med dei same konstruksjonane som tilfredsstiller krav til maksimalt innandørs støynivå.
Plassering av opphalds- og soverom slik at kvart rom har minst eitt vindauge mot stille side er vurdert som mindre viktig då helikopterstøyen ikkje er ei vedvarande støykjelde. Vi rår likevel til at soverom vert plasserte mot nord eller vest i bygningane».

Dei skisserte tiltaka er følgjeleg lagt til grunn i planframlegg og byggjesak.

Støv frå helikopterlandingsplassen
Det er også kome merknader relatert til støvplager ved landing og take-off, at dette utgjer helserisiko og at området difor ikkje kan byggast ut. For vurdering av luftkvalitet ved arealplanlegging, er det utarbeidd ei retningsline T-1520 som m.a definerer grenseverdiar for luftforureining i gul og raud sone. Det er luft-forureining i form av svevestøv og nitrogendioksid som skal vurderast og i pkt.2.1 står følgjande:
«Luftforurensing bør karfestes i en gul og rød sone. Det vil hovedsakelig være aktuelt i kommuner med by-områder hvor største trafikkmengde er over 8000 i årsdøgntrafikk (ÅDT) eller hvor det er større punkt-utslipp»

Ein er kjent med at det i tørt ver kan bli virvla opp støv frå landingsplassen og det kan også tenkjast at delar av dette i kombinasjon med ei sørleg vindretning kan bli ført mot planområdet. Det synest imidlertid klart at konsentrasjonen ligg langt under grenseverdiane i T-1520 og representerer dermed ingen reell helserisiko. For øvrig utstyrast nye bustadbygg normalt med ventilasjonsanlegg som i stor grad filtrerer innlufta.

Figur 16 Foto frå landingsplassen.

Trafikale forhold generelt

Ved forvarslinga kom det fleire innspel på at Bøkevegen og Legene ikkje har god nok standard til å ta imot trafikk frå planområdet. Enkelte har også lagt til grunn at området skal byggast ut med 40 nye bueiningar. Dei 10 bueiningane som reelt skal byggjast får tilkomst frå Bøkevegen. Området lengst sør i planområdet frådelast og regulerast til offentleg formål/utvidingsareal for helseforetaket utan at det pr. dato er klart kva området i detalj eventuelt skal nyttast til. Denne delen av planområdet får tilkomst frå Legene.

Trafikale forhold i Bøkevegen

Figur 17 Asfaltbreidde «Bøkevegen»

Bøkevegen er ei bustadgate på ca 170 meter tilknytt Røyslidvegen i vest, og som endar med snuplass inn mot plangrensa i aust. Gata gir i dag køyretilkomst til 8 einebustader, herav tre med utleigedel, og er regulert som typisk bustadgate med breidde 7m inkl. snøopplag og opparbeidd med 3,5m asfaltdekke.

Ved starten på stigninga opp mot Røyslidvegen er det etablert ein møteplass og frå denne og vestover stig vegen med ca 1:10 før utflating inn mot Røyslidvegen. Austover fell vegen svakt mot plangrensa. Både stigning og utflating mot krysset tilfredsstiller etter vår vurdering gjeldande krav til bustadgater. Asfaltbreidde 3,5m er forøvrig også i samsvar med Statens Vegvesen sine tilrådingar for atkomstvegar i bustadområde med fartsgrense 30km/t og maksimalt 50 bueiningar - jfr. utdrag frå vegnormalane nedanfor:

Tverrprofil

Kjørebanebredden varierer etter antall boenheter langs vegen. For veger inntil 50 boenheter i blindveg, eller 80 boenheter i sløyfe, bør tverrprofil som vist i figur C.20 brukes.



Figur 18 Utdrag frå SVV sine vegnormalar – figur C.20

Krysset mellom Bøkevegen og Røyslidvegen er i gjeldande analoge plankart frå 1995 vist med frisiktlinjer, medan desse manglar i den digitale utgåva på www.sunnmorskart.no. Generelt gjeld at det innanfor frisiktsoner ikkje skal vere sikthinder høgare enn 0,5m over primærvegen (her Røyslidvegen) sitt køyre-banenivå. Enkeltståande tre, stolpar og liknande som ikkje hindrar sikta kan stå.

Figur 19 Frisiktlinjer i krysset mellom «Bøkevegen» og «Røyslidvegen»

Raud strek ovanfor syner frisiktlinjer avdigitalisert frå analogt plankart,medan blå strek syner teoretisk frisiktlinje ihht dagens vegnormalar. Som vist er det aust for krysset etablert bygningsmasse innanfor regulert frisiktsone, men at dagens regelverk lempar på krava til frisikt. Imidlertid syner fotoa nedanfor at siktforholda vestover og austover frå krysset er hindra av busker/tre i begge retningar.

Figur 20 Sikt vestover

Figur 21 Sikt austover

Konklusjon
Bøkevegen er etter det vi kan sjå opparbeidd i samsvar med gjeldande reguleringsplan med asfaltbreidde 3,5m for øvrig i samsvar med Statens Vegvesen og Sintef Byggforsk sine tilrådingar for bustadgater:
«Det mest effektive fartsdempende enkelttiltaket er en enfelts svingete vei. Forutsetningen er ÅDT under 200, det vil si adkomstvei for opp til 50 boliger i en blindvei eller 100 boliger i en sløyfe»
Vidare:
«Enfeltsvei er å foretrekke av areal- og kostnadshensyn, og for å holde farten nede. Enfeltsvei kan utformes med 3,5m asfaltert dekke. Det er viktig at asfaltbredden ikke er større – det vil føre til kantparkering»

Vi registrerer vidare at vegen har møteplass, maksimal stigning ca 1:10, samt snuplass i enden, men har også avdekt sikthindrande tre/busker både i krysset mot Røyslidvegen og ved enkelte private avkøyrsler langs vegen. Desse bør fjernast uavhengig av utvida bruk.

Etter utbygging vil det vere totalt 21 bueiningar inkl. utleigedelar tilknytt Bøkevegen, noko som tilsvarar ein ÅDT på 74-84. Etter vår vurdering er vegen tilstrekkjeleg dimensjonert for denne trafikken, men det kan ved behov vurderast etablering av fartshumpar som i enkelte andre kommunale bustadgater.

Køyretilkomst til o_BIN1
Nedre del av planområdet - regulert til offentleg formål o_BIN1 - får køyretilkomst via Legene. Dette er ei bustadgate på ca 240m mellom Dr. Halkjelsviks veg og plangrensa. Det er i nyare tid etablert køyrbar veg forbi Volda DPS som «by-pass» når helikopteret står på bakken og stengjer hovudtilkomsten.

Legene er ikkje tidlegare regulert, men opparbeidd med om lag same vegbreidde som Bøkevegen.

I ortofoto nedanfor syner raude linjer krav til frisikt ihht dagens vegnormalar. Vi har ved synfaring registrert ein busk som hindrar sikta nedover Dr.Halkjelsviksveg og denne bør fjernast uavhengig av utvida bruk.

Elles registrerer vi at vinkelen inn mot Dr. Halkjelsviksveg er noko spiss i høve vegvesenet sine krav. Vi registrerer også at stigninga dei første metrane av Legene er noko bratt.

Som omtalt tidlegare er det tilknytt 44 bueiningar til Legene, noko som tilsvarar ein ÅDT på 154-176. Med dette nærmar ein seg vegvesenet si grense på maks 50 bueiningar for denne vegtypen. Dette betyr at ved tilføring av vesentleg meir trafikk må det vurderast å oppgradere vegen.

Figur 22 Krav til frisikt i krysset mellom Legene og Dr.Halkjelsviksveg ihht vegnormalane.

Sikring av Orgylelva
NVE med fleire har påpeikt at Orgylelva må sikrast, og på bakgrunn av dette har Asplan Viak utarbeidd ein flaumsikringsrapport. Denne er vedlagt og framlegg til sikring innarbeidd i prosjektet.

Utsiktstap for eksisterande bebyggelse
Redusert bygningsvolum og god terrengtilpasning ivaretek etter vårt syn omsynet til utsikt for eksisterande busetnad nord for feltet. Jfr. vedlagte situasjonsplan og snitt.

Konklusjon:
Utover noko trafikkauke langs Bøkevegen, ser vi ikkje at etablering av totalt 10 nye bueiningar vil ha særleg negative verknader verken m.o.t natur, miljø, eksisterande bebyggelse, støy eller trafikktryggleik.
Ved særleg meir trafikkbelastning på Legene må det vurderast utbetringstiltak.

8 KONSEKVENSUTGREIING
Kommunen har vurdert at det ikkje vil vere behov for konsekvensutgreiing då planarbeidet er i samsvar med overordna plan (kommunedelplan) og heller ikkje har vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn.
Ein viser til vedlagte referat frå oppstartsmøte.

9 INNKOMNE INNSPEL
Innan fristen kom det inn i alt 13 innspel som er vedlagt. Utdrag av desse med vår kommentar følgjer her:

9.1 Innspel (samandrag med kommentar)

9.1.1 NVE (14.07.2015)
Innspel:
Krev nærare vurdering av jord- og flaumskredfaren og at det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse med kontroll av sidemann eller uavhengig part. Det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleiks-krava i TEK10. Fareområde må innarbeidast som omsynssone med tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad.
For bekken gjennom området rår NVE til å nytte «bruk og vern av sjø og vassdrag» til å merke vasstrengen og kantsoner.
Bekken sitt skadepotensiale for flaum og erosjon må vurderast. Må undersøke om der finnast kritiske punkt langs bekken i eller ovanfor planområdet som gjer at den kan ta nytt løp inn i planområdet. Det er tilrådd

minsteavstand til bekk på minimum 20 m. Viser elles til NVE sin rettleiar 3/2015 «flaumfare langs bekkar».

Kommentar:
Skred AS og Asplan Viak AS har vurdert desse forholda – og utarbeidd rapportar som konkluderer med at området er trygt. Rapportane er vedlagt, og framlegg til tiltak innarbeidd i plankart og føresegner.

9.1.2 Statens Vegvesen (09.07.2015)
Ingen merknader.

9.1.3 Volda kommune v/brannsjef (21.07.2015)
Innspel:
Krev tilkomst og oppstilling for brannbilar, samt tilgang til sløkkevatn. Må settast opp 1-2 brannhydrantar i området, i forlenginga av Legene og Bøkevegen.

Kommentar:
I enden av Bøkevegen er det opparbeidd snuplass som kommunen vurderer å utvide. Omfang og plassering av hydrantar er del av teknisk plan, og vert teke omsyn til der.

9.1.4 Ottar Rekkedal (14.07.2015)
Innspel:
Meiner det er naturleg at området vert nytta til villabusetnad som i tilgrensande område og at lågblokk ikkje samsvarar med referat frå oppstartsmøtet. Etterlyser omtale av sjukehuset sin helikopterlandingsplass og utfordringar med nærføring av bustadområde og helikoptertrafikk.
Er kritisk til at ikkje konsekvensane av å bygge ut området vert utgreidd. Meiner området vil vere kostbart å bygge ut med m.a to bruer, omlegging av vassleidning og at eksisterande vegar ikkje kan nyttast. Er kritisk til kommunen sin dispensasjonspraksis og stiller spørsmål om kommunal sakshandsamar er ugild.

Kommentar:
Det skal ikkje oppførast lavblokker og sjølve bustadarealet BKS er redusert. Det skal førast opp totalt 10 bueiningar fordelt på tre stk. tomannsbustader og eit rekkehus med 4 bueiningar. Bygningane i to etasjar får eit tidsriktig moderne uttrykk med god terrengtilpasning og pulttak som gjev minimalt utsiktstap for naboar.

Asplan Viak AS har utarbeidd støyrapport med framlegg til tiltak som er innarbeidd i planen.
Framlegget er i samsvar med overordna plan og difor ikkje underlagt krav om konsekvensutgreiing. Likevel er relevante konsekvensar av planen så langt mogleg utgreidd i planomtalen.
Utbyggingskostnader ligg til utbyggjar å vurdere, og vegstandard er vurdert som tilfredsstillande for trafikk-auken som følgjer av utbygginga. Jfr. elles kapittel 7 framanfor.

Spørsmål ang. kommunen sin dispensasjonspraksis og habilitet er besvart av kommunen.

9.1.5 Jørn og Ingeborg Kippersund (09.08.2015)
Innspel:
Protesterer mot all utbygging som vil innebere meir trafikk i Legene utan at dei trafikale tilhøva vert utbedra. Viser særleg til utfordringar knytt til den svært skarpe svingen frå Legene 1 til Legene 3. Vegbanen er smal og utan fortau. Spesielt problematisk om vinteren og har fleire gongar hjelpt bilar som har stått fast i svingen. Meiner det er svært dårlege forhold for fotgjengarane om vinteren ved at fotgjengarane vert fanga mellom snøkant og vegbane med bilar som må halde ekstra fart for å komme gjennom svingen. Desse problema vil forsterkast dersom trafikkbelastninga vert auka.

Kommentar:
Nedre del av planområdet regulerast til utvidingsareal for helseforetaket som i gjeldande plan – med køyretilkomst frå Legene. Ein er imidlertid ikkje kjent med evnt. planar for området og om det då vert auka trafikk i Legene. Særleg utvida bruk utløyser behov for oppgradering av Legene - jfr. pkt. 7.1.9. All trafikk frå bustadområdet BKS vil gå til Bøkevegen.

9.1.6 Adv. Christian Garmann (18.08.2015 og 31.08.2015)

Innspel:
Protesterer på vegne av naboar i Bøkevegen 1 og 3-9 mot saksbehandlinga pga. manglande planprogram og konsekvensutgreiing. Meiner det manglar avklaringar/vurderingar vedr. støy knytt til helikopterlandings-plassen og trafikktilhøva i Bøkevegen. Meiner vidare at utbygging vil medføre fjerning av støydempande vegetasjon og at støysituasjonen dermed blir forverra for busetnaden langs Bøkevegen.

Viser til at Bøkevegen er smal, utan fortau og med dårlig sikt i avkøyrsla til Røyslidvegen og at vegen ikkje har kapasitet til opp mot 40 nye bueiningar. Meiner vidare det er uforsvarleg at det ikkje ligg føre utgreiing av konsekvensane når det gjeld trafikk og støy verken på kommuneplannivå eller reguleringsplannivå. Meiner også det er påfallande at konsekvensane for verksemda ved Volda sjukehus, med mulegheit til framtidig bruk av helikopterlandingsplassen ikkje er vurdert.
Hevdar også at helikopterlandingsplassen vil kunne gi opphav til støv- og partikkelplager.

Kjem med tilleggskommentarar i brev av 31.08.2015: Poengterer at det er den auka belastninga av luft- og støyforureining samt dei trafikale forholda som er avgjerande i forhold til behovet for konsekvensutgreiing. Er kritisk til handsaminga rundt KDP Volda – Furene og endring frå offentleg formål til bustadføremål og meiner at bumiljøet i Bøkevegen vart ofra for å løyse eit problem med grunneigarar på ein anna plass. Meiner det er betenkjeleg at naboane ikkje vart varsla om dette. Nemner også at det aktuelle området er vist som noverande bustadområde og ikkje framtidig, og meiner dette må vere feil. Meiner at fortetta utbygging ikkje vil oppfylle krav om tilpassing til eksisterende utbyggingsmønster og struktur/bygningsmiljø.

Kommentar:
Asplan Viak AS har utarbeidd støyrapport med framlegg til tiltak som er innarbeidd i planen. Dei avviser elles at eksisterande skog på tomta har vesentleg støydempande effekt.

Det skal ikkje oppførast lavblokker eller 40 bueiningar. Sjølve bustadarealet BKS er kraftig redusert, og det skal førast opp totalt 10 bueiningar fordelt på tre stk. tomannsbustader og eit rekkehus med 4 bueiningar. Bygningane i to etasjar får eit tidsriktig moderne uttrykk med god terrengtilpasning og pulttak som gjev minimalt utsiktstap for naboar.

Som omtalt i planomtalen er det i krysset mellom Bøkevegen og Røyslidvegen sikthindringar i frisiktsonene. Tilsvarande gjeld for enkelte private avkøyrsler langs Bøkevegen. Fjerning av desse vil gje tilfredsstillande siktforhold i samsvar med dagens vegnormalar.

Luftforureining i form av oppvirvla vegstøv frå helikopterlandingsplassen er vurdert å ligge langt under terskelverdiane for det som kan utgjere reell helsefare. Jfr. elles punkt. 7.19 «Avveging av verknader»

Kommuneplanen legg opp til at området kan fortettast og planframlegget er utarbeidd i samsvar med dette. Bygningsvolum for tomannsbustadane tilsvarar i stor grad volum av større einebustader og slik fortetting vil etter vårt syn gå godt saman med eksisterande busetnad.

Handsaming av kommunedelplanen ligg til kommunen å kommentere.

9.1.7 Fylkesmannen i Møre og Romsdal (18.08.2015)

Innspel:
Legg til grunn at friområdet F2 vert ivareteke i samsvar med kommunedelplanen. Gjer merksam på at støy frå helikoptertrafikk førekjem og at dette må avklarast med grunnlag i T-1442. Viser til § 4-2 om at det skal gjennomførast ein ROS-analyse for området. FM si sjekkliste kan nyttast. Føreset at barn og unge sine interesser blir ivaretekne. Eigna areal til leik må sikrast i plankart og føresegner. Opparbeiding av leikeareal må vere sikra gjennom rekkefølgje- og funksjonskrav i føresegnene.

Kommentar:
F2 er ivareteke ved at det er sett av ei grønsone langs elva. Asplan Viak AS har utarbeidd støyrapport som konkluderer med at området ved gjennomføring av konkrete tiltak kan nyttast til bustadføremål.

ROS-analyse er utarbeidd og vedlagt. Barn og unge sine interesser er godt ivareteke. Det er sett av om lag 500 m2 til leik innanfor planområdet i tillegg til uteopphaldsareal kring bygningane. I tillegg finnast fleire friområde i nærleiken. Det er sett rekkjefølgjekrav om opparbeiding av leikeareal samtidig med bustadane og funksjonskrav om at leikearealet skal utstyrast med eit leikeapparat, ei sandkasse og ein benk.

9.1.8 Møre og Romsdal Fylkeskommune (21.08.2015)

Innspel:
Gjer merksam på at det må settast av tilstrekkjeleg og eigna uteopphald/leikeareal. Viser til Plan- og bygningslova med forskrifter og rundskriv om dette. Forventar at ein tidleg i prosessen legg opp til å kunne etterkome krava i forhold til plassering, utforming, storleik, lysforhold, maksimal hellningsgrad, trafikktryggleik m.m. Minner om at dei evnt. vil fremje motsegn om ikkje planforslaget har tilstrekkjeleg og eigna areal for uteopphald og leik.

Kommentar:
Det er sett av om lag 500 m2 til leik innanfor planområdet i tillegg til uteopphaldsareal kring bygningane. Det er rekkefølgjekrav om opparbeiding av leikeareal samtidig med bustadane og funksjonskrav om at leikearealet skal utstyrast med eit leikeapparat, ei sandkasse og ein sittebenk. Berre ein liten del av randsone i sørlege del av leikeplass vert brattare enn 1/3. Litt av arealet «akebakke» er smalare enn 10 m, men saman med tilgrensande leikeareal, elv/grøntareal og kvartalsleikeplassen som ligg i ein avstand på mindre enn 250 m meiner vi at barn og unge har tilfredstillande mulegheiter for leik og opphald. Størstedelen av leikeplassen vert flata ut for å bli meir føremålstenleg.

9.1.9 Arnfinn Johs Henjum (25.08.2015)

Innspel:
Meiner ein bør vurdere konsekvensane av å leggje eit fortetta bustadprosjekt så nær inntil helikopterlandingsplassen som er ein preferanse for sjukehuset at den ligg rett ved.

Meiner at om det vert bygd blokker med mange bueiningar må ein rekne med klagar på støy frå helikoptertrafikken og at ei evnt. fjerning av landingsplassen som følgje av dette vil vere ein trussel for sjukehuset si framtid. Meiner det bør leggast til rette for einebustadtomter med formål å sikre rekruttering av fast tilsette ved sjukehuset. Er skeptisk/negativ til «stor utnyttingsgrad» og «Lågblokker».

Kommentar:
Viser til punkt. 9.1.4 og 9.1.6 Støyrapporten frå Asplan Viak konkluderer med at området ved gjennomføring av nødvendige tiltak kan nyttast til bustadføremål. Tiltaka er innarbeidd i prosjektet.

Det er elles oppnådd semje mellom grunneigar/ utbyggjar og Helse Møre og Romsdal om arealbruken m.a ved at helseforetaket i samsvar med ønske får kjøpe utvidingsareal ihht ønske i nedre del av planområdet. Arealet er gitt nemninga o_BIN1 og utgjer om lag 1,2 daa. Signert avtale følgjer som vedlegg .

Etter vår vurdering vil planlagde bustadar med inntil 4 soverom kunne vere attraktive for så vel sjukehus-tilsette som for andre med ønskje om busetjing i Volda.

Ein utnyttingsgrad på 40%BYA er ikkje spesielt høg for eit sentrumsnært konsentrert bustadfelt som dette. Det er elles ikkje høve til oppføring av lågblokker, men totalt 10 nye bueiningar som to-etasjes bustader med pulttak og moderne preg.

9.1.10 Helse Møre og Romsdal (26.08.2015)

Innspel:
Stiller spørsmål ved prosessen som er gjennomført med tanke på å endre formålet for den aktuelle tomta frå offentleg formål til bustadformål. Meiner dei ikkje har fått spesifikk informasjon om formålsendringa.

Viser til at bustader nær inntil helikopterlandingsplass vil vere svært konfliktfullt. Både støy og lufttrykk (downwash) vil vere særleg krevjande for bruken av utomhusareala i bustadområdet. Fryktar at eit nytt bustadområde på nabotomta vil få negative konsekvensar for nytt løyve til helikopterlandingsplass.

Viser til at vegen gjennom området er kommunal og nytta til utrykningskøyrety og spør om kva trafikk-tryggingstiltak som er planlagt gjennomført. Meiner det må settast rekkefølgjekrav til trafikktryggingstiltak og/eller utbetring av dagens kommuneveg. Meiner vegen ikkje er dimensjonert for dagens trafikk og heller ikkje auka trafikk frå nytt bustadområde. Planlagt kommunal snuplass like ved avkøyrsla til bustadområdet vil føre til enda dårlegare trafikkavvikling i området. Gjer merksam på at parkering og utkøyring frå garasjar skjer direkte på/til den kommunale vegen. Stiller også spørsmål om handtering av lagring av snø.

Det vert gjort merksam på at dei næraste bygningane til bustadområdet er nytta til psykiatritilbod for barn og ungdom og det må derfor om eit tilleggsareal til føretaket sin eigedom kan sikre nødvendig avstand og redusert eksponering av pasientane. Utviding av BUP kan vere aktuelt og vil aktualisere ytterlegare behov for areal rundt eksisterande bygningsmasse.

Ber om at flaumproblematikk vert vurdert særskilt og innanfor nasjon
ale retningslinjer. Krev at utbyggjar legg til rette for flaumsikring gjennom området og nedstraums dagens vegbru for å ivareta grunneigarane sine interesser og verdiar. Desse forholda må inn som rekkefølgjekrav. Peiker på behovet for grensejustering aller arealoverføring ved BUP-bygning som ligg inne på bustadområdet. Minimumskrava i PBL må i alle fall haldast på begge sider av ei framtidig eigedomsgrense.

Deltek gjerne i eit møte med utbyggar så snart som mogleg.

Kommentar:
Ein viser her kort til dialogen som har vore mellom partane i ettertid, og avtalen om grunnavståing som no er inngått (vedlagt). Punkt tre i avtalen lyder slik:
«Helseføretaket ønskjer ikkje, og treng ikkje resterande areal ovanfor (o_BIN1) og dette arealet kan regulerast til bustadføremål med tilkomst frå Bøkevegen»

Med dette reknar vi innkomne merknader som tilbaketrekt – og kommenterer difor ikkje desse yttarlegare.

9.1.11 Åsrun Eli Håvik (29.08.2015)

Innspel:
Påpeiker mogleg konflikt mellom små barn, anleggstrafikk og seinare ev. trafikkauke i Legene då denne er smal og går i ein stor sving med uoversiktlige punkt i vegen. Meiner fartsgrensa ikkje er tilpassa ein ev. trafikkauke og at mange småbarnsfamiliar og skuleborn nyttar snarvegen frå Lindevegen/Symrevegen, via Legene til/frå barnehage, stadionområde og butikk. Den er også nytta dagleg som gjennomgangsveg for andre elevar, studentar eller tilsette ved sjukehuset. Meiner helikopterlandingsplassen er viktig for sjukehuset, men at det ristar i huset når helikopteret kjem inn for landing.

Kommentar:
Sjølve bustadområdet BKS vert tilknytt Bøkevegen, medan utvidingsarealet o_BIN1 for helseforetaket vert tilknytt Legene. Kva utvidingsarealet evnt. skal nyttast til er pr.dato uavklart, det er såleis uvisst om og evnt. i kva grad Legene vert tilført meir trafikk.Vegnormalane si grense på 50 bueiningar tilknytt bustadgater av Legene sin standard set begrensningar på kor mykje meir trafikk som kan tilførast vegen utan oppgradering. Viser her til kapittel 7 «Avveging av verknader».
Det er tatt omsyn til helikopterlandingsplassen ved at busetnaden er trekt mot nord. Det er gjennomført støyvurdering som konkluderer med at området ved gjennomføring av nødvendige tiltak kan nyttast til bustadføremål.

9.1.12 Eli Schjølberg og Trond Barstad (28.08.2015)

Innspel:
Meiner at ei utbygging ikkje kan skje så lenge tilkomsten til området er som den er. Peikar på at tilstanden

til vegen er så dårleg at den burde vore utbetra allereie. Avkøyrsla frå Dr. Halkjelsvikvegen er krapp og svingen etterpå er veldig smal og uoversiktleg. Meiner den er trafikkfarleg for både gåande og køyrande, spesielt er det problematisk å vere fotgjengar vinterstid når bilene aukar farta for å kome seg opp. Auka trafikkmengde og anleggstrafikk må sjåast på som utenkjeleg. Vidare vert det peika på problem med overflatevatn som passerer ned vegen og inn mot huset. Dette vil bli eit større problem i ein ev. byggeperiode, noko dei ikkje kan akseptere.

Kommentar:
Det er korrekt av krysset mellom Legene og Dr. Halkjelsviks veg er krappare enn tilrådingane i veg-normalane. Når det gjeld manglande sikt viser vi til kapittel 7 «avveging av verknader» og at ein ved å fjerne sikthindrande vegetasjon i frisiktsone vil oppnå akseptabel sikt i krysset. Viser elles til punkt. 9.1.12.
Når det gjeld overflatevatn langs vegen, er dette forhold som ikkje kan løysast gjennom denne planen.
Viser også til kommentarar ovanfor ang. trafikkbelastning og behov for oppgradering ved særleg auke.

9.1.13 Naboane Lia og Halkjelsvik (25.08.2015)

Innspel:
Støttar utvikling av sentrumsnære område til bustadføremål, men at eksisterande bumiljø må bli tatt omsyn til. Viser til at det er viktig at dagens utsikt ikkje må bli forringa av utbygginga. Føretrekk einebustader og mindre fleirmannsbustader. Meiner det er viktig at kommunen er bevisst på kva dei tillet slik at ingen kan komme i ettertid med bygg av eit omfang det ikkje var varsla og opplyst om. Meiner det er viktig at tiltakshavar vektlegg god bygningsutforming og terrengtilpassing. Ønskjer ikkje monotone ikkjetilpassa kataloghusfelt og meiner det er viktig at ev. nye bygg og uteområde fungerer i det eksisterande bumiljøet. Adkomst, gang- og bilveg, støttemurar og byggtekniske installasjoner må tilpassast godt slik at dei gir god samhandling i området. Nemner vidare at krysset Bøkevegen/Røyslidvegen er uoversiktleg særleg om vinteren, at Bøkevegen ikkje er dimensjonert for å ta større trafikk, samt landingsplassen for helikopter som ein må ta omsyn til både når det gjeld å gi nødvendig rom for landingsplassen og når det gjeld støy.

Kommentar:
Etter vår vurdering er det ved val av hustype, takform, utnyttingsgrad og terrengtilpasning teke vesentlege omsyn til eksisterande bumiljø i denne saka. Viser her til vedlagte situasjonsplan, terrengsnitt og utgreiingar i planomtalen. Etter vår vurdering vil utsikta truleg bli betre av at skogen blir fjerna.
Parallelt med plansaka vert det søkt om rammeløyve for BKS slik det framgår av saka, og ein legg til grunn at søknadspliktige tiltak som murar over ei viss høgd etc. vert omsøkt i samsvar med regelverket.
Føresegner, val av utnyttingsgrad samt byggelinjer i planen låser elles i stor grad tomteutnyttinga og sikrar at det ikkje kan førast opp andre bygg enn det som framgår av saka – dvs. totalt 10 bueiningar fordelt på tre tomanns-bustader og eit rekke-hus med fire bueiningar.
Tomannsbustadane tilsvarer i stor grad volum av større einebustader og går etter vår vurdering godt saman med kringliggjande busetnad.

Vegstandarden i «Bøkevegen» er grundig omtalt i kapittel 7 og elles i våre kommentarar til innkomne merknader. Sjølve standarden er akseptabel, men siktforholda kan betrast ved fjerning av diverse tre og hekkar både ved private avkøyrsler langs vegen og i krysset mot Røyslidvegen. Dette bør gjerast uavhengig av planframlegget.

Det er elles gjennomført støyvurderingar som konkluderer med at området ved gjennomføring av nødvendige tiltak kan nyttast til bustadføremål. Desse tiltaka er innarbeidde i framlegget.

10 AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Planframlegget er utarbeidd i samsvar med overordna plan – og i stor grad tilpassa innkomne innspel.

- Ein har forlate lågblokk-konseptet, redusert talet på bueiningar kraftig, redusert tillatt bygningshøgde og unnlate å tilføre trafikk frå bustadfeltet til Legene.
- Vidare er bygningar gitt ein moderne stil med m.a pulttak og god terrengtilpasning som ivaretek

utsikta frå busetnaden bakanfor feltet.
- Helse Møre og Romsdal sitt ønske om utvidingsareal i nedre del av planområdet er kome i møte.
- Flaum, skred og støyproblematikk er vurdert av eksterne konsulentar, og nødvendige utbetringstiltak innarbeidd i planframlegget.
- Til sist er dei trafikale tilhøva langs Bøkevegen vurdert som tilfredsstillande under føresetnad av at sikttilhøva i krysset Bøkevegen/ Røyslidvegen og ved enkelte private avkøyrsler vert utbetra ved å fjerne tre og hekkar i siktsonene. Vegstandarden er utover dette i samsvar med anbefalingar gitt av både Statens Vegvesen og Sintef Byggforsk. Ved behov må det evnt. vurderast å etablere fartshumpar.
- Ved særleg auka belastning på Legene må det vurderast utbetringstiltak.

Med dette vurderer vi planframlegget som tilstrekkjeleg opplyst, og klart for snarleg politisk godkjenning.



Teiknforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg

- BKS — Bustader-konsentrert-småhus
- BBB — Bustader-blokker
- BIN — Institusjon
- BLK — Leikeplass

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- SKV — Køyreveg
- SVT — Annan veggrunn – teknisk anlegg

§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

- VKA — Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone

§12-6 - Omsynssoner

- H190 — Andre sikringssoner
- H310 — Ras- og skredfare
- H320 — Flomfare

Linjesymbol

- RpGrense
- RpFormålGrense
- RpSikringGrense
- RpFareGrense
- Byggegrense
- Byggelinje
- Bebyggelse som inngår i planen
- Regulert senterlinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert støyskjerm
- Regulert støttemur

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:	Volda kommune
Dato for basiskart:	19.06.2015
Koordinatsystem:	UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
Høgdegrunnlag:	NN1954
Ekvidistanse	1 m
Kartmålestokk:	1:1000

0 12.5 25 37.5 50 m

N

Volda kommune

Detaljregulering for

Bustadområde Legene - Bøkevegen

Med tilhøyrande føresegner

Arealplan-ID: **2015001**

Forslagstillar: **Tømrer Prosjekt AS**

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA	SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato / Revisjon			
Dato / Revisjon			
Dato / Revisjon			
Kommunestyret sitt vedtak			
Ny 2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå .....til			
2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå.....til			
1. gangs behandling			
Kunngjering av oppstart av planarbeid		01.07.2015	
Oppstartsmøte.....		29.06.2015	JMO

PLANEN ER UTARBEIDD AV: Per Mulvik AS, Holmen 7, 6100 Volda — www.mulvik.no

TEGNNR.	DATO	SIGN.
101	11.04.2016	JMO

Det stadfestas at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak

Dato _____ Plansjef _____

Detaljreguleringsplan for
Bustadområde Legene – Bøkevegen del av gbr.19/29

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
2015001		dd.mm.åååå	Volda kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:
Plangrensene er vist på reguleringskartet , sist revidert 11.04.2016.

§1. – GYLDIGHEITSOMRÅDE

Desse føresegnene gjeld innanfor plangrensa som vist på plankartet. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§2. – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§3. – REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 12-5 i plan- og bygningslova (PBL av 2008) til følgjande føremål:

3.1. BYGNINGAR OG ANLEGG

- 1112 Bustadar – konsentrert småhus (BKS)
- 1113 Bustadar – blokker (BBB)
- 1163 Institusjon (BIN)
- 1610 Leikeplass (BLK)

3.2. SAMFERDSEL OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

- 2011 Køyreveg (SKV)
- 2018 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

3.3. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE

- 6800 Natur- og friluftsområde (VKA)

§4. – AREALBRUK

4.1. – BYGNINGAR OG ANLEGG

4.1.1 Bustadar – konsentrert småhus (BKS):

Innanfor området BKS kan det oppførast:
- Rekkehus med inntil 4 bueiningar i kvar.
- Vertikaldelte hus med inntil 2 bueiningar i kvar.
- Felles carport/garasjeanlegg for inntil 5 bilar.
- Parkeringsplassar
- Renovasjonsområde
- Støyskjerm

a) Bygningar skal plasserast innanfor viste byggelinjer.
b) Det kan maksimalt oppførast 10 bueiningar.
c) For bustadar skal gesimshøgd ikkje overstige 6,0m og mønehøgd ikkje overstige 8m rekna frå gjennomsnittleg planert terreng. For carportar/garasjer skal gesimshøgd ikkje overstige 3,0m og mønehøgd ikkje overstige 4,5m rekna frå gjennomsnittleg planert terreng.
d) Grad av utnytting er bestemt av "tillate bebygd areal" (BYA) slik: 40%BYA

e) Kvar bueining skal ha 2 parkeringsplassar, der minst ein i garasje/carport.
f) Det skal leggast vekt på det samla arkitektoniske utrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg. Det skal leggast vekt på å nytte/ta vare på eksisterande vegetasjon der dette er naturleg, samt opparbeide gode uteareal.
g) Uteplassar bør plasserast slik at dei er så godt skjerma som mogleg for støy frå helikopterlandingsplassen ved sjukehuset.
h) Støyskjerm skal opparbeidast i samsvar med støyrapport utarbeidd av Asplan Viak.
i) Eventuelle balkongar/private uteplassar på bygningane sine fasadar må ha lokale skjermingstiltak som t.d tett rekkverk med høgde min. 1,6m over balkonggolv.
j) Fasadekonstruksjonar skal dimensjonerast slik at maksimalt innandørs støynivå i nattperioden ikkje overstig kravet i NS8175:2012. Dette må dokumenterast før rammeløyve kan gjevast.
k) Området skal ha køyretilkomst frå Bøkevegen via o_SKV1.
l) Evnt. støttemurar kan , der terrenget krev det, oppførast utanfor regulert byggjegrense.

4.1.2 Bustadar – blokker (BBB):

a) Føresegner om byggehøgd i reguleringsplan ID-1980001 skal gjelde.

4.1.3 Institusjon (BIN):

a) Føresegner om byggehøgd i reguleringsplan ID-1980001 skal gjelde.

4.1.4 Leikeplass (BLK)

a) Innanfor området BLK skal det opparbeidast felles leikeplass for bustadområdet BKS.
b) Leikeplassen skal minst utstyrast med eitt leikeapparat, ei sandkasse og ein sitjebenk.
c) Det skal setjast opp sikringsgjerde mot Orgylelva.

4.2. – SAMFERDSEL OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.2.1 Køyrevegar (SKV)

a) Køyreveg o_SKV1 opparbeidast som offentleg køyretilkomst til bustadområde BKS.
b) Køyreveg o_SKV2 opparbeidast som offentleg køyretilkomst til o_BIN1
c) Vegane skal overtakast av Volda kommune for drift og vedlikehald.
d) Vegen skal ha fast dekke og breidder som vist på plankart.
e) Maksimal stigning: 10%

4.2.2 Annan veggrunn - tekniske anlegg (SVT)

a) Areal langs offentleg veg avsett til veggrøft, skjering og fylling.

4.3. – BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE

4.3.1 Natur-. og friluftsområde (VKA)

a) Innanfor områda skal elva med sideområde sikrast/forbyggast mot flaum i samsvar med flaumrapport utarbeidd av Asplan Viak AS.
b) Det er høve til etablering av gangstiar langs elvekanten.
c) Området skal overtakast av Volda kommune for drift og vedlikehald.
d) Kulvert ved Legene skal utstyrast med rist for maskinell rydding.

§5. – OMSYNSSONER

5.1. – OMSYNSSONER

5.1.1 Flaumfare (H320):

a) Bekken/elva Orgyla skal sikrast mot 200-årsflaum og erosjon i samsvar med utarbeidd rapport.
b) Minimum 1,5m overhøgde mellom botn bekk og ny busetnad.
c) Dagens tverrsnitt skal ikkje reduserast.
d) Der det ikkje er eksisterande erosjonssikring, skal det erosjonssikrast mot ny busetnad.
e) Nye kulvertar på strekninga skal ha en innvendig diameter på 1,4m.
f) Kulvertane sitt utløp erosjonssikrast ihtt berekningar i Asplan Viak sin rapport kap.6.
g) Det skal etablerast fall frå planområdet og mot bekken for tilbakeføring av evnt. flaumvatn.

5.1.2 Rasfare (H310):

a) Skredrapport utarbeidd av Skred AS syner at heile planområdet er trygt m.o.t skred for bygningar i sikkerheitsklasse 1 og 2. Ved utbygging i høgare sikkerheitsklasse innanfor o_BIN1 må skredfaren vurderast.

5.1.3 Sikringssone (H190):

a) I kommunedelplan E39 Volda – Furene, inngår planområdet i omsynssone H190_1 for framtidig vegtunnel. Innanfor denne sona er det ihht kommunedelplanen sine føresegner §14 ikkje tillate med tiltak som kan medføre skade på den framtidige tunnelen. Statens Vegvesen skal ha varsel om og godkjenne alle tiltak og planar innanfor sikringssona før utbygging kan skje.

§6. – FELLESFØRESEGNER

6.1. REKKEFØLGJEKRAV

a) Tilkomstveg o_SKV1 skal opparbeidast samtidig med bygningane innanfor BKS og ferdigstillast før det kan gjevast ferdigattest.
b) Leikeareal f_BLK skal opparbeidast samtidig med bygningane innanfor BKS og ferdigstillast før det kan gjevast ferdigattest.
c) Flaumsikring av Orgylelva skal opparbeidast i samsvar med utarbeidd rapport samtidig med bygningane innanfor BKS og ferdigstillast før bustadane kan takast i bruk.
d) Støyskjermingstiltak skal opparbeidast i samsvar med utarbeidd rapport samtidig med bygningane innanfor BKS og ferdigstillast før bustadane kan takast i bruk.
e) Fasadekonstruksjonar skal dimensjonerast slik at maksimalt innandørs støynivå i natt-perioden ikkje overstig kravet i NS8175:2012. Dette må dokumenterast før rammeløyve kan gjevast.
f) Heile planområdet er klarert m.o.t skred innanfor sikkerheitsklasse 2. Ei evnt. utbygging i sikkerheitsklasse 3 innanfor o_BIN1 krev ny skredfarevurdering.
g) Heile planområdet ligg i kommunedelplanen innanfor omsynssone H190_1 for framtidig vegtunnel. Statens vegvesen skal ha varsel om og godkjenne alle tiltak og planar innanfor sikringssona før utbygging kan skje.

6.2. VEGSYSTEM

a) I frisiktsoner er det forbod mot fyllingar, bygningsmessige arbeid og plantning o.a. som er til hinder for fri sikt i ei høgd på 0,5 m over vegplanet.
b) Vegskråningar skal setjast i stand med tilplanting/tilsåing samstundes med ferdigstilling av bustadfeltet. Terreng, gjerde og hekkar langs gater skal ikkje vere høgre enn 0.7m over vegnivået. Ved avkøyrsle gjeld ovannemnde, men høgda skal ikkje vere over 0.5 m.

6.3. STØYTILTAK

a) Retningslinje T-1442 og dei retningslinjer som vert opptrekte i støyrapport datert 18.01.2016 frå Asplan Viak AS skal leggast til grunn for byggjeområda. Bygningar i denne sona skal ha fasadetiltak og/eller støyskjermande tiltak som reduserar støyen innandørs og på ute-opphaldsareal (MUA) til akseptabelt nivå.

b) Fasadekonstruksjonar skal dimensjonerast slik at maksimalt innandørs støynivå i natt-perioden ikkje overstig kravet i NS8175:2012. Dette må dokumenterast før rammeløyve kan gjevast.

6.4. **UTBYGGINGSAVTALE**

a) For å sikre felles eller naudsynt infrastruktur ved utbygging, kan kommunen inngå utbyggingsavtalar med grunneigarar eller utbyggarar, jf pbl §17-2.
b) Innhaldet i utbyggingsavtalar skal ligge innanfor rammene gitt i pbl §17-3.

6.5. **TERRENGBEHANDLING**

a) Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengsår skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast.
b) I tilfelle der det førekjem utgravne massar skal desse leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande.
c) Ved varige opne utgravingar, som vegskjeringar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 1,5 m, bør det etablerast støttemur.

6.6. **VEGETASJON**

a) Eksisterande vegetasjon skal bevarast der det er hensiktsmessig.
b) Byggjearbeid skal utførast med omsyn til terreng og vegetasjon.

6.7. **AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE**

a) Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvaret ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – ogseinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitteforhold forlengast.

Jørgen Amdam	Rune Sjurgard
-ordførar-	- rådmann-

Tiltakshavar Tømrer Prosjekt AS	Teikna dato/sign. 15.01.16
Byggjeadresse: Bøkevegen 6102 Volda	Revidert dato/sign.:
Type teikning: Situasjonsplan	Målestokk 1: 500
Teikninga tilhøyrer: TØMRERSERVICE AS	

PlanID:2015001 Bustadområde Legene-Bøkevegen del av gbr.19/29

Illustrasjonar av bustadområde BKS

PlanID:2015001 Bustadområde Legene-Bøkevegen del av gbr.19/29

Illustrasjonar av bustadområde BKS





A-A



B-B



C-C

D-D

Tiltakshavar Tømrer Prosjekt AS	Teikna dato/sign.: 15.01.16
Byggjeadresse: Bøkevegen 6102 Volda	Revidert dato/sign.:
Type teikning: Snitt av tomt kun kartarbeider Terreng ikkje oppmålt	Målestokk 1: 200
Teikninga tilhøyrer: TØMRERSERVICE AS	

E-E



F-F



G-G



H-H



Tiltakshavar Tømrer Prosjekt AS	Teikna dato/sign.: 05.01.16
Byggjeadresse: Bøkevegen 6102 Volda	Revidert dato/sign.:
Type teikning: Snitt av tomt kun kartarbeider Terreng ikkje oppmålt	Målestokk 1: 200
Teikninga tilhøyrer: TØMRERSERVICE AS	

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 06.12.2012

Plan- og bygningslova § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga:

§ 4-3. Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyse
Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.

Kongen kan gi forskrift om risiko- og sårbarhetsanalyser.

Føremålet er å gi grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan også oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplansaker, men den som skal utarbeide arealplanar og planstyresmakta må i kvart tilfelle vurdere om bruk av denne sjekklista er føremålstenleg. Einkvar står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gir størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande ROS-vurdering av dei avdekte forholda. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko- og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Når sjekklista er gjennomgått må dette dokumenterast i saksframstillinga som ei stadfesting av at risikoen i det aktuelle området er vurdert. Når uakseptabel risiko vert påvist, eller dersom den som utarbeider planen er usikker på om det føreligg uakseptabel risiko, må det hentast inn tilstrekkeleg fagkyndige vurderingar før planen vert vedteken eller byggeløyve vert gitt.

Aktuelle lenker:

Miljøverndepartementet:
- Plan- og bygningslova
- Rundskriv T-5/97 Arealplanlegging og utbygging i fareområde
- Forskrift om konsekvensutredninger – planlegging etter plan- og bygningsloven
- Veileder til forskrift om konsekvensutredninger – planlegging etter plan- og bygningsloven

Direktoratet for byggkvalitet:
- Byggjereglar på ein stad
- Forskrift om tekniske krav til byggverk (Byggteknisk forskrift / TEK10)
- Rettleiar til byggteknisk forskrift (TEK10)
- Temarettleiar HO-1/2008: Utbygging i fareområde

Noregs vassdrags- og energidirektorat:
- Retningslinjer 2-11. Flaum- og skredfare i arealplanar

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap:
- Samfunnstryggleik i arealplanlegging. Kartlegging av risiko og sårbarheit
- Retningslinjer for fylkesmannens bruk av motsegn for å ivareta samfunnstryggleik i arealplanlegginga
- Rettleiar om GIS i samfunnstryggleik og arealplanlegging
- Havnivåstiging i norske kystkommunar
- Handtering av havnivåstiging i kommunal planlegging

Statens strålevern:
- Busetnad nær høgspentanlegg - informasjon til kommunar og utbyggjarar
- Radon i inneluft – helserisiko, målingar og mottiltak

Noregs geologiske undersøking:
- Nasjonal skreddatabase på nett: www.skrednett.no

Namn på tiltak/plan: Detaljregulering for bustadområde Legene-Bøkevegen gbr.19/29 m.fl. – Volda.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 06.12.2012

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?		X
	b	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	F	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?	X	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	X	
	i	Anna (Spesifiser)?		
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	X	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/ulykkes-beredskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X
	b	Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		X
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området:	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X
Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 31/3 – 2016 av *sign*:

Erklæring for regulering og delingssak.

Det er inngått avtale mellom Helseforetak Grunneier og Utbygger om følgende:

1) Helseforetak kjøper del av Gnr. 19 Bnr. 29 i Volda som er avmerka på vedlagt skisse. (ca. 1300 m2)
2) Arealet som Helseforetaket kjøper ønskes regulert til «sjukehusføremål» i den pågående reguleringsprosessen. Delingssøknad sendes inn av ansvarlig søker som del av regulering/ byggesak. Grunneigar dekker kostnader med fradeling av arealet.
3) Helseføretak ønsker ikke og treng ikke resterende areal ovenfor, og dette areal kan reguleres til bustadføremål med tilkomst frå Bøkevegen.

Elbjørg Rotevatn 29.02.16

TØMRER PROSJEKT AS
Røysbakken 5 6100 VOLDA

Grunneigar/ Elbjørg Rotevatn

Utbyggar/ Tømrer Prosjekt AS

HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Helse Møre og Romsdal

Sunnmørskart
Del
Skriv ut
Meny
Mål areal
Beskjær målinger
Bøkkevegen
19/442
19/860
19/834
19/861
19/503
19/509
19/360
19/481
19/29
19/290
19/812
19/813
19/876
19/956
19/965
19/963
19/960
19/144
19/145
19/1
L: 183,4 m
A: 1 327,7 m²
19/443
19/958
19/961
19/964
19/289
19/256
19/962
19/957
19/102
19/134
19/234
19/242
19/93
19/39
19/271
19/959
Legene
19/265
Kartverket
Zoom
Bakgrunnskart
Målinger
Kartlag
Oversiktskart
50 m

© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i.

FASADE 1
1 : 100



FASADE 2
1 : 100



FASADE 3
1 : 100



FASADE 4
1 : 100

Rev:	Dato:	Revisjon:	Sign:

TØMRERSERVICE AS

TILTAKSHAVER:	Tømrer Prosjekt AS
BYGGEPLASS:	Bøkevegen
G.nr/B.nr:	
KOMMUNE: 157	6100 Volda

TEGN, INNHOLD: Fasader				TILTAKSART: 2mannsbolig	MÅL: 1 : 100
PROSJEKT: **357 Bøkevegen**					
ARKITEKT DESIGN: HH/JR	DATO: 25.01.2016	TEGN: JR	PROSJEKT NR: **357**	TEGN.NR: **357/A100**	

26.01.2016 08:12:13

© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i.



1.etg
1 : 100



2.etg
1 : 100

Rev:	Dato:	Revisjon:	Sign:

TØMRERSERVICE AS

TILTAKSHAVER:	Tømrer Prosjekt AS
BYGGEPLASS:	Bøkevegen
G.nr/B.nr:	
KOMMUNE: 158	6100 Volda

TEGN, INNHOLD:	TILTAKSART:	MÅL:
Plantegninger	2mannsbolig	1 : 100

PROSJEKT: **357 Bøkevegen**

ARKITEKT DESIGN:	DATO:	TEGN:	PROSJEKT NR:	TEGN.NR:
HH/JR	25.01.2016	JR	**357**	**357/A101**

26.01.2016 08:12:14

© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i.

BYA
Areal
151.1 m²

BRA pr leil	
Navn	Areal
Seksjon 1	126.3 m²
Seksjon 2	126.3 m²
	252.7 m²



Snitt A-A
1 : 100

ANMERKNINGER:
- Risikoklasse: 4 / Brannklasse: 1
- Energidokumentasjon: U-verdier angitt i energidokumentasjon.
- Arealer oppsatt i tabell er i hht NS3940
- Arealer angitt i de enkelte rom er oppgitt som faktiske gulvareal.
- I rom under skrå himling kan deler av dette areal ha lavere takhøyde enn 2,4m.
- L = Limtre/ S = Ståldrager/ SG = Sikkerhetsglass
- L = Lukkevindu/ F = Fastkarmvindu
- Brann: Sjå egne brannplaner
- Grunn/ betong dimensjonering må vurderes på plassen etter tomteforhold
- NTO = NETTOMÅL
- Innredninger og sanitærutstyr vist på tegning kun inkludert hvis angitt i kontrakt.

- For symbolforklaringer, se leveringsbeskrivelse.
- Forutsetninger: Std. Detaljer om ikke annet er oppgitt.
- Forankring Std. detaljer/ NBI 520.241 Vindforankring av trehus.

På 1: 100 tegninger skal det i tillegg være tabell som viser areal BRA for kvar bolig samt areal BYA for bygningen

Rev:	Dato:	Revisjon:	Sign:

TØMRERSERVICE AS

TILTAKSHAVER: Tømrer Prosjekt AS
BYGGEPLASS: Bøkevegen
G.nr/B.nr:
KOMMUNE: 6100 Volda
159

TEGN, INNHOLD: Snitt
TILTAKSART: 2mannsbolig
MÅL: As indicated
PROSJEKT: **357 Bøkevegen**
ARKITEKT DESIGN: HH/JR
DATO: 25.01.2016
TEGN: JR
PROSJEKT NR: **357**
TEGN.NR: **357/A102**

26.01.2016 08:12:15

© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i.

FASADE 1 med farge
1 : 100



FASADE 2 med farge
1 : 100

FASADE 3 med farge
1 : 100

FASADE 4 med farge
1 : 100

Rev:	Dato:	Revisjon:	Sign:

TØMRERSERVICE AS

TILTAKSHAVER: Tømrer Prosjekt AS
BYGGEPLASS: Bøkevegen
G.nr/B.nr:
KOMMUNE: 6100 Volda
160

TEGN, INNHOLD: Fasade med Farge
TILTAKSART: 2mannsbolig
MÅL: 1 : 100
PROSJEKT: **357 Bøkevegen**
ARKITEKT DESIGN: HH/JR
DATO: 25.01.2016
TEGN: JR
PROSJEKT NR: **357**
TEGN.NR: **357/A103**

26.01.2016 08:12:33

© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i.



1.etg med farge

1 : 100



2.etg med farge

1 : 100

Rev:	Dato:	Revisjon:	Sign:

TØMRERSERVICE AS

TILTAKSHAVER:	Tømrer Prosjekt AS
BYGGEPLASS:	Bøkevegen
G.nr/B.nr:	
KOMMUNE: 161	6100 Volda

TEGN, INNHOLD: 1.etg med farge			TILTAKSART: 2mannsbolig	MÅL: 1 : 100
PROSJEKT: **357 Bøkevegen**				
ARKITEKT DESIGN: HH/JR	DATO: 25.01.2016	TEGN: JR	PROSJEKT NR: **357**	TEGN.NR: **357/A104**

26.01.2016 08:12:35

© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i.

Rev:	Dato:	Revisjon:	Sign:

TØMRERSERVICE AS

TILTAKSHAVER: Tømrer Prosjekt AS

BYGGEPLASS: Bøkevegen

G.nr/B.nr:

KOMMUNE: 162 6100 Volda

TEGN, INNHOLD: Perspektiv

TILTAKSART: 2mannsbolig

MÅL: 1 : 1

PROSJEKT: **357 Bøkevegen**

ARKITEKT DESIGN:	DATO:	TEGN:	PROSJEKT NR:	TEGN.NR:
HH/JR	10/20/15	JR	**357**	**357/A105**

26.01.2016 08:12:35



Plantegning
1 : 100



Fasade 2
1 : 100



Fasade 4
1 : 100



Fasade 3
1 : 100

Bakmur tilpasses mot tereng



Fasade 1
1 : 100



Bakmur tilpasses mot tereng

Snitt A-A
1 : 100

BRA 20 m2
BYA 111 m2

Rev:	Dato:	Revisjon:	Sign:

TØMRERSERVICE AS

TILTAKSHAVER:	Tømrer Prosjekt As
BYGGEPLASS:	Bøkevegen
G.nr/B.nr:	
KOMMUNE:	Volda

TEGN, INNHOLD: Carporter			TILTAKSART:	MÅL:
PROSJEKT:				
ARKITEKT DESIGN: HH	DATO: 15.01.16	TEGN: HH	PROSJEKT NR: 357	TEGN.NR:

Handsaming:

Ordføraren orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

1. ***Kommunestyret tek Prosessnotat økonomi d.s. 09.09.2016 til vitande.***
2. ***Prosessnotatet vert å legge til grunn i det pågåande budsjett og økonomiplanarbeidet.***

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2016/29
		Arkivkode:	034

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
158/16	Formannskapet	20.09.2016
107/16	Kommunestyret	29.09.2016

ORGANISERING AV PROSESSAR FOR FRIGJERING AV RESSURSAR- BUDSJETT OG ØKONOMIPLANPROSESS.

Administrasjonen si tilråding:

1. **Kommunestyret tek Prosessnotat økonomi d.s. 09.09.2016 til vitande.**
2. **Prosessnotatet vert å legge til grunn i det pågåande budsjett og økonomiplanarbeidet.**

Vedleggsliste:

1. **Prosessnotat økonomi d.s. 09.09.2016**
2. **Melding om vedtak - Oppfølging vedtak punkt 22 i Budsjett 2016 m.m.**

Uprenta Vedlegg:

- Kortversjon av KOSTRA-analyse frå KS Konsulent (mai 2016)
- Utgreiing frå sektorane
- Utgreiing av førebyggjande tiltak frå folkehelsekoordinatoren
- Kommuneplanen sin samfunnsdel

Samandrag av saka:

I samband med budsjetthandsaminga i K-sak 152/15 vedtok kommunestyret følgjande:
"Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjering av ressursar, slik det skissert behov for i 2017 - 19."

Rådmannen fremja eiga sak på dette der kommunestyret overlot til formannskapet å setje ned arbeidsgruppa og fastsetje mandat.

Arbeidsgruppa har hatt fleiere møte og administrasjonen har arbeidd med eit prosessnotat som etter siste møte i arbeidsgruppa 09.09.16 er ferdigstilt som offentleg dokument. Prosessnotatet vert no

prosessnotatet fram frå arbeidsgruppa til formannskap og kommunestyre for drøfting og signal i samband med det pågåande budsjett og økonomiplanarbeidet.

Saksopplysningar:
I samband med budsjetthandsaminga i K-sak 152/15 vedtok kommunestyret følgjande:
"Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjering av ressursar, slik det skissert behov for i 2017 - 19."

I budsjettdokumentet er behovet skissert med kr 11 mill i 2017, 19,8 mill i 2018 og 25,4 mill i 2019. Desse tiltaka er ikkje konkretisert, og intensjonen med å be om ei sak om organisering av prosessar var å finne løysingar på korleis dette skal realiserast, og at dette skal vere eit grunnlag for komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.

I tillegg har kommunestyret som intensjon å avvikle eigedomsskatten i 2019, jfr K-sak 112/13 og sist i ovannemnde sak i punkt 34 a i vedtaket:

> *"Innføring av eigedomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8 2013, sak ps 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eigedomsskatt slik at eigedomsskatten vert søkt avvikla i år 2019."*

Kommunestyret gjorde vidare slikt vedtak i 28.01.2016:

> ***Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå Krf og debatten***

Framlegget frå Krf;

Kommunestyret ber rådmannen om å starte opp arbeidet med budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 så raskt som råd.

- *a) Rådmannen skal identifisere strategiar og tiltak som frigjer ressursar etter dei føringar og målsettingar som er i gjeldande økonomiplan. Utgreiingsarbeidet ligg til administrasjonen.*
- *b) Det står sentralt å realisere kortsiktige tiltak og langsiktige strategiar for å nå dei mål, strategiar og handlingsprogram som er vedtatt i kommuneplanen.*
- *c) Utfallet av kommunereforma skal prege arbeidet når kommunale vedtak er klare.*
- *d) Ingen strategiar, tiltak eller etablerte arbeidsmåtar er skjerma for utgreiing.*
- *e) Rådmannen skal ha ein kontinuerlig dialog med Driftsstyret fram til og med august 2016, for å orientere og drøfte ulike tiltak og strategiar som er formålstenleg for arbeidet.*
  - *a. Det skal førast møtebok frå dialogmøta med Driftsstyret.*
  - *b. Medlemmane i Driftsstyret kan få tilbod om særleg opplæring i samband med dette arbeidet.*
- *f) Frå august 2016 blir den politiske forankringa overført til Formannskapet, som vidareførar arbeidet også i lys av utfallet i kommunereforma.*
- *g) Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.*

Kommunestyret ber om å få referatsaker frå framdrifta i arbeidet, og elles orientert som ved ein normal budsjettprosess.

Formannskapet vedtok i møte 15.03.2016, sak PS 55/16 å oppnemne arbeidsgruppe:

> ***Arbeidsgruppa vert organisert med fem personar som fylgjer:***
>
> ***1 frå Høgre, Sindre Rotevatn***
> ***1 frå SP, Rebecca Bjerknes, leiar i driftsstyret***
> ***1 frå A, Jørgen Amdam, ordførar***
> ***1 frå Venstre, Fride Sortehaug***
> ***1 frå SV, Gunnar Strøm***

I tillegg har rådmann, økonomisjef, økonomikonsulent og rådgjevar vore med i gruppa. Leiargruppa eller deler av denne har vore innkalla på fleire av møta.

Arbeidsgruppa har hatt 5 møter før notatet no vert lagt fram for formannskapet.

Notatet inneheld;

1 Kommuneplan og strategiar i økonomiplan og budsjett
2 Prinsipp for drifta
3 Korleis Volda kommune prioriterer tenestene
4 Vurdering av framtidig behov for tenester
5 Korleis utviklar inntektene seg
6 Økonomiske mål
7 Kva skjer dersom ein fjernar eigedomsskatten i 2019
8 Folkehelse som overordna og førande prinsipp
9 Utgreiing av problemstillingar innanfor tenesteområda
10 Strategiar
11 Framdriftsplan/prosess i økonomigruppa
12 Framdriftsplan budsjett og økonomiplan

Vurdering og konklusjon:

Notatet syner at utfordringsbiletet til Volda kommune er rimelig klart:

ÅR	2017	2018	2019
Uspesifisert innsparing i vedtatt økonomiplan (Føresett 4 %0 eigedomsskatt)	11 000 000	19 800 000	25 400 000
Ikkje auke eigedomsskatten i 2017 2 %0 eigedomsskatt	16 000 000	16 000 000	16 000 000
Resultatgrad 1,75 %	15 000 000	15 000 000	15 000 000
Utgifter med rentebinding	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Fjerne eigedomsskatten			16 000 000
Endring i kommuneloven (auka avdrag)	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Nytt inntektssystem	2 000 000	2 000 000	2 000 000
SALDERINGSBEHOV	**52 000 000**	**60 800 000**	**82 400 000**

Sjølv om den økonomiske situasjonen framover er utfordrande, må kommunen vere med i arbeidet med å utvikle samfunnet for å halde på attraktivitet i konkurransen med storsamfunnet. I eit slikt perspektiv er det avgjerande også å vere klar over dei behova kommunen og Volda sentrum står overfor. I den samanheng er det nok å nemne;Volda ungdomsskule , Barnehagebygg, Auka press på omsorgstenestene (særleg yngre brukarar og effekten av samhandlingsreforma) og Sentrums-utvikling, idrettshall, Mediebygg/kultursal, Rotset næringsområde, bustadutbygging.

For å møte denne utfordringa kan kommunestyret legge ulike strategiar . Det kan m.a. handle om;

- Utgiftsnivå som så langt råd er tilpassa statleg inntektssystem
- Nedbemanningsplan 10 mill
- Kompetanseutvikling og smarte løysingar
- Bruk av fond i ein overgangsperiode
- Vidareføre eigedomsskatten
- Auke folketalet
- Utnytte dei komparative fordelane ved etablering av ny kommune

Arbeidsgruppa har drøfta m.a. desse utfordringane og ein har gjennom økonominotatet forsøkt å konkretisere og danne grunnlag for ei felles situasjonsforståing.

Helse og miljøkonsekvensar:

Drøfta i notatet

Økonomiske konsekvensar:
Drøfta i notatet

Beredskapsmessige konsekvensar:
Indirekte drøfta i notatet.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:
Økonomiseksjonen
Leiargruppa
Partigruppene i samband med budsjett og økonomiplan

Volda kommune

PROSESSNOTAT ØKONOMI

Innhaldsoversikt

1 Kommuneplan og strategiar i økonomiplan og budsjett

2 Prinsipp for drifta

3 Korleis Volda kommune prioriterer tenestene

4 Vurdering av framtidig behov for tenester

5 Korleis utviklar inntektene seg

6 Økonomiske mål

7 Kva skjer dersom ein fjernar eigedomsskatten i 2019

8 Folkehelse som overordna og førande prinsipp

9 Utgreiing av problemstillingar innanfor tenesteområda

10 Strategiar

11 Framdriftsplan/prosess i økonomigruppa

12 Framdriftsplan budsjett og økonomiplan

Vedlegg:

Kortversjon av KOSTRA-analyse frå KS Konsulent (mai 2016)

Utgreiing frå sektorane

Utgreiing av førebyggjande tiltak frå folkehelsekoordinatoren

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Prosessnotat nr 5

NOTAT FOR FØREBUING AV GRUNNLAG FOR BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Dette er eit prosessnotat som er redigert og fylt med innhald før og etter møta i arbeidsgruppa. Første utkast vart presentert for arbeidsgruppa i møte den 25. mai. Utkast nr. 2 vart presentert for arbeidsgruppa i møte den 23. juni. Utkast nr. 3 vart presentert for arbeidsgruppa i møte den 16. august. Utkast nr. 4 vart presentert for arbeidsgruppa i møte den 9. september

1 KOMMUNEPLAN OG STRATEGIAR I ØKONOMIPLAN OG BUDSJETT

Det vert synt til kommuneplanen sin samfunnsdel som er godkjent av kommunestyret. Planen inneheld mål og strategiar for fylgjande åtte hovudtema:

- Attraktivitet (folk, næring, trivsel)
- Busetting
- Volda i regionen
- Volda sentrum
- Folkehelse
- Klima og miljø
- Tenester
- Samfunnstryggleik

I tillegg til å vere eit hovudtema er folkehelse eit overordna og førande prinsipp for heile planen, og alle strategiar tek utgangspunkt i eit folkehelseperspektiv. Det vert synt til mål og strategiar for kvart hovudtema.

Kommunestyret har i samband med 2016-budsjettet vedteke følgjande strategiar :

Strategi	Tiltak	Effekt
Omsorgstrengande leve lenger i eige liv	Kvardagsrehabilitering	Tidleg oppdaging/innsats og teneste på rett nivå skal gir betre livskvalitet for brukar og reduserte utgifter i helse og omsorgstenesta
Lønsressursane i pleie og omsorgstenesta brukast rett	Styrka grunnbemanning som tidsavgrensa prosjekt	Redusert bruk av overtid og ekstrahjelp Redusert sjukefråvær Stabil drift Sikre kompetanse i turnusen
Trygg og tydeleg leiing som stiller krav og gir støtte	Leiarutvikling for alle leiarane i kommunen	Utløyse energi og få meir ut av drifta Redusert sjukefråvær Auka innovasjon
Økonomistyring	Controller Utvikle betre rapportering Utvikle betre rutinar for internkontroll	Sjå årsakssamanhengar tidlegare og setje inn rette tiltak Analysere drift og setje inn tiltak som aukar produktiviteten

		Meir effektive innkjøp
Investere i smarte digitale løysingar	Knyte kommunale lokasjonar i fibernettverk Eitt sentralbord for kommunen Sentralisere serverdrifta i interkommunalt samarbeid Investere i integrerte programvarer og utvikle interaktive tenester	Redusert utgifter med lineleige Reduserte utgifter drift av sentralbord Reduserte utgifter datadrift Auka service for innbyggjarane og frigjorte ressursar i administrasjonen
Optimal utnytting av ressursane	Slå saman tenester og dra nytte av stordriftsfordelar	Styrke kompetanse og stabil drift Reduserte driftsutgifter
Intern forretningsmessig forvaltning av eigedomsmassen	Bruke ressursane og kompetansen hos driftspersonalet rett. Gå opp grensegang for ansvar mellom eigedoms- sektoren som huseigar og tenesteytande eining som leigetakar	Arealeffektiv bruk av bygningsmassen. Brukaren betale for bruken av bygningen og kunne ta ut gevinst ved tiltak som reduserer driftsutgiftene
Konkurranseeksponere drift	Organisere tenesta som om tenesta skulle konkurranse- utsetjast	Dokumentere kostnader og eigenskapar ved tenesta samanlikna med andre kommunar og privat drift. Auka produktivitet og gi økonomisk gevinst.
Utløyse privat investering i Volda kommune	Regulere og opparbeide bustadfelt og næringsområde Delta i utvikling av sentrum Arealforvaltning som utløyser utbygging	Auka folketal Auka inntekter gjennom inntektssystemet Kommunen og næringslivet sikra rekruttering av kompetanse

2 PRINSIPP FOR DRIFTA

Kommunestyret har i samband med handsaminga av 2016-budsjettet vedteke følgjande prinsipp:

- *Fokus på kjerneoppgåvene*
- *Standard som er god nok*
- *Optimalisere ressursbruken*
- *Smarte løysingar*
- *Budsjettoverskridingar som er konstaterte eller prognostiserte skal etter framlegg frå rådmannen dekkast inn ved tilsvarande kostnadsreduksjonar i same eining eller i anna eining slik at budsjettet ikkje vert svekka.*
-

3 KORLEIS VOLDA KOMMUNE PRIORITERER TENESTENE

Kortversjon av KOSTRA-analyse for Volda kommune følgjer som vedlegg til denne rapporten. Rekneskapet for 2015 (etter første rapportering 15. mars) er grunnlaget for analysen. KOSTRA-analysen viser utgiftsbehov, kva som påvirkar utgiftsnivået, prioritering og korleis Volda brukar ressursar på desse tenestene samanlikna med andre kommunar.

Nokre hovudfunn frå analysen:

Grunnskule

- Objektivt utgiftsbehov som er 9,7 % høgare enn landssnitt.
- Ressursbruk som er 1,4 mill over landssnittet korrigert for utgiftsbehov.
- Desentralisert skulestruktur og litt låge elevgrupper som trekkjer opp samla ressursbruk.
- Høgare utgifter til spesialundervisning i høve til samanliknbare kommunar.
- Litt høge grunnskuleutgifter pr elev (middels/låg produktivitet)
- Litt høge skyssutgifter pr elev, og få elever som mottek skyss.
- Høge resultat målt ved gjennomsittleg grunnskulepoeng.
- Høg andel lærarar med høgskule/universitetsutdanning og pedagogisk utdanning.
- Svært høg prioritering/ressursbruk til SFO (ville ha vore kr 2,1 mill. lågare dersom same nivå som gjennomsnittleg nivå i kommunegruppe 11.
- Middels høg andel elevar i SFO.
- Høge utgifter pr SFO-elev (låg produktivitet)

Barnehage

- Objektivt utgiftsbehov som er 12 % lågare enn landssnitt.
- Lågare andel "barn 2-5 år og "barn 1 år uten kontantstøtte" som dreg ned utgiftsbehovet.
- Ressursbruk som er 1,6 mill over landssnittet korrigert for utgiftsbehov.
- Høg dekningsgrad og full behovsdekning.
- Opphold og stimulering har særleg høg prioritering. Tilretteleggjande tiltak og bygg har lågare prioritet.
- Mange små barnehagar gir noko låg produktivitet.
- Høg andel tilsette med banehagelærarutdanning.

Pleie- og omsorgstenesta samla sett

- Høgare utgiftsbehov enn landssnittet (9,3 %)
- Andel innb. over 80-89 og 90+ som dreg opp utgiftsbehovet
- Etter korrigering for utgiftsbehov og inntektsnivå brukar Volda kommune ca 2,5 mill mindre på pleie og omsorg enn landsgjennomsnittet. *
- Låg prioritering og middels dekningsgrad.
- Heimebasert tenesteprofil.
- Litt høg andel tenestemottakarar som har lågt bistandsbehov.

* Når det gjeld prioritering til pleie- og omsorg er det viktig å vere klar over at denne tenesta fekk ei vesentleg styring i 2016-budsjettet, slik at i dag så vil truleg Volda kommune bruke meir enn landsgjennomsnittet på dette tenesteområdet.

Helse inkl helsestasjon/skulehelsetenesta

- Utgiftsbehov på 7,6 % over landssnittet.
- Brukar 4,6 mill mindre på helsetenster enn landssnittet etter korrigering for utgiftsbehov og inntektsnivå.
- Samla sett låg prioritering av helsetenester samanlikna med landssnittet.

Rus og psykisk helse

- Høg prioritet på rus. Dersom same nivå som landssnittet ville bruken vore 0,7 mill lågare.
- God dekning av psykiatriske sjukepleiarar.

Sosialtenesta

- Utgiftsbehov på ca 37 % lågare enn landssnittet.
- Etter korrigering for utgiftsbehov og inntektsnivå brukar Volda 2,3 mill mill mindre på sosialtenester enn landssnittet.
- Gjennomsnittleg stønadslengde er litt høg.
- Gjennomsnittleg utbetaling pr stønadsmånad er litt låg.
- Høg andel langtidsmottarar.

Barneverntenesta

- 21 % lågare objektivt utgiftsbehov enn landet.
- Brukar 0,9 mill meir enn landssnittet korrigert for utgiftsbehov og inntektsnivå.
- Mange barn på barnevernstiltak samanlikna med landssnittet.
- Låge utgifter pr barn med tiltak.
- Andel meldingar litt under landssnitt, men litt fleire meldingar går til undersøking.
- Årsverkstettheit på landssnittet.

Kultur

- Totalt sett er tenesta lågt prioritert. *

* Kommunale subsidier til grendehusdrift på bygdene vert i dag ført på skulebygg og dels på eigedom og kjem ikkje fram på KOSTRA-tala for kultur.

Teknisk

- Eigedom litt litt under prioriteringa på landssnittet.
- Brann har litt høg prioritering, og ville ha vore 2,3 mill lågare dersom same nivå som landet.
- Samferdsel har litt høg prioritering, og ville ha vore 2,9 mill lågare dersom same nivå som landet.

Utvikling

- Noko høgt ressursbruk til fysisk planlegging, 0,9 mill over landssnittet.
- Under 50 % av utgiftene vert dekt av gebyrinntekter.

Administrasjon

- Litt høgare utgiftsbehov enn landssnittet, og tala for ressursbruk viser at kommunen ligg tilsvarande litt over landssnittet.

4 VURDERING AV FRAMTIDIG BEHOV FOR TENESTER

Framskriven utvikling for 6 ulike aldersgrupper. Framskrivinga er basert på SSB sitt mellomalternativ.

2015						
Kommune	**0 - 5 år**	**6 - 15 år**	**16 - 19 år**	**20 - 66 år**	**67 - 79 år**	**80 år og eldre**
Samla	1366	2466	1098	11497	2034	1105
Volda	584	1131	542	5314	933	473
Ørsta	782	1335	556	6183	1101	632
2040						
Kommune	**0 - 5 år**	**6 - 15 år**	**16 - 19 år**	**20 - 66 år**	**67 - 79 år**	**80 år og eldre**
Samla	1583	2843	1187	12712	2968	1938
Volda	750	1374	582	6274	1363	861
Ørsta	833	1469	605	6438	1605	1077

Fylkesstatistikk - demografi



Folketalsutvikling i Volda kommune

Nedgang

Vekst

Grunnkrets		Folketal	
Nummer	Navn	2015	Endring frå 2010
203	Bjørkedal	138	0
301	Høydal	76	4
303	Kalvatn	93	-20
105	Åmelfot Og Steinsvik	76	-19
302	Fyrde	163	-21
104	Innselset	27	-8
202	Fylsvik	147	2
106	Dalsbygd	100	-15
304	Hjartå	110	-2
410	Øvre Rotset	181	-1
409	Nedre Rotset Og Greivsnes	614	45
402	Øyra	250	48
401	Halkjelsvik	165	18
405	Nedre Heltne	617	23
403	Hauane	581	13
404	Myrane	409	16
103	Dravlausbygda	206	1
411	Øvre Heltne Og Vikebygd	1170	92
408	Norddalen	100	-19
201	Folkestad	291	0
406	Røyslid	970	29
412	Øvre Vikebygda	145	-2
407	Engeset Og Klepp	1174	144
501	Egset Og Mork	499	96
502	Eikrem Og Ytrestøyl	113	-2
102	Ulvestad	279	-15
101	Velsvik	54	-7
503	Lid Og Yksnøy	205	-13





Framskriving av folketalet fram mot 2040, basert på låg nasjonal vekst (LLML):

	2014	2015	2016	2017	2018	2020	2025	2030	2035	2040	Auke (%)
0 år	87	98	99	99	99	101	102	100	98	96	10,3
1-5 år	517	495	493	503	518	544	563	558	549	533	3,1
6-12 år	776	796	827	823	805	791	788	827	826	812	4,6
13-15 år	332	333	323	330	338	356	347	357	364	361	8,7
16-19 år	538	531	508	488	472	464	507	464	491	502	-6,7
20-44 år	2909	2938	2984	3030	3077	3114	3254	3319	3249	3155	8,5
45-66 år	2399	2423	2427	2435	2448	2465	2439	2488	2634	2751	14,7
67-79 år	880	927	980	1012	1045	1100	1187	1211	1227	1278	45,2
80-89 år	369	360	337	334	332	335	393	506	544	557	50,9
> 90 år	102	106	108	106	100	94	80	72	90	114	11,8
Totalt	**8909**	**9007**	**9086**	**9160**	**9234**	**9364**	**9660**	**9902**	**10072**	**10159**	**14,0**

Framskriving av folketalet for Volda kommune fram mot 2040, basert på middels nasjonal vekst (MMMM):

	2014	2015	2016	2017	2018	2020	2025	2030	2035	2040	Auke (%)
0 år	87	101	104	108	112	117	118	117	115	115	32,2
1-5 år	517	495	496	512	535	592	646	650	642	635	22,8
6-12 år	776	797	829	826	809	797	847	949	960	951	22,6
13-15 år	332	333	323	330	340	356	349	380	420	423	27,4
16-19 år	538	532	508	489	476	468	514	473	549	582	8,2
20-44 år	2909	2948	2999	3057	3108	3163	3339	3445	3408	3387	16,4
45-66 år	2399	2424	2434	2443	2456	2484	2472	2546	2721	2887	20,3
67-79 år	880	927	986	1021	1055	1111	1221	1266	1290	1363	54,9
80-89 år	369	362	342	341	343	348	429	570	636	668	81,0
> 90 år	102	110	111	113	109	107	101	102	137	193	89,2
Totalt	8909	9029	9132	9240	9343	9543	10036	10498	10878	11204	25,8

Demografien gir eit grunnlag for å vurdere andel innbyggarar i produktiv alder og andel innbyggarar i aldersgrupper som kan ha eit tenestebehov.

Tabellen ovanfor er basert på SSB sitt MMMM-alternativ (middels nasjonal vekst), som føreset at fruktbarheit, levealder, innanlandsk flytting og nettoinnvandring held seg på eit mellomnivå. Etter MMMM-alternativet vil vi få ein relativt stor auke i folketalet fram mot 2040. Samla sett vil folketalet auke med 25,8 prosent (2295 innbyggjarar). Vi ser ein dramatisk auke i gruppa 67–79 år, 80–89 år og > 90 fram mot 2040, noko som i åra framover vil gi oss store utfordringar i pleie- og omsorgssektoren. Det er positivt at talet på barn i alderen 0–12 år aukar med i gjennomsnitt om lag 25,9 prosent og at vi har ei rimeleg stabil utvikling i aldersgruppene 20–66 år. Dette er imidlertid utviklinga i eit langt perspektiv og situasjonen vil variere i perioden.

Innbyggarar 20-66 år - eldre innbyggarar

Tabellen viser tal personar i arbeidsfør alder samanlikna med to ulike grupper av eldre i 2015, 2020 og 2040. Arbeidsfør alder er 20-66 år, medan eldre aldersgrupper er 67 år og over, og 80 år og over. Ein reduksjon i forholdstalet mellom dei to aldersgruppene betyr at det er færre innbyggarar i yrkesaktiv alder per innbyggar i den eldre aldersgruppa. Framskrivingane er basert på SSB sitt mellomalternativ.

67 år og over			
Kommune	**2015**	**2020**	**2040**
Samla	3,7	3,4	2,6
Volda	3,8	3,6	2,8
Ørsta	3,6	3,3	2,4

80 år og over			
Kommune	**2015**	**2020**	**2040**
Samlet	10,4	11,3	6,6
Volda	11,2	12,4	7,3
Ørsta	9,8	10,5	6

Pleie og omsorg

Estimert framtidig tenestebehov i årsverk per 1000 innbyggarar 20-66 år.

Kommune	**2014**	**2020**	**2040**
Samlet	49,8	48,9	67,8
Volda	44,8	43,4	57,5
Ørsta	54,2	53,8	77,8

Årsverkbehova i **barnehage og grunnskule** per 1000 innbyggar vil i 2040 vere om lag som i dag.

VOLDA KOMMUNE Opplæring og oppvekst

BARNE/ELEVTAL I VOLDASKULANE PR. 04.02.16

A:Førskuleborn etter fødselsår							B: Elevtal i årskulla 2016/2017							C. Elev- og klassetal barneskulane 2017/18 - 21/22											
	15	14	13	12	11	Sum	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7	Sum	Kl	1718.		1819.		1920.		2021.		2122.	
Mork	8	10	11	10	11	50	12	13	11	14	9	7	12	78	4	77	4	80	4	82	4	78	4	75	4
Øyra							46	49	56	45	47	47	49	339	14										
Bratteberg	68	60	75	69	79	351	26	22	25	27	39	40	37	216	10	611	28	593	28	582	28	556	28	528	28
Vikebygda							16	18	15	14				63	4										
Volda u..	76	70	86	79	90	401	100	102	107	100	95	94	98	696		688		673		664		634		603	
Austefjord	2	1	3	4	0	10	3	2	2	5	4	1	6	23		17		20		19		15		15	
Bjørke	*0*	*0*	*2*	*0*	*0*	2	*0*	*1*	*0*	*0*	*2*	*0*	*1*	4		*3*		3		*3*		*3*		*3*	
Austefjord U	2	1	5	4	0	12	3	3	2	5	6	1	7	27	2	20	2	23	2	22	2	18	2	18	2
Bjørkedal						*0*	*0*	*1*	*4*	*1*	*0*	*1*	*5*	*12*	2	*7*	2	*6*	2	*6*	2	*5*	2	*1*	2
Folkestad B	6	3	6	2	4	21	5	5	9	4	5	5	8	41	3	37	3	34	3	35	3	34	3	31	3
Folkestad u.	6	3	6	2	4	21	5	6	13	5	5	6	13	53		44		40		41		39		32	
Dalsfjord B	4	4	5	1	2	16	6	4	4	4	8	10	5	41	3	38	3	29	3	26	3	26	3	26	3
Ulvestad bs							1	1	2	1	4	5	4	*18*											
Møre b og u							0		0	0	0	0	1	*1*											
Sum	88	78	102	86	96	434	114	114	122	113	114	110	118	801	40	783	40	759	40	747	40	712	40	678	40

Elevane frå Bjørke er med. Elevane frå Bjørkedal, Ulvestad og Møre b og u er ikkje med i summen for barnesteget.

Ungdomssteget	16/17.	8.	9.	10.	Sum	Kl		1718.		1819.		1920.		2021.		2021.		2122.		2223.	
Volda ungdomsskule		100	80	99	279	11		278	11	292	12	287	12	289	12	302	12	309	12	309	12
Austefjord skule		2	1	4	7	1		10	1	10	1	14	1	12	1	13	1	10	1	8	1
Dalsfjord skule		8	6	5	19	1		23	2	32	2	36	2	32	2	23	2	16	1	18	1
Folkestad skule		5	9	9	23	2		27	2	24	2	24	2	16	1	23	2	24	2	24	2
Møre b & u			0	0																	
Sum		115	96	117	328	15		338	16	358	17	361	17	349	16	361	17	359	16	359	16
Samla elevtal grunnskulen::					1129	55		1121	56	1117	57	1108	57	1061	56	1039	57	X		X	

Flyttemønster

Utviklinga held fram mot ei sentralisering nasjonalt, regionalt og lokalt i Volda kommune. I følgje tal frå SSB bur 71,5 % av alle innbyggarane i Volda, i område definert som tettbygd strøk. Tilflyttare til Volda ynskjer primært å busette seg sentralt; i gangavstand til barnehage, skule, jobb, handelsområde og fritidsaktivitetar. Nærheit til natur- og friluftsområde er også ein kvalitet i Volda tettstad. I bygdene går folketalet jamt nedover, sjå Tabell 1.

	2004	2014	Endring 2004–2014	Endring % 2004–2014
Volda tettstad*	5565	6368	803	14,4
Velsvik	61	54	-7	-11,5
Ulvestad	325	286	-39	-12,0
Dravlausbygda	221	200	-21	-9,5
Innselset	38	29	-9	-23,7
Åmelfot og Steinsvik	91	80	-11	-12,1
Dalsbygd	136	102	-34	-25,0
Folkestad	327	279	-48	-14,7
Fylsvik	168	140	-28	-16,7
Bjørkedal	146	137	-9	-6,2
Høydal	77	69	-8	-10,4
Fyrde	205	170	-35	-17,1
Kalvatn	125	97	-28	-22,4
Hjartåbygda	115	115	0	0,0
Egset og Mork	421	462	41	9,7
Eikrem og Ytrestøyl	125	117	-8	-6,4
Lid og Yksnøy	228	181	-47	-20,6
Uoppgitt grunnkrets	3	23	20	

Heile kommunen	**8377**	**8909**	**532**	**6,4**

Tabell 1: Folkemengde etter grunnkrins, Volda kommune 2004–2014 (SSB tabell 04317).

* Volda tettstad inkluderar grunnkrinsane: Halkjelsvik, Øyra, Hauane, Myrane, Nedre Heltne, Røyslid, Engeset og Klepp, Norddalen, Nedre Rotset og Greivsnes, Øvre Rotset, Øvre Heltne og Vikebygd, og Øvre Vikebygda.

Busetting av flyktningar

Kvartalsvis busetjing og familiesameining i 2015

2015	**1. kvartal**	**2. kvartal**	**3. kvartal**	**4. kvartal**	**SUM**	*Barn*	*Kvinner*	*Menn*
Vaksen		1	4		**5**		*3*	*2*
Barn u/18 år		3	2		**5**	*5*	*3*	*2*
Einsleg vaksen	3	3	13	3	**22**		*1*	*21*
Einsleg mindreårig	1	1	4	2	**8**		*4*	*4*
SUM	**4**	**8**	**23**	**5**	**40**	***5***	***11***	***29***
Familiesameint	3	3	3		**9**	*5*	*4*	*1*
Alternativ mottaksplassering	1				**1**			*1*
SUM	**8**	**11**	**26**	**5**	**50**	**10**	***15***	***31***

Resultatmålet i INTRO i 2016 er sett til det same som i 2015, 60%. Tidlegare år var det sett til 70%. I 2014 var Volda sitt resultat 55%. I 2015 var resultatet auka til 67%. Inkluderer vi dei som har hatt overgang til grunnskule for vaksne i resultatmålinga, har Volda dei siste ni åra eit snitt på 70% overgang til arbeid og utdanning.

Status for 2013-kohorten - tre år etter avslutta INTRO, pr. januar 2016

2016	• 78% er i arbeid/utdanning/sjølvberga økonomisk tre år etter avslutta INTRO • Sju har flytta for å gå vidaregåande skule i andre kommunar
2015	• 88% er i arbeid/utdanning - er sjølvberga økonomisk to år etter INTRO
2013	• 19 deltakarar avslutta INTRO: 11 kvinner (K) og 8 menn (M) • Sju deltok mindre enn to år. Ingen fekk utviding av programtida • 53% hadde overgang til arbeid/utdanning (36% K, 75% M)
Konklusjon	• **7 av 9 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk, to og tre år etter avslutta INTRO. Dette utgjer eit resultat på 78%.**

Status for 2014-kohorten - to år etter avslutta INTRO, pr. januar 2016

2016	• 79% er i arbeid/utdanning/sjølvberga økonomisk to år etter avslutta INTRO
2015	• 79 % er i arbeid/utdanning/sjølvberga økonomisk to år etter INTRO
2014	• 20 deltakarar avslutta INTRO: 5 kvinner (K), 15 menn (M) • 1 flytta. 7 deltok mindre enn to år. 4 fekk utviding av programtida. 2 fekk utviding for å fullføre grunnskule før overgang til vidaregåande skule. Ein i to månader, ein i fire. Ein fekk fire månader utviding før overgang til høgskule, og ein fekk utviding tre månader utviding for å fullføre yrkesretta kurs som del av INTRO. • 55% hadde overgang til arbeid/utdanning (0% K, 74% M)
Konklusjon	• **11 av 14 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk, eitt og to år etter avslutta INTRO. Dette utgjer eit resultat på 79%.**

2016	• 80% er i arbeid/utdanning/sjølvberga økonomisk kort tid etter avslutta INTRO
2015	• 67% hadde overgang til arbeid/utdanning (0% K, 67% M) • 15 deltakarar avslutta INTRO: 4 kvinner (K) og 11 menn (M) • 1 flytta. 6 deltok mindre enn to år, derav 2 i ett år og 1 i 9 mnd. Ingen fekk utvida programtid.
Konklusjon	• **12 av 14 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk kort tid etter avslutta INTRO. Dette utgjer eit resultat på 80%.**

5 KORLEIS UTVIKLAR INNTEKTENE SEG

Revidert nasjonal budsjett (RNB) og Kommuneproposisjonen vart lagt fram av regjeringa den 11, mai. Vi gjer på bakgrunn av dette eit overslag på inntektsrammene for inneverande økonomiplanperiode (2016-2019).

RNB

RNB gjeld inneverande år. Skatteanslaget på landsbasis er auka med 700 mill kr. Dette er positivt for Volda kommune. Jo større skatteinntektene er på landsbasis, jo meir får Volda kommune i inntektsutjamning (der ein tar frå kommunar med store skatteinntekter og overfører til kommunar med låge skatteinntekter).

Kommuneproposisjonen

Kommuneproposisjonen gjeld 2017 og framover. Det vert lagt opp til ein vekst i frie inntekter på 3,75-4 mrd kroner. Ein stor del av denne veksten er bunde opp i auka utgifter:

- Meirkostnader til demografi, 2,1 mrd kroner
- Meirkostnader til pensjon, 900 mill kr
- Auka satsing på rusomsorg, 300 mill kr

Justert for dette, vert det auka handlingsrommet for kommunesektoren 450-700 mill kr i 2017, i følgje regjeringa.

Kommunenes Sentralforbund (KS) har analysert tala i Kommuneproposisjonen nærmare:

- 300 mill av veksten går til Fylkeskommunane.
- Primærkommunane får ei auke på ca 400 mill kr i utgifter i produksjonen av kostnadstunge tenester.

Vi får dermed ingen reell vekst i dei frie inntektene for primærkommunane dersom ein tar utgangspunkt i utgreiinga frå KS.

Regjeringa meiner elles det er eit potensiale i kommunesektoren for å effektivisere tenesteproduksjonen. Ei effektivisering på 0,5% skal utgjere 1,2 mrd kr. for kommunesektoren samla. Dette kan nyttast til å styrke tenestene.

Nytt inntektssystem

Nytt inntektssystem vert gjeldande frå og med 2017. Volda kommune er estimert til å tape 5 mill kr i 2017 som følgje av det nye inntektssystemet. Tapet på 5 mill kr er sett saman slik:

- Endring i kostnadsnøklar, 2 mill kr
- Tap av basistilskot, 3 mill kr.

Her er føresetnaden at Volda kommune vert ståande åleine. Ettersom det er gjort vedtak om samanslåing av Volda og Hornindal, så får vi ikkje avkorta basistilskot med 3 mill kr pr år. I så tilfelle så vert tapet dermed på 2 mill kr som følgje av det nye inntektssystemet.

Prognose frie inntekter

Tabellen under viser dei frie inntektene i gjeldande økonomiplanperiode (vedtatt av kommunestyre 15 desember 2015:

Tekst	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Skatt på inntekt og formue	-212 524 000	-212 524 000	-212 524 000	-212 524 000
Ordinært rammetilskudd	-244 498 000	-240 235 000	-240 144 000	-240 053 000
SUM SKATT OG RAMMETILSKUDD	**-457 022 000**	**-452 759 000**	**-452 668 000**	**-452 577 000**

Neste tabell viser prognoser for dei frie inntektene etter regjeringa la fram RNB og Kommuneproposisjonen den 11 mai. Effekten av forslag til det nye inntektssystemet er med i tala.

Tekst	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Prognose Skatt på inntekt og formue	-208 643 000	-210 802 000	-210 802 000	-210 802 000
Prognose ordinært rammetilskudd	-249 693 000	-245 316 000	-245 051 000	-244 958 000
SUM SKATT OG RAMMETILSKUDD	**-458 336 000**	**-456 118 000**	**-455 853 000**	**-455 760 000**

Vi ser av tabellen at sum inntekter har gått ned med ca 2,2 mill kr frå 2016 til 2017. Dette kan synast ulogisk i og med at kommunesektoren kan få ei auke i dei frie inntektene på opptil 4 mrd kroner i 2017. Nedgangen til Volda kommune har 2 forklaringar:

- Volda kommune 6 mill kr mindre i utgiftsutjamning i 2016 enn vi fekk i 2015. Vi får som eit resultat av dette netto kompensert 3,5 mill kr i eit element i inntektssystemet som heiter Inntektsgarantiordninga (INGAR). Denne kompensasjonen får vi imidlertid kun i eit år (2016), og vert dermed ikkje ført vidare i 2017.
- Forslag til nytt inntektssystem inneber eit tap på 2 mill kr i 2017og framover.

Status 2016-2019

Tabellen under viser årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 slik det vart vedtatt 24 desember 2015:

	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Skatt på inntekt og formue	-212 524 000	-212 524 000	-212 524 000	-212 524 000
Ordinært rammetilskudd	-244 498 000	-240 235 000	-240 144 000	-240 053 000
Sun skatt og rammetilskot	**-457 022 000**	**-452 759 000**	**-452 668 000**	**-452 577 000**
Eigedomsskatt annan fast eigedom	-16 000 000	-32 000 000	-32 000 000	-32 000 000
Andre direkteog indirekte skatter	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
Andre generelle statstilskudd	-30 346 220	-29 612 431	-27 952 251	-27 259 858
Sum freie disponible inntekter	**-504 068 220**	**-515 071 431**	**-513 320 251**	**-512 536 858**
Renteinntekter og utbytte	-5 100 000	-7 100 000	-7 100 000	-7 100 000
Gevinst finansielle instrument	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Renteutgifter	18 073 000	20 132 000	24 151 000	27 320 000
Avdrag på lån	25 000 000	28 000 000	30 000 000	30 000 000
Netto finansutgifter	**36 473 000**	**39 532 000**	**45 551 000**	**48 720 000**
Til bundne avsteninger	700 000	700 000	700 000	700 000
Bruk av ubundne avsetninger	-9 187 683	0	0	0
Netto avsetninger	**-8 487 683**	**700 000**	**700 000**	**700 000**
Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0	0
Til fordeling drift	**-476 082 903**	**-474 839 431**	**-467 069 251**	**-463 116 858**
Sum fordelt til drift	**476 082 903**	**474 839 431**	**467 069 251**	**463 116 858**
Resultat	**0**	**0**	**0**	**0**

I gjeldande økonomiplan er det lagt inn uspesifiserte krav til reduserte utgifter/auka inntekter på (jmfr nest siste linje i tabellen under) :

- 11 mill kr i 2017
- 19,8 mill kr i 2018
- 25,4 mill kr i 2019

	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Skatt på inntekt og formue	-212 524 000	-212 524 000	-212 524 000	-212 524 000
Ordinært rammetilskudd	-244 498 000	-240 235 000	-240 144 000	-240 053 000
Sun skatt og rammetilskot	**-457 022 000**	**-452 759 000**	**-452 668 000**	**-452 577 000**
Eigedomsskatt	-16 000 000	-32 000 000	-32 000 000	-32 000 000
Andre direkte og indirekte skatter	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
Andre generelle statstilskudd	-30 346 220	-29 612 431	-27 952 251	-27 259 858
Sum freie disponible inntekter	**-504 068 220**	**-515 071 431**	**-513 320 251**	**-512 536 858**
Renteinntekter og utbytte	-5 100 000	-7 100 000	-7 100 000	-7 100 000
Gevinst finansielle instrument	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Renteutgifter	18 073 000	20 132 000	24 151 000	27 320 000
Avdrag på lån	25 000 000	28 000 000	30 000 000	30 000 000

Netto finansutgifter	**36 473 000**	**39 532 000**	**45 551 000**	**48 720 000**
Til bundne avsteninger	700 000	700 000	700 000	700 000
Bruk av ubundne avsetninger	-9 187 683	0	0	0
Netto avsetninger	**-8 487 683**	**700 000**	**700 000**	**700 000**
Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0	0
Til fordeling drift	**-476 082 903**	**-474 839 431**	**-467 069 251**	**-463 116 858**
Sum fordelt til drift	**476 082 903**	**474 839 431**	**467 069 251**	**463 116 858**
Vedtatt innsparing		**11 000 000**	**19 800 000**	**25 400 000**
Underskot (salderingsbehov)	**0**	**11 000 000**	**19 800 000**	**25 400 000**

NB! Det er viktig å vere merksam på at salderingsbehovet vert redusert med 3 mill kr pr år dersom det vert gjort vedtak om at Volda kommune skal slåast saman med ein annan kommune (samla 9 mill kr for dei 3 åra). Forklaringa til det er at vi da **ikkje** får redusert basistilskotet med 3 mill kr pr år. Volda og Hornindal har gjort gjensidig vedtak om samanslåing av kommunane og korrigert salderingsbehov vil difor bli nytta vidare i tabellane.

Til slutt så er det viktig å vere merksam på at vi pr dato har rentesikring på 100 mill kr. Vår ordinære lånegjeld vil være over 1 milliard kroner når bygging av ny Øyra skule er ferdig. Rentesikringa vil dermed på dette tidspunktet være under 10% av den totale låneporteføljen, med mindre det vert inngått nye avtalar på rentesikring før skulen er ferdig.

Utfordringsbildet

Grovt skissert og basert på føringane i gjeldande økonomiplan og politiske føringar om å fjerne eigedomsskatten, kan ein setje opp slik oversikt for det økonomiske utfordringsbildet i komande økonomiplanperiode (i høve til føresetnadene i gjeldande økonomiplan):

ÅR	2017	2018	2019
Uspesifisert innsparing i vedtatt økonomiplan (Føresett 4 ‰ eigedomsskatt)	11 000 000	19 800 000	25 400 000
Ikkje auke eigedomsskatten i 2017 2 ‰ eigedomsskatt	16 000 000	16 000 000	16 000 000
Resultatgrad 1,75 %	15 000 000	15 000 000	15 000 000
Utgifter med rentebinding	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Fjerne eigedomsskatten			16 000 000
Endring i kommuneloven (auka avdrag)	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Nytt inntektssystem	2 000 000	2 000 000	2 000 000
SALDERINGSBEHOV	**52 000 000**	**60 800 000**	**82 400 000**

Kommentarar til tabellen ovanfor:

- Forslag til nytt inntektssystem inneber eit tap på 5 mill.kr. Ettersom Volda kommune har vedteke å slå seg saman med Hornindal kommune vert tapet redusert til 2 mill. kr (fordi basistilskotet ikkje vert avkorta med 3 mill kr ved samanslåing).

- Volda kommune nytter vektingsmodellen ved utrekning av minimumsavdrag. Forslag til ny kommunelov er sendt på høyring. I forslag til ny kommunelov vert det lagt opp til at det ikkje lenger er lov å nytte denne modellen. Dette vil føre til fleire mill kr i auka årlege avdrag for Volda kommune. I tabellen ovanfor er dette estimert til å utgjere 5 mill kr pr år.

- Dersom det ikkje vert underskot på Volda kommune sin rekneskap for 2016, så vil disposisjonsfondet vere på over 50 mill kr ved årsskiftet.

- *Helse og omorg* (mindreforbruk på kr. 2.573.000 i 2015), *Opplæring og oppvekst* (mindreforbruk på kr. 4.254.000 i 2015) og *Teknisk* (meirforbruk på kr. 1.253.000 i 2015) er dei 3 store sektorane i Volda kommune. I prosessen med å utarbeide budsjettet for 2017 vert det særskilt fokus på budsjettrammene til desse 3 sektorane.

6 ØKONOMISKE MÅL

Forslag til ny kommunelov

Kommunestyret har ansvar for å forvalte økonomien slik at kommunen sin økonomiske handleevne vert ivaretake i eit langsiktig perspektiv. Forslag til ny kommunelov regulerer ei innskjerping av økonomiforvaltninga i kommunane, jfr. NOU 2016:4. Lovforslaget er ute til høyring.

Viktige forslag fra utvalet:

1. *Lovfeste en ny og mer omfattende bestemmelse om internkontroll til erstatning for internkontrollregulering i særlovgivningen*
2. *Lovfeste krav om rapportering om internkontroll og tilsyn til kommunestyret*
3. *Legge grunnlag for bedre styring og kontroll med selskaper mv. ved å innføre krav om at kommunen skal utarbeide eierskapsmelding, og ved å lovfeste at revisor og kontrollutvalget har rett til innsyn i den delen av ekstern virksomhet som utfører tjenester for kommunen*
4. *Tydeliggjøre og styrke kontrollutvalgets og revisjonens oppgaver, blant annet ved at eierskapskontroll defineres som revisjon, og ved at revisjonsmandatet til regnskapsrevisor utvides ved at noe av det som i dag ligger under kontrollutvalgets «bestilleransvar», overføres til regnskapsrevisor for fast kontroll*
5. *Øke minimumskravet til antall medlemmer i kontrollutvalget fra tre til fem, videreføre de strenge valgbarhetsreglene for valg til kontrollutvalget samt utelukke personer med sentrale verv eller stillinger i kommunale selskaper fra valg til kontrollutvalget*
6. *Etablere en nasjonal ordning for kvalitetskontroll med revisorer i kommunesektoren*
7. *Styrke fylkesmannens rolle ved samordning av tilsyn ved at fylkesmannen gis mer myndighet overfor øvrige statlige tilsynsmyndigheter til å hindre at omfang og detaljeringsgrad ved tilsyn mot den enkelte kommune blir for stort* posisjoner i strid med reglene om garantier, lån mv.

Omsynet bak forslaga er at det er ei felles utfordring for både staten og kommane at offentlege utgifter forventast å auke. Folketalsvekst, auka tal eldre og fleire asylsøkjarar og flyktningar vil krevje offentlege resursar i åra framover. Det same vil auka krav og forventingar til betre tenester og meir omfattande individuelle rettar.

Lovutvalet peikar på behovet for eit forsvarleg gjeldsnivå som tryggar grunnlaget for rolla som velferdsprodusent og for tilliten til den kommunale forvaltninga og økonomien. Låneopptaka må ikkje verte så store at dei fråtek komande kommunestyre nødvendig økonomisk handlingsrom for lokal politikk og nye initiativ. Dette vil svekke det kommunale sjølvstyret over tid.

Kommunen skal byggje si verksemd på planlegging. Kommunestyret kan påverke handlingsrommet ved å redusere utgiftene og/el auke inntektene. I praksis handlar dette om å skaffe seg oversikt over kva handlingsrom ein har i dag, kva utfordringar ein står overfor og korleis ein vil bruke dei tilgjengelege økonomiske ressursane for å realisere politiske målsettingar i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv.

Finansielle mål

Utgiftsbehov

Drifta på tenesteområda skal søkjast tilpassa innanfor normert nivå for Volda kommune (jfr det staten har rekna som utgiftsbehov for tenesteområdet)

Resultatgrad

Netto driftsresultat er den beste (og mest brukte) resultatindikatoren når ein skal vurdere den økonomiske situasjonen til ei kommune. Dette gjeld både å sjå den økonomiske utviklinga i same kommune over tid, samt å samanlikne med andre kommunar (KOSTRA).

Netto driftsresultat er definert slik:

Alle driftsinntekter (inkludert finansinntekter)
Minus
Alle driftsutgifter (inkludert finansutgifter som renter og avdrag)
= Netto driftsresultat

Teknisk beregningsutvalg for kommunal økonomi sitt mål for netto driftsresultat i høve til samla inntekter er på 1,75 %. Kommuneplanen for Volda kommune har same målsetting.

Gjeldsgrad

Gjeldsgrad er eit måltal for kor mykje gjelda utgjer i høve til inntektene (dvs den gjelda som skal dekkjast inn over kommunen si drift) I forpliktande plan er det uttrykt følgjande mål:

2020 Lån som belastar kommunen sin økonomi skal ikkje overstige 90% av sum driftsinntekter
2025 Lån som belastar kommunen sin økonomi skal ikkje overstige 70% av sum driftsinntekter
Som eit referansemål er det eit siktemål at langsiktig gjeld ikkje skal overstige 40 % samanliknbare kommunar (gruppe 10 i KOSTRA) i år 2025.

7 KVA SKJER DERSOM EIN FJERNAR EIGEDOMSSKATTEN I 2019

Volda kommune har hatt ein nedgang i utgiftsutjamnande tilskot på ca 15 mill i nominelle kroner frå 2011 til 2016. Ut frå opplegget for 2017 vert utgiftsutjamninga frå 2016 til 2017 ytterlegare redusert med om lag 2 mill

Utviklinga i utgiftsutjamninga i inntektssystemet - Kostnadsindeks i kroner i heile 1 000

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
1,0752	1,0636	1,0502	1,0380	1,0415	1,0254	Ca 1,015
26 401	23 847	20 688	16 844	17 365	11 293	9 000

Volda er snart ein gjennomsnittskommune når det gjeld utgiftsbehov.

Ein at Volda kommune utgiftsutjamninga vert redusert med 17,4 mill i perioden 2011 – 2017.

Vedtak om samanslåing av kommunane Hornindal og Volda medfører at reduksjon etter strukturkriteriet ikkje vil slå inn dei neste 15 åra. Dersom Volda skulle halde fram som eiga kommune ville Volda kommune årleg i desse åra fått 3 millionar mindre over utgiftsutjamninga.

Eigedomsskatten er i 2016 budsjettert med kr 16 mill og vert korrigert opp til 17 mill. Reduksjonen i utgiftsutjamninga har samanheng med at utgiftsbehovet til Volda kommune er redusert ut frå staten sitt opplegg i inntektssystemet. Hovudforklaringa ligg i at Volda kommune har lågare vekst blant barn i barnehage- og skulealder samanlikna med veksten på landet.

Det er viktig å merke seg at eigedomsskatten kompenserer for inntektstapet ved reduksjon i utgiftsutjamninga frå staten. Dette samanhalde med dei økonomiske utfordringane til kommunen elles gjer at det vil ha svært store konsekvensar for tenestene og utviklinga i Volda kommune dersom ein skal fjerne eigedomsskatten. Kommunen må ha ein langsiktig strategi for ev ein slik inntektsreduksjon. Aktuelle strategiar for dette vil vere:

- *lovpålagte tenester på eit minimum etter lova*

- *rasjonalisere drifta ved å samlokalisere og slå saman tenester som ikkje utløyser nybygging (skular, barnehagar mv)*

- *ingen nye investeringar*

- *leggje ned og ikkje påta seg oppgåver som er frivillige og ikkje lovfesta*

Dersom inntektene frå eigedomsskatten skal takast vekk må desse strategiane følgjast fullt ut med konkrete tiltak. Nokre av desse strategiane vil nok vere aktuelle sjølv med vidareføring av eigedomsskatten.

I NHO sitt årlege Kommune-NM 2016 vert kommunane rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarked, demografi, kompetanse, og kommunal økonomi.

Volda kjem relativt bra ut i den kåringa (97 mellom kommunane i landet), men på eitt punkt skil vi oss spesiellt dårleg ut og det gjeld gjeld inntekter frå eigedomsskatt, inntekt-og formue, andre salgs- og leigeinntekter i pst. av driftsutgifter der Volda kommune ligg på botn (nr. 35) i fylket og nr. 327 på landsbasis.

Med bakgrunn i oversikta over situasjonen og samanhengen i økonomien i Volda kommune så konkluderer ein med at det ikkje er realistisk å ta vekk eigedomsskatten.

8 FOLKEHELSE SOM OVERORDNA OG FØRANDE PRINSIPP

Førebyggande tiltak og satsingsområde med grunnlag i kommuneplanen sin samfunnsdel som kan ha langsiktig effekt på kommuneøkonomien (sjå figur og utfyllande grunngjeving i tidlegare notat) Prosessnotat folkehelse.docx

I tillegg til å vere eit hovudtema, er folkehelse eit gjennomgåande, overordna og førande prinsipp i kommuneplanen sin samfunnsdel. Alle strategiar tek utgangspunkt i eit folkehelseperspektiv.

Førebyggande tiltak og satsingsområde må ta utgangspunkt i hovudutfordringane i *Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014*:

- Einsemd, angst, rus og livsstilssjukdomar
- Spesielt unge jenter som slit med den psykiske helsa
- Aukande del barn og unge med overvekt over landsgjennomsnittet
- ROP-personar (personar med rus og psykiske lidingar) med injeksjonsbruk
- Personar med dyssosiale personlegdomstrekk/forstyrringar med valdsfare
- Aukande alkoholbruk blant vaksenbefolkninga (nasjonal trend. Folkehelserapporten 2014)

Primærførebygging sikte mot å hindre at problem, skade eller sykdom "X" oppstår i befolkninga. Vellukka primærførebyggande innsats vil føre til ein reduksjon i tal *nye* tilfeller av"X" . Dette er såleis det vi vanlegvis meiner når vi nyttar ordet "førebygging". Caplan peikar på tre område for primærførebyggande innsats:

- Forhold i miljøet som har skadeleg innverknad på folk
- Krefter i miljøe som støttar eller aukar folk si meistring av skadelege forhold
- Krefter i miljøet som kan auke befolkninga si motstandskraft overfor framtidige skadelege påverknadar

Alle hovudtema i kommuneplanen sin samfunnsdel er viktige område og verdiar som bidreg til betre helse i befolkninga . Mål og strategiar i planen vil ikkje gi synleg økonomisk effekt på kort sikt, men legg grunnlaget for god helse og framtidig innsparing.

- *Et forebyggende tiltak er virksomt bare hvis antall nye tilfeller blir lavere enn om vi ikke satte inn tiltak,* seier Arne Holte. I Tidsskrift for norsk psykologiforening, Psykologi, omtalte Arne Holte i 2012 Ti prinsipper for forebygging av psykiske lidelser. Førebygging er difor svært vanskeleg å måle og talfeste i kroner og øre.

9 UTGREIING AV PROBLEMSTILLINGAR INNANFOR TENESTEOMRÅDA

Mandatet til arbeidsgruppa gir stort rom for å utgreie alle sider ved drifta, og at ikkje noko skal skjermast i utgreiingsfasen. Sektorane har fått problemstillingane nedanfor til utgreiing. Utgreiingane ligg ved som vedlegg.

Eigedom

Kva er årlige driftsutgifter med drifta av symjebassenga ved Dalsfjord, Folkestad og Austefjord skule. Kva står føre av rehabiliteringsbehov på desse anlegga og eventuelt kostnadsoverslag.

1 KWh = 1 Kr i kostnad, dette er ca tall som blant anna Mørenett/Tussa brukar i sine berekningar.

Austefjord skule

Forbruk oppvarming bassengvann	18 816 kWh
Energi pumpedrift	19 200 kWh
Forbruk ventilasjonsvarme	48 000 kWh
Forbruk viftedrift	3 900 kWh
Oppvarming dusjvann	5 500 kWh
Totalt forbruk svømmehall	95 416 kWh
Effektforbruk	2 8 kW

Dalsfjord skule

Forbruk oppvarming bassengvann	19 085 kWh
Energi pumpedrift	15 120 kWh
Forbruk ventilasjonsvarme	20 646 kWh
Forbruk viftedrift	12 000 kWh
Oppvarming dusjvann	9 374 kWh
Totalt forbruk svømmehall	76 225 kWh
Effektforbruk	5 5 kW

Folkestad skule

Forbruk oppvarming bassengvann	22 500 kWh
Energi pumpedrift	12 960 kWh
Varme som forsvinner	7 071 kWh
Forbruk viftedrift	876 kWh
Oppvarming dusjvann	7 812 kWh
Totalt forbruk svømmehall	51 219 kWh
Effektforbruk	3 0 kW

Samla

Samlet energiforbruk 3 basseng	222 860 kWh
Samlet effektforbruk 3 basseng	113 kW
Energikostnad	222.860 kr/år
Effektkostnad	300 kr/kW/år 33 900 kr/år
Samlet energi og effektkostnad	256.760 kr/år

Rehabilitering basseng på Folkestad skule.

- Det blir installert nytt avfuktingsanlegg i EPC-prosjektet. 601.700,-
- Skifte vindu og dører som har fuktskader 100.000,-
- Øvrig flikking og oppgradering 50.000,-
- Sum investering: 751.700,-

Rehabilitering basseng på Austefjord skule.

- Etablere rampe rømningsveg mot sør. 100.000,-
- Etablere ny tilkomst til basseng * 50.000,-
- Etablere handikapp toalett i tilknytning til garderobeanlegg 500.000,-
- Oppgradere avfuktingsanlegg 530.400,-
- Sum investering:** 1.180.400,-

*Det er usikkert kva krav ein vil få til tilkomst når det gjeld å entre sjølve bassenget det er difor knytt stor usikkerheit til denne kostnaden.

**Det er liten golvplass rundt bassenget og det er dermed usikkert om ein stettar "forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v." §7. c)
Badeanlegget skal ha et tilstrekkelig areal rundt bassengbad som er utforma slik at livredning kan gjennomføres utan hindring.
Dersom dette kravet ikkje er stetta slik bassengromet er utforma i dag vil dette generere store ombyggingskostnader.

Kva brukar kommunen til vedlikehald pr m² i høve tilrådd norm?

Det kan være krevjande å skilje mellom kva som er vedlikehald og det som er oppgraderingar/standardhevingar og dermed investering, dette spesielt når vedlikehald og rehabilitering skjer samstundes.

Erfaringsmessig frå KS sin side, så ser ein også ulik praksis for kva utgifter som rekneskapsførast som ordinære driftsutgifter og kva som registrerast som vedlikehaldsutgifter. Regneskapsføringa skal i all hovudsak følgje Norsk standard for livssykluskostnadar (NS3454).

For å plukke ut rett tal i VK har vi valt å sjå på kostnadar ført i konto 12500 (material til vedlikehald) og konto 12300 (vedlikehald byggtenester). Konto 12400 har vi haldt utanfor då denne konto dreiar seg om driftsutgifter som straum, serviceavtalar mm.

VK har i dag brutto 66115 m² byggareal som vi har ansvaret for. Bygg som står for avhending, som eksempel gamle skulen i Austefjorden er då ikkje teke med.

I 2013 var det brukt Kr 67,42 pr. m², i 2014 var det brukt Kr 86,89 pr. m² og i 2015 var det brukt kr 97,11 pr. m². Når det gjeld vedlikehald ser ein gjerne på snitt forbruk over ei viss periode. I dette "caset" har vi valt ut dei 3 siste åra, dette utvalet med bakgrunn i omorganiseringsprosessen vi har vore igjennom. I prosessen har vi retta fokus mot kjerneoppgåvene til eigedom (FDV – forvaltning, drift og vedlikehald). Dette styrka fokus viser at vi har gått i rett retning med auke på Kr 29,69 kr pr. m² på 3 år. Snittforbruk på vedlikehald i kommunen dei siste 3 år er då på Kr 83,80 pr. m².

Tilrådd norm tal på vedlikehald er på Kr 200 pr. m² , for å oppretthalde god tilstand. (Midlar via investeringsbudsjettet vil som tidligare nemnt avhjelpe litt på konsekvensen ved å ikkje setje av tilstrekkleleg med vedlikehaldsmidlar) .

Dersom ein ser på tilrådd norm på Kr 200 pr m² bygg og snitt forbruk i VK på Kr 83,80 pr. m², vil ein ha eit vedlikehaldsetterslep på Kr 116,20 pr. m² * 66115 m² = Kr 7.682.563 pr. år. (det er her ikkje tatt omsyn til oppgradering via investering som i enkelte tilfeller ordnar vedlikehalds oppgåver). Det er viktig å presisere at vedlikehald er driftsutgift som kommunen må ta omsyn til ved fastsetting av driftsbudsjettet. Mangel på tilstrekkelig driftsmidlar til vedlikehald vil på lang sikt føre til auka behov for låneopptakk og oppgradering via investering.

Er det eigedomar som har høge FDV-kostnadar der det er lønsamt med tiltak eventuelt kvitte seg med eigedomen?

Volda kommune (VK) saman med svært mange andre kommunar i Norge har eit stort vedlikehaldsetterslep, det er vanskelig å skulle plukke ut bygg som er verre en andre. Ved å sjå på område framfor enkelt bygg, så ser vi at barnehagar i VK har gamle lite funksjonelle bygg med store krav til vedlikehald. Eksempelvis manglar fleire barnehagar arbeidsplassar til pedagogisk personell og har gamle kjøkken som ikkje tilfredsstiller dagens krav. Utforminga som er i dei fleste barnehagane i dag er lite rom effektive og legg ikkje opp til effektiv drift.

Til saman har VK ca 2430 m² til barnehagebygg (då har vi tatt med ca tall for areal Austefjord barnehage som ligg inne i skulen og Folkestad barnehage som ligg inne i bygget Folkestadtun). Tal m² er fordelt på 7 barnehagar, der 4 av barnehagane ligg i Volda sentrum. 2 av barnehagane ligg vegg i vegg (Sollia og Oppigarden barnehage). Dei 4 sentrumsbarnehagane har til saman 1948 m².

I staden for renovering av barnehagane i dag, kan ein sjå på moglegheit for endring i barnehagestrukturen. Engeset barnehage har ei plassering i området der helse og omsorg har behov for nye areal (bustader som er tilrettelagt for pasientgrupper med definerte behov), kunne dette området nyttast? Kan Sollia og Oppigarden barnehage rivast og bygge ein ny moderne arealeffektiv barnehage som kan ta borna for alle 4 sentrumsbarnehagane? Mork skule har behov for større kapasitet, Mork barnehage kan nyttast med litt ombygging til skulelokale dersom barnehagen går inn i større moderne bygg i sentrum eller annan stad på Mork (td ombygging av Mork bustader/Nilletun når det vert frigjort). Kapitalkostnad med riving og bygging av ein ny stor barnehage vil truleg være mindre sett mot rehabilitering av dei 4 vi har i dag. Å samle drifta i eit moderne og tilpassa barnehagebygg vil effektivisere drifta, slik at dette gir framtidige innsparingar. Dersom ein ynskjer ei slik vurdering må ein setje av ressursar til å gjennomføre ei utgreiing av dette.

I forbindelse med svar på miljøretta helsevern på skulebygg held eigedomsavdelinga i dag på med førebuing av politisk sak, der ein vil sjå på faktorar som også kjem under dette punkt. Når arbeidet blir

sluttført vil ein sjå kva anbefalingar ein vil komme med til det politiske miljø basert på det vi har funne ut. Dei bygg som kjem med i denne saka er Vikebygda skule, Austefjord skule og Mork gamle skule.

På Volda omsorgsenter står lokala i 4 et. uinnreidd, dersom ein flyttar psykiatrisk dagsenter til denne etasjen, vil ein kunne frigjere dagens lokale i legesenter bygget til anna utleige. Dette kan vere ved behov for utviding av legesenter (flytte møterom, pause rom mm. opp i dagens dagsenter) eller annen utleige i form av leilegheiter eller liknande.

Administrasjon arbeider i dag med å sjå på bygg som kommunen kan/bør avhende, dette gjeld blant anna Lid skule, Folkestad gamle skule, Bjørkedal gamle skule, Austefjord gamle skule mm. Nokre bygg har gamle avtalar som må vurderast juridisk før avhending. Arbeidet er planlagt avslutta fram mot . sommar/haust 2017.

Kva betalar kommunen i leige til Coop for lokala i Hamna 20? Vurdere alternativ for å få ned leigeutgiftene (t.d reforhandling av avtale eller eventuelt kommunale erstatningslokale.

Volda kommune har leigekontrakt for om lag Kr 3.400.000 eks. mva på Hamna 20. Dette gjeld både helse og omsorg og oppvekst. Kontrakt er utvida fleire gongar etter første gang signering.

Kapitalkostnad på eit beløp lik leigeutgifter VK har til Hamna 20 tilsvarar eit låneopptak på ca Kr 67 mill. Dette gir store moglegheiter for utvikling av kommunal eigedom. Eigedom er blitt bedt om å greie ut for 3 et. i Ivar Aasen bygget i løpet av haust 2016. Vi ser føre oss at eventuell kulturnæringshage kan halde til i 1 et. og at VK kan disponere 2 og 3 et. til aktivitetar vi i dag leiger hjå Coop på Hamna 20. Reduserte leigeutgifter vil truleg dekke inn kapitalkostnad med tilording av Ivar Aasen bygget. Dette lagt fram i PS.

Grunnskule

Aktuelle problemstillingar:

Korleis prioriterer Volda kommune grunnskule: Oversikt over årstimar pr elev fordelt på skulane. Oversikt over bemannings- og ressurssituasjonen ved Øyra skule og Volda ungdomsskule samanlikna med tilsvarande skular i samanliknbare kommunar.

Er ressursbruken til spesialpedagogiske tiltak for høg, og kan det gjerast kompenserande tiltak som kan redusere denne utgiftsposten?

Vurder alternative tiltak for å redusere utgiftene til SFO?

Gitt at ressursrammene til drifta av grunnskulen vil verte redusert i framtida: Vurder framtidig skulestruktur med grunnlag i barneutvikling og utvikling i behov? Kva vil det ev utløyse av bygningsmessige tiltak? Vurderinga bør også vurderast i lys av kommunereforma.

Kor mykje utgifter går til skuleskyss utover dei utgiftene som er relatert til rett til skuleskyss?

Med bakgrunn i utgreiinga frå eigedomsavdelinga for symjeanlegg gjere ei vurdering av organisering av symjeundervisninga.

Mogelege grep for å redusere kostnader i barnehage- og skuledrift inkl SFO

Dette notatet er utarbeidd på oppdrag frå rådmannen, og skal vere eit innspel til den politiske arbeidsgruppa som har fått som mandat å arbeide med eit grunnlag for komande økonomiplan og budsjett. Rådmannen har bede om at det vert gjort vurderingar på fritt grunnlag.

Barnehage

Aktuelle problemstillingar:

Med bakgrunn i redusert barnetal i gruppa 0 - 5 år er utgiftsbehovet i barnehagane etter staten si utrekning 11,7 mill lågare i 2016 enn i 2011. Isolert for 2016 viser utgiftsutjamninga at behovet er 8,2 mill lågare. Kva tiltak kan Volda kommune gjere for å redusere netto driftsutgiftene på barnehagedrifta for å nærme seg normert nivå og samtidig behalde kvalitativt godt barnehagetilbod med fokus på tidleg innsats.

I Volda kommune er det full barnehagedekning og eit desentralisert tenestetilbod. Kommunen oppfyller ikkje berre lovkrava, men kan gje plass også til barn utan lovfesta rett. Målet om 50 % pedagogtettleik ser ein på som nådd ved oppstart av nytt barnehageår hausten 2016, og det er stor aktivitet og målretta utviklingsarbeid på gang i Voldabarnehagen.

Går ein attende til 1973 var det plass til 5 % av alle førskulebarn i barnehage i Noreg, og i mange kommunar var det mest ikkje plassar. I tråd med samfunnsutviklinga vart det eit aukande behov for barnehageplassar mot slutten av 1970-talet og utetter på 1980-talet. Mange barnehagar såg dagens lys etter private initiativ, så også i Volda.

Kommunane fann stundom å kunne gje noko støtte til private initiativ. I Volda har barnehagar til dømes fått gratis tomt av kommunen, eller kommunen betalar bygsleavgift for grunnen. Fleire private barnehagar hat fått kommunal bankgaranti i samband med bygging og/eller utviding av barnehagen.

Strengt teke er det berre Sollia og Engeset barnehage som er bygde i kommunal regi og formålstenleg geografisk plasserte etter kommunen sine vurderingar då dei vart bygde.

Skulle kommunen starte barnehagedrift i dag, er det lite truleg at strukturen hadde vore slik den er no, med mange små einingar.

Volda kommune har 7 kommunale og 6 private barnehagar. I tillegg har kommunen ein open barnehage. Tabellen under viser talet på barnehagar i Volda og samanliknbare kommunar.

Samla tal på barnehagar, kommunale og private		Talet på barn pr barnehage pr 15.12.2015	
Volda	14	Volda	33,5
Ørsta	11	Ørsta	54,7
Ulstein	8	Ulstein	55,1
Herøy	9	Herøy	54,7

Bygdebarnehagane i Volda er vesentleg mindre enn bygdebarnehagane i Ørsta, noko som medverkar til den relativt store differansen i tabellen over.

Volda kommune har eit godt barnehagetilbod, men grunna talet på barnehagar er det rom for effektivisering. Dei private barnehagane har kommunen avgrensa innverknad på, og dei vil halde fram drifta så lenge det er behov for dei plassane dei kan tilby og at dei finn det økonomisk berekraftig.

Innanfor den strukturen ein har i dag, er det vanskeleg å peike på faktorar som kan redusere kostnadene til barnehagedrifta utover dei grepa som vart gjort for få år sidan. Skal barnehagedrifta kunne bidra til meir økonomisk drift i Volda kommune, er det naudsynt å planlegge for ein annan struktur enn det ein har i dag.

Forslag til tiltak:

1. I eit økonomisk perspektiv, finn oppvekstsjefen finn det vanskeleg å sjå føre seg barnehagedrift i Austefjorden i framtida. Då må elev- og folketalsutviklinga ta ei anna retning enn det prognosane viser i dag. I dag er det 11 barn i barnehagen.

   Det teiknar til at Hornindal og Volda blir ein kommune, og med dei kommunikasjonslinene som er bygde er både Volda sentrum og Hornindal realistiske alternativ for barn og elevar i Austefjorden.

   Det er først ved nedlegging av både barnehage- og skuletilbodet kommunen vil få full økonomisk effekt av tiltaket. Så lenge det er drift i bygningane, vil det utløyse drifts- og vedlikehaldskostnader.

2. Folkestad barnehage vert integrert i Folkestad skule.
   Det bør greiast ut om Folkestad skule har kapasitet til å integrere Folkestad barnehage i skulebygningen. Lokala til barnehagen er ikkje godt eigna til barnehagedrift, og dei har behov for oppgradering. Også pedagogiske argument støttar ein tanke om samlokalisering av barnehage og skule.

3. Vidare lanserer oppvekstsjefen følgjande strategi:
   Det kommunale barnehagetilbodet vert planlagt i tråd med "nærskuleprinsippet". Dvs at barn ikkje har lovfesta rett til plass på den næraste barnehagen, men kommunen legg prinsippet til grunn i planlegginga av nye barnehagar.

   Konkret kan ein sjå føre seg:

   Mork barnehage hovudsakleg for barn i Lid/Mork skulekrins.

   Ein ny 8-avdeling barnehage på tomtene der Oppigarden og Sollia barnehagar står i dag. Ein ny barnehage avløyser Oppigarden og Sollia barnehagar, og gir saman med Engeset barnehage plass hovudsakleg for barn som har Øyra skule som sin nærskule.

   Bratteberg barnehage vil kunne vere barnehage hovudsakleg for barn som har Vikebygda og Bratteberg skular som sine nærskular. Frå oppvekstsjefen sin synsstad er det eit ønske for framtida å kunne overta og inkludere Bratteberg barnehage i den kommunale drifta.

   Dei andre private barnehagane i sentrum vil verte å sjå på som eit supplement til dei kommunale barnehagane. Dette gjeld Øyra, Trollsletta, Røysmarka, Hjellbakkane og Rotset barnehagar.

Med desse grepa vil Volda kommune på barnehageområdet ha ein struktur som er godt tilpassa framtida både med tanke på økonomi, kapasitet og fagleg innhald. Når større barnehagar er gode kan dei tilby borna meir mangfald og høgare fagleg nivå enn mindre barnehagar. Dei kan vere meir fleksible og har betre mogelegheit for å tilpasse seg borna og foreldra. Dei tilsette kan også i større grad ha ansvar for eigne spesialområde.[1]

Skule

Som i dei fleste kommunar har skulestrukturen i Volda endra seg mykje dei siste 50 åra. Går ein attende til 1960 var det i Volda og Dalsfjord kommunar drift i 20 skulebygningar, inkludert statsøvingsskulen.

I 1958 sette skulestyret ned ei nemnd som skulle greie ut og innstille om utbygging av barne- og ungdomsskulen i Volda. I innstillinga, som nemnda la fram i 1960, gjekk ein inn for ein ungdomsskule for heile kommunen (Volda og Dalsfjord) trass i at ein i nokon grad ville måtte innlosjere nokre av elevane grunna lang skyssveg.

Nemnda si innstilling vart ikkje teke til følgje, og i 1970 starta dei første elevane på ungdomsstega ved Austefjord, Folkestad og Dalsfjord skular.

I kommuneplanen for 1996 – 2008 vart Fyrde, Folkestad og Lauvstad/Dravlaus peika ut som lokalsentra i kommunen, og det har sidan vore politisk oppslutnad om å drive 1. – 10. skular i desse lokalsentera.

Med verknad frå 01.08.2013 vart det gjort reduksjonar i tildelinga av rammetimar til grunnskulane i Volda tilsvarande 8 heile stillingar. Administrasjonen har vanskar med å finne det forsvarleg å redusere rammetimetalet utover dette.

Skal grunnskuledrifta kunne bidra til meir effektiv økonomisk drift i Volda kommune, er det naudsynt å redusere talet på grupper ved å gjere strukturelle endringar.

Tabellen under viser KOSTRA-tala for Volda samanlikna med Ørsta, Ulstein, Herøy og kommunegruppe 11.

Økonomital	Volda **2015**	Ørsta **2015**	Ulstein **2015**	Herøy **2015**	Kommgr 11 **2015**
Netto driftsutg til grunnskule pr. innb 6-15 år					
Fordelt på:					
Grunnskuleundervisning	85 363	80 075	86 051	97 417	8 9330
Skuleskyss	1 662	2 839	2 653	3 217	3 104
Skulelokale	16 782	13 632	13 679	13 808	15 986
Skulefritidstilbod	8 888	Ikkje tal	4 004	1 125	4 382

[1] Barnehagespeilet 2016

På den eine sida kan ein ut i frå desse tala seie at Volda kommune har prioritert grunnskuledrifta og skulefritidsordningane. På den andre sida er det slik at Volda kommune brukar mindre på den ordinære grunnskuledrifta enn Ørsta kommune. I KOSTRA-tala ligg også timar til spesialundervisning. I Volda går 22,5 % av timane til spesialundervisning, medan Ørsta brukar 14 % til det same. Det vil seie at det i Volda går mindre til ordinær undervisning som alle elevar dreg nytte av enn i Ørsta. Når vi i tillegg veit at ressursbruken i Volda ikkje er likeverdig, sidan elevane på dei minste skulane er langt meir kostnadskrevjande enn på dei største, kan det med tanke på elevane på dei største skulane våre gi grunn til uro.

Med bakgrunn i KOSTRA-tala over, kan det også vere rett å seie at Volda kommune har prioritert ei desentralisert grunnskuledrift og skulefritidsordning. Det er eigne skulefritidsordningar ved Austefjord, Folkestad og Dalsfjord skular. Til saman er det 29 elevar ved desse tre ordningane. Til samanlikning er det kring 100 elevar på SFO ved Øyra skule.

Berre drifta av skulebygningane kostar kr 3150,- meir pr elev i Volda samanlikna med Ørsta, noko som utgjer ein differanse på om lag kr 3 400 000,- pr år.

Det er "stordriftsfordelar" ved å ha større skular, og det optimale synest å ligge kring 300 elevar pr skule.[2] Skulestorleik er vesentleg sidan lærartettleiken er større på små skular enn på større skular. Det vil seie at sjølv om det er få elevar på eit klassesteg er det likevel trong for ein lærar på klassesteget. Slik sett er det dei store skulane som bidreg med kostnadseffektiv drift sidan kvar lærar underviser fleire elevar. Viss høg lærartettleik er eit gode i seg sjølv, er dette godet ulikt fordelt i Voldaskulen. Dei minste skulane med få elevar får størst utteljing i høve til talet på lærar pr elev.

TILDELT ÅRSLÆRARTIME PR ELEV SKULEÅRET 2016/2017

	Elevtal	Lærart pr veke	Veket pr elev	Årstime pr elev
Mork	82	135	1,65	62,6
Øyra	340	484	1,42	54,1
Bratteberg	214	340	1,59	60,4
Vikebygda	63	125	1,98	75,4
Austefk bs	25	65	2,60	98,8
Folkestad bs	53	119	2,25	85,3
Dalsfjord bs	41	94	2,29	87,1
Austefj us	5	37	7,40	281,2
Folkestad us	23	79	3,43	130,5
Dalsfj us	19	54	2,84	108,0
Volda u	281	431	1,53	58,3

[2] Henta frå Norconsult si utgreiing av alternativ organisering av barneskulane i Osterøy kommune, januar 2013.

Samanlikna med annan kommune på Sunnmøre med tilsvarande stor barnskule og ungdomsskule, viser samanlikninga følgjande:

Skule	Årstime pr elev 16/17
Øyra skule	54,1
Tilsvarande barneskule	68,4
Volda ungdomsskule	58,3
Tilsvarande u. skule	68,4

Tala kan indikere at dei største skulane i Volda kommune ikkje blir prioritert på same måte som på andre samanliknbare skular i samanliknbare kommunar.

Når elevtalet på ein skule har mykje å seie for ressursbruken på skulen, er skulestrukturen viktig for kommunen sine utgifter. Kommunar med spreidd busetnad og lange avstandar har eit vanskelegare utgangspunkt enn kommunar med fleire innbyggarar og korte avstandar. Det er lenger oppe gjort greie for at effektiv drift ligg til grunn når Staten overfører midlar til kommunane. Med andre ord legg inntektssystemet opp til ein meir sentralisert skulestruktur enn det dei fleste kommunar ynskjer.

Ser ein på den samla elevgruppa i Volda kommune skuleåret 2016/2017, er det 328 elevar på ungdomssteget og 801 elevar på barnesteget.

Viss ein berre tok økonomiske omsyn i høve til struktur, ville ein kunne samle alle ungdomsskuleelevane på ein sentral ungdomsskule, og fordele dei 801 barneskuleelevane på tre barneskular. Ved maksimal utnytting av kapasiteten ville ein då kunne fordele alle elevane i kommunen på 45 grupper.

Optimal fordeling av elevane ut i frå eit økonomisk perspektiv utan omsyn til struktur:

Skuleåret 2016/2017 pr 01.06.16

	Elevar i kommunen	Tal grupper
1. klasse	114	5
2. klasse	113	5
3. klasse	122	5
4. klasse	113	5
5. klasse	112	4
6. klasse	110	4

7. klasse	117	5
8. klasse	115	4
9. klasse	96	4
10. klasse	117	4
Sum	**1129**	**45**

Til samanlikning vil det vere 55 grupper i Voldaskulen skuleåret 2016/2017. Reknar ein 1,3 lærarårsverk pr gruppe, er det ein differanse på 13 lærarårsverk mellom ei økonomisk optimal drift og den desentraliserte skuledrifta Volda kommune har i dag. Grovt rekna utgjer det om lag kr 8 100 000,- pr år. Lenger opp er det vist at Volda kommune i tillegg til dette brukar kr 3 400 000,- på skulebygningar enn det Ørsta kommune gjer.

Det er ikkje realistisk å drive skule i Volda kommune slik tabellen over viser, men den er med på å illustrere at den desentraliserte skuledrifta i Volda kommune er kostnadskrevjande.

Det er fleire grunnar til at kommunar endrar skulestrukturen sin. Endringar i elevtal, betre kommunikasjon, pedagogiske omsyn og ikkje minst økonomiske omsyn.

Trass relativ stor nedgang i elevtalet ved nokre skular, betre kommunikasjon og trong kommuneøkonomi, er det grunnlag for å seie at det har vore politisk tradisjon for å verne om skulestrukturen i Volda kommune. Økonomiske omsyn saman med mogeleg vidare nedgang i elevtalet ved nokre skular vil utfordre kommunepolitikarane i framtida. Det vert i det vidare skissert teoretiske løysingar på endringar i skulestrukturen i Volda kommune

1. **Sentralisering av ungdomssteget i kommunen.**
   Komande skuleår er det 328 ungdomsskuleelevar i kommunen. 115 på 8. årssteg, 96 på 9. årssteg og 117 på 10. årssteg.

   Desse elevane ville ein fått plass til på ein sentral ungdomsskule med fire parallellar (les: Volda ungdomsskule). Økonomisk sett vil sentralisering av ungdomssteget i kommunen gje stor økonomisk gevinst driftsmessig, men det føreset at bygningsmassen til Volda ungdomsskule vert sett i stand slik at den stettar dagens krav til standard. Ein ville også måtte vere budde på at elevtalet på nokre årssteg i framtida vil krevje femdeling, noko som krev fleire klasserom.

   Å få samle ressursane kring ein ungdomsskule gir mange fordelar. Ulempene i kommunen vår er reiseavstand og reisetid. Det vil vere krevjande å få elevar frå Bjørkedalen, Osdalen og Dalsfjorden frå heimen til skulen innanfor akseptabel reisetid. Det er her viktig å presisere at det er eit fylkeskommunalt ansvar.

2. **Nedlegging av Austefjord skule, og oppretting av sams skulekrins med Hornindal kommune.**
   Stortinget vedtok 17.06.13 ny lovtekst i opplæringslova § 8-1, som opnar opp for at kommunar kan opprette felles skulekrinsar over kommunegrensene. Fosnes og Nærøy er to

kommunar som har gjort vedtak om oppretting av slik felles skulekrins med følgjande grunngjeving:

- Eit større og betre sosialt miljø for elevane
- Eit personale med fleire pedagogar som vil utgjere eit breiare kompetansemiljø og kvalitetsmessig betre undervisning for elevane
- Eit oppdatert skulebygg som gir eit godt fysisk skulemiljø og gode rammer for læring
- Høvesvis liten belastning for elevane med skuleskyss. Avstand Lund-Salsnes er ca 14 km med god vegstandard og antatt reisetid 15-20 min
- Ein region som kan tilby eit godt barnehage-, skule og skulefritidsmiljø utan alt for store reiseavstandar

Liknande geografiske tilhøve finn vi i Austefjorden og Hornindal, og ein felles skulekrins kan vere eit realistisk framtidsbilete. Teoretisk er det ikkje noko til hinder for at Ørsta kan delta i ein slik skulekrins, slik at elevane på Bjørke får same tilbod.

3. **Nedlegging av Austefjord skule**
   Spørsmålet om Austefjord skule har tidlegare vore handsama av kommunestyret. Grunna lågt elevtal er det økonomisk sett vanskeleg å forsvare drift av Austefjord skule. Sosialt og fagleg vil elevane kunne få eit godt tilbod på ein sentrumsskule.

   Ulempen er også her reiseavstand og reisetid for elevane, særleg dei i Osdalen og Høydalen.

4. **Nedlegging av Mork skule og oppretting av felles skulekrins med Ørsta kommune (Hovden skule).**
   Mork og Hovdebygda har etablert samarbeid innanfor idrett. Med den utbygginga som har vore dei seinare åra, veks desse områda på mange måtar saman.

   Både Mork og Hovden skular har behov for utbetringar. Mork skule har no kapasitetsutfordringar som på kortare sikt må løysast ved bruk av skulemodular. Med vidare elevtalsauke vil behovet for nybygg auke i styrke på Mork.

   Administrasjonen i Ørsta kommune har lagt fram forslag om nybygg ved Hovden skule i 2019 samt renovering av attverande bygningsmasse i 2020.

   Som eit alternativ til dette kan ein kan ein sjå føre seg ein felles skulekring med eit nytt felles skulebygg for elevane i Hovdebygda og Lid/Mork skulekrins.

5. **Vikebygda skule**
   Vikebygda skule er ein av dei eldste og ein av dei skulane med størst behov for utbetringar.

   Ved utviding av kapasiteten ved Bratteberg skule vil ein kunne samlokalisere desse skulane. Over tid vil reduserte driftsutgifter, reduserte vedlikehalds- og rehabiliteringskostnader samt realisering av ein gevinst ved sal av bygningsmasse kunne finansiere eit nybygg.

   I dag flyttar elevar over frå Vikebygda til Bratteberg skule når dei skal ta til i 5. klasse. Ei samlokalisering av skulane vil ta vekk denne overgangen. Alle overgangar er kritiske fasar for

mange elevar, og ut i frå ein pedagogisk synsstad er det positivt å redusere talet på overgangar i utdanningsløpet.

Spesialundervisning

Bruken av ressursar til spesialpedagogiske tiltak er for høg i Voldaskulen.

Skuleåra 2012/2013 og 2013/2014 var det positiv utvikling, men dei siste skuleåra har timetalet til spesialundervisning auka på ny.

Slik oppvekstsjefen ser det er det samanheng mellom utfordringane i PPT og at ei positiv utvikling stoppa opp og har reversert. Fokus på systemarbeid framfor individperspektivet har ikkje halde seg oppe. Samarbeidet lengst ute, mellom lærar, pp-konsulent og foreldre har i stor grad fortsett som før.

På det noverande tidspunkt har vi ei PP-teneste som har vanskar med å støtte opp om førebyggande og/eller systemretta tiltak. På kommunalt nivå vert det framleis arbeidd mot ei haldningsendring der målet er å styrke den ordinære undervisninga for at fleire elevar får utbyte av undervisninga og på den måten reduserer behovet for spesialundervisning. Oppvekstsjefen har for komande skuleår utfordra rektorane på følgjande måte:

> *Sjå særskild på sakkunnige vurderingar med 5t SPU og mindre (uavhengig av assistentressurs, då dette ikkje er spesialundervisning). Gjere vedtak der ein meiner ein kan med "ikkje rett til spesialundervisning" men gje eleven tiltaka som trengs innanfor tilpassa undervisning og i samband med det ordinære opplæringstilbodet.*

Oppvekstsjefen meiner det er grunn for å flytte dei aktuelle SPU-ressursane over til ordinær undervisning og slik kan rektorane ha eit fornuftig handlingsrom til å organisere dette.

I mange år har spesialundervisning vorte organisert som gruppeundervisning med enkelte økter åleine med vaksen der eleven får evt særtrening. Dette er skulane til ei kvar tid oppmoda om. Enkelte elevar har store både hjelpebehov og pedagogiske behov som gjer at dei treng støtte ein til ein. Desse får sjølvsagt dekt sine behov. Dette er ei gruppe på mellom 3 og 3,5 % av elevane i Voldaskulen.

Å endre tradisjonar for ordinær-, tilpassa- og spesialundervisning krev både kløkt, visdom og tolmod. Dialog er ein viktig faktor. Ein må ha med elevar, føresette, lærarane, kontaktlærarane og spesialpedagogane på dette endringsarbeidet. Ein må skape rom for samhandling i planlegginga av undervisninga, både i forkant og etterkant av ein periode.

I ein overgang eller i ein initierings- og forankringsperiode vil ein nytte like mykje ressursar som før. Det kan ta tid før verknadane vi ynskjer (som vi kan forvente ut frå fleire prosjekt og forsking) gjev effekt.

SFO

Volda kommune har eit godt skulefritidstilbod. Det er eit særs fleksibelt tilbod, men det er kostnadskrevjande. Kommunen har SFO på alle barneskulane i kommunen, og det er naturleg nok stort sprik i storleiken. Austefjord skule har SFO for 6-7 elevar, medan SFO ved Øyra skule har kring 100 elevar.

Tilbodet i kommunen er fleksibelt på den måten at foreldre kan velje mellom 1-3 dagar, 4 dagar eller 5 dagar. Dette gjer at det varierer kor mange barn som nyttar tilbodet dei enkelte vekedagane, og det gjer

det krevjande å tilpasse personalressursen med tanke på effektiv ressursbruk. Viss det er eit mål å redusere kostnadene til SFO, vil overgang til berre heile plassar vere eit effektivt grep. Truleg vil det redusere talet på elevar som nyttar tilbodet og ein vil kunne planlegge med ein meir kostnadseffektiv og konstant personalressurs. På same tid kan ein positiv effekt vere at tilbodet vert opplevd som betre ved at talet på elevar er meir stabilt frå dag til dag, og ein vil i større grad få kontinuitet i arbeidet.

Liknande innstramming i barnehagetilbodet for nokre år sidan ga stor økonomisk effekt.

Den ordninga kommunen har i dag har gitt rom for ei alternativ privat ordning gjennom VTI Fotball si fotballfritidsordning. Mange elevar har si skulefritidsordning begge stader sidan det kommunale tilbodet sin fleksibilitet gir rom for det. Kva konsekvensar ei innstramming i det kommunale tilbodet kan få å seie for private tilbod er ikkje utgreidd.

Skuleskyss

Grunna strukturen har Volda kommune, samanlikna med andre kommunar, låge utgifter til skuleskyss. Ein del av desse utgiftene er reine kommunale utgifter, som til dømes skyss grunna farleg skuleveg eller skyss som går utover den lovfesta skyssretten som fylkeskommunen har ansvaret for.

Etter nedlegging av Lid skule, vart skyssen ei stor sak i etterkant. Skyssen eine vegen vart sett opp gjennom Alida, noko foreldra ikkje godtok. Dei meinte at vegen var for farleg. Det enda med at kommunen tok på seg kostnadene med minibuss eine vegen. Denne ordninga har ein kostnad på om lag kr 200 000,-

Sidan vegen er open for allmenn ferdsel, kan det stillast spørsmål ved om kommunen bør ta på seg denne kostnaden.

Avtalen med Ørsta kommune om undervisning for elevar frå Bjørke ved Austefjord skule

Ørsta kommune sine elevar busette på Bjørke, får grunnskuleopplæring ved Austefjord skule. I samarbeidsavtalen mellom kommunane frå juni 2008, heiter det at Ørsta kommune skal dekke utgiftene til undervisninga av sine elevar med utgangspunkt i Volda kommune sine KOSTRA-tal, og at kostnaden vert sett til 70 % av netto driftsutgifter til grunnskuleundervisning pr elev.

I 2015 var det 40 elevar ved skulen, av desse fem heimehøyrande i Ørsta kommune, noko som utgjorde 12,5 % av det samla elevtalet.

I 2015 var driftsbudsjettet ved Austefjord skule kr 5 365 380. I tillegg kjem utgifter mellom anna knytt til bygg, basseng og skulehelseteneste. Ørsta kommune betalte i 2015 kr 295 214 for sine fem elevar. Det utgjorde 5,5 % av driftsbudsjettet.

Volda kommune kan også kome i den situasjonen at elevar heimehøyrande i Ørsta utløyser ekstra gruppedeling. Det er ein vesentleg meirkostnad som samarbeidsavtalen ikkje tek høgde for.

I lys av dette kan ein argumentere med at Ørsta kommune betalar ein prosentvis liten del av kostnadene med drifta av skulen i høve den prosentvise delen dei har av elevane, og at Volda kommune av den grunn bør seie opp avtalen i si noverande form.

På den andre sida kan ein argumentere med at det er positivt for Volda kommune å få inntekter, sidan det likevel er drift ved skulen.

Helse og omsorg

Vurder tenesteprofilen rett i høve til framtidig behov?

Er tenestenivået rett i høve til ressurstilgangen for dei ulike gruppene?

Oversikt over årsverk pr brukar i heimebaserte tenester (spesifisert på omsorgsbustader med heildøgnsbemanning og andre) samanlikna med Ørsta kommune og ein kommune i KOSTRA-gruppe 11.

Kva tiltak vert gjennomført for å vedlikehalde og utvikle kompetanse i sektoren?

Gitt at helse- og omsorgssektoren må tilpasse seg eit utgiftsnivå om lag 4 millionar lågare enn dagens nivå (2016): Kva tiltak vil ein foreslå der ein samtidig sikrar framtidsretta tenester med rett bruk av kompetanse, på rett nivå og til rett pris?

I nasjonal samanheng står helse- og omsorgstenestene framfor store oppgåver dei komande 15 åra. Volda kommune er ikkje noko unntak i utfordringsbiletet. Så langt har kommunane sidan sjukeheimsreforma i 1988 fått stadig nye oppgåver å løyse. HVPU reforma, ansvar knytt til rus- og psykisk helseteneste, samhandlingsreforma og øyeblikkeleg hjelp, for å nemne nokre store kostnadsdrivarar. Mange av desse oppgåvene har blitt fylgt av delvis statleg finansiering, men har samstundes heile tida skjerpa kommunen og tenesteområda til nye prioriteringar og utbyggingar.

Fleire sjuke og eldre

Slik status er no og ikkje minst det vi veit om komande år, er at fleire vert sjuke, det vert fleire eldre, fleire innbyggarar er meir bevisste på å krevje sin rett til teneste og dei forventar gode tenester og mange unge treng omfattande tenester som dei treng lenge. Kommunen vil få fleire unge brukarar som treng omfattande tenester. Framskrivingar av folketal viser ein vekst på om lag 40% i tal eldre over 67år. Vi veit og at demografien endrar seg. Flyttemønsteret er at unge vel å busette seg i tettbygde strøk, medan ei stadig eldre befolkning vert buande i utkantane. Slik er biletet også i Volda.

Sentralt vert det signalisert at kommunane ikkje lenger kan løyse utfordringane ved å tilsette fleire personar og bruke meir pengar. Vi må altså gi teneste til alle dei som har rett til teneste, på ein slik måte at brukarane føler seg trygge og ivaretekne og har tillit til at når dei treng hjelp så får dei hjelp, utan at ramma vert auka. Denne tryggleiken må pårørande også føle. For å få dette til må ein utarbeide strategiar og klare retningar for korleis Volda kommune skal kunne løyse denne formidable utfordringa.

I staden for at vi held fram med ei massiv utbygging og tilset tilsvarande nye medarbeidarar, vert vi mellom anna utfordra til å måtte tenke fleksibilitet og ha endringsvilje og evne. Fram mot 2030 er det signalisert at kommunane truleg vil ha behov for meir enn 25% vekst av tilsette innanfor helsesektoren, men at ein slik auke er ikkje bærekraftig. Det gir nokre perspektiv når ein skal løyse framtidas utfordringar med nye, smarte løysingane som skal erstatte det som tradisjonelt hadde kunne blitt erstatta med ca. 70 årsverk for Volda sin del.

Korleis gjer vi det? Er det mogleg?

Kommunen skal løyse sine utfordringar utan ein slik vekst. For å få dette til er ein avhengig av mange forhold:

- ein må vere meir bevisst på å prioritere ressursinnsatsen
- ein må tenke andre/ fleire måtar å løyse utfordringar på
- ein må målretta bygge kompetanse på alle innsatsområda vi har ansvar for
- ein må opparbeide god kompetanse på velferdsteknologi, og ta i bruk det på ein slik måte at den gir tryggleiken innbyggarar har behov for, til tross for redusert fysisk oppmøte av heimesjukepleie hjå brukar
- ein må sikre naudsynt kapasitet på sentrale funksjonar som avlastingsteneste og korttidsplassar
- ein må satse på tidleg innsats for mest mogleg førebygging. Førebygging er rimelegare enn reparasjon
- kommunen må etablere ein open dialog mot innbyggarane, der tema som forventningar, frivilleg innsats, førebyggande fokus, pårørandeforeiningar m.m blir belyst. I ei tid der privatliva vert stadig meir hektisk, er det store utfordringar i å hente ut privat innsats til oppgåver som vert forventa løyst av det offentlege.
- ein må sette fokus på rehabiliteringskompetansen og kapasiteten
- ein må kvalitetssikre ei ergoterapiteneste som fungerer optimalt oppimot heimebuande
- distribusjon, opplæring og tilrettelegging for raskast og best mogleg nytte av hjelpemiddel må kvalitetssikrast
- ein må ha ei tilstrekkeleg dimensjonert legeteneste

Det er mange og ulike behov kommunen har eit tenesteansvar for, så kommunen må ha differensierte tenester å tilby innbyggarane. Ein vil for eksempel unngå unødvendig institusjonsplassering, noko vi opplever er i tråd med kva dei eldre sjølv ønskjer. Ein veit som eit utgangspunkt at folk flest ønskjer å bu heime lengst mogleg.

På eit overordna og langsiktig plan vil det vere viktig å jobbe målretta for å **førebygge helseproblem** og å tilrettelegge for at eldre kan bu i eigen bustad lenge som råd. Ein har allereie innført tilbod til alle 80 åringar om eit "førebyggande heimebesøk". Fleire år på rad har ein hatt slike heimebesøk, der 95% av dei som får tilbodet takkar ja til besøket.

Men førebyggande helsetiltak må starte langt før ein har fylt 80! Eit overordna mål i kommunen er at alle bustader er/ blir lagt til rette for at folk lengst mogleg skal kunne bu der dei har levd livet sitt, og på den måten utsette i det lengste å måtte flytte til omsorgsbustad eller institusjon når helsa skrantar og bustaden ikkje er tilrettelagt. Dette er ein viktig strategi som er mykje omtalt i gjeldande omsorgsplan.

Frivillig innsats

Administrasjonen ser viktigheita av frivillegheit. Engasjement frå frivillege er eit viktig supplement til den offentlege tenesteytinga. Ein viktig nøkkel til å løyse både noverande og framtidige utfordringar er frivilleginnsats. Alt frå underhaldning, hjelpe til med turar, ein person å snakke med, hjelp til å kome seg ut, praktisk hjelp til småting, eit lite transportoppdrag, nokon å gjere noko saman med. Ein av desse tinga kan vere det som skal til for at ein person klarer bu heime endå ei stund.

Kommunen vil organisere tenestetilbodet slik at ein sikrar innbyggarane eit individuelt tilrettelagt og fagleg forsvarleg tilbod.

For å sikre kvalitative gode tenester til alle, må kommunen legge ein struktur på korleis ein skal forvalte ressursane ein har til rådvelde. Det vert stilt krav til tenesteytarar om å ha **fokus på å hjelpe pasientane og fokusere på pasientens ressursar** for å betre eigen kvardag og i nokre tilfeller utsette å måtte flytte.

Ein ser at dersom mange hevdar sin rett til å bu heime, uansett om hjelpebehovet kvalifiserer til institusjonsplass, vil det vere svært ressurskrevjande. Spesielt dersom personen bur slik til at det er lang reiseveg frå sentrum. Klarer vi då å gi forsvarlege tenester eller vert det slik at folk flytter dit kommunen kan tilby fagleg forsvarlege tenester. Dette kan vere eit dilemma og ofte er dette ein prosess som undervegs kan vere vanskeleg både for brukar, pårørande og tenesteapparat.

I skrivet er det skissert eit utkast til korleis den differensierte tenesteoppbygginga skal vere.

Kvar skal kommunen ha det høgste omsorgstilbodet?
Kvar skal vi ha tilbod om døgntilsyn/ teneste?
Kva tid er det aktuelt å auke bemanning/ teneste utover den ordinære turnusen?

Kommentarar til KOSTRA- analysen.

Som framskriven statistikk for demografi viser(s.7), vil talet voldingar i aldersgruppa 67 – 79 år auke med 46% frå 2015 til 2040. Dette er framskrivne tal basert på SSB sitt mellomalternativ. I same tidsrom vil auken i aldersgruppa 80+ vere på 82%. Aldersgruppa 80+ er storbrukarar av helse- og omsorgstenester. Det er derfor svært viktig å ha ein god strategi for korleis Volda kommune skal kunne takle denne auken.

KOSTRA analysen viser vidare at av dei kommunane vi vert samanlikna med, har vi høg andel omsorgsbustader og vi er høgast på det som heiter ”aktivisering og servicetenester”. Dette er resultat av bevisst satsing. Kommunen nyttar støttekontakt og evt. dagtilbod målretta for å utsette behov for andre tenester. Dette må og vere del av framtidig strategi for å møte den store auken. Vidare har det blitt bygd mange omsorgsbustader med døgnbemanning, og relativt få institusjonsplassar. Volda har lav dekningsgrad plassar i institusjon(plassar i % av innbyggarar 80+). Volda har 15,8%, Ørsta har 18,8%, Kostragr.11 har 17,4% og landet har 18,2%.

Over tid har vi erfart at dette medfører at stadig fleire institusjonsbrukarar vert stadig tyngre og meir krevjande og at fleire bebuarar i omsorgsbustad også vert meir ressurskrevjande, då omsorgsbustadane vert ei erstatning for brukarar som tidlegare vart institusjonsplassert. Denne trenden vil verte meir og meir påfallande etter kvart som tida går og talet eldre vert høgre. Terskelen for å få plass vert altså høgre og høgre. Dette kan ikkje løysast med å bygge meir, men det set utfordringane i heimebasert omsorg i perspektiv. Framtida for heimebaserte tenester vil vere spennande, fagleg utfordande og kapasitetsmessig utfordande.

Kostratal fortel at Volda har lav dekningsgrad på institusjonsplassar, men middels utgifter pr. plass. Ei viktig forklaring på utgiftsnivå er at statistikken bygger på at all utgift til sentralkjøkkenet belastar rekneskapen for institusjonsdrifta. Kjøkkenet vil frå 2016 bli delt 50/50 mellom institusjon og heimebaserte tenester.

I Kostraanalysen skil Volda seg ut med å ha planlagt veldig høg andel institusjonsplassar til ”Skjerma eining”. Over 50% av institusjonsplassane er definert som plassar for personar med demens.

I Kostrarapporten går det fram at snitt liggedøgn pr. pasient på korttidsopphald er 12,1 døgn. Ørsta har 12,5 døgn, kostragruppe 11 har 18,2 døgn og landet 19,5 døgn. Gjennomstrøyminga er altså god. Beleggsprosenten er på 99,5%, så senger vert knapt kalde før ny pasient kjem inn.

Når det gjeld heimebaserte tenester viser Kostraanalysen at Volda har middels dekningsgrad(innb 80+) og middels utgifter pr. heimetenestemottakar. Samanlikna med Kostragruppe 11 ligg vi under i dekningsgrad i alle tre aldregruppene, u67år, 67 – 79år og 80+. Ser ein på landet ligg vi over på u67år, under på 67 – 79år og over på80+. At vi har såpass mange unge innan rus- og psykisk helseteneste påverkar tala i gruppa u67år. Dette kan vere ei forklaring for at Volda har relativt mange personar med rus- og eller psykisk sjukdom som bur i døgnbemanna bustad, samt vi har mange eldre som bur i døgnbemanna bustad. Når det gjeld fordelinga av timar knytt til gruppene 0-66 år og 67år+, ligg Volda nesten heilt likt med både kostragruppe og landet, som viser at 69% av timane i heimetenestene går til personar under 67år. Det er altså yngre brukarar som brukar mest av ressursane til heimebaserte tenester. Det er utviklingshemma, unge funksjonshemma, folk med rusdiagnosar og personar med psykiske vanskar. Desse gruppene er ikkje i same grad påverka av dei framskrivne demografiske tala, men ein må likevel ta høgde for at dette representerer grupper som har vokse mykje siste åra og at kommunen stadig får nye oppgåver knytt mot desse målgruppene. Eit anna forhold Kostrarapporten syner, er at NAV Volda/ Ørsta har 37% lavare utgiftsbehov i sosialtenesta samanlikna med landet forøvrig. Indirekte påverkar dette heilt klart mengda arbeidsoppgåver knytt til einskilde brukargrupper i heimetenestene.

Kostrarapporten konkluderer også med at kommunen har relativt god dekning av fysioterapeutar og legeårsverk, men har ekstra brukarar frå asylmottak og studentar. Det siste er ikkje uvesentleg.

Tenesteprofil, slik ein kjenner tenestene pr. dato og utfordringar framover

Eldreomsorg

Institusjonsteneste

Bakgrunnen for sektoren sine vurderingar er det som er tenestestatus pr dags dato. Kva rår vi over og korleis er tenestebiletet i Volda samanlikna med to kommunar vi kjenner godt til, Ørsta og Herøy?

Institusjonsteneste

	Plassar institusjon totalt	Korttids-lassar + maxtal i ()	Demens-plassar	Langtids plassar	Dedikerte avlastings-plassar	Natte vakter
Volda	74 + 3	9(12)	38	46	*	5
Ørsta	105	16(20)	16		*	6
Herøy	103		36		*	6

- Til avlasting vert brukt bebuarrom om det er ledig på aktuelt tidspunkt

Omsorgssenteret

Det einaste institusjonstilbodet i kommunen si helse- og omsorgsteneste:

Det er 74 pasientrom + eit omgjort velvererom som vert nytta til kortare opphald.

2 etg: 38 rom spesielt tilrettelagde for personar med demensdiagnose. 18 av desse plassane er i såkalla skjerma eining.

3etg. Klokkarstova, korttidsavdeling for utskrivingsklare og øyeblikkeleg hjelp har 9 rom, der 3 kan vere dobbeltrom. Dei øvrige romma i 3 etg. er for somatiske pasientar.

Utfordringar:

Korttidsplassar

Korttidsplassar skal nyttast ved forbigåande tenestebehov og til aktiv opptrening for å heve funksjonsevne på viktige områder for fortsatt å kunne bu heime. Dei 9 romma +3 senger v/ dobbeltrom på korttidsavdelinga inkluderer også ei seng til øyeblikkeleg hjelp (ØH) samt eit palliativt rom. Det palliative rommet vert i hovudsak nytta til personar i ei siste fase som treng spesiell omsorg og smertelindring.

Kapasiteten er marginal, spesielt er dette knytt til det å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset. Dette er eit sårbart punkt. I periodar er det heilt fullt. Korttidsavdelinga vert ytterlegare pressa no når det er definert at kommunane frå 01.01.17 må ha ØH tilbod for pasientar med diagnosar innan rus- og psykisk helse. Frå 01.01.18 vert personar i denne målgruppa melde utskrivingsklare frå helseføretaket. Det vil gjere oss endå meir sårbare. Eit ØH tilbod kan maksimalt vare tre døgn. Er pasienten ikkje utskrivingsklar må pasienten over på eit korttidsvedtak.

Avlastingstilbod

Vi har ikkje dedikerte plassar til avlasting. Det vert tatt der det er ledig, vere seg ein døgnbemanna omsorgsbustad eller ein ledig plass på institusjon. I forhold til framtidig utviklingsbilete, må kommunen ha fleire dedikerte avlastingsplassar med utvida kapasitet, samanlikna med i dag. Dette er ein naturleg konsekvens av at ein ynskjer folk skal bu heime så lenge som råd. Familie og pårørande strekker seg for å få dette til, men utan å få "fri" no og då, vil dette i mange tilfelle ikkje fungere. Vi har mange som i dag har store pleieoppgåver heime, som seier klart at hadde det ikkje vore for avlastingsperiodane hadde dei ikkje klart å hatt vedkomande heime.

Når behovet er der kan det ikkje vere tilfeldig om noko er ledig. Det må vere ein plan på forvaltninga av desse plassane i nært samråd med aktuelle pårørande.

Spesielt tilrettelagde tilbod til eldre med utfordrande åtferd.

Bugruppene på omsorgssenteret er dimensjonerte utifrå prinsippet om mest mogleg effektiv drift/fagleg og kvalitativt tilbod. Utviklinga med at kommunen har ansvar for "alle med behov for å bu", er det oftare og oftare personar som passar dårleg i dei store bugruppene. Kvar skal desse bu? Desse pasientane treng særskilt tilrettelagt tilbod, kanskje eit tilbod der ein slepp å forholde seg til andre bebuarar eller mindre bugrupper. Kommunen må etablere slikt tilbod. Brukarar med behov for særskilt tilrettelagt butilbod vil ikkje bli færre då det vert fleire eldre og fleire som lever lengre.

Langtidsplassar

Desse skal berre nyttast til dei ein ikkje kan yte forsvarlege tenester til andre stadar. I tillegg til personar med demenstilstandar vil langtidsplassane vere for personar med ulike somatiske plager, sjukdomar og tilstandar som krev tett tilsyn/oppfølging. Talet korttidsplassar er tidlegare omtalt med sårbar kapasitet. Skal kapasiteten aukast ser ein ikkje anna moglegheit enn at det går utover talet

langtidsplassar. Pr. dato er det unntaksvis ledig kapasitet på langtidsplassar. Ein kraftig auke av eldre som lever lengre samt evt. redusert tal plassar, vil gje eit svært vanskeleg utfordringsbilete.

Grunnbemanning og kompetanse

Over tid har ein sett ei gradvis endring med at dei som får plass i institusjon har kortare butid der enn tilfelle var tidlegare. Tendensen er allereie at ein har klart å utsetje innlegging ei lang stund, og at når dei først får plass er opphaldet kortare før behovet er opphøyrt. Med den er erfaringar tolkar vi det som vi er på rett veg. Denne tendensen må faktisk ytterlegare tilspisse seg skal ein kunne takle dei komande utfordringane. Men det betyr også at bebuarane vil vere endå meir pleietrengande og kanskje ha endå fleire komplekse sjukdomsbileter. Det betyr også at ein må vere opne for å diskutere grunnbemanninga med jamne mellomrom og at ein uansett må skaffe og sikre den kompetanse som kan handtere denne situasjonen på ein fagleg forsvarleg måte.

Å sikre seg naudsynt kompetanse er ein konkurransesituasjon, ikkje minst med helseføretaket, men og med andre kommunar. Kommunen må vere i posisjon til å sikre seg naudsynt kompetanse.

Omsorgsbustader

Administrasjonen meiner at alle døgnbemanna bustader må ligge sentrumsnært. Grunngjevinga for dette er samansett:

- utfordringar knytt til drift, fagkompetanse og rekruttering
- utnytting av merkantile og bygningsmessige ressursar
- tilgang og kostnader til eit allsidig kulturtilbod
- logistikk på matforsyning
- forflytning til servicetenester, det meste ligg i sentrum

Tildeling av omsorgsbustad vert gjort av inntaksnemnda. Det må ligge til grunn ei fagleg tilråding om slik tildeling. Så langt råd er det brukarmedverknad på kvar ein ønsker bu, men ofte er det få valmuligheiter og personar vert plassert der det er fagleg forsvarleg og der det er ledig plass.

Erfaringsmessig opplever vi ofte at personar ikkje vil flytte til ein omsorgsbustad dei ikkje ønsker. For omsorgsbustader i sentrum er dette ikkje eit problem, men blir ein boden ein bustad utanfor sentrum opplever ein dette ofte. For helse- og omsorgssektoren er det viktig å oppfølgje lovkrava og uheldig å måtte bruke tid på å finne rette plassen å bu.

For nokre vil behovet for døgntenester medføre å måtte gi slepp på det kjende nærmiljøet. Samstundes er funksjonsfriske/ pårørande betre i stand til å forflytte seg til tenestetilbodet enn bebuaren er til å forflytte seg ut av bustaden.

Kommunen bygde Barstadtun i 2004 og renoverte Fjordsyn i 2007. Det vart lagt vinn på å bygge slik at ein kunne ha bebuarar på institusjonsnivå buande. Utover at det er ulike betalingsmodellar, er det i hovudsak bemanninga som utgjer forskjellen på institusjon og desse to døgnbemanna tilboda.

Når nye omsorgsbustader for særleg utfordrande brukarar/ grupper(i budsjettvedtak er desse omtalte som ”erstatningsbustader for Mork bustader”, men dette er misvisande i høve behovet) bustader skal byggast, ser vi muligheitene både for å plassere desse bustadane sentrumsnært, men også å kunne spesialtilpasse nokre bustader til særskilde utfordringar. Mellom anna bør kommunen ha mindre døgnbemanna bueiningar for eldre personar med psykiske vanskar og eining for yngre, aktive

demente. Å knytte eit slikt bygg til området kring omsorgssenteret vil ha store driftsmessige fordelar og ein vil nyte godt av all aktivitet kring senteret og sentrumstilknytinga.

Både Folkestadtun og Mork bustader nyter godt av bygdefolket som på mange vis bidreg for å både skape trivsel og engasjement for tilbodet. Dette engasjementet har vi ikkje sett på same grad i sentrumsområdet. For å skape eit endå betre tilbod er det både viktig og naudsynt å spele på lag med privat og organisert engasjement.

Omsorgsbustader for eldre med høgast bemanning:

Barstadtun, Fjordsyn og Mork bustader. Har fast bemanning heile døgeret, men mindre grunnbemanning enn institusjonstilbodet. Organisert i mindre bukollektiv, noko grad av diagnoseplassering/- samling men ofte plassering i høve ledig plass. Forbigåande auka tenestetilbod knytt til åtferd, smittesituasjonar, terminalpleie eller somatisk sjukdom kan medføre innleige utover grunnturnus. Dersom auka tenestebehov viser seg vedvarande, kan bebuar vurderast for institusjonsplassering.

Ved høve har ein nytta omsorgsbustader i denne kategorien til avlastingsføremål og korttidsplassar.

Omsorgsbustader med bemanning:

Folkestadtun: Har fast bemanning heile døgeret, men lågare enn omsorgsbustadane med høg bemanning. Forbigåande auka tenestetilbod knytt til åtferd, smittesituasjonar, terminalpleie eller somatisk sjukdom kan medføre innleige utover grunnturnus. Dersom auka tenestebehov viser seg vedvarande, kan bebuar vurderast for høgre omsorgsnivå/ evt. institusjonsplassering.

Omsorgsbustader utan fast bemanning:

Stormyra 6 (Legeloftet), Seljebakken. Omsorgsbustadane vert tildelte personar som ved å flytte vert meir sentrumsnære/ auka sjølvstende og kan betre eigenomsorga si ved auka tryggleik og fellesskap. Nærleiken til tenesteapparatet medfører at tenesteyting lettare kan utførast og dermed mindre ressurskrevjande enn om tenesta skulle ytast i "utkant- Volda". Tenesteytinga vert utført av ambulerande heimeteneste.

Tabell som viser omfang på heimetenester i og utanfor omsorgsbustader for eldre, og bemanningsfaktorar.

	Døgnbemanna omsorgsbustad, tal plassar / tal årsverk	Delvis bemanna bustadar tal plassar/ tal årsverk	Tal brukarar av heimetenester utanom bem.bustad/ tal årsverk
Volda	83*/ 50	0	220 / 15,5
Ørsta –manglar info	Vartdal 12 / 7 Hjørundfjordheimen 18 / 8,2 + praktisk bistand kjem i tillegg Bakk-Ola: ukjent		Ukjent tal brukarar/ 30 årsverk i sentrum + ukjent tal i distrikta
Herøy	1 bustad m/12 plassar under bygging, årsverk ikkje avklara	16 plassar/11,32 årsverk heimehjelp	321 / 31,4

*For at fleire kan bu lengst mogleg i eigen heim vart det gjort ei dreiing i tenestetilbodet i januar 2016. Talet vart redusert frå 91 til 83 med reduksjon av plassar som stod ledige på Mork bustadar. Ressursar vart flytta til m.a. Kvardagsrehabilitering og heimetenester.

Tal omsorgsbustadar må sjåast i samanheng med tal institusjonsplassar. Volda har færre institusjonsplassar enn dei to andre kommunane, men vi har fleire og betre bemanna omsorgsbustader enn dei to, noko som kan forklare forskjellane. For kommunen er det rimelegare å drifte omsorgsbustader enn institusjonsplassar.

Ut frå opplysningar så langt er det ikkje lett å samanlikne oss med Ørsta, då vi er veldig ulikt organisert. Heimesjukepleia på Bakk-Ola-marka t.d yter tenester til både dei eldre, sjuke og funksjonshemma på bygget, og drifta av bufellesskap med omsorgsbustadar på Vartdal og Hjørundfjordheimen er tett knytt opp mot drift av institusjonsplassane.

Heimetenester til dei som bur i privat bustad:

Å ha ei velfungerande heimeteneste er ein nøkkel til at ein skal lukkast i å handtere folketalsauken og strategien om at folk skal kunne bu heime så lenge som råd. Det krev god styring, kompetente medarbeidarar og trygge faglege vurderingar for å nytte ressursane på best måte samstundes som ein skal produsere gode helsetenester, og gi naudsynt tryggleik og tillit til brukarane. Heimesjukepleien vil strekke seg langt for at folk skal kunne fortsette å bu der ein er vand med å bu, sjølv om helsesituasjonen skrantar. Tenesteapparatet skal jobbe for at pasienten skal fortsette å ta ansvar for eigen situasjon så langt det er fagleg forsvarleg.

Det har allereie vore jobba mykje med effektivisering og best mogleg utnytting av ressursane.

- omfang av tilsynsbesøk har vorte redusert. Ein oppfordrar pårørande til å ta eit "tilsynsbesøk" eller ein telefon
- jobbar mykje med å redusere utgifter til medisinsk forbruksmateriell
- ein må vurdere korleis ordninga med heimehjelp (praktisk bistand) skal vere organisert i framtida. Standard for praktisk bistand har vorte revidert, men ein må vurdere om noko av teneste kan settast vekk til eksterne aktørar
- kompetanseheving, omgjering av stillingar til fleire sjukepleieheimlar. Oppgåvene vert meir og meir fagleg utfordrande, og det krev rett kompetanse til rett tid

Ei utfordring for god ressursutnytting vil vere vanskeleg om ein person ynskjer døy heime, litt avhengig av kvar vedkomande bur. Når målsetjinga er at folk skal kunne bu heime så lenge som råd, kan dette føre til at ei siste tid vil krevje mykje ressursar. I framtida ventar ein at fleire vel å ville døy heime. Dersom utfordringane til å gi forsvarlege tenester på grunn av avstand og helsetilstand blir store, må tenesteapparatet i dialog med pasienten ta opp spørsmålet om flytting til meir sentrumsnært område eller høgre omsorgsnivå.

Uansett vil denne tenesta heilt sikkert merke godt den store auken av eldre som kjem. Då må ein nytte seg av nye og endå smartare løysingar.

Kvardagsrehabiltering er eit tilbod ein har etablert og sett nytte av.

Dette tilbodet er for dei som ynskjer:

- å være aktive og bu heime lengst mogleg
- er motivert til å klare seg sjølv
- som opplever ein reduksjon i funksjonsnivå eller har risiko for å miste funksjon
- som søker helse- og omsorgsteneste for første gong eller meir teneste
- opplever utfordringar i kvardagen eller sjukdom/skade

Å vere aktiv deltakande styrker både livskvalitet og helse, og mange eldre ynskjer å vere aktive og kunne bu heime lengst mogleg. Dei einsklide sine ressursar, interesser og mål står sentralt i kvardagsrehabilitering. Tenesta vert er samansett i eit tverrfagleg team med ergoterapeut, fysioterapeut, sjukepleiar og heimetrenarar som ynskjer å bidra til at brukarar oppnår måla sine. Det skal jobbast aktivt og målretta for å hente fram ressursar i pasientane som gjer at dei både får trua og lysta til å fortsette bu der dei har budd.

Velferdsteknologi

Det er i dette tenesteområdet ein ventar at det er mest å hente på å nyttiggjere seg av ny velferdsteknologien. Kommunen er gjennom ALV-samarbeidet(Arena for Læring om Velferdsteknologi) med i anskaffingsprosess for nye digitale tryggleiksalarmar. Kommunen har bevilga 400.000,- til innkjøp av slike, men dette er ei viktig anskaffing det er nyttig å spele på lag med andre lokale kommunar på. Ein vil ha eit produkt som kan kommunisere med ulike typar medisinske apparat, hjelpemiddel, overvakningsutstyr, brannmeldarar mm, og som kan sende meldingar til ein mottakssentral som igjen handterer meldinga som er komen. Kanskje skal kommunane samarbeide om ein felles mottakssentral? Det vert sett på ulike løysingar korleis dette skal/kan organiserast.

Til tross for nye og smarte løysingar, ser ein vanskeleg føre seg at heimebaserte tenester kan klare å handtere eldrebølgja utan styrka bemanning. Strategien bør vere at dei eldre bur heime lengst mogleg, og det vil medføre auka behov/trykk på heimetenestene. Ei velfungerande heimeteneste er ei føresetnad for å ikkje gi teneste på eit høgare omsorgsnivå, som og vil gi ei større økonomisk utfordring for kommunen.

I tillegg til dei døgnbemanna tenestene og heimebaserte tenestene, har kommunen andre tilbod som kan sikre tilbod på lågast mogleg nivå. Dagtilbod, brukarstyrt personleg assistanse, omsorgløn, støttekontakt og tryggleiksalarm er verkemiddel som kan nyttast.

Rus – og psykisk helseteneste

	Samla årsverk	Samla brukartal	Dagsenter tal brukarar, årsverk i ()	Arbeidstilbod, tal brukarar, årsverk i ()	
Volda	23,3	237	35 (3)	15 (2)	
Ørsta	14,57	194	35 (1,5)	6 (0,6)	
Herøy	11	81(-rustenesta)	13 (2)	Har ikkje	

Som ein ser av tabellen har Volda fleire tilsette i denne tenesta enn både Ørsta og Herøy. Noko av forklaringa i høve Herøy, er at i Herøy deler heimebasert omsorg ut medikament til desse brukarane også. I Volda ligg dette til tenesta sjølv, med utlegging i dosett, kontrollering, oppfølging i høve fastlege m.m.

Andre kommentarar:

- asylmottaket har vore ein vesentleg faktor for auka etterspurnad etter desse tenestene
- volda er vertskommune for eit DPS(distrikspsykiatrisk senter). Dette har vore medverkande til mange busettingar av personar som ikkje opprinneleg er heimehøyrande i Volda. Volda kommune har ingen rettigheiter lenger, knytt til at folk frå andre kommune buset seg i Volda etter å ha blitt utskreven frå DPS
  Fleire svært ressurskrevjande personar har busett seg her på denne måten
- samanlikna med fleire kommunar i vårt distrikt, er her allereie etablert eit miljø som kan virka tiltrekkande, som igjen fører til at fleire personar buset seg her

- Volda er store deler av året prega av at her er mange studentar. Dette er eit trekkplaster for personar som vil vere del av miljøet eller som nyttar miljøet
- Ørsta oppgir å ikkje kunne gi fleire tilbod i småjobbsentralen pga. manglande kapasitet/ årsverk
- Herøy sitt samla brukartal er utan deltakarar frå rustenesta. Dette pga anna organisering
- talet deltakarar på dagsenteret(Gnisten) i Volda er lågare enn behovet tilseier og talet tilsette. Siste året har talet deltakarar der auka med 10 stk., men dagens lokaler på Legeloftet er små og gir ikkje rom for noko aktivitetsauke. Det er behov for større lokaler og auka aktivitet. Det er tenkt at 4 etg. på omsorgssenteret skal romme dei nye lokala
- det er stort behov for eit lågterskeltilbod. Det er stor forskjell på å ha eit uforpliktande miljø å etablere kontakt med, enn å stå utan noko tilbod

Rus og psykisk helseteneste har etter Samhandlingsreforma fått ei dreiing av tenestene der hovudvekta av tenestene vert ytt til alvorleg og kronisk sjuke. Dette ser ein tydlegast i auken på brukarar buande i omsorgsbustad der det er behov for heildøgns bemanning. Vanskeleg å seie kvifor Volda kommune har så mange brukarar i behov av heildøgns bemanning. Sevrinhaugen 7 starta i 2007 med 5 omsorgsbustader, der det p.t. er 20 brukarar som får tilbod om heildøgns-tenester, 16 i omsorgsbustad og 3 heimebuande. Noko av forklaringa er sannsynlegvis at Volda kommune er vertskap for eit DPS. Ein god del av dei som har vore innlagt på DPS vel å busette seg i Volda etter utskriving, for å vere nær DPS'et som tilbyr både poliklinisk behandling og brukarstyrte sengar. Ein har inntrykk av at andre kommunar i regionen hjelper særleg ressurskrevjande brukarar til å busette seg i Volda nær DPS'et. Styrk-arbeid og dagsenteret Gnisten har dei siste to åra opplevd ei dreiing der deltakarane er sjukare, og treng tettare oppfølging av personale for å kunne delta i meiningsfylte aktivitetar.

Etter etablering av asylmottak i Volda har psykisk helseteneste hatt ein jamn straum med tilvising av brukara frå asylmottaket. Volda kommune har og busett mange flyktningar dei seinare åra, og ein ser ein auke i brukargruppa. Dei utgjer no 11% av brukargruppa til tenesta.

Vanskeleg å spå framtida, sidan ein ikkje veit konsekvensen av oppretting av ø-hjelp for denne brukargruppe. Trenden er uansett meir og meir heimebehandling. Ein ser allereie at brukarane vert sjeldnare innlagt, opphalda som er i institusjon vert kortare og fokuset frå spesialisthelsetenesta er mest mogleg heimebehandling. Dette krev mykje meir frå oss som kommune.

Samanlikna med andre kommunar i same kostragruppe er ein godt bemanna. Ein har gjennom opptrappingsplanen innafor psykisk helse, og under opptrappingsplan på rusfeltet hatt fokus på kompetanseheving av tilsette. Vi har ei solid faggruppe til å møte utfordringane. Ein ser likevel at som vertskap for eit DPS, Asylmottak, busetting av så mange flyktningar, eit sjukehus, ein høgskule, ein vidaregåande skule og med nye oppgåver overført frå staten/tydeleg fokus på heimebehandling, at kommunen ikkje har overdimensjonert tenestene. Ein er midt inne i opptrappingsplanen for Rusfeltet. Sektoren trur at ein der vil trenge ytterlegare styrking av rustenestene i kommunen, for å møte utfordringane og kunne jobbe førebyggande. Elles meiner ein psykisk helsetenestene og døgntenestene er dimensjonert til å ta på seg oppgåva om ØH, dersom omfanget blir som beskrive i den nye vegleiaren.

Teneste for funksjonshemma

Generelt kan ein seie at denne tenesta er relativt lite påverka av folketalsauke og samhandlingsreform. Talet utviklingshemma er relativt stabilt, og ein kan planlegge og forutsjå kva tid dei unge går frå å vere unge til dei vert vaksne og klare for utflytting frå foreldreheimen.

Undervegs i denne prosessen er det viktig å ha eit solid avlastingstilbod. Pårørande med krevjande born har ofte behov for avlasting. For at det skal opplevast som avlasting, må det også vere ei kvalitativ god teneste. Manglar tillit og ein er redd for at eige born ikkje vert godt ivaretatt, vil ein ikkje nytte tenesta og ein går på akkord med slitasjen ein kjenner i det daglege.

Når det gjeld dagtilbod/ arbeidstilbod/ sysselsetjingstilbod, er det viktig for kommunen å vere proaktiv, for å ha tilstrekkeleg kapasitet og tilbod. Meir og meir vert sysselsetjing for denne brukargruppa eit kommunalt ansvar, seinast omtalt i riksmedia siste veke. Det ligg i korta at dette gir kommunen større utfordringar framover. Kommunen sjølv må skape mangfaldet av oppgåver, då det er svært ulike dag- og arbeidstilbod som skal stettast.

Kompetanse
Sektoren har ein kompetanseplan som no skal reviderast. Kvar einskild eining skal utarbeide eigen kompetanseplan og sektoren skal utarbeide ein samla kompetanseplan. Denne må og gjenspegle dei utfordringane desse tenestene står overfor både no, men ikkje minst inn i framtida. Vi må ha generelt høg fagkompetanse for å sikre korrekt handtering av brukarbehov ytt i ein travel kvardag. Vi må og sørge for å ha god kompetanse og løysingar på respons og bruk av velferdsteknologi.

Prosess på dei ulike arbeidsplassane omkring vurderingar på omgjering av stillingar med krav om høgre kompetanse.

Fagdag. Sektoren er no i ein prosess med innføring av fagdag. Slik skissa er no, er målet å sette av ein dag i løpet av ein 6-vekers turnus, slik at alle tilsette med stilling over 50% brukar arbeidsdagen til fagleg utvikling. På denne måte kan ein lage ein arena for felles utvikling og kompetanseheving.

Frivillegkoordinatorar. Sektoren har omdisponert 40% stillingsressurs for å tilsette to frivillegkoordinatorar. Det er behov for å styrke dette ytterlegare, men målsetjinga med stillingane er å satse meir på samspelet med frivellege ressursar som kan bidra til å skape mangfald og betre kvardagar for brukarar av tenestene våre.

Endring siste året med frigjering av ressursar på Mork, både til demensteam, kvardagsrehabilitering, styrka kompetanse og kapasitet i heimebasert omsorg

Kompetanseheving, kompetansemidlar og innovasjonsmidlar frå fylkesmannen. I 2016 har ein fått pengar til kompetanseheving for 44 personar i helse- og omsorg. I tillegg har ein fått innvilga tre innovasjonsprosjekt med samla tilskot på kr. 285.000,-.

Revidert kompetanseplan må definere retning og satsing på alle område i sektoren, ikkje minst med tanke på dei skisserte utfordringane som ligg i nær framtid.

<u>Kultur og service</u>

Driftsutgifter til grendahusa på bygdene bør førast på kulturfunksjonen *Kor mykje representerer dette i årlege utgifter pr bygg?*

Dette gjeld grendahusa på Lid, Mork, Bratteberg, Folkestad, Hjartå og Dalsfjord/Fyrlykta. Desse grendahusa er "samdrift" mellom kommunen og grendahuslaga, og det er derfor vanskeleg å skilje ut kor store utgifter som eigentleg høyrer til grendahusa og deira drift, og kor store utgifter som høyrer heime hos kommunen som huseigar. Mork, Bratteberg, Folkestad og Dalsfjord/Fyrlykta er skulebygg som er i aktiv drift, medan Lid og Hjartå har minimal kommunal drift (hovedsakeleg som lager).

Grendahuslaga har inntektene på evt. utleige utanom skuletid. Kommunen har med andre ord ikkje mogelegheit til å ha leigeinntekter på desse bygga, det er det grendahuslaga som har rett til, iflg avtalene.

Etter avtale mellom kommune og grendahusa, skal grendahusa betale 5% av kostnadene ved dei totale straumutgiftene, forsikringskostnadene, kommunale avgifter, renovasjonsutgifter og utgiftene til driftsteknikarar.

Utgiftene til driftsteknikar blir også fordelt: Ei gjennomsnittsløn til driftsteknikar (inkl. arbeidsgivaravgift m.m.) er på 560.000 kr pr år. Volda kommune får refusjon for 5% av desse utgiftene - med utgangspunkt i kor stor driftsteknikarressurs det enkelte grendahuset er berekna å ha: 10% driftsteknikarressurs på Lid og Hjartå, 50% på Mork, 60% på Bratteberg og Folkestad og 70 % på Fyrlykta/Dalsfjord.

I 2015 utgjorde dette:

Straumutgifter, forsikringskostnader, kommunale avgifter, renovasjonsutgifter og utgiftene til driftsteknikarar	Refusjon frå grendahusa til kommunen	Total kostnad
Lid	5 097,08	101 941,61
Mork	22 250,17	445 003,30
Bratteberg	31 438,27	628 765,31
Hjartå	6 841,10	136 822,00
Dalsfjord/Fyrlykta	34 801,63	696 032,56
Folkestad	28 046,24	560 924,88
Totalt	**128 474,49**	**2 569489,66**

I denne summen som det blir kravd refusjon av, er ikkje utgifter til vedlikehald og investeringar inkludert. Desse kontoane finn vi under konto 12300 (vedlikehald, byggtenester), 12400 (serviceavtalar, reparasjonar og vaktmeistertenester (eks. løn og sosiale utgifter)) og 12500 (materialar til vedlikehald) i rekneskapet.

I 2015 fordelte desse utgiftene seg slik:

	12300	12400	12500	**Totalt**
Lid	29 310,66	0,00	271,60	29 582,26
Mork	14 851,17	15 595,72	293 079,79	323 526,68
Bratteberg	282 730,34	26 586,76	8 738,03	318 055,13
Hjartå	335,00	0,00	3 932,00	4 267,00
Dalsfjord/Fyrlykta	100 084,54	30 463,65	14 875,85	145 424,04
Folkestad	120 305,29	46 841,77	34 461,96	201 609,02
Totalt				1 022 464,13

Det er vanskeleg å berekne kor store dei totale driftsutgiftene er pr grendahus, og avtalene som kommunen har inngått med grendahusa gir heller ikkje dekning for å krevje meir enn 5 % refusjon av utgiftene til straum, forsikring, kommunale avgifter, renovasjon og til driftsteknikarar. Utgifter til

vedlikehald og investeringar blir det som sagt ikkje krevd refusjon for og det er heller ikkje gjort ei fordeling av desse utgiftene mellom Volda kommune og grendahusa.

Utvikling

Korleis kjem Volda ut på sakshandsamingstid på gebyrrelaterte saker (byggjesaker og private reguleringsplanar)?

Dei tre tabellane under er KOSTRA-tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB).

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggjesaker med 3 vekers frist (kalenderdagar)

	2013	2014	2015
1519 Volda	12	21	18*
1520 Ørsta	4	5	5
1444 Hornindal	..	20	14
1449 Stryn	20	18	19
1515 Herøy	..	20	..
1516 Ulstein	14	12	20

*Vi har ikkje KOSTRA-tal på sakshandsamingstid frå oss på byggjesaker i 2015 så dette talet er frå intern berekning no.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggjesaker med 12 vekers frist (kalenderdagar)

	2013	2014	2015
1519 Volda	18	25	20*
1520 Ørsta	0	11	7
1444 Hornindal	..	60	69
1449 Stryn	40	45	42
1515 Herøy	..	20	19
1516 Ulstein	19	13	13
Heile landet	36	38	40

*Vi har ikkje KOSTRA-tal på sakshandsamingstid frå oss på byggjesaker i 2015 så dette talet er frå intern berekning no.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for private reguleringsplanar (kalenderdagar)

	2013	2014	2015
1519 Volda	253	145	194
1520 Ørsta	162	191	116
1444 Hornindal	181	150	210
1449 Stryn	240	210	190
1515 Herøy	..	..	109
1516 Ulstein	108	268	150
Heile landet	264	245	234

Kommunen har ikkje tapt gebyrinntekter på verken byggesak eller i reguleringssaker dei siste åra.

Kva tiltak kan gjerast for å få ca 50 % inntektsdekning på utgiftene til sektoren?

Tabellen under viser tal for budsjettet i 2016:

Netto budsjett	6 009 130 kr
Budsjetterte inntekter	3 196 100 kr
Brutto budsjett (altså utgifter i 2016)	9 205 230 kr

Budsjettet for i år viser altså at vi har ca 9,2 mill. kr i utgifter og ca 3,2 mill. kr i inntekter. Det gir ein inntektsdekning på ca 35 %. Viss vi skal klare ein inntektsdeking på 50 % betyr det at inntektene må auke og/eller utgiftene verte redusert til saman med ca 1,4 mill. kr. Viss ein først ser på utgiftene kan desse grovt verte delt opp slik;

Lønsutgifter	6,4 mill. kr
Felles landbrukskontor med Ørsta kommune	1,3 mill. kr
Kjøp av varer/tenester	1,5 mill. kr
Sum utgifter	9,2 mill. kr

Lønsutgifter er det ikkje mykje å gjøre med. Det same gjeld for utgiftene til felles landbrukskontor der vi kjøper tenesta av Ørsta kommune etter ein fast fordelingsnøkkel. Viss ein skal redusere utgiftene må ein i tilfelle sjå på den tredje kategorien "Kjøp av varer/tenester". Her kan det igjen delast opp i to hovudutgifter;

- Lisensar til dataverktøy
- Innkjøp av konsulenttenester

Når det gjeld utgifter til dataverktøy så er vi helt avhengig av dette for å utføre ein jobb med god kvalitet og innafor lovbestemte tidsfristar. Det går heller an å sjå på om ein kunne ha redusert utgiftene til innkjøp av konsulenttenester noko. På planseksjonen er det satt av ca 600 000 kr til konsulenthjelp. Desse midlane har dei siste åra ikkje vert brukt fullt ut. Vi har no fått bra med ressursar på planseksjonen så behovet for innkjøp av konsulenttenester er noko mindre enn tidlegare og denne utgifta kunne vore redusert tilsvarande. Auka ressursar på planseksjon er samtidig noko av forklaringa til at vi ligg lågare enn 50 % inntektsdekning. Ressursane er i stor grad satt av til å arbeide med rulleringa av kommuneplanen som ikkje gir direkte inntekt i form av gebyr.

Det er også satt av ca 150 000 kr til konsulenttenester på kart, oppmåling og byggesak. Dette er til årleg eigedomsskattetaksering av nye bygg så denne er vi avhengig så lenge det er utbygging i Volda.

For å auke inntektene må ein sjå på storleiken på gebyra våre. Tabellane på neste side viser utviklinga av gebyr dei siste åra og korleis vi ligg an i forhold til andre kommunar rundt oss;

Gebyr byggjesak (einebustad 200 kvm)

	2013	**2014**	**2015**
1519 Volda	8 000	12 000	12 500
1520 Ørsta	9 000	9 000	13 500
1444 Hornindal	5 800	5 980	6 160
1449 Stryn	5 955	6 120	6 340
1515 Herøy	6 643	6 900	10 700
1516 Ulstein	7 774	9 242	9 796
Heile landet	10 305	11 085	12 101

Gebyr for reguleringsplan, privat forslag

	2013	2014	2015
1519 Volda	29 320	37 550	40 200
1520 Ørsta	38 400	31 300	32 225
1444 Hornindal	16 620	20 550	21 260
1449 Stryn	21 135	21 565	22 020
1515 Herøy	18 200	18 200	32 817
1516 Ulstein	25 561	28 117	29 804
Heile landet	51 893	51 893	58 721

Gebyr for oppmåling av eigedom (750 kvm)

	2013	2014	2015
1519 Volda	14 700	14 800	15 300
1520 Ørsta	11 900	13 900	14 317
1444 Hornindal	13 601	15 000	15 000
1449 Stryn	16 190	17 000	17 800
1515 Herøy	12 417	12 913	15 000
1516 Ulstein	14 280	15 708	16 650
Heile landet	14 746	15 462	16 019

Som ein ser så ligg vi ganske likt som kommunane rundt oss. På regulering og byggjesak så ligg vi i øvste sjiktet. Vi har auka gebyra dei siste åra grunna kutt i budsjettramma. Oppmålingsgebyret har vi auka med 10 % frå 2015 til 2016 sidan vi ser at dette er tidkrevjande saker og for å nærme oss dei kommunane som har høgare gebyr enn oss. Vi har også hatt ein kraftig auke i gebyret for dispensasjonssaker dei siste åra da dette har vore lågt i forhold til arbeidsmengd og andre kommunar sine gebyr i tilsvarande saker. Viss vi ikkje skal ligge på eit altfor høgt gebyrnivå i forhold til våre nabokommunar, kan ein ikkje ha ein kraftig auke i gebyrnivået. Der vi derimot kan få ekstra inntekter er på handsaming av søknader etter lov om motorferdsel i utmark. Her er det per dags dato ingen gebyr for slik handsaming og dette tenker vi å få inn i gebyrregulativet til neste år. Det er ikkje mange søknadar i løpet av eit år, men ein viss ekstra inntekt vil det bli.

Oppsummering

Eg ser at vi kan kutte noko i utgiftene til innkjøp av konsulenttenester på plan. Elles så bør vi vere forsiktig med å auke gebyra for mykje, men vi kan få inn litt ekstra inntekter på sakshandsaming der vi ikkje har gebyr i dag.

Teknisk (veg, vatn og avløp)

Kva er driftsutgitene pr kilometer veg i 2015 spesifisert på brøyting og vedlikehald samanlikna med Ørsta og kommunar innanfor kommunegruppe 11.

		Bto. Dr.utgifter i kr. Km kommunal veg og gate	Andel kommunale veier og gater uten fast dekke
		2015	2015
1514	**Sande**	kr 95 421	7,9
1515	**Herøy**	kr 135 489	-3,3
1516	**Ulstein**	kr 183 086	23,5
1517	**Hareid**	kr 70 567	13,3
1519	**Volda**	kr 82 939	18,9
1520	**Ørsta**	kr 88 609	46,8

Kommentar: Pga av redusert kapasitet har ikkje teknisk sektor fått gjort denne utgreiinga. Dette vert å kome attende til seinare i samband med budsjettarbeidet i haust. Rådmannen vil og ta initiativ til å få gjort eit forvaltningsrevisjonsprosjekt der fleire kommunar vert samanlikna med omsyn effektiv ressursbruk innanfor området.

Barnevern

Det er nedsett eit mandat til ei arbeidsgruppe som vurderer behov og organisering av tenestene for einslege mindreårige flyktningar. Gruppa sin konklusjon vert å vurdere av økonomigruppa.

Kommentar: Rapporten vert lagt ved eiga sak for formannskap og kommunestyret etter ferien.

Sosialtenesta

Sosialhjelpmottakarar frå Volda har gjennomsnittleg lang stønadslengde. Kva er forklaringa til dette, og kva tiltak kan redusere redusere stønadslengda?

Kommentar: Nav Volda og Ørsta vert utfordra på denne problemstillinga i samband med utarbeiding av budsjett og økonomplan etter ferien.

Administrasjon

Løns- og personalstaben brukar i dag mykje tid på registreringsarbeid. Dette handlar om timelister, sjukmeldingar, permisjonar osv. Berre på løn vurderar vi å bruke omlag 0.5 årsverk på registrering av timelister. Ei tilleggsutfordring er at det finnest fleire versjonar av timelistene slik at feil versjon blir brukt, dei blir utrekna feil og dei blir kontert feil. Dette gjev en del meirarbeid, og ved verste høve førar det til feil utbetalt løn.

Det finnast fleire leverandørar som har modular for web-baserte timelister, og som kan koplast direkte til økonomisystemet. Slike modular kan settast opp slik at dei passar for den enkelte avdeling, med dei rette tillegga og riktige koder. Helse- og omsorg har dette allereie, i sitt system som er spesialdesigna for turnusarbeid.

Det finnast også modular for registrering og oppfølging av sjukefråvær, der kvar enkelt leiar i dag må ha eit eige skyggearkiv for å halde oversikt over kven som er sjukemeld og kvar i oppfølgingsløypa den enkelte er. Dette vil kvalitetssikre oppfølginga og frigjere tid for leiarane.

Personal vil i haust kartlegge kva behov som er ute i avdelingane (t.d veit vi at teknisk og eigedom har behov for eit timelistesystem som kan vere knytta til prosjekt dei jobbar med) og innhente tilbod fra ulike leverandørar.

Innanfor økonomifunksjonen er det planlagt å hente inn effektiviseringsgevinst ved å gå over til Elektronisk handelsformat der dette er mogleg. Elektronisk handelsformat (EHF) inneber vesentleg mindre manuell handtering av leverandørfaktura. I dag utgjer EHF ca 25-30 % av den totale faktura-mengda i Volda kommune.

Kommentar: Sjølv om ca 2/3 av drifta går til oppvekst og helse- og omsorg, så er det eit visst potensial i effektivisering gjennom digitalisering. I Danmark har ein kome lenger på dette enn i norsk kommunesektor, og norske kommunar må samarbeide om å utvikle strategiar for konkrete satsingar og gevinstrealisering. Volda kommune er avhengig av å delta i eit større IKT-miljø gjennom vidare utvikling av IKT-samarbeidet på Søre Sunnmøre.

10 STRATEGIAR

Det vert synt til samfunnsdelen i kommuneplanen med folkehelse som førande prinsipp. Kva vil ein politisk gjere av endringar når det gjeld prioritering på tenesteområda. Kva kvalitet skal tenestene ha? Kva vil ein gjere av satsingar i drifta og på investeringssida? Korleis skal samfunnet utviklast? Volda har ikkje økonomisk handlingsrom til satsingar, slik at dette må skapast gjennom strategiar og klare hovudgrep. Det er derfor nødvendig med tydeleg politisk retning både på korleis ein vil skape handlingsrom, og kva ein vil bruke dette til.

Dette er politikk og arbeidsgruppa vert utfordra på kva ein politisk vil prioritere i 2017 - 2020 (jfr kommuneplanen sin handlingsdel/økonomiplanen).

Prognosene viser eit veksande folketal i kommunen. Trenden siste åra er at Volda sentrum og Mork har vekst medan bygdene har nedgang i folketalet. Dette er i samsvar med trendane i andre delar av landet. Dersom denne trenden held fram, og berre i løpet av dei komande 5 - 10 åra vil det verte lagt til rette for 250 - 300 nye bueiningar i Volda sentrum. Presset presset på barnehagar, skular og kommunal service vert dermed auka i sentrum. I eit heilskapleg og langsiktig perspektiv må kommunen vurdere korleis ein skal organisere tenestene og planleggje for utbygging for å tilpasse framtidige tenester til behova og kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Å møte auka behov med auka ressursar er ikkje berekraftig. Sjølv i helse- og omsorgstenestene der utfordringane ut frå den demografiske utviklinga vil vere størst, så kan vi ikkje møte utfordringane med å tilsette fleire folk og bruke meir pengar. Vi må organisere tenestetilbodet og arbeidet annleis enn før.

Utviklinga framover vil krevje vesentleg større grad av samordning av tenestetilbodet både i sentrum og på bygdene. Områdeorganisering har vore drøfta og kan vere eit aktuelt alternativ til sektororganisering dersom ein gjennom slik organisering utnyttar ressursane meir effektiv enn i dag. Ein bør samtidig vurdere dette opp mot kvar kommunen vel å drive dei ulike tenestene.

Satsingar betyr endring i priortering

Volda kommune har høg gjeld med lang nedbetalingstid. I dag bind dette opp 43 mill av drifta til renter og avdrag. I slutten av gjeldande økonomiplanperiode er dette forventa å auke til 57 mill i året.

Dersom renta aukar med 1 prosentpoeng vil samla kapitalutgifter etter desse føresetnadene kome opp i om lag 65 mill.

Dagens utgiftsstruktur og kommunen si finansielle stilling viser at det må gjerast klare retningsval dersom Volda kommune skal prioritere større satsingsområde. Dette betyr i praksis at Volda kommune som eit hovudgrep må velje mellom å halde fram med dagens tenesteprofil eller slå saman skular og barnehagar for å utnytte det økonomiske handlingsrommet. I tillegg må det innafor alle tenesteområde ha fokus på kostnadsnivå og produktivitetsfaktorar. Tidleg innsats og førebygging må vere tungtvegande for å redusere framtidig ressursbehov.

Det er behov for nye investeringar i infrastruktur, rehabilitering av skulebygg og heildøgns omsorgsbustader. Det må skapast økonomisk handlingsrom for dette, og primært bør det skje innanfor tenesteområda ved å byggje slik at ein på lang sikt kan redusere driftskostnadene. Dersom Volda kommune i tillegg skal delta i samfunnutviklingsprosjekt som ny idrettshall og kultur-/kinosal i eit mediehus saman med Høgskulen, så er dette berre realistisk ved at Volda kommune utnyttar alle moglegheitene for å redusere driftskostnadene og kompenserer med auka eigedomsskatt når grensa for driftsreduksjon er nådd.

Forslag til strategi og prosessar (i uprioritert rekkefylgje):

Generellt;

a) **Det skal utarbeidast ein nedbemanningsplan for komande 4 årsperiode med siktemål om å redusere lønsutgiftene med kr 10 mill i 2020. Nedbemanningsplanen skal sjåast i samanheng med prosessar på uttak av effekt på samanslåing av driftseiningar der ein opprettheld tenestetilbodet.**
b) **I prinsippet skal kvaliteten på det samla tenestetilbodet skjermast, men dersom resultatet vert at ein avstår frå å ta ut effekt av samanslåing av einingar, så skal ein også redusere standarden på lovfesta tenester og redusere eller ta bort frivillige tenester.**
c) **I ein overgangsfase til ein får effekt av utgiftsreduserande tiltak, og for prioritere tiltak som skal gi effekt på drifta, kan det budsjetterast med bruk av fondsmidlar i drifta.**
d) **Identifisere førebyggjande tiltak og tidleg innsats som kan redusere vekst i utgiftene på tenesteområda og prioritere slike tiltak.**
e) **Drifta av tenestene skal som hovudregel ikkje overstige normert nivå. Unntak må vurderast dersom det er særlege forhold som dokumenterer det, og da må ev tillegg over tid dekkjast inn ved reduksjon på andre tenesteområde.**

Oppvekst:

f) **Utgreie plan for bygging av ein ny barnehage i Volda sentrum som erstattar alle dei kommunale barnehagane i Volda sentrum.**
g) **Utgreie om ein kan nytte arealet der Nilletun ligg i dag til barnehage, anten ved nybygg eller rehabilitering av eksisterande bygningsmasse.På lengre sikt innleie samarbeid med Ørsta kommune om mogleg tenestesamarbeid på skuledrift for krinsane i Hovden og Furene.**
h) **Rehabilitere og byggje ut Volda ungdomsskule og utgreie å samle alle ungdomsskulane i denne skulen.**
i) **Avklare løysing for kroppsøving og symjetrening for elevane i Volda sentrum. Kroppsøvingslokale kan vere aktuelt å vurdere i samla anbod for rehabilitering og utbygging av Volda ungdomsskule. Når det gjeld symjeanlegg er det naturleg å tenkje eit**

langsiktig samarbeid med Høgskulen i Volda, da dette er dyre anlegg å byggje og drive, og eit samarbeid kan gi ein vinn-vinn situasjon for begge partar.

j) **Planleggje for å byggje ut Bratteberg skule og leggje ned Vikebygda skule. Bygningsmassen og arealet ved Vikebygda vert å utgreie kva det kan nyttast til.**
k) **Utgifter til skuleskyss i kommunen skal dekkje dei utgiftene Volda kommune er pålagt og innanfor fylkeskommunen si ordning for skuleskyss.**
l) **Vurdere tiltak som kan redusere behovet for spesialpedagogiske tiltak, slik at vi kjem på nivå med samanliknbare kommunar.**
m) **Gjennomføre ein prosess saman med Hornindal kommune for å utgreie organisering av skule- og barnehagetilbodet for Austefjord og Hornindal basert på basert på optimal utnytting av ressursane. Ørsta kommune bør også inviterast med i prosessen for Bjørkeområdet.**
n) **Snarast råd reforhandle avtalen med Ørsta kommune om refusjon for Bjørkeelevane ved Austefjord skule.**
o) **Vurdere tiltak for å redusere nettoutgifter til skulefritidsordninga (SFO) for å nærme oss nivået til samanliknbare kommunar.**

<u>Helse- og omsorg:</u>

p) **Rett teneste på rett nivå og effektiv bruk av ressursane i helse- og omsorgssektoren. Dette skal takast omsyn til både organisatorisk og bygningsmessig og ved bruk av teknologi. Samarbeidet med frivillige og pårørande skal vidareførast og setjast i system i utvikling av tenestene i sektoren.**
q) **Fagdag vert å innføre som eit tiltak for å prioritere kompetanseutvikling og arbeidsmiljøutvikling i omsorgstenestene.**

<u>Utvikling:</u>

r) **Prioritere infrastrukturtiltak for å utløyse nye bustadfelt i sentrale delar av Volda, der**
s) **det er press på bustadmarknaden, og som gir auka innbyggjartal og auka innbyggjartilskot til kommunen.**

<u>Kultur og idrett:</u>

t) **I samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune og idretten planleggje med sikte på å byggje ny idrettshall med to speleflater i ein eller to byggjesteg. Ein føresetnad for å arbeide vidare med prosjektet er at det er politisk tilslutning til å frigjere økonomisk handlingsrom til det.**
u) **I samarbeid med Høgskulen i Volda og Statsbygg planleggje med sikte på å realisere kultursal og kino som fleirbruksrom der Volda kommune inngår leigeavtale. Ein føresetnad for å arbeide vidare med prosjektet er at det er politisk tilslutning til å frigjere økonomisk handlingsrom til det.**

<u>Økonomi:</u>

v) **Eigedomsskatten vert vidareført. Skattesatsen skal haldast på eit nøkternt nivå og vert vurdert i samband med økonomiplanhandsaminga kvart år og i høve til kommunen sitt finansieringsbehov og nivået på samla skatt og kommunale avgifter samanlikna med andre kommunar.**

Framlegga vert lagt frå rådmannen ut frå kva behov og utfodringar ein fagleg meiner kommunen står overfor, og på grunnlag av dokumentasjon av fakta og trendar, samt utgreiingane frå sektorane. Den politiske arbeidsgruppa skal drøfte dette vidare og ta stilling til kva strategiar og satsingar som skal vere førande for budsjett- og økonomiplanarbeidet vidare.

11 FRAMDRIFTSPLAN/PROSESS I ØKONOMIGRUPPA

26. mai	Møte i gruppa for å drøfte problemstillingar, føringar og framdrift
23. juni	Møte i gruppa for å vurdere innkomne innspel og drøfte strategiar og prioriteringar
1. august	Administrasjonen leverer utgreiingar til gruppa
16. august	Arbeidsmøte i økonomigruppa - gjennomgang av utgreiingane frå sektorane
1. september	Gruppa kjem med framlegg/rapport
September	Rapporten vert lagt fram for formannskapet og kommunestyret

12 FRAMDRIFTSPLAN OG PROSESS FOR BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Prosessen er lagt opp slik:

August	*Overvelting av lønsdata (augustløna) til Arena*
August/september	*Kvalitetssikring av lønsdata i Arena (sektorane og lønsavdelinga)*
September	*Utarbeiding av endeleg investeringsbudsjett (2017-2020)*
1. september- 15. oktober	*Budsjettering i Arena på detaljnivå*
26.september	*Budsjettsamling – Rådmannen si leiargruppe*
1. oktober.	*Frist for verbaldel til sektorane*
10. november	*Administrasjonen presenterer budsjett og økonomiplan for kommunestyret*
15. november	*Formannskapet drøftar rådmannen si innstilling til budsjett og økonomiplan*
29. november	*Formannskapet handsamar innstilling til kommunestyret og legg budsjett og økonomiplan ut til offentleg ettersyn*
15. desember	*Kommunestyret handsamar budsjett og økonomiplan*

Handsaming:

Brev frå Høgskulen i Volda, *Idrettshall i Volda,* 20.09.16, vart delt ut i møtet.

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om gildskap, han er medlem i arbeidsgruppa som representant for KFUM-Volda, jf. fvl. § 6. 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røysinga over spørsmål om gildskap.

Roald Espset reiste spørsmål om gildskap, sambuaren er grunneigar for eit av områda i saka, jf. fvl. § 6. 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røysinga over spørsmål om gildskap.

Røysting gildskap:
Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent ugild, då dette vart kjent på førehand var vara Arild Iversen kalla inn og han tok sete.
Roald Espset vart samrøystes kjent gild og han tok sete.

Arild Iversen kom med framlegg om å utsette saka.

Røysting utsetjingsframlegg:
Utsetjingsframlegget fekk fire røyster (Arild Iversen, Roald Espset, Margrete Bjerkvik og Dan Bjørneset) og fall, fem røysta imot.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført eit forprosjekt for ny idrettshall i Volda sentrum med slikt innhald:

- ***Utgreiing av plassering av ein hall med to speleflater på følgjande plasseringar:***
  - ***Steinrøysa***
  - ***Området syd for Berte-Kanutte***
  - ***Området nord for Øyra skule***
- ***Avklare kven som er partar i høve dei ulike plasseringane og med sannsynleggjering av kva nivå på økonomisk finansiering og driftsøkonomi partane kan bidra med. I den samanheng må ein også avklare Høgskulen i Volda sine behov og ev deltaking sett i høve til ei ev framtidig fullrealisering gjennom fleire byggjesteg, der ein har ein samla hallkapasitet som også dekkjer HVO sitt behov og ein ny symjehall***
- ***Utgreiing av bygging i to byggesteg. Ev riving av Voldahallen eller ev rehabilitering for mellombels drift inngår i utgreiinga.***
- ***Synleggjere ulike samfunnsmessige konsekvensar ved dei ulike plasseringane***
- ***Utarbeiding av romprogram***
- ***Vurdering av trafikale høve, parkering og ev. annan infrastruktur***
- ***Vurdering av utbyggingsmodell og finansieringsløysingar***
- ***Utarbeiding av kostnadskalkyle basert på realistisk gjennomføring***

2. Forprosjektet vil ha ein fase 1 der tomtevalet skal avklarast og ein fase 2 der ein utarbeider forprosjekt for idrettshall med grunnlag i den tomta som vert valt. Val av tomt vert å avklare i samarbeid mellom partane og for kommunen sin del etter godkjenning i kommunestyret.

Partane skal i fase 1 sannsynleggjere sitt økonomiske engasjement da dette vil vere avgjerande for vidare vegval.

3. Arbeidsgruppa held fram for gjennomføring av mandatet etter punkt 1. Høgskulen i Volda vert invitert med i arbeidsgruppa.

4. Kostnaden med forprosjektet vert å dekkje gjennom eiga sak eller i samband med komande budsjett og økonomiplan basert på anbodsprisar.

Arild Iversen gjekk og Erlend Krumsvik tok sete.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Siri Birkeland Solheim	Arkivsak nr.:	2015/443
		Arkivkode:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
160/16	Formannskapet	20.09.2016
108/16	Kommunestyret	29.09.2016

VOLDAHALLEN – UTGREIING NY VOLDAHALL/REHABILITERING

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført eit forprosjekt for ny idrettshall i Volda sentrum med slikt innhald:

- Utgreiing av plassering av ein hall med to speleflater på følgjande plasseringar:
  - Steinrøysa
  - Området syd for Berte-Kanutte
  - Området nord for Øyra skule
- Avklare kven som er partar i høve dei ulike plasseringane og med sannsynleggjering av kva nivå på økonomisk finansiering og driftsøkonomi partane kan bidra med. I den samanheng må ein også avklare Høgskulen i Volda sine behov og ev deltaking sett i høve til ei ev framtidig fullrealisering gjennom fleire byggjesteg, der ein har ein samla hallkapasitet som også dekkjer HVO sitt behov og ein ny symjehall
- Utgreiing av bygging i to byggesteg. Ev riving av Voldahallen eller ev rehabilitering for mellombels drift inngår i utgreiinga.
- Synleggjere ulike samfunnsmessige konsekvensar ved dei ulike plasseringane
- Utarbeiding av romprogram
- Vurdering av trafikale høve, parkering og ev. annan infrastruktur
- Vurdering av utbyggingsmodell og finansieringsløysingar
- Utarbeiding av kostnadskalkyle basert på realistisk gjennomføring

2. Forprosjektet vil ha ein fase 1 der tomtevalet skal avklarast og ein fase 2 der ein utarbeider forprosjekt for idrettshall med grunnlag i den tomta som vert valt. Val av tomt vert å avklare i samarbeid mellom partane og for kommunen sin del etter godkjenning i kommunestyret. Partane skal i fase 1 sannsynleggjere sitt økonomiske engasjement da dette vil vere avgjerande for vidare vegval.

3. Arbeidsgruppa held fram for gjennomføring av mandatet etter punkt 1. Høgskulen i Volda vert invitert med i arbeidsgruppa.

4. Kostnaden med forprosjektet vert å dekkje gjennom eiga sak eller i samband med komande budsjett og økonomiplan basert på anbodsprisar.

Vedleggsliste:
1. Kart over tomtealternativ som er vurdert
2. Utkast til romprogram utarbeidd av Møre og Romsdal fylkeskommune
3. Utkast til romprogram utarbeidd av Idretten

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:
Kommunestyret ynskjer å avklare nærare forhold rundt bygging av ein ny hall som erstatning for dagens Voldahall. Dagens hall har ikkje hatt systematisk vedlikehald, og ein tilstandsrapport på bygget som vart henta inn, syner eit kostnadsoverslag på kr. 25 000 000 eks. mva. for renovering av bygget. Med tillegg av ulike andre kostnadar vil kalkylen kunne kome over kr 30 000 000 eks. mva.

Gjennom arbeidet med å avklare forholda rundt bygging av ein ny hall har arbeidsgruppa som vart nedsett diskutert ulike alternativ for plassering og utforming, som vil ha ulik innverknad på økonomi og framdrift.

Det synast å vere eit stort engasjement i lokalsamfunnet for idrettshall, og det har i fleire omgangar vore jobba med hallplanar utan at det har kome til noko realisering. Prosjektet er no starta opp med bakgrunn i dialog mellom fylkeskommunen og kommunen med intensjon om bygging av ein erstatningshall for Voldahallen og med same storleik. Fylkeskommunen opplyste i desse samtalane at dei kunne vere med på ein modell der dei dekte 44 % av kostnadene med investering og drift til bygging av ein hall med ei speleflate. Kommunen har bygt inn sin del av ei slik investering i gjeldande økonomiplan. Idretten har teke del i prosessen og meldt inn sine behov. Med bakgrunn i dette behovet har arbeidsgruppa også diskutert løysingar for investering og drift av ein hall med 2 speleflater. Det vert no aktuelt å ta stilling til om ein skal gå vidare med eit forprosjekt for å utgreie nærare infrastruktur, tekniske løysingar, kostnader og investerings-/driftsmodell.

Føresetnadene har vorte noko endra under vegs og prosessen vert derfor også noko meir omfattande og krevjande. Partane har i dialogen lagt til grunn at eit større prosjekt er avhengig av kreativt samarbeid der alle går tungt inn.

Idretten har signalisert eit sterkt ynske om at ein ikkje låser tomtevalet for tidleg, og at dette spørsmålet vert nærare utgreidd og avklart i eit forprosjekt.

Saksopplysningar:

Prosess og mandat
I K-sak 38/15 står det i punkt 3 og 4: ”Kommunestyret godkjenner å setje ned ei arbeidsgruppe samansett av:

- Volda kommune med 2 frå administrasjonen
- Møre og Romsdal fylkeskommune med 1 representant
- Volda idrettsråd med 1 representant
- Volda handball med 1 representant
- KFUM Volleyball med 1 representant

Dei eksterne partane vert invitert inn i prosjektet.

Arbeidsgruppa får følgjande mandat:

a. Kome med forslag til plassering av ny hall og avklare parkeringsbehov/-løysing. Trafikale konsekvensar og tilhøve i nærområdet skal vurderast.
b. Avklare arealbehov, utarbeide romprogram og utgreie investerings- og driftskostnadar ved alternativ med kommunen og fylkeskommunen sine behov som minimumsløysing og andre alternativ der idretten sine behov også er ivareteke.
c. Utgreie finansiering og modell for dei ulike partane si deltaking i investering og drift
d. Kartleggje ev private næringslivsaktørar som kan ha interesse i å delta i utvikling av hallprosjekt.
e. Gjere ei vurdering av kor vidt eksisterande Voldahall skal rivast eller avhendast til andre.
f. Kartleggje og ev ivareta andre forhold for å sikre at prosjektet kan byggast på realistiske føresetnader for gjennomføring."

Ved ei ev. bygging av ein ny Voldahall har deltakarane inn i arbeidsgruppa ulike ynskjer og behov. Utgangspunktet for dei ulike representantane er:

- Fylkeskommunen har behov for å oppretthalde det tilbodet til hall som Volda vidaregåande skule har i dag. Det vil seie at det er tilstrekkeleg med bygging av ein ny hall i same storleik som dagens hall, med plassering i nær tilknyting til skulen.
- Kommunen har behov for betre og meir areal for kroppsøving for sentrumsskulane som ligg i nær tilknyting til skulane. Kommunen har også eit samfunnsansvar for å tilretteleggje for idrett og fysisk aktivitet i lokalsamfunnet.
- Idretten har stort behov for meir hallkapasitet. Dagens kapasitet i Voldahallen er sprengt, og det er mange grupper som ynskjer treningstid i hallen som i dag ikkje får plass. Idretten ynskjer difor ein hall med større areal enn dagens Voldahall, samt ein hall med tilfredsstillande høgde for volleyball.

Høgskulen i Volda (HVO) har også vore spurt om dei har interesser i hallprosjektet. Høgskuleleiinga har vore tydelege på at dei ikkje ser noko interesse i å delta i utbygging eller vere brukarar av hallen. I ettertid har Statsbygg lagt fram ein rapport om store rehabiliteringsbehov på 50 - 80 milionar i Idrettsbygget. Kor vidt dette kan endre HVO sitt syn på å ta med deira interesser i ei framtidig planlegging av idrettsbygg i Volda er ukjent.

Plassering
Ved vurdering av ulike plasseringar av hallen, er det tatt utgangspunkt i ynske og føresetnadar frå dei ulike partane.

- Idretten stiller ingen andre krav til plasseringa enn at den bør ligge i Volda sentrum, slik at hallen er lett tilgjengeleg for flest mogleg born og unge utan tilgang på bil. Med bakgrunn i manglande hallkapasitet i Volda, og det store presset som er på Voldahallen i dag, ynskjer idretten at dagens Voldahall vert ståande så lenge som mogleg under bygging.

- Møre og Romsdal fylkeskommune har set som føresetnad for å vere med inn i prosjektet, at den nye hallen vert plassert i nærleiken av Volda vidaregåande skule (VGS), slik at elevar og lærarar brukar minst mogleg tid på å kome seg mellom skulen og hallen. Fylkeskommunen ynskjer at eksisterande hall vert ståande så lenge som mogleg i byggeperioden.
- Volda kommune ynskjer ei plassering av hallen i nærleiken av sentrumsskulane, slik at skulane kan nytte hallen til kroppsøving.

Med bakgrunn i desse ynskja og føresetnadane, har arbeidsgruppa sett på ulike plasseringar av hallen rundt VGS og rundt sentrumsskulane. Det er spesielt to plasseringar som har vore vurdert som aktuelle. Den eine er ei plassering på Steinrøysa ved Volda vidaregåande skule (i området der dagens Voldahall ligg), og den andre er ei plassering på Statsbygg sitt areal nord for dagens Øyra skule. Isolert sett har den sistnemnde plasseringa vore sett på som totalt sett den mest gunstige ved at den har akseptabel gangavstand både frå VGS og sentrumsskulane.

Det er gjennomført fleire møte med Høgskulen og Statsbygg for å avklare om det er mogleg med ei plassering på denne tomta. I tilbakemelding datert 02.06.2016, uttrykker Høgskulen med at dei er negative til denne plasseringa, blant anna fordi dei fryktar at hallen vert for høg og dominerande sett i samband med signalbygget deira, Kaarstabygget. I same tilbakemelding har Høgskulen presentert tre andre forslag til plassering av hallen i området, som Høgskulen er villig til å sjå nærare på. Det eine forslaget er ei plassering syd for Berte Kanutte-huset, medan dei to andre forslaga viser plasseringar som er inne på området som i dag er planlagt brukt til uteområdet for nye Øyra skule. Frå Volda kommune si side, er det ikkje ynskeleg med ei plassering som reduserer utearealet til den nye skulen. Det vil kome i strid med planane for utforming og behov for uteareal for skulen som er under bygging. Arbeidet i dette området er allereie i gong, då Kvennavegen er under oppgradering i forbindelse med arbeidet med vasstilføring til den nye skulen. Øvrig arbeid i området vert satt i gong når rivinga av den gamle skulen startar. Etter Volda kommune si vurdering vil det ikkje vere anledning til å gjennomføre ei god vurdering av ei ev. plassering av ein hall i området, samt gjere vurderingar av erstatningsareal for skulen utan å hindre framdrifta i Øyra-prosjektet.

Høgskulen skisserer ev. mogleg plassering på området sør for Berte-Kanutte huset. For Øyra skule og Volda ungdomsskule hadde ei plassering på denne tomta vore gunstig med tanke på gangavstand. Denne tomta er også så stor at den kan gi moglegheit for å planleggje eit større bygg som kan byggjast i fleire byggjesteg. Med bakgrunn i rapporten om tilstanden til Idrettsbygget til Statsbygg, bør ein avklare nærare kva behov HVO kan sjå for seg i nokre tiårsperspektiv. Bør ein t.d planleggje for eit framtidig bygg som rommer både svømmehall, tre speleflater og med 2 - 3 byggjesteg mot full realisering. Fylkeskommunen har uttalt at denne plasseringa av hallen er lite gunstig då elevar og lærar vil bruke meir tid enn ynskeleg på transport mellom hallen og skulen. Fylkeskommunen vil difor vurdere andre alternativ for kroppsøvingslokale på skulen sitt område dersom ein vel å gå for denne plasseringa.

Ved ei plassering på Steinrøysa vil ein kunne dra nytte av nærleiken til VGS. Dette kan gje fordelar både for utforminga av hallen, og for skulen. Det gir høve til å inkludere areal i hallen som kan vere av verdi for skulen, samt at areal på skulen kan brukast i forbindelse med bruk av hallen utanfor skuletida. Det er også diskutert moglegheit for å inkludere areal for dans i hallen, eit areal den vidaregåande skulen har behov for i si undervisning, samt å legge til rette for areal som gjer at skulen kan tilby gode fasilitetar for toppidrett innanfor volleyball. For å få til dei beste synergieffektane for samfunnet og skulen er det avgjerande at Fylkeskommunen er villige til å investere meir enn eit minimum i hallen.

Oppvekstsjefen vurderer plasseringa på Steinrøysa som for lang avstand frå Øyra skule for at elevane skal kunne bruke hallen til kroppsøving. Det er heller ikkje ynskeleg at elevane på ungdomsskulen må gå denne distansen for å kome til kroppsøvingslokale.

Dersom ein vel å gå for plassering på Steinrøysa bør kommunen difor sjå på andre løysingar for kroppsøvingslokale for sentrumsskulane. Eit aktuelt alternativ kan vere å bygge eigne gymlokale for skulane på grusbana nord for ungdomsskulen. Her er det i dag plassert undervisningsmodular som er vurdert flytta til Mork skule. Det kan byggjast eit bygg med ein eller to kroppsøvingssalar. Dette bør sjåast i samanheng med utbyggingsplanar for Volda ungdomsskule der ein kan byggje om gymsalane ved ungdomsskulen til undervisningslokale.

I ei overgangsperiode fram til nye kroppsøvingslokale er på plass kan ein vurdere følgjande løysingar:

- Elevane ved Volda ungdomsskule har kroppsøving i ny Voldahall ev nyttar ledig kapasitet i Idrettsbygget (ved leigeavtale med HVO).

- Elevane ved Øyra skule har kroppsøving i salane på ungdomsskulen.

Prosjektet starta med utgangspunkt i fylkeskommunen og kommunen sitt behov, der fylkeskommunen sitt bidrag har vore vurdert som avgjerande for økonomien i prosjektet. Det ideelle hadde vore å realisere ein felles hall der både den vidaregåande skulen, grunnskulen og idretten fekk dekt sine behov samtidig, og ev også med utbyggingsmoglegheiter for Høgskulen seinare. Dersom hallen vert plassert slik at fylkeskommunen trekkjer seg ut, er det viktig at plasseringa kan avløyse behov for å byggje eigne gymsalar ved Øyra skule, samt at idretten greier å dokumentere så stort økonomisk bidrag at prosjektet realistisk let seg gjennomføre (enten i eitt eller fleire byggjesteg).

Utforming av hallen

I forhold til utforminga av hallen er det kome fram til tre aktuelle alternativ.

- Alternativ 1: Eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen, fylkeskommunen og idretten der ein byggjer ein dobbelthall med bakgrunn i innspela frå idretten og fylkeskommunen
- Alternativ 2: Utbygging i to/fleire byggjesteg der det kan vere ulike aktørar inne i dei forskjellige fasane.
- Alternativ 3: Avvente bygging av ny hall, og ruste opp dagens Voldahall slik at den kan brukast nokre år til.

Alternativ 1 – Dobbelhall

Under vurderingar av bygging av ein dobbelthall er det skissert inn ein tenkt dobbelthall på dei ulike plasseringane. Ut frå desse skissene ser ein at det ved ei plassering på Steinrøysa vil verte trongt om ein skal behalde dagens Voldahall under bygging. Plasseringa av hallen vil då mest truleg kome i konflikt med veglova med tanke på nærleiken til Engesetvegen, og det vil vere krevjande å sikre tilkomst og parkeringsplassar som er universelt utforma. Det er difor sannsynleg at ein må rive dagens Voldahall tidleg i prosjektet for å få til ei god plassering av ein ny hall i området, og sikre at ein får ein god trafikksituasjon ved tilkomst til hallen og gode parkeringsløysingar. Dersom ein riv eksisterande hall tidleg må andre hallar i området nyttast av idretten og skulen i byggeperioden. Alternative hallar kan vere andre kommunale hallar, samt Idrettsbygget og hallen i Hornindal. Ulstein kommune har erfaringar

med å stå utan hall i byggjeperioden da dei bygde Ulsteinhallen. Plassering av ein dobbelthall på Steinrøysa må også vurderast av fylkeskommunen med tanke på om dette hindrar seinare utbygging av VGS.

Dersom ein ser på skissene over ein dobbelhall med plassering på grusbana nord for Øyra skule, ser ein at det også her vil vere knapt med plass til ein hall i denne storleiken. For å få til ei god løysing med tanke på plassering av hallen, vil det vere mest gunstig å rive bygget Nedretun og bruke arealet nord for grusbana. I dette området vil ein også få utfordringar med tanke på dei trafikale tilhøva, og parkeringsareal for hallen må truleg plasserast i noko avstand frå hallen og i parkeringshus.

Området syd for Berte-Kanutte er det romslegast med tanke på bygging av ein dobbelhall. Det vil også vere den plasseringa som sannsynlegvis er enklast å løyse med tanke på trafikale tilhøve og parkering. Lokaliseringa må vurderast nærare i samband om det vil hindre framtidige utviklingsmoglegheiter for HVO.

Tomtevalet kan ha verknad for kven som deltek i samarbeidet. Fylkeskommunen har sagt at dei vil vurdere eiga løysing på tomteområdet til Volda vidaregåande skule dersom hallen vert plassert så langt vekk som sør for Berte Kanutte-huset på høgskuleområdet.

Dersom idretten kan framskaffe dokumentasjon på finansiering for bygging av ein hall med to speleflater, og der det private bidraget vidare er så tungt at det saman med ev noko auka kommunal del kan erstatte bortfall av fylkeskommunen sitt bidrag, kan det vere mogleg å byggje ein hall på td tomta sør for Berte Kanutte-huset. Dersom ein vel å planleggje hall på denne tomta må ein avklare med HVO om ein bør planleggje for ei framtidig fullrealisering gjennom fleire byggjesteg, der ein har ein samla hallkapasitet som også dekkjer HVO sitt behov og ein ny symjehall.

Alternativ 2 – Bygging i to/fleire byggjesteg

Ved å planlegge med bygging i fleire byggjesteg har ein moglegheit for å dele opp finansieringa av ein større hall. Det er ulike modellar for korleis dette kan gjennomførast i forhold til kva plassering som vert valt.

Ved ei aktuell plassering på Steinrøysa eller på området nord for Øyra, kan ein sjå på ein modell der det første byggetrinnet finansierast av kommunen og fylkeskommunen, medan det andre byggetrinnet finansierast av idretten og setjast i gong når denne finansieringa er på plass. Ei slik utbygging vil gjere det mogleg å bygge ein enkelthall som erstatning for Voldahallen, utan å rive dagens hall. Det kan også vurderast i ein kombinasjon med opprusting av den gamle hallen for å ha to enkeltståande hallar inntil ein kan gjennomføre andre byggjesteg. Dette alternativet er avhengig av rask avklaring ettersom det er frist for opsjon på å leggje dagens hall inn i EPC-programmet. Alternativet kan vere å gjennomføre energisparetiltak for Voldahallen, inklusiv nødvendig rehabilitering, utanfor kontrakten med leverandør av EPC-programmet.

Ved ei aktuell plassering på området syd for Berte-Kanutte huset vert utbygginga mest sannsynleg eit samarbeid mellom kommunen og idretten. Dersom ein skal vurdere bygging av ein enkelthall i første byggjesteg vert det opp til kommunen å finansiere denne. Dette må då sjåast i samband med pengane kommunen sparar på å ikkje bygge nye kroppsøvingslokale for skulane. Størrelsen på denne tomta gjer også at det er mogleg å planleggje for ei utbygging i t.d. tre steg. På denne måten kan ein planlegge for eit framtidig bygg som rommar både svømmehall og tre speleflater, og som dermed inkluderer dekning for HVO sitt behov dersom dei avgjer å avhende Idrettsbygget på sikt.

Alternativ 3 – Avvente bygging av ny hall og ruste opp dagens Voldahall

I dag ligg opprusting av Voldahallen inne som ein opsjon i EPC-prosjektet som kommunen har vedteke. Dersom ein vel å utløyse denne opsjonen og utføre opprustinga, vil hallen truleg vere brukande i eit tidsperspektiv på 10-15 år til. Ved å utsetje bygging av ein ny hall vil ein kunne vurdere løysingar som å kombinere hallen med ei mogleg utbygging på VGS. I utviklingsplanen for VGS ligg det inne ei planlagt utviding av skulen på vestsida, mot Steinrøysa. Denne bygginga kunne vore implementert i ei bygging av ein ny hall. Per i dag ligg ikkje dette arbeidet inne i fylkeskommunen sitt budsjett eller planar for dei neste 10 åra, og det er difor usikkert når denne utbygginga vil finne stad.

Romprogram
I forhold til utarbeiding av innhald og romprogram for ein ny hall, er det gjennomført møte med Ørsta kommune for å sjå på kva funksjonar den planlagde hallen i Ørsta skal ha, med tanke på å få til hallar som utfyller kvarandre. I dette møtet vart det klart at hallen i Ørsta er planlagt ut frå andre behov i idrettsmiljøet enn dei som er lagt til grunn ved planlegginga av ein ny Voldahall. I Ørsta er friidretten større, og hallen er planlagd både med lågare høgde, og med meir tilrettelegging for friidrett. Det er også planlagt med moglegheit for bygging av symjeanlegg i tilknyting til denne hallen.

Både idretten i Volda og fylkeskommunen har kome med innspel i forhold til romprogram for ein ny hall. Romprogrammet som er levert frå fylkeskommunen skildrar ein hall som er relativt lik dagens Voldahall i storleik med eit areal på 1850-1900m^2. Det er også spesifisert at det er behov for ei fri høgde over heile aktivitetsflata på 7m.

Romprogrammet som er levert frå idretten skildrar ein dobbelhall med eit totalt areal på 3088m^2. Idretten har påpeika at romprogrammet som er levert frå dei, ikkje vil tilfredsstille det totale behovet til idretten, men det skildrar ynskja frå idretten inn i ein dobbelhall. Handballen krev ei fri høgde over speleflata på 9m, medan Volleyball ynskjer ei fri høgde på 12,5 m. Det er lågare krav til garderobar og dusjrom for bruk til idretten enn det som vert stilt for bruk i skulen. Dersom ein skal tilfredsstille skulen sine krav til garderobar og dusjar vil dette gje ein hall med minimumsareal på ca. 3300m^2. Det vil vere fornuftig å byggje delar av ein dobbelhall i to etasjar slik at ein kan ha delar av romma i andre etasje. Arealet for bygging vil dermed kunne reduserast noko, men det er ikkje truleg at ein kjem under eit fotavtrykk på 3000m^2. Idretten har også skildra eit ynskje om å bygge klatrehall i tilknyting til hallen. Dette kan vere gunstig med tanke på at hallen i seg sjølv har høgda for å kunne innehalde klatring, samt at dette gir ekstra tilskot av tippemidlar.

Kostnadsoverslag og finansiering
Det er gjort eit grovt anslag over kostnadar for ein dobbelhall. Denne er gjort på generelt grunnlag med bakgrunn i generelle krav til ein dobbelthall. Det er ikkje tatt omsyn til plasseringa eller den eksakte utforminga av hallen. Denne kostnadskalkyla viser ein prosjektkostnad på rundt 85 000 000,- inkl. mva for ein dobbelhall. Dette er eit grovt estimat, og det vert stilt spørsmål frå idretten om dette er for høgt. Dette avheng også om kva funksjonar som vert lagt inn i hallen. Det er ikkje gjennomført ei vurdering av kostnadane for ein enkelthall, men med bakgrunn i pris per kvadratmeter kan ein estimere ein prosjektkostnad på rundt 40-45 000 000,- inkl. mva.

Det må gjennomførast eit forprosjekt for å kunne få nærare kostnadskalkyle for prosjektet.

Det er diskutert fleire mogleg løysingar for finansiering. Det er behov for å utrede finansieringa vidare i ei forprosjektfase. Ulike alternativ:

- Idretten står som eigar og utbyggar av hallen, og mottek støtte frå kommunen og fylkeskommunen til investering og drift. Dette er liknande modell som for bygging av Mørehallen der kommunen yter årlege tilskot til VTI Fotball. Løysinga vil forenkle finansieringsmodellen med tanke på momskompensasjon.

- Kommunen står som eigar og utbyggar av hallen. Fylkeskommunen og idretten bidreg med tilskot til investering og betaler leige for bruk av hallen. Denne modellen er utfordrande ved at Skattemyndigheitene ikkje lenger godkjenner at kommunen får full momskompensasjon dersom idretten overfører midlar frå reklamesal til næringslivet. Næringslivet må yte tilskot direkte til kommunen, men då oppnår ikkje bedriftene skattefordel på den måten som dei gjer gjennom kjøp av reklame.

- Seksjonering der kommunen eig halve hallen og idretten eig den andre halvdelen. Ved denne løysinga vil kommunen og fylkeskommunen saman finansiere ein hall på storleik med dagens Voldahall. Idretten står i utgangspunktet for finansieringa av ein tilsvarande hall, og ein ender opp med ein dobbelhall som kan brukast av skulen på dagtid og idretten på kveldstid. Ved denne løysinga vil kommunen behalde momskompensasjonen for sin del, samt at idretten kan søkje om momsrefusjon for den andre delen.

Spelemidlar vil inngå som ein del av finansieringa, uavhengig av kven som eig hallen. Spelemidlar vert utrekna på grunnlag av funksjonar og anleggskostnader.

I samband med møte med Ørsta kommune er det også diskutert moglegheita for å søkje om ekstra tippemidlar til hallane ved å inngå eit interkommunalt samarbeid. Ved å inngå eit slikt samarbeid, kan ein få eit tillegg på 30 % av ordinært tilskot av spelemidlar. Vilkåra for at begge hallane skal kunne få eit slikt tilleggstilskot, er at anlegga vert sett på som så ulike at dei vert kategorisert som forskjellige anleggstypar, samt at det er inngått ein bindande skriftleg avtale mellom kommunane vedrøyrande investering og drift. Kravet er at kvar av kommunane skyt inn min. 5 % av anleggskostnaden i investeringstilskot og årleg min. 5 % av anlegget sine faktiske driftskostnadar i 20 år.

Prosjekta har ulik framdrift og administrasjonen i begge kommunane ser det som svært vanskeleg å få til ei samkøyring som gjer det mogleg å nytte seg av denne ordninga.

Kommuneplanen sin samfunnsdel
Utredning av bygging av ein ny Voldahall i Volda sentrum, vil vere i samsvar med fleire strategiar som er valt for å nå måla innanfor ulike temaområde i kommuneplanen sin samfunnsdel:

Temaområde:	**Mål:**	**Strategi:**
Attraktivitet	Alle skal ha mulegheit til å delta i eit breitt, variert og aktivt kultur- og idrettsliv	Styrke samarbeidet, stimulere og legge til rette for frivillige lag og organisasjonar, kultur og fritidsaktivitetar for alle Utvikle nye arenaer for kultur og idrettsliv, og synleggjere tilboda lokalt og regionalt
Busetting	Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet	Styrke Volda sitt omdømmme som attraktiv bukommune i regionen
Volda i	Styrke og bygge opp Volda-	Auke attraktiviteten til Volda sentrum og

regionen	Ørsta som handels-, kultur og opplevingsdestinasjon	realisere tiltak i samsvar med utviklingsplanen for Volda sentrum
Volda sentrum	Fleire skal bu og opphalde seg i Volda sentrum	Legge til rette for auka busetting, aktivitet, trivsel og liv i sentrum
Folkehelse	Barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livstilssjukdommar	Legge til rette for meir fysisk aktivitet i barnehage, skule og buområda
Tenester	Volda kommune skal ha eit god omdømme	Tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen tilrår at det vert gjennomført eit forprosjekt. Forprosjektet bør innehalde følgjande moment og vurderingar:

- Utgreiing av plassering av ein hall med to speleflater på følgjande plasseringar:
    - Steinrøysa
    - Området syd for Berte-Kanutte
    - Området nord for Øyra skule
- Avklare kven som er partar i høve dei ulike plasseringane og med sannsynleggjering av kva nivå partane kan bidra med. I den samanheng må ein også avklare Høgskulen i Volda sine behov og ev deltaking sett i høve til eit ev framtidig fullrealisering gjennom fleire byggjesteg, der ein har ein samla hallkapasitet som også dekkjer HVO sitt behov og ein ny symjehall
- Utgreiing av bygging i to byggesteg. Ev riving av Voldahallen eller ev rehabilitering for mellombels drift inngår i utgreiinga.
- Synleggjere ulike samfunnsmessige konsekvensar ved dei ulike plasseringane
- Utarbeiding av romprogram
- Vurdering av trafikale høve, parkering og ev. annan infrastruktur
- Vurdering av utbyggingsmodell og finansieringsløysingar
- Utarbeiding av kostnadskalkyle basert på realistisk gjennomføring

Parallelt med at forprosjektet vert utført, bør dei ulike partane inn i prosjektet utarbeide dokumentasjon på kva partane kan bidra med økonomisk inn i prosjektet ved dei ulike plasseringane.

Kommunestyret har løyvd kr 500 000 til planlegging av Voldahallen. Det står att ca. kr. 280 000,-. Rådmannen rår til at det vert innhenta konkurranse på forprosjektet og at ein kjem attende til tilleggsløyving i samband med budsjettet for 2017 eller eiga sak.

Forprosjektet vil verte eit grunnlag for å ta avgjerd i saka for alle partane. For kommunen sin del vil politisk prioritering og retningsval for å skape økonomisk handlingsrom vere avgjerande for kva val som vert valt, jfr:

- Avvente bygging av ny idrettshall og rehabilitere Voldahallen gjennom EPC og drive denne 10 - 15 år
- Bygging av ein hall med ei speleflate i første byggjetrinn og full utbygging seinare der dagens hall vert rive

- Bygging av ein hall med ei speleflate i første byggjetrinn og full utbygging seinare der dagens hall vert rehabilitert som EPC-prosjekt og drifta fram til den vert erstatta av andre byggjesteg/full utbygging
- Full utbygging av idrettshall med to speleflater (dobbel hall) og riving av dagens hall

Alternativa med bygging på Steinrøysa baserer seg på at det må byggjast eit bygg med to kroppsøvingssalar på grusbana ved Øyra skule, og at dette vert sett i samanheng med rehabilitering og utbygging av Volda ungdomsskule. I ei mellomfase inneber dette at ein leiger kroppsøvingslokale i Idrettsbygget eller ev brukar ny hall for ungdomsskuleelevane, og at elevane ved Øyra skule nyttar gymsalane på ungdomsskulen.

Fleire nye føresetnader har kome til under vegs i denne prosessen. Prosessen er komplisert, og så lenge ein har fleire tomtealternativ opne vert kompleksiteten vedvarande. Rådmannen hadde i utgangspunktet tenkt å avgrense tomtealternativa no, men har likevel valt å lytte til det tydelege ynsket frå idretten om å ta ei grundigare runde på avklaring av tomtealternativ, og at dette valet vert landa i eit forprosjekt. Rådmannen ser at det vil verte kostnadskrevjande dersom ein skal ha full utgreiing av alle tre alternativa i forprosjektet, og det vil difor vere tenleg å ha ein fase 1 der tomtevalet vert avklart, slik at ein kan gå vidare med forprosjektarbeidet på ei tomt.

Rådmannen finn grunn til å peike på at administrasjonen er pressa på kapasitet. For å få framdrift i prosjektet er det nødvendig å kjøpe ekstern kapasitet, samt at samarbeidspartane medverkar med eigen kapasitet.

Helse og miljøkonsekvensar:
Helse og miljøkonsekvensane ved dei ulike alternativa vil bli utreda gjennom arbeidet med forprosjektet. Det er ingen helse og miljøkonsekvensar ved utarbeiding av forprosjektet.

Økonomiske konsekvensar:
I økonomiplanen er det planlagt avsett kr. 15 mill i 2017 og 15 mill i 2018 som kommunal del i ein enkel hall (ei speleflate) og der det var føresett at fylkeskommunen skulle dekkje 44 %.

Administrasjonen vil kome tilbake til dei økonomiske konsekvensane etter at det er innhenta pris på forprosjektet. Øvrige økonomiske konsekvensar for dei ulike alternativa for bygging vil bli utreda gjennom forprosjektet.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen kjende

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell Magne Rindal
eigedomssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:


Gamletunvegen
Ragnvaldmarka
Tredenbardeen
Engesetvegen
Snarvegen
Fjellvegen
Fjellstad
Røysåsvegen
Gimmevegen
Karstadvegen
Lindevegen
Haugstad
Vevendelvegen
Storgata
Kyrkjevegen
Porsemyrvegen
Gymnasvegen
S H Halkjelsviks veg
Spanavegen
Leirane
Kyllevegen
Skogsåne
Røyslunvegen
Ingdassvegen
Radhusgata
Anders Vassbottvegen
Elvegata (Rv.65)

Volda vgs sitt arealbehov i en evt. ny (stor?)hall i Volda

AREALPROGRAM PR.13.04.2016

Brukargruppe Volda vgs

	antall	m2	Sum m2	Kommentar	Nettohøyde
Idrettsareal					
Spilleflate i hall inkl sikkerhetssone 23 x 46 m	1	1058	1058	Hall på 23mx46m skal kunne deles i 4 like saler - disse skal ha gode skillevegger med lydisolasjon på min. 28 dB (A). Spilleflaten er forlenget med 2 meter på grunn av skilleveggene.	7m
Gruppetreningsrom/dans	1	150	150	Gruppetreningsrom med spinningsykler. Tilrettelagt for dans i mindre grupper.	3m
Styrkerom	1	150	150	Styrketreningsutstyr - 30-40 personer	
Garderober					
Garderober	6	30	180	2 garderober for 30 elever til hver salenhet. 3 veggkroker og 40 cm benkelengde pr. elev. Evt. låsbare skap. Skohylle ved inngangen til garderobene. Lyddempende tak. Sluk i gulv. Håndvask/speil.	2,5m
Dusjrom til hver garderobe	6	24	144	Min. 6 dusjhoder i hvert rom. Skillevegger mellom dusjene. Direkte inngang fra garderobe	2,5m
HC-toalett i hver garderobe	6	6	36	min. 2,25x1,7	
Separate dusjrom med inngang fra korridor	3	4	12		
Lærer-/dommergarderobe (m/ dusj og toalett)	3	10	30		
Lager/annet					
Skolens hallutstyrslager			0		
			0		
Lager/utstyrsrom til hall/saler	4	20	80	Hallutstyr i en sal i hver hall - portinngang fra sal (port minimum 2,2m x 2,5m)	2,75m (minimum 2,5m)
Lager/utstyrsrom til hall/saler	0	30	0	Lager for felles hallutstyr - Volda kommune	2,75m (minimum 2,5m)
Lager styrkerom	1	10	10	Direkte tilgang fra styrkerom	
Stol- og bordlager	1	15	15	Ca 200 stk	
Arbeidsrom	1	20	20	Mulighet for korttidsarbeidsplasser for kroppsøvingslærere og idrettsfagslærere.	
SUM NETTOAREAL IDRETTSHALL			**1885**		
Brutto/nettofaktor idrettshall	1,25			Tekniske rom og trafikkarealer i brutto/nettofaktor	
SUM BRUTTOAREAL IDRETTSHALL			**2356**		

Programmering av Volda vidaregåande skule

Beskrivelse av Volda vgs sitt arealbehov i en evt. ny storhall

Volda 13.04.2016

Brukargruppe

- Trond Hjelseth
- Kristin Bakke Sæterås
- Kaisa Holsvik
- Even Rotevatn

1. BAKGRUNN

Volda kommune vurderer å erstatte eksisterende idrettshall og ønsker å ha med Volda vgs (Møre og Romsdal fylkeskommune) som leietaker også i den nye hallen.

2. SKOLENS BEHOV FOR IDRETTSAREALER I EN EVT. NY HALL

Volda vidaregående skule sitt behov for innendørs idrettsarealer tilsvarer 1 hall med nasjonale håndballbanemål, styrkerom og kombinert rom for gruppetrening/dans, samt tilhørende garderober, toaletter og lagerrom.

Håndballhall

Hallen skal kunne brukes til ulike formål og variert gruppeinndeling. Hallen må derfor kunne deles i fire like store saler (salenheter).

Hallen skal gi plass til følgende godkjente kamparenaer inklusive sikkerhetssone for disse innendørsaktivitetene:

- 1 håndballbane
- 1 innebandybane
- 9 badmintonbaner
- 5 basketballbaner (4 baner på tvers og en hovedbane på langs)
- 5 volleyballbaner (4 baner på tvers og en hovedbane på langs)
- 1 tennisbane

Basketballstativene må være slik at de kan heves og senkes etter behov og/eller mobile enheter.

Skilleveggene mellom salenhetene skal gi god lydisolering, samtidig som de må være enkle i bruk. For undervisningsformål bør skilleveggen gi en lydisolasjon på min. 28 dB(A), og da slike vegger tar mer plass, bør hallens lengde økes noe i forhold til gjeldende minimumsmål for tippemidler.

Gangpassasje mellom salenheter utformes slik at det unngås bruk av spilleflate og det skal være mulig å bevege seg fra en del til en annen samtidig som ulike grupper er i aktivitet i hver sin salenhet.

Krav til innhold:

- Ribbevegg, bom, tau og ringer i endevegger
- 2 basketballkurver i alle saler
- Oppmerking og tilrettelegging for basket, volleyball og badminton
- Nærliggende drikkeposter med mulighet for påfylling av vannflasker (Ikke i hall)

Styrkerom

Rommet skal ha en størrelse på 150 m² og ha enkel adkomst til garderobe/dusjrom. Det skal være lydavskjerming mot hallene.

Rommet skal ha plass til 30-40 personer samtidig på styrkeapparater, samt noen instruktører. Arealkrav pr. person er ca. 5 m², som inkluderer plass til treningsapparater, nødvendig friareal, kommunikasjons- og instruksjonsareal. I rommet skal det også være en spesialplatting for vektløfting på 4m x 4m m/speil. I tillegg skal det avsettes plass til uttøying. Tøyeområdet skal innredes med ribbevegger, gummiballer, balansebrett, puter og matter.

Utstyr:

-2-3 knebøystativ

-1 benkpresstativ

-nedtrekk i kabelmaskin

-sittende roing i kabelmaskin

-kabelkryss

-hantelrack med hantler fra 1 kg til 45 kg. (1-10 kg med 1 kg intervall, 10 – 45 kg med 2,5 kg intervall)

-slynge

-gulv som tåler øvelsen markløft

-speil på vegger med knebøystativ.

-diverse styrkeapparat for mage og korsrygg (plassavhengig).

-3-4 tredemøller

-2 sykler

Optimal plassutnyttelse krever en rombredde på minst 6 m som gir muligheter for å sette apparater i to rekker. Krav til takhøyde er 3m.
Hele gulvet skal ha sklisikkert belegg som tåler punktlaster fra benker og apparater, samt fall fra vekter. Veggene må tåle belastning fra veggfast utstyr (festemuligheter), utsatte steder må sikres spesielt og veggene må tåle innfesting av apparater/utstyr. Det er dessuten behov for festemuligheter i tak (slynger).

Rommet må ha muligheter for bruk av digitale verktøy (pc, prosjektor ol.) og mobilt musikkanlegg med faste høyttalere.

Gruppetreningsrom/dans

Det skal være et eget rom for oppvarming og trening av kondisjon og utholdenhet med forskjellige apparater. I tillegg skal rommet være innredet på en slik måte at det er muligheter for dans i mindre grupper. Dette må tas hensyn til ved valg av gulv.
Rommet skal være på ca. 150 m² med glassvegg/innsyn til styrkerommet. Det skal avsettes

plass til spinningsykler og ev. annet utstyr. Rommet skal ha flatt gulv og være lydavskjermet. Rommet må ha muligheter for bruk av digitale verktøy (pc, prosjektor ol.) og mobilt musikkanlegg med faste høyttalere.

Utstyr:
Klassesett med spinningsykler

Musikkanlegg
En speilvegg

Elevgarderober

Jørgen Amdam kom med slikt framlegg til nytt pkt. 4:

Andre avsnitt under pkt. 2 i intensjonsavtalen skal strykast.

~~"Høgskulen sin andel er den dominerande i kino og kultursal/fleirbrukssalen (over 50 %)."~~

Røysting:

Det vart røysta punktvis over tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Jørgen Amdam.

Pkt. 1 fekk sju røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Roald Espset, Dan Bjørneset og Erlend Krumsvik)
Pkt. 2 fekk sju røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Roald Espset, Dan Bjørneset og Erlend Krumsvik)
Pkt. 1 fekk sju røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Roald Espset, Dan Bjørneset og Erlend Krumsvik)
Pkt. 1 fekk sju røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Roald Espset, Dan Bjørneset og Erlend Krumsvik)

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

1. ***Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, datert 10.09.16.***

2. ***Kommunestyret er innforstått med at intensjonsavtalen i alle høve innebere eit økonomisk ansvar innanfor ei ramme på kr 800 000. Nærare beløp vert å avklare med HVO og Statsbygg før ordføraren signerer avtalen. Det vert innarbeidd dekning for kommunen sin andel av planleggingskostnadene i komande budsjett og økonomiplan.***

3. ***Den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 følgjer arbeidet med skisseprosjektet for kino/kultursal/fleirbrukssal som del av planlegging av nytt mediebygg på Campus - Høgskulen i Volda. Gruppa vert utvida med inntil 3 representantar frå kulturlivet i Volda. Arbeidsgruppa får ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet. Dette må balansere med ambisjonar som gjeld for liknande referanseprosjekt som har vore realistiske å gjennomføre. Gruppa rapporterer til kommunestyret via formannskapet.***

4. ***Andre avsnitt under pkt. 2 i intensjonsavtalen skal strykast.***
   ~~"Høgskulen sin andel er den dominerande i kino og kultursal/fleirbrukssalen (over 50 %)."~~

Ordføraren fekk permisjon og varaordførar Fride Sortehaug tok sete som ordførar.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Sjurgard	Arkivsak nr.:	2014/1913
		Arkivkode:	A60

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
159/16	Formannskapet	20.09.2016
109/16	Kommunestyret	29.09.2016

INTENSJONSAVTALE MELLOM HØGSKULEN I VOLDA OG VOLDA KOMMUNE OM KINO/KULTURSAL I NYTT MEDIEHUS

Administrasjonen si tilråding:

1. **Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, datert 10.09.16.**

2. **Kommunestyret er innforstått med at intensjonsavtalen i alle høve innebere eit økonomisk ansvar innanfor ei ramme på kr 800 000. Nærare beløp vert å avklare med HVO og Statsbygg før ordføraren signerer avtalen. Det vert innarbeidd dekning for kommunen sin andel av planleggingskostnadene i komande budsjett og økonomiplan.**

3. **Den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 følgjer arbeidet med skisseprosjektet for kino/kultursal/fleirbrukssal som del av planlegging av nytt mediebygg på Campus - Høgskulen i Volda. Gruppa vert utvida med inntil 3 representantar frå kulturlivet i Volda. Arbeidsgruppa får ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet. Dette må balansere med ambisjonar som gjeld for liknande referanseprosjekt som har vore realistiske å gjennomføre. Gruppa rapporterer til kommunestyret via formannskapet.**

Vedleggsliste:
1. Framlegg til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune
2. Notat frå rådmannen til kommunestyret, datert 13.06.16.

Uprenta saksvedlegg:
K-sak 122/15; Oppfølging av Campusprosjektet og prosjekt Voldahall.
K-sak 82/15; Campusutviklingsprosjektet ved Høgskulen i Volda.

SAMANDRAG

Styret for Høgskulen i Volda (HVO) har vedteke å forskottere kostnadene med skisseprosjekt for nytt mediebygg der kino/kultursal/fleirbrukslokale inngår. Kommunen er invitert til å ta del i dette planleggingsarbeidet. Dersom kommunen seier nei til dette, så vil kino/kultursalen/fleirbrukslokalet gå ut av planane. HVO vurderer nytt mediebygg som avgjerande for framtida til medieutdanninga i Volda. HVO har eit svært stramt tidsløp, og må ha eit nytt bygg ferdigstilt og innflyttingsklart til 1. januar 2021.

Kommunen står overfor større utfordringar på investeringssida dei komande åra. Kommunestyret må ta stilling til korleis ei deltaking i Campusutbygginga med kino og kultursal får for utvikling av Voldasamfunnet i det regionale perspektivet, og samtidig vere budde på å skaffe økonomisk handlerom for ei slik satsing.

SAKSOPPLYSNINGAR

I januar 2016 fekk HVO utarbeidd eit programprosjekt med utgangspunkt i Campusrapporten der det vart trekt opp strategiar for utvikling av Campus i Volda. Programprosjektet vart presentert for kommunestyret 25.02.16 og ligg ute på HVO sine heimesider; http://www.hivolda.no/neted/services/file/?hash=14230b794f2156256cc13d229d28968b

Kommunestyret har vedteke at kommunen ynskjer å vere aktiv deltakar for oppfølging av strategien med å få bygt ut Campus med nytt mediebygg, jfr K-sak 82/15.

HVO har arbeidd vidare med planane og styret har gjort vedtak på å forskottere kostnadene med planlegging av dette nye bygget. Det er vurdert som avgjerande for medieutdanninga si framtid at ein får tidsmessige lokale for å vere ein attraktiv utdanningsinstitusjon og kunne konkurrere med dei andre medieutdanningane i landet.

Statsbygg har vore ein positiv aktør i Campusutviklingsprosjektet, og HVO har no sendt oppdragsbrev for å iverksetje arbeidet med skisseprosjekt. Prosjektet har også vore drøfta med Kunnskapsdepartementet som har gitt positive signal til planane.

Det vert synt til vedlagte notat til kommunestyret av 13.06.16.

HVO skal reforhandle alle leigeavtalene med Statsbygg med ny kontraktsperiode frå 01.01.21. Dette er ein kritisk frist for å kunne ha eit nybygg realisert og teke i bruk. Dette inneber at arbeidet med skisseprosjekt må starte opp i haust. Leigevilkåra for bygningsmassen vil verte vesentleg lågare enn i dag, og HVO vil kunne skaffe seg økonomisk handlingsrom for å utvide leigearealet med eit nybygg. Toget for dette går no, og det må vere framdrift i planlegginga for at ein kan vere i posisjon til å gjere dette no. Staten har gitt positive signal. Korleis dette stiller seg etter 2021 og i lys av strukturreformene for høgskulane er høgst usikkert.

Intensjonsavtale

Som kjent så inneheld den nemnde programskissa fleirbrukslokale der ein kan kombinere kino og kultursal med HVO sine bruksbehov. Leiinga ved HVO og kommunen har hatt drøftingar om intensjonsavtale der ein går vidare i samarbeid om planlegging av skisseprosjekt som eit grunnlag for seinare å ta endeleg avgjerd om realisering. Det vert synt til vedlagte utkast til intensjonsavtale. Sentrale hovudpunkt i avtalen er m.a:

- HVO er den dominerande parten i fleirbrukslokalet/kino og kultursal (over 50 %) Kvar prosentdelinga skal gå er noko partane må forhandle seg fram til. For kommunen er det nødvendig at det er føreseieleg at det ikkje overstig 50 %.
- Kommunen må garantere for ein rimeleg andel av planleggingskostnadene for fleirbrukslokalet/kino og kultursal. Dette vert utløyst dersom kommunen trekkjer seg frå prosjektet. Vert det realisert går dei samla planleggingskostnadene inn økonomien for totalprosjektet. I utkastet er dette grovt vurdert til inntil 20 % avgrensa oppover til kr 800 000. Dette må avklarast nærare med Statsbygg ved nærare utrekning av kommunen sin andel og lokalet sin del av det totale bygget.
- Det er ein intensjon å etablere eit eige driftsselskap som skal ha ansvar for den samla drifta av fleirbrukssalen/kino og kultursalen. Her har det vore dialog med Studentsamskipnaden der dei har signalisert positiv interesse i å delta i etablering av eit slikt driftsselskap.
- Avtalen ivaretek samordning i høve til andre prosessar som Ivar Aasen-bygget og planlegging av idrettshall.

Konseptet er basert på at Statsbygg byggjer. HVO leiger bygget av Statsbygg og skriv framleigeavtale med Volda kommune for den bruksdelen/-tida kommunen skal ha. Etter innkjøpsregelverket så vil slikt offentleg-offentleg samarbeid kunne gjerast utan konkurranse. Derimot må Statsbygg leggje det samla byggjeprosjektet ut på konkurranse.

Skisseprosjektet skal avklare romprogram, funksjonalitet og investeringskostnad som grunnlag for leigekostnad overfor partane. I dag er det vanskeleg å skissere noko utover det som HVO grovt har gitt overslag på og referert til i nemnde notat til kommunestyret i juni, jfr notat datert 13.06.16.

Propellhallen
Ei interessegruppe har vore i kontakt med kommunen om planar for å utvikle den tidlegare industrihallen (Propellhallen) i Volda sentrum til konsertsal. Hallen har ein unik klang og er særleg godt eigna til ulike type konsertar. Dette vil ikkje dekkje behovet for eit kulturhuskonsept. Interessegruppa har i møte med ordførar og rådmann uttrykt at dei ikkje vurderer dette som ei konkurranse til kultursalplanane på Campus, men som eit supplement. Interessegruppa arbeider vidare med sine planar overfor eigarane av Propellhallen og vil kome attende til kommunen for å drøfte ev sambruksgevinstar med kommunen. Frå kommunen har det vore signalisert at ein vil vere open for å vurdere om kommunen kan flytte aktivitet og frigjere økonomi ved å flytte eksisterande aktivitet til dette lokalet dersom dette er tenleg og realiserbart. I praksis vil det da innebere å flytte leigeutgifter frå ein stad til ein annan. Administrasjonen har signalisert at ein ikkje ser det som realistisk at kommunen driv fleire kulturbygg, og at kommunestyret må velje kva prosjekt ein vil satse på i kommunal regi.

Samfunnshuset
Kommunestyret har vedteke at Volda samfunnshus går inn i EPC-programmet (energispareprogrammet) Dette inneber noko rehabilitering av lokalet både utvendig og innvendig, samt å gjere bygget meir energieffektivt og miljøvennleg. Bygget vil dermed framleis ha eit nostalgisk uttrykk frå 50-talet og samtidig kunne dekkje eit bruksformål for ein del grupper og vere eit lågterskeltilbod for organisasjonar som ikkje har økonomi til å leige dyrare lokale som t.d ein ev ny kultursal i nytt mediebygg på Campus.

VURDERING OG KONKLUSJON

Sentralisering til byane - kva bør Volda sin strategi vere i ein slik situasjon?
Høgskulen er svært viktig for regionen og for Voldasamfunnet. I nyare tid er det særleg medieutdanninga som har gitt HVO nasjonal merksemd. Denne utdanninga har får liten plass og lokale som er svært utilfredsstillande. Dei konkurrerande utdanningsinstitusjonane har satsa på tidsmessig lokale og infrastruktur for å stå sterkt i konkurransen om studentane og dei beste lærekreftene. Dersom ein ikkje nyttar høvet til å satse på tidsmessige lokale og tilrettelegging for denne utdanninga i Volda, så vil HVO tape i konkurransen. Midt opp i staten sin strukturpolitikk for høgskulane, så utset ein seg for større risiko dersom ein ikkje er med i kampen om statlege investeringskroner til å utvikle tidsmessige rammevilkår.

Rådmannen synest å sjå at landet er inne i eit svært viktig tidsskilje. Det vert større kamp mellom byane og distrikta. Dei lokalsamfunna som greier å omstille seg og frigjere handlingsrom til å ta større grep om samfunnsutviklinga vil truleg vere dei som står seg og får positiv utvikling med tilflot av kompetanse og innbyggjarvekst. Voldasamfunnet står midt oppe i dette no, og ei kvar prioritering som kommunen gjer får konsekvensar for fleire tiår framover i tid. Det er viktig å tenkje seg nøye om kva som er dei viktige grepa. Dei investeringane som kommunen gjorde for 10 - 15 år attende bind opp kommuneøkonomien i 25 - 30 år, og slik vil det alltid vere. Kommunen sitt økonomiske handlingsrom er i stor grad oppbunde i desentralisert tenestestruktur. Dersom kommunen skal gå tungt inn i kultursatsing som kino/kultursal og/eller idrettshall, så må det planleggjast for å frigjere økonomisk handlingsrom. Dette må sjåast i samanheng med økonomiprosessen der partigruppene gjennom ei politisk arbeidsgruppe gjennom analyser og dokumentasjon skal kome med forslag til strategiar og retning for utviklinga av kommunen i åra framover. Dette vert eit grunnlag for det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplanen. Analysane viser at mykje av kommunen si drift er oppbunden i struktur som ikkje vert kompensert gjennom inntektssystemet. I prinsippet må kommunen derfor bruke eigedomsskatt for å oppretthalde tenestestrukturen. Dersom kommunestyret skal skaffe økonomisk handlingsrom og kunne bruke eigedomsskatten til samfunnssatsingar, så må ein om ca 4 år ha gjort noko med skule- og barnehagestrukturen. Dette er naturlegvis eit politisk val, og politisk er det naturleg gjenstand for å diskutere kva som er rett og ikkje. Frå rådmannen sin ståstad er det viktig å peike på kva konsekvensane vil verte dersom ein vel det eine eller det andre. I den sentraliseringa som no skjer, så må kommunestyret vurdere "kvar ein vil setje demninga", som ein journalist i Sunnmørsposten skreiv i ein kronikk frå nokre månader sidan. Med ein oppbunden økonomi er det krevjande for Volda kommune å gå tungt inn i samfunnsutviklingstiltak. Samtidig er vi no inne i eit tidsskifte der det vert viktigare enn nokon gong å vere tilretteleggjar for å auke attraktiviteten til Volda sentrum for å sikre arbeidsplassar og tilflytting. Det er viktig å spørje seg kva posisjon Volda skal ta i denne samanheng.

Volda ungdomsskule, idrettshall og svømmehall som dei tre store utfordringane
Det er viktig å vere merksam på at Volda ungdomsskule må rehabiliterast, og i den samanheng bør ein også sjå utbyggingsplanen i samanheng med kva ein ser for seg som framtidsretta organisering av ungdomssteget i kommunen.

Voldahallen må det også gjerast noko med. Det er nedsett ei arbeidsgruppe for å vurdere ulike alternativ. Dette kjem som eiga sak.

Volda kommune baserer symjeundervisninga på leigde lokale i Idrettsbygget. Statsbygg har levert ein teknisk rapport til HVO der det går fram at Idrettsbygget treng oppgradering i storleiken 50 - 80 millionar. HVO ynskjer dialog med kommunen om løysingar på dette.

Rådmannen ser det som viktig at HVO, kommunen og idretten samarbeider om smarte løysingar på kort og lang sikt. Det vil alltid vere gevinstar ved sambruk. Idrettsbygget er eit gammalt bygg, og staten må vurdere investeringsnivået i dette bygget opp mot levetid og kor formålstenleg bygget vil vere. Det bør også vurderast om ein kan velje utbyggingsmodellar som t.d EPC for å redusere driftskostnadene slik at reduserte energiutgifter kan gå inn i finansieringa av ei ev rehabilitering. Den nye situasjonen aktualiserer i større grad at HVO bør inviterast inn i prosessen med idrettshall saman med idretten, fylkeskommunen og Volda kommune, iallfall med sikte på korleis ein kan sjå framtidige planløysingar i fleire byggjesteg for å ivareta behova på lang sikt for alle partar.

Sjølv om kommunen har svært store utfordringar framover, så er det også viktig å nytte dei sjansane som oppstår. Rådmannen vurderer det som unikt dersom ein kan få realisert ein kino- og kultursal der ein statleg institusjon tek halve kostnaden. Rådmannen vurderer dette som eit tog som går no, og stiller spørsmål ved om ein slik sjanse nokon gong kan kome att. Det vil både ha konsekvensar å ikkje vere med på ei slik satsing, samtidig som det har konsekvensar å for både tenestestruktur og kanskje også eigedomsskattenivået ved å gjere ei slik satsing. Rådmannen meiner det er viktig for utviklinga av Volda at kommunen nyttar dette høvet, og at ein i første omgang får utgreia innhaldet og kostnadene gjennom deltaking i skisseprosjektet.

Rådmannen vil rå til at planlegginga vert basert på ei balansering mellom eit lokale som har tilfredsstillande funksjonsnivå og økonomisk realisme. Rådmannen rår til at kulturlivet i Volda vert invitert inn i samarbeidet og tiltrer den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15, og som vert omdefinert som referansegruppe inn mot skisseprosjektarbeidet. Det har oppstått nye føresetnader sidan gruppa vart oppnemnt, slik at opprinneleg mandat ikkje lenger er like aktuelt, og gruppa sin funksjon kan dermed omdefinerast.

I høve samfunnsdelen i kommuneplanen, så kan ein referere til følgjande mål og strategiar:

ATTRAKTIVITET (FOLK, NÆRING OG TRIVSEL)

MÅL:
Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda.
STRATEGIAR:

- *Styrke samarbeidet mellom kommunen, høgskulen og næringslivet.*

MÅL:
Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad.
STRATEGIAR:

- *Sikre høgskulen og sjukehuset som viktige arbeidsplassar og institusjonar for framtida.*
- *Styrke Volda sentrum som regionalt handels-, bu-og næringssentrum.*

MÅL:
Volda sentrum skal vere eit levande midtpunkt i kommunen med attraktive møteplassar.
STRATEGIAR:

- *Utvikle samarbeid med Volda Næringsforum, høgskulen, lag og organisasjonar om felles strategi for marknadsføring og aktivitetar gjennom året.*
- *Arbeide for at "Campus HVO" vert ein integrert del av Volda sentrum.*

BUSETTING
MÅL:

Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet.
STRATEGIAR:

- *Legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikle kompetansearbeidsplassar innanfor privat og offentleg sektor.*
- *Legge til rette for at innbyggjarar skal oppleve trivsel og tryggleik i kvardagen.*
- *Styrke Volda sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen.*

MÅL:
Fleire unge skal flytte til og bli verande i Volda, og nettoinnflytting i alderen 18–30 år skal vere positivt.
STRATEGIAR:

- *Ha eit variert utdanningstilbod og tilstrekkeleg med lærlingplassar.*
- *Utvikle Volda til den beste studiebygda i landet, med stor kulturaktivitet og gode møteplassar med urbane kvalitetar i Volda sentrum.*
- *Vidareutvikle Volda som ein attraktiv bukommune, i ein mangfaldig arbeidsregion.*

MÅL:
Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar.
STRATEGIAR:

- *Vidareutvikle og styrke regionale funksjonar i området, og utvikle sentrum med urbane kvalitetar.*
- *Legge til rette for at Volda og Ørsta skal vere Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk.*
- *Styrke og vidareutvikle bu- og arbeidsregionen, og vidareutvikle samarbeidet med Ørsta.*
- *Styrke næringslivet med vekt på innovasjon og gründerverksemd, og vidareutvikle utdanningstilbodet i Volda-Ørsta.*
- *Styrke samarbeidet mellom kommunen, høgskulen, sjukehuset og andre regionale funksjonar.*

MÅL:
Bruke Volda-Ørsta sin kulturarv og identitet bevisst i arbeidet med å bygge regionsenteret.
STRATEGIAR:

- *Nytte skulestaden Volda og StudiebygdA i omdømebygging og marknadsføring i arbeidet med å vidareutvikle Volda-Ørsta som regionsenter.*

Rådmannen finn ikkje at prosjektet vil vere særleg relatert til dei andre temaområda i kommuneplanen. Når det gjeld tenester og økonomimål, så vil ei satsing på kultur gi ei enda større utfordring i høve målsettinga om resultatgrad på 1,75 % (netto driftsresultat i høve til samla inntekter).

Økonomiske konsekvensar:
Ved å godkjenne intensjonsavtalen vil kommunen verte ansvarleg for å dekkje sin del av planleggingskostnadene, stipulert til ei ramme innanfor kr 800 000. Dette kan dekkjast av ubunde driftsfond, men dekninga vert å kome attende til i budsjett- og økonomiplan.

Arbeidet med skisseprosjektet skal avklare innhald og kostnader og verte ein dokumentasjon for å ta avgjerd om ev deltaking for realisering. Pr tidspunkt veit ein ikkje meir enn dei grove kostnadsoverslaga som administrasjonen ved HVO gjorde til styret i juni i år der ein leigekostnad på kommunen er stipulert til ca kr 2,7 mill. Ein må rekne med at drifta av kultursalen ikkje går med overskot og kanskje må subsidierast. Vidare er det avgjerande om tapt husleige ved Ivar Aasenbygget vert kompensert ved annan bruk når HVO flyttar ut den aktiviteten dei har der i dag inn i nye lokale.

Kommunen har pressa drift og høg gjeld. Dersom kommunestyret ikkje opphevar vedtaket om å fjerne eigedomsskatten i 2019, så vil det ikkje vere rom for nye investeringar. Det gjeld alle investeringar. For å realisere nødvendige investeringar innanfor dei primære

tenesteområda og ev deltaking i kino/kultursal og idrettshall, så må kommunen utnytte inntektspotensialet innanfor forsvarlege grenser og utnytte stordriftsfordelar i drifta.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen spesielle.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Høgskulen i Volda
Studentsamskipnaden i Volda
Økonomisjefen
Servicesjefen
Rådmannen

Intensjonsavtale

mellom

Høgskulen i Volda

og

Volda kommune

1. Partar

Avtalen blir inngått mellom Høgskulen i Volda (HVO) og Volda kommune

Kontaktperson hos Høgskulen i Volda høgskuledirektør Jacob Kjøde jr

Kontaktperson hos Volda kommune rådmann Rune Sjurgard/ordførar Jørgen Amdam

2. Hensikta med avtalen

Høgskulen i Volda skal bygge eit hus for mediefaga. I det nye huset er det planlagt ein kino og kultursal/fleirbruksrom som skal kunne nyttast til m.a. førelesingar, framsyning av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/teaterframsyning, fleirkameraproduksjon, konferansar og mottakingar.

Høgskulen sin andel er den dominerande i kino og kultursal/fleirbrukssalen (over 50 %).

Avtalen skal leggje til rette for samarbeid mellom partane når det gjeld bruken og drifta av kino og kultursal/fleirbrukssalen. Målsettinga er at Volda kommune skal vere ein stabil og langsiktig leigetakar av brukstid i kino og kultursal/fleirbrukssalen. Partane vil arbeide for å etablere eit driftsselskap som får ansvaret for drifta av salen. Studentsamskipnaden på Sunnmøre kan vere ein interessant samarbeidspart i eit slikt selskap.

Planlegginga av nybygget vil starte med eit skisseprosjekt i regi av Statsbygg hausten 2016. Målet er at bygget skal stå ferdig ved utgangen av 2020.

Intensjonsavtalen er eit mellombels dokument som vil bli avløyst av ein bindande avtale dersom bygget blir realisert.

3. Skisseprosjektfasen

Skisseprosjektet skal avklare nærare rom-/funksjonsprogram samt investeringskostnad og driftskostnader for grunnlag for utrekning av leiepris i kino og kultursal/fleirbrukssalen. Partane er samde om utgreie nærare drift og fordeling av bruken av kino og kultursal/fleirbrukssalen. Studentsamskipnaden og evt andre potensielle samarbeidspartar vert invitert til å delta i utgreiinga.

HVO dekkjer kostnadene med utarbeiding av skisseprosjektet. Volda kommune påtek seg å dekkje inntil 20 % avgrensa opp til kr 800 000 dersom Volda kommune etter skisseprosjektfasen vel å ikkje ville forplikte seg med leigeavtale i bygget. Ved realisering vil planleggingskostnad gå inn i det samla kostnad ved utbygging av prosjektet.

4. Informasjon

Partane forpliktar seg til å utveksle gjensidig informasjon om planar og tiltak som kan påverke realiseringa av nybygget. For å sikre god kommunikasjon blir Volda kommune invitert inn i relevante arbeidsgrupper i samband med nybygget.

5. Samordning mot andre prosessar

Realisering av mediehus vil frigjere kapasitet i Ivar-Aasen huset som HVO leier av Volda kommune. Volda kommune har planar om oppgradering av bygget i samband med eit energispareprogram (EPC-prosjekt). Investeringa baserer seg på at bygget vert utleigd til HVO til undervisning og kontor fram til realisering av nytt mediehus. Partane har som intensjon å samarbeide med andre aktørar om å få etablert ein kunnskapspark i bygget. Det vert inngått ein eigen intensjonsavtale mellom partane for eit slikt prosjekt.

Volda kommune arbeider saman med fylkeskommunen og idretten om planar for ny idrettshall. HVO stiller seg open på å vurdere mogleg lokalisering på HVO sitt område dersom dette samla sett kan gi best samfunssmessig gevinst og ikkje legg avgjerande hindring for utvikling av Campus.

6. Avgjerd

Partane tek sikte på å ta stilling til vidare samarbeid i styrande organ og inngå ev forpliktande avtale når økonomiske og driftsmessige forhold er avklart etter skisseprosjektfasen.

7. **Signering**

Denne avtalen er underteikna i to eksemplar. Kvar av partane har sitt eksemplar.

Volda xxxx 2016	Volda xxxx 2016
For HVO	For Volda kommune

Forslag, datert 10.09.16

VOLDA KOMMUNE
Rådmann

NOTAT

Interne mottakarar:
Rådmann Rune Sjurgard

Sak: Campusutvikling på høgskulen i Volda

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2014/1913	*7073/2016*	*A60*	*ADM/RUNSJU*	*13.06.2016*

CAMPUSUTVIKLING - STATUS I PROSESSEN

Kort historikk

Høgskulen i Volda (HVO) fekk i samarbeid med Statsbygg utarbeidd ein utviklingsplan for høgskuleområdet i 2015. Volda kommune vart invitert med og deltok også i prosessen. Kommunestyret fekk framlagt Campusutviklingsplanen i møte 27.08.15 (K-sak 82/15) og gjorde slikt vedtak:

1. *Kommunestyret tek Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda-sluttrapport- til vitende.*

2. *Kommunestyret viser til høgskulestyret sitt vedtak i sak 43/15, møte 4.6.15, og signaliserer medverknad frå kommunen i prosessar i dei strategiar der dette er føresett. Kommunen ynskjer vidare å vere ein aktiv deltakar i høve strategi 1 og 4.*

3. *Kommunestyret ser det som ynskeleg at Høgskulen inviterer kommunen og andre samarbeidspartar til dialog omkring organisering og prosess for planlegging av utbygging. Kommunen må parallelt med ein slik prosess avklare strategi rundt si deltaking og kva som ev kan lokaliserast til campusområdet. Eventuelle skisse til prosess med organisering og framdrift skal leggjast fram for kommunestyret som godkjenner kommunen si vidare deltaking i prosessen.*

4. *Eventuelle planar om tiltak som vil krevje økonomisk deltaking frå kommunen si side må godkjennast av kommunestyret.*

Strategiane det er vist til i vedtaket handlar om planlegging av «medieringsbygg» og kunnskapspark.

Kommunestyret sette ned ei politisk arbeidsgruppe med ordføraren som leiar for å avklare kommunen sine behov og muligheiter i ei oppfølging av Campusplanen når det gjeld punkt 4 om «medieringsbygget», jfr K-sak 122/15 i møte 26.11.15. Sitat av punkt 3 – 5 i vedtaket:

1. *I mandatet inngår m.a vurdering og framlegg om:*
   - *Framtidig lokalisering av kino og type kinokonsept*
   - *Kva formål Volda samfunnshus skal ha i framtida*

- *Definere behovet for og aktuell sambruksløysing av lokale saman med Høgskulen og ev andre partar.*

2. *Utvalet skal vurdere om utbyggingsplanane på Campusområdet kan gripe inn i utgreiingsarbeidet for ny Voldahall. Arbeidsgruppa for hallprosjektet får derfor utsett frist til 1. mai 2016 til å leggje fram sin rapport.*

3. *Utvalet skal vurdere tiltak på kort sikt og tiltak på lang sikt, innanfor berekraftige og realistiske økonomiske rammer. Utvalet skal i si vurdering konsekvensutgreie tiltaka det kjem med framlegg om, m.a kva konsekvensar det kan ha på kommunen sine prioriteringar i økonomiplansamanheng. Frist for utvalet sitt arbeid: 15.2.16.*

Arbeidsgruppa har hatt eitt møte, 05.01.16. Rektor og direktør for HVO møtte også. Moglege sambruksløysingar for fleirbrukssal vart drøfta. Samtidig vart planlegginga av ny idrettshall i Volda trekt inn i prosessen med ynske om avklaring av lokalisering der ein i den samanheng også kunne vurdere Campusområdet.

Møtet konkluderte med at det vart arbeidd vidare med tre prosjekt; ny Voldahall, utvikling av Samfunnshuset og ny kino i sambruksløysing med Høgskulen. Det skulle lagast skisse for plassering av idrettshall på området opp frå Øyra skule, og HVO skulle vurdere løysingar for sambruk av auditorium for kino.

Nye moment

Sidan dette møtet har det skjedd ein del. Samfunnshuset inngår i EPC-programmet (energispareprogrammet) og vil verte oppgradert til å verte meir funksjonelt innanfor eksisterande arealrammer. Kommunen må avklare nærare kva ein vil bruke huset til framover.

Prosessen med idrettshall går framover. HVO har avklart at dei er negative til å plassere hallen på Statsbygg sin eigedom ovanfor Øyra skule. Derimot er dei positive til andre plasseringar på Campusområdet. Eit eige arbeidsutval samansett av partane; Volda kommune (v/ administrasjonen), Volda idrettsråd, Volda handball, Volda volleyball og Møre og Romsdal fylkeskommune arbeider med idrettshallprosjektet. Lokaliseringsspørsmålet har vore eit sentralt tema. For idretten spelar det mindre rolle kvar hallen vert lokalisert i Volda sentrum. For kommunen har det betydning at den ikkje ligg for langt frå skulane dersom den også skal fungere som kroppsøvingslokale for elevane. Fylkeskommunen stiller vilkår om at hallen ikkje vert lagt for langt frå den vidaregåande skulen (VGS). Steinrøysa vest for VGS vert no drøfta som det mest relevante alternativet, da det kan utløyse sambruksfunksjonar og ei planlegging som også stettar behova for utviding av undervisningslokale for VGS. Desse planane ligg i utviklingsplanen for VGS. Lokalisering av hall med tilbygg til VGS vil kunne forsere utbyggingsplanane ved VGS og vere eit samfunnsmessig større prosjekt enn berre ein idrettshall. Ei bygging på Steinrøysa er av skulesektoren vurdert som for lang avstand til Øyra skule. Alternativ som bør vurderast for skulane ved ei slik lokalisering kan ver ein eigen kroppsøvingssal på området til Øyra skule. HVO opplyser også at Idrettsbygget deira står ledig store delar av tida, og at kommunen kan få leige der for kroppsøving for elevane. Eg finn det rett å orientere litt om hallsaka i notatet ettersom denne saka også har gripe inn i campusutviklingssaka. Det vert lagt fram ei eiga sak om idrettshall etter ferien. Idretten har lagt fram sitt behov gjennom eit romprogram. Det er avtalt møte med Ørsta kommune for å avklare funksjonane for hallane som er under planlegging både i Volda og Ørsta, samt også for å drøfte samarbeid med sikte på høgare andel av spelemidlar. Vidare er det avtalt ekskursjon

til Ulsteinhallen. Intensjonen er å få lagt grunnlag for å få utarbeidd eit forprosjekt til ein ny idrettshall der ein kan få fram løysing og kostnader. Spørsmålet om prioritering vert noko partane deretter må ta stilling til i sine styrande organ.

HVO fekk utarbeidd eit programprosjekt for nytt mediabygg i januar i år. HVO presenterte prosjektet for kommunestyret den 25.02.16. Programprosjektet viser nybygg for mediafag lokalisert på området mellom Berte Kanutte-bygget og Strøm-bygget. I programprosjektet er det i ein førebels funksjonsanlyse og romprogram vist mogleg sambrukslokale mellom HVO og kommunen, jfr:

Storsal/fleirbruksrom

- *«Bruksområde: Dette store rommet skal kunne bli brukt til førelesingar, framvising av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/framsynsingar og fleirkamera-produksjon. Det skal ha kapaistet til å huse store konferansar og mottakingar, og kan vere egna til temporære utstillingar.*
- *Setekapasitet: ca 500 plassar. Om lag dobbel så stor publikumskapasitet ved bruk av flatt golv (Operahuset på Eid har 540 plassar, Storsalen i Førdehuset 590 plassar)»*

Fleirbruksrom/mindre sal

- *«Bruksområde: Dette rommet vil bli bruk til undervisning og framvisning av film og anna audiovisuelt materiale i høg kvalitet, noko som er viktig for den audiovisuelle undervisninga ved skulen.*
- *Brukarar: Undervisning fyrst og fremst for mediefag (AMF + dagens MID) og kulturfag. Det vil også vere godt eigna til bruk under Dokfilmfestivalen, animasjons-festivalen og liknande arrangement. Det vil også vere in stad for kinoframsyningar med høg kvalitet. Dersom det blir etablert ein ny kunnskapspark Aasen-huset vil det vere ein aktuelle leigetakar.»*

Framdrifta i Campusutviklingsprosjektet

Det er eit stramt tidsløp for realisering av nybygg på Campusområdet. Husleigeavtalane med Statsbygg skal reforhandlast, og eit nytt bygg vil inngå i framtidige husleigeavtale og må stå ferdig innan utgangen av 2020. Nytt grunnlag for husleigeutrekning vil gi vesentleg lågare husleige i dei eksisterande lokala, og frigjere økonomi for HVO til delfinansiering av auka husleige i eit nybygg.

HVO legg opp til å føre opp eit nybygg gjennom såkalla «kurantprosjekt». Dette er prosjekt av eit visst avgrensa omfang der godkjenning må skje gjennom regjeringsnotat frå Kunnskapsdepartementet.

HVO og Statsbygg har tett dialog om planlegging av nytt bygg på Campus. Kommunen vert halden løpande orientert og vert invitert til samarbeidsmøte, seinast i Skypemøte mellom HVO og Statsbygg 09.06.16.

Det skal vere eit møte med Kunnskapsdepartementet 24.06.16 der HVO skal presentere behov og planar for nybygg. Intensjonane om samarbeid med Volda kommune om fleirbrukslokale i bygget vil også verte tematisert i møtet.

Statsbygg som er ansvarleg for byggjeprosjektet tek sikte på å kome i gang med skisseprosjekt etter ferien. Styret for HVO har i møte 28.04.16 vedteke å dekkje kostnadene med

skisseprosjektet. Volda kommune vert utfordra av HVO til å ta stilling til om kommunen vil delta i sambruksløysing i nybygget.

Kommunen si rolle

Kommunen bør etter rådmannen sitt syn vurdere to hovudomsyn når det gjeld dette prosjektet. Det eine er rolla som vertskommune og interessa for at HVO er framtidsretta og konkurransedyktig. I kommuneplanen er det vedteke slik målsetting under temaet Volda i regionen: *«Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar».* Til dette målet er det vedteke slike strategiar:

- *Vidareutvikle og styrke regionale funksjonar i området, og utvikle sentrum med urbane kvalitetar.*
- *Legge til rette for at Volda og Ørsta skal vere Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk.*
- *Styrke og vidareutvikle bu- og arbeidsregionen, og vidareutvikle samarbeidet med Ørsta.*
- *Styrke næringslivet med vekt på innovasjon og grunderverksemd, og vidareutvikle utdanningstilbodet i Volda-Ørsta.*
- *Styrka samarbeidet mellom kommunen, høgskulen og andre regionale funksjonar.*

Det andre omsynet er om kommunen skal nytte høvet til å inngå i eit partnerskap og løyse eigne behov for kulturell infrastruktur. Det går eit tog no, og truleg kan det verte lenge til neste gong, om det i det heile teke vil oppstå ei slik sjanse seinare.

Inntil det ligg føre eit skisseprosjekt har ein ikkje klare tal på kva ei slik deltaking vil innebere økonomisk for Volda kommune. Statsbygg er ubyggjar og HVO leigetakar. Statsbygg rår til at dersom kommunen deltek, så er det mest tenleg med framleigeavtale der HVO leiger ut ein andel ut frå timebruk til Volda kommune. Føresetnaden for å få gjennom ein slik modell hos Kunnskapsdepartementet er at det er HVO sin bruk av sambrukslokalet er det dominerande. Bakgrunnen er at statlege bygg i hovudsak skal førast opp til statleg formål. Det er likevel opning for eit samarbeid med andre partar når den andre parten sitt behov ikkje er det primære.

HVO har gjort ei grovkalkyle på husleige i to alternativ basert på arealmåla i programprosjektet frå januar 2016, jfr styresak den 28.04.16:

I Med fleirbrukssal	**Husleige**	**II Utan fleirbrukssal**	**Husleige**
Redusert huslege	6,00 mill	Redusert huslege	6,00 mill
Innsparing Ivar Aasen	1,00 mill	Innsparing Ivar Aasen	1,00 mill
Innsparing SfS	0,20 mill	Innsparing SfS	0,20 mill
Husleige kino	0,30 mill	Husleige kino	0,30 mill
Volda kommune husleige 910 m2	2,43 mill		
Sum	**9,93 mill**	**Sum**	**7,50 mill**
Auka husleige HVO	2,07 mill	Auka husleige HVO	2,70 mill
Totalt	**12,00 mill**		**10,20 mill**

Dette er førebelse kalkyler og basert på HVO sine skjønsmessige føresetnader om kommunal bruk/leige av fleirbrukssal og kino. Dette er forhold som må vurderast nærare etter forhandlingar, og der ein må leggje til grunn at HVO har den dominerande bruken. Ein kan førebels berre bruke desse tala som ein indikasjon på kva det kan dreie seg om av årlege

husleigeutgifter dersom Volda kommune skal gå inn i prosjektet. Vidare må Volda kommune ta høgde for utgifter med drifta. Erfaringar viser at mange kommunar som regel har netto driftsutgifter med kinodrift og kulturelle arrangement. Det kan vere aktuelt å organisere kulturelle arrangement gjennom eit driftsselskap, og at td Volda kommune og Studentsamskipnaden kunne etablere eit slikt selskap i lag. Det er ikkje usannsynleg at ei satsing saman med HVO på Campus kan representere ei årleg utgift for kommunen i storleiken 3 – 4 millionar i leige og drift. Dette er sjølvsagt heilt grove anslag, og nærare kostnadskalkyle må kome fram gjennom skisseprosjekt og planlegging av driftsopplegg. Basert på at HVO skal ha ferdig nybygg innan 2020, så er dette utgifter som ev vil verte utløyst frå og med 2021.

Dersom Volda kommune skal ha ei rolle i regionen slik intensjonen er kommuneplanen, så krevst det ei satsing. Dette føreset omprioriteringar i drifta, effektivisering av tenestestrukturen og ein svært bevisst investeringsplan i åra framover. For å kunne ivareta eit tilfredsstillande nivå på tenestene, så meiner rådmannen at Volda kommune er avhengig av eigedomsskatt. Dersom Volda kommune skal delta i kultursatsing og leige seg inn i eit fleirbruksbygg/nytt mediebygg på Høgskuleområdet, så må slike planar byggje på føresetnadene om at kommunen ikkje fjernar eigedomsskatten i 2019 slik intensjonen er frå kommunestyret. Det same gjeld også dersom ein skal arbeide fram ein ny idrettshall i Volda kommune. Dette må sjåast i lys av andre større investeringsbehov i Volda kommune, som t.d Volda ungdomsskule.

Rådmannen meiner at det er viktig for Volda som vertsstad for Høgskulen, samt for kommunen si rolle i regionen, at Volda kommune deltek vidare i samarbeidet med sikte på å få realisert eit mediebygg med fleirbruksfunksjonar som kan dekkje kommunen sitt behov for kino og kulturelle arrangement. Kommuneplanen peikar på Volda og Ørsta som eitt samfunn i strategiane som tilretteleggjar for urbane kvalitetar og høgskulesenter. Ideelt sett burde Volda og Ørsta gått saman om ei felles kultursatsing lokalisert til Campusområdet. Dette burde ein gjere uavhengig av om Volda og Ørsta ikkje vert samanslått dei første åra. Rådmannen meiner ein bør føre dialog med Ørsta kommune om ei slik felles utvikling.

Notatet vert lagt fram for formannskapet til orientering og ev politiske signal til administrasjonen og HVO for kva haldning Volda kommune skal ha til saka vidare. Elles kjem rådmannen attende til prosjektet i eigne saker og i samband med komande budsjett og økonomiplan.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

Kopi:
Høgskulen i Volda
Studentsamskipnaden

Notat

Vedkomande sak om intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda kommune (HVO) om kino/kultursal i nytt mediehus

Under handsaminga av saka i formannskapet 20.09.16 vart det bedt om at det vart teke kontakt med Høgskulen i Volda for reforhandle avtaleutkastet til intensjonsavtale om det som gjeld økonomisk garanti for planleggingskostnader. HVO har godteke at dette går ut. Vedlagt følgjer revidert utkast til avtale i samsvar med formannskapet si handsaming (stryking av andre setning i punkt 2) og der punkt 3, andre avsnitt no også er endra i tråd med formannskapet sitt ynske.

Intensjonsavtalen er eit utkast som vert lagt fram for kommunestyret for å gi høve til å gå vidare med planlegging saman med HVO i regi av Statsbygg for å få fram eit forprosjekt for eit nytt medihus med kultur- og kinosal. Det er først når forprosjektet foreligg at kommunen skal ta stilling til forpliktande gjennomføring. Kommunen må parallelt med dette halde fram med sitt planleggingsarbeid og oppfølging av dei mandat som er lagt for denne prosessen.

Det er alltid ei utfordring å samordne sine planar med andre. Prosessane hos HVO og Statsbygg har teke fart frå sommaren, noko som har resultert i at Volda kommune må tilpasse denne framdriftsplanen for å ta stilling til om ein skal vere med på planlegginga av kino- og kulturhussal i nytt mediebygg. Dette har vore forelagt kommunestyret tidlegare både i presentasjon og vedtak om interesse for denne strategien, og til og med lagt til grunn i forhandlingane med Ørsta kommune om kommunesamanslåing. Ordføraren har respekt for at slike prosessar er utfordrande, men vil samtidig presisere at tiltaket denne saka omhandlar vil vere svært viktig for utviklinga i Volda og den posisjonen Volda og HVO vil ha i regionen i framtida. I dei snart to åra det har vore arbeidd med Campusutbygging og planane om nybygg har vore snakka om og publisert har det ikkje dukka opp andre alternativ for slik utvikling i Volda. Dersom det skjer før det skal takast avgjerd om ev forpliktande deltaking, så vil Volda kommune sjølvsagt gjere ei samla vurdering. Føresetnaden bør da absolutt vere at det vil vere gjennomførleg både med omsyn til økonomi, organisering og framdrift.

Eg gjer også merksam på at det er lite nytt siste halvåret kva gjeld innhald i planane, Høgskulen og Statsbygg har vesentleg arbeidd med å avklare formelle rammer for arbeidet. Først når Statsbygg har engasjert konsulentar seinare i haust vil ein gripe fatt i innhaldet i planane og i den prosessen må Volda kommune vere med om vi skal påvirke innhald og eventuelle kostnader.

Jørgen Amdam

ordførar

Volda 22.9.2016

Intensjonsavtale

mellom

Høgskulen i Volda

og

Volda kommune

1. Partar

Avtalen blir inngått mellom Høgskulen i Volda (HVO) og Volda kommune

Kontaktperson hos Høgskulen i Volda høgskuledirektør Jacob Kjøde jr

Kontaktperson hos Volda kommune rådmann Rune Sjurgard/ordførar Jørgen Amdam

2. Hensikta med avtalen

Høgskulen i Volda skal bygge eit hus for mediefaga. I det nye huset er det planlagt ein kino og kultursal/fleirbruksrom som skal kunne nyttast til m.a. førelesingar, framsyning av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/teaterframsyning, fleirkameraproduksjon, konferansar og mottakingar.

Avtalen skal leggje til rette for samarbeid mellom partane når det gjeld bruken og drifta av kino og kultursal/fleirbrukssalen. Målsettinga er at Volda kommune skal vere ein stabil og langsiktig leigetakar av brukstid i kino og kultursal/fleirbrukssalen. Partane vil arbeide for å etablere eit driftsselskap som får ansvaret for drifta av salen. Studentsamskipnaden på Sunnmøre kan vere ein interessant samarbeidspart i eit slikt selskap.

Planlegginga av nybygget vil starte med eit skisseprosjekt i regi av Statsbygg hausten 2016. Målet er at bygget skal stå ferdig ved utgangen av 2020.

Intensjonsavtalen er eit mellombels dokument som vil bli avløyst av ein bindande avtale dersom bygget blir realisert.

3. Skisseprosjektfasen

Skisseprosjektet skal avklare nærare rom-/funksjonsprogram samt investeringskostnad og driftskostnader for grunnlag for utrekning av leiepris i kino og kultursal/fleirbrukssalen. Partane er samde om utgreie nærare drift og fordeling av bruken av kino og kultursal/fleirbrukssalen. Studentsamskipnaden og evt andre potensielle samarbeidspartar vert invitert til å delta i utgreiinga.

HVO dekkjer kostnadene med utarbeiding av skisseprosjektet. Ved realisering vil planleggingskostnad gå inn i det samla kostnad ved utbygging av prosjektet.

4. Informasjon

Partane forpliktar seg til å utveksle gjensidig informasjon om planar og tiltak som kan påverke realiseringa av nybygget. For å sikre god kommunikasjon blir Volda kommune invitert inn i relevante arbeidsgrupper i samband med nybygget.

5. Samordning mot andre prosessar

Realisering av mediehus vil frigjere kapasitet i Ivar-Aasen huset som HVO leier av Volda kommune. Volda kommune har planar om oppgradering av bygget i samband med eit energispareprogram (EPC-prosjekt). Investeringa baserer seg på at bygget vert utleigd til HVO til undervisning og kontor fram til realisering av nytt mediehus. Partane har som intensjon å samarbeide med andre aktørar om å få etablert ein kunnskapspark i bygget. Det vert inngått ein eigen intensjonsavtale mellom partane for eit slikt prosjekt.

Volda kommune arbeider saman med fylkeskommunen og idretten om planar for ny idrettshall. HVO stiller seg open på å vurdere mogleg lokalisering på HVO sitt område dersom dette samla sett kan gi best samfunssmessig gevinst og ikkje legg avgjerande hindring for utvikling av Campus.

6. Avgjerd

Partane tek sikte på å ta stilling til vidare samarbeid i styrande organ og inngå ev forpliktande avtale når økonomiske og driftsmessige forhold er avklart etter skisseprosjektfasen.

7. **Signering**

Denne avtalen er underteikna i to eksemplar. Kvar av partane har sitt eksemplar.

Volda xxxx 2016	Volda xxxx 2016
For HVO	For Volda kommune

Forslag, datert 10.09.16

Revidert forslag, datert 21.09.16

Handsaming:

Sakshandsamar Pål Are Vadstein møtte og svara på spørsmål frå formannskapet.

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om ugildskap. Sundal si bestemor er ein av grunneigarane langs Botnavegen, jf. fvl. § 6. 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om ugildskap.

Røysting gildskap:
Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent ugild.

Røysting (sju røysteføre):

Det vart røysta punktvis over tilrådinga frå administrasjonen.
Pkt. 1 vart samrøystes vedteke.
Pkt. 2 fekk seks røyster og vart vedteke, Margrete Bjerkvik røysta imot.
Pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

1. For å gjennomføre komplett utbetring av Botnavegen, godkjenner kommunestyret tilleggsløyving på minimum kr 18 830 000,- inkl. mva. til prosjekt 701102. Tilleggsløyvinga vert finansiert slik:

Auka låneopptak	***kr 15 314 000,-***
Momskompensasjon	***kr 3 516 000,-***
SUM	***kr 18 830 000,-***

2. Volda kommune tek utbetring av ridebanevegen inn i prosjektet for Botnavegen, og tek kostnaden for dette tiltaket. Veg til ridebana ligg innanfor tilleggsløyvinga i punkt 1, og utgjer:

Auka låneopptak	***kr 1 029 464,-***
Momskompensasjon	***kr 257 366,-***
SUM	***kr 1 286 830,-***

Renter og avdrag vert å innarbeide i komande årsbudsjett (2017) og økonomiplan (2017-2020).

3. Kommunestyret føreset at grunneigar og rideklubben gjennom ein avtale avklarar kven som tek ansvaret for drifta av ridebanevegen.

Odd Harald Sundal tok sete.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Pål Are Vadstein	Arkivsak nr.:	2014/1745
		Arkivkode:	Q14

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
161/16	Formannskapet	20.09.2016
110/16	Kommunestyret	29.09.2016

TILLEGGSLØYVING, UTBETRING AV BOTNAVEGEN

Administrasjonen si tilråding:

1. For å gjennomføre komplett utbetring av Botnavegen, godkjenner kommunestyret tilleggsløyving på minimum kr 18 830 000,- inkl. mva. til prosjekt 701102. Tilleggsløyvinga vert finansiert slik:

Auka låneopptak	**kr 15 314 000,-**
Momskompensasjon	**kr 3 516 000,-**
SUM	**kr 18 830 000,-**

2. Volda kommune tek utbetring av ridebanevegen inn i prosjektet for Botnavegen, og tek kostnaden for dette tiltaket. Veg til ridebana ligg innanfor tilleggsløyvinga i punkt 1, og utgjer:

Auka låneopptak	**kr 1 029 464,-**
Momskompensasjon	**kr 257 366,-**
SUM	**kr 1 286 830,-**

Renter og avdrag vert å innarbeide i komande årsbudsjett (2017) og økonomiplan (2017-2020).

3. Kommunestyret føreset at grunneigar og rideklubben gjennom ein avtale avklarar kven som tek ansvaret for drifta av ridebanevegen.

Vedlegg til saka:

- Brev frå Bjørn Magnar Rotevatn ang. vegtilkomst til ridebane, datert 09.05.15.
- Vedtak frå kommunestyret 27.08.15.

Samandrag av saka:

Utbetring av Botnavegen har vore ute på anbod, og innkomne tilbod er pr. i dag under evaluering. Anbodet er todelt, med éin hovuddel som omhandlar Botnavegen, og éin opsjonsdel som omhandlar etablering av ny vegtrasé til ridebanen til Volda rideklubb.

Rimelegaste innkomne tilbod for komplett utbetring i samsvar med reguleringsplan, er *før kontraktsinngåing*, på kr 17 522 367,- eks. mva. Opsjonsdelen som gjeld veg til ridebana er inklusiv i denne summen, og utgjer kr 1 029 464,- eks. mva.

Til prosjektet er det pr. i dag løyvd kr 6 700 000,- inkl. mva., der kr 3 500 000,- er løyving frå 2016, og kr 3 200 000,- er ubrukte midlar frå tidlegare år. Skal ein kunne gjennomføre tiltaket slik som det er regulert, er det behov for tilleggsfinansiering.

Saksopplysningar:

I april 2016 starta prosjektering av prosjekt 701102, "Botnavegen utbetring". Prosjektering vart gjennomført med utgangspunkt i tilhøyrande reguleringsplan datert 10.04.2014, godkjend 22.05.2014. Prosjektert tiltak er i tråd med dei føringar som er lagde i planomtalen. Prosjektet har nyleg vore ute som offentleg anbodskonkurranse for utførande del.

Anbodet er todelt, med éin hovuddel som omhandlar Botnavegen, og éin opsjonsdel som omhandlar etablering av ny vegtrasé til ridebanen til Volda rideklubb. Bakgrunnen for at veg til ridebanen var med i detaljprosjektering og komplett tilbodsførespurnad, er at kommunestyret 27.08.15 gjorde vedtak om at Volda kommune vil vurdere å ta på seg å bygge denne vegen i samband med prosjekt Botnavegen.

Tre lokale entreprenørar ga inn tilbod på prosjektet. Tilboda er kontrollrekna, og det lågaste tilbodet er på totalt kr 17 522 367,- eks. mva. Denne summen omfattar både Botnavegen og veg til ridebana. Kostnad for opparbeiding av veg til ridebana utgjer kr 1 029 464,- eks. mva.

Kostnader og finansiering:

Tabell nedanfor er ei samanstilling av pr. tid kalkulerte totale kostnader til prosjektet.

Prosjekt: BOTNAVEGEN			
Delkostnader	**Kostnader**		
	Eks. mva.	**Mva.**	**Tot.**
Innleigde prosjekteringstenester	400 000,-	100 000,-	500 000,-
Utførande del, Botnavegen	16 492 904,-	4 123 226,-	20 616 130,-
Utførande del, veg til Ridebane	1 029 464,-	257 366,-	1 286 830,-
Grunnerverv (ikkje mva. på grunnkjøp)	1 250 000,-	0,-	1 250 000,-
Interne administrative kostnader	500 000,-	125 000,-	625 000,-
Uføresette kostnader	1 000 000,-	250 000,-	1 250 000,-
SUM	20 672 368,-	4 855 592,-	25 527 960,-
Hittil finansiert			6 700 000,-
Manglande finansiering			18 827 960,-

Merk! Tabell ovanfor er med utg.pkt. i at rimelegaste tilbod vert innstilt som vinnar av anbodskonkurransen. Kostnaden med grunnerverv vil verte fastsett ved frivillig skjøn.

Utgifter så langt i prosjektet:

• Interne administrative kostnader (prosjektleiar):	Kr 128 172,45,-
• Innleigde konsulenttjenester til prosjektering og advokatutgifter til grunnavståing:	Kr 388 845,00,-
• Mva-utgifter:	Kr 97 211,25,-
Hittil brukt:	Kr 614 228,70,-

Avvik, stipulerte og faktiske kostnader:

Prosjektet vert ein god del dyrare enn det som opprinneleg er stipulert. Dette avviket kan skuldast fleire årsaker. Kostnadane vart stipulert ved ein grov kalkulasjon, med utg.pkt. i mal for berekning av meter-pris på utbetring av tilsvarande vegar. På generelt grunnlag kan det seiast at det er svært vanskeleg å kalkulere kostnader på eit veganlegg *før* ein har starta detaljprosjektering av anlegget. Å kalkulere eit prosjekt med utg.pkt. i ein reguleringsplan, vert rett og slett for tynt grunnlag. Særskild når ein har med å gjere prosjekt i denne storleiken. Dess større prosjektet er, dess større vert gjerne avviket.

Botnavegen er eit omfattande prosjekt som på fleire måtar skil seg ut i høve tilsvarande vegar som er å vurdere som utbetringsprosjekt. Det er på det reine at Botnavegen i dag består av svært dårleg masse i veggrunn. Dette medfører store kostnader til masseutskifting. Masseutskifting i dette omfanget vart kanskje ikkje teke høgde for ved fyrste kostnadsstipulering. Gatelys, fortau, grunnerverv m.m. var heller ikkje med. Sjølv om nemnde deltiltak er med i reguleringsplanen, kom dette utanom malen for meter-pris pr. veg som vart brukt ved vurdering av kostnader,

Utbetring av ein veg i så dårleg stand som Botnavegen er, medfører store kostnader. Når det er sagt så vurderer vi det til at innkomne prisar faktisk er rimelege, då prosjektet har vore ute på anbod i ei tid der prisane er nokså pressa.

Saka relatert til samfunnsdelen i kommuneplanen:

Tabell under viser at prosjektet samsvarer med samfunnsdelen på ei rekkje punkt.

Kapittel	Mål, strategiar og føringar (relevans til denne saka)	Sjekkliste for dette prosjektet
4.3 Attraktivitet	• Alle skal ha tilgang til natur- og friluftsliv i kvaradagen • Vidareutvikle gang- og stinettverket, og sikre gode tilkomstar til natur- og friluftsområde. • Stimulere landbruksnæringa til å halde i hevd kultur- og naturlandskapet. • Sikre områder for grønstruktur, natur og friluftsliv. • Sikre areal til utvikling av kultur-	Fortau frå Vikebygdvegen til Vassbotn, vil vere svært positivt mtp. tilrettelegging for god tilkomst til flotte rekreasjonsområder med utg.pkt. i Vassbotnen. Fortau vil også ha mykje å seie for trafikktryggleiken i området. Betring av veg og infrastruktur, vil gjere det enklare for grunneigarar å vedlikehalde/drifte innmark og

	og idrettsliv. • Vidareutvikle gang- og sykkelvegnettet, og sikre trygge barnehage- og skulevegar.	utmark. Veg til ridebana vil legge til rette for vidare utvikling av hestesporten i Volda kommune.
4.4 Busetting	• Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktive bumiljø • Sikre gode trafikale forhold i bustadområda, med vekt på trygg ferdsel for barn og unge.	Utbetring av Botnavegen vil gjere eigedomane meir attraktive, då trafikkmiljøet vert monaleg forbetra, med fortau, fast dekke og betre lyssetjing av vegtraséen.
4.7 Folkehelse	• Sikre nære friluftsområde og areal for idrettsaktivitetar. • Sikre moglegheit for å gå eller sykle til kvardagsaktivitetar (til dømes barnehage, skule, arbeid og fritidstilbod).	Med fortau og ny lyssetjing av vegen, vil dette gjere det tryggare for skuleborn på veg til og frå skule. Prosjektet betrar tilkomsten til golfbane, Rotevatnet og andre turstiar/turvegar i området. Med opparbeiding av ny veg til ridebana, vil dette også vere svært positivt mtp. å sikre at eit godt tilbod for hestesport-interesserte vert oppretthalde.
4.8 Klima og miljø	• Sikre gode gang- og sykkelvegløysingar.	Nemnd over.
4.10 Samfunnstryggleik	• Sikre optimal kommunikasjonsdekning og straumforsyning i heile kommunen. • Sikre bygningar og infrastruktur som ligg i flaum- og skredutsette område.	I prosjektet inngår omlegging av straumforsyning frå luftlinjer til jordkablar. Dette vil gi ei meir sikker forsyning til abonnentane. Oppgradering av overvass-nettet vert ein viktig del av vegutbetringa. Nytt overvass-anlegg, ny bru over Rotevasselva og ny bru over Høgedalselva er dimensjonert mtp. 200-årsflaum. Dette medfører at området er godt rusta mot eventuelle flaumar/store nedbørsmengder i framtida.

Ny veg til ridebana:

Det vart gjort vedtak i kommunestyret 27.08.15, at Volda kommune vil vurdere å ta på seg å bygge tilkomstveg til ridebana frå Botnavegen i samband med prosjekt Botnavegen.

Volda rideklubb leiger i dag arealet til ridebana. Grunneigar er Bjørn Magnar Rotevatn (27/1). Ein føresetnad for denne leigeavtalen, er at vegtilkomst skulle endrast i samsvar med det som no er prosjektert.

Grunneigar er klar på at ny veg til ridebana må etablerast. Grunneigar har fylgjande vilkår som må gjelde for ev. ny veg til ridebana: *"Vegen kan nyttast av ålmenta, men når det gjeld motorisert ferdsel skal vegen berre nyttast av brukarar av ridebana og kommunen. Grunneigar har fri rett til å nytte vegen slik det høver. Vegen må skiltast i samsvar med dette"* (utdrag frå vedlagt brev datert 09.05.15).

Viss kommunen skal ta på seg å bygge denne vegen, så vurderer vi det som viktig at vegen må vere open for alminneleg ferdsel, slik som grunneigar også skriv. Dette bør eventuelt også gjelde motorisert ferdsel, all den dag det skal byggast ein køyreveg med offentlege midlar. Kven som skal ha ansvar for vedlikehald av vegen, er så langt ikkje avklart, men ei løysing kan kanskje vere at rideklubben tek på seg dette. Det bør setjast som ein føresetnad at rideklubben og grunneigaren avklarar dette gjennom ei eiga avtale.

Vurdering og konklusjon:

Det bør løyvast naudsynt tilleggsfinansiering, slik at prosjektet kan gjennomførast etter reguleringsplan. Botnavegen bør gjennomførast som ei samla utbygging. Vi veit at det på søre Sunnmøre pr. tid er god konkurranse på anleggsoppdrag. Såleis er vi inne i ei gunstig periode for oppdragsgjevarar, då prisane frå entreprenørar er pressa. Innkomne tilbod på Botnavegen er trass alt rimelege, sjølv om dei er godt over det som tidlegare er stipulert. Samanliknar ein prisane med tilsvarande prosjekt som nyleg har vore ute på anbod, så indikerer dette at motteke pristilbod på Botnavegen er gunstige.

Det er ikkje mogleg å gjennomføre komplett tiltak utan at tilleggsløyving kjem på plass. Utan tilleggsløyving er alternativet då å redusere prosjektomfanget slik at ein ikkje gjennomfører meir enn ein pr. i dag har midlar til. Dette medfører å skjære kraftig ned på opphavleg plan. I praksis *kan* dette t.d. medføre:

- Utbetre berre ein del av Botnavegen, medan store delar av vegen vert oppretthalden som den er i dag.
- Ny gatelys-plan utgår.
- Behalde eksisterande bruer.
- Behalde luftlinjer framfor å legge kabelnettet i jord.
- Ikkje legge fast dekke på ny veg.
- Fortau utgår.
- Med meir.

Grunna den store skilnaden som er på løyvd beløp og det som utbetringa faktisk kostar, så seier det seg sjølv at ein i realiteten snakkar om to forskjellige prosjekt i høve hittil løyvd sum, og faktisk naudsynt sum til prosjektet. Dette er eit relativt stort prosjekt å godkjenne gjennom ei tilleggsløyving, og ideelt skulle ei stor ekstraløyving på investeringsbudsjettet ha vore handsama som ei budsjettsak for å sjå tiltaket opp mot ei samla prioritering. Konsekvensen av ei slik tilleggsfinansering kan verte at andre prosjekt kan verte utsett eller prioritert ned i komande budsjett og økonomiplan. Kommunestyret bør såleis ta stilling til om ein vil gjennomføre anlegget med full utbygging med den kostnadsramma som no ligg føre.

Det har vore jobba med Botnavegen over lang tid, og standarden på vegen er dårleg. Stor reduksjon i omfanget av det som no er planlagt vil føre til at ein må påreke noko ekstra tid

til omprosjektering av tiltaket. Oppsummert kan dette fort føre til 2-4 månader utsetjing av oppstart anleggsarbeid.

Som offentleg byggherre, er vi forplikta til å følgje lovverket kring offentlege anskaffingar. Vert vi, grunna manglande finansiering, nøydde til å redusere omfanget som skissert ovanfor, betyr dette stor reduksjon av det anbodet som no har vore ute på konkurranse. Reglane om offentlege innkjøp byggjer på bl.a. ein grunnleggjande føresetnad om at det som faktisk skal innkjøpast samsvarar med det som er førespurd om i anbodskunngjeringa. Det er mogleg å gjere mindre justeringar ut i frå dette, men er det tale om *vesentlege* endringar må dette vurderast som ei ny anskaffing.

I samsvar med desse reglane, *kan* dette bety at vi vert tvinga til å gjennomføre ny anbodskonkurranse, då prosjektet vert monaleg endra enn det som i utg.pkt. er innhenta tilbod på. Grunnen til *kan* og ikkje *må*, er at denne regelen fyrst og fremst er mynta på eventuell *utviding* av anbod. Når det gjeld reduksjon av anbod, så er det noko uklart kor sterkt regelen gjeld for ei slik type endring.

Det er i anbodsbeskrivelsen teke atterhald om at byggherre står fritt til å redusere/auke mengdene som er beskrive. Likevel, same korleis regelverket tolkast og atterhald i konkurranseutlysinga er formulert, så må utgangspunktet vere at regelverket ikkje utan vidare tillet store endringar av opphavleg anbod, utan at det gjennomførast ny anskaffing. Ein må vere førebudd på at det vil verte kravd utlysing av ny anbodskonkurranse, om naudsynt tilleggsløyving ikkje vert innvilga.

Å redusere prosjektomfanget er også uheldig mtp. at dette medfører eit heilt anna tiltak enn det som innbyggjarane har hatt forventningar om. Alle deltiltak av prosjektet har samanheng med kvarandre og utgjer ei heilskapleg og framtidsretta utbetring for vegen og tilkomsten til området.

Eit anna alternativ kan vere at ein avgjer at komplett prosjekt skal gjennomførast på sikt, men at det vil skje delvis gjennom fleire år. I dette inngår at utarbeidd anbod splittast opp, og det vert gjennomført nye anbodskonkurransar for kvart deltiltak etterkvart som det vert løyvd midlar. Dette inneber fleire anbodskonkurransar over eit tidsrom som kan verte langvarig. Dette er ei dårleg løysing, både tidsmessig og økonomisk. Det vil t.d. vere atskilleg dyrare å gjennomføre tilstrekkeleg lyssetjing av Botnavegen *etter* at vegen er utbetra. Det same gjeld for utbetring av bruer, auke kapasiteten på overvass-nettet, bygge fortau osv. Det er *no* ein har moglegheit til å få med alt dette for ein rimeleg kostnad, då der allereie skal gjennomførast anleggsarbeid.

Ei eventuell delvis utbygging av Botnavegen vil etter all sannsyn medføre monaleg større sluttkostnad for prosjektet, med mange kontrakter å forhalde seg til. Ordresituasjonen og etterspurnad varierer mykje i anleggsbransjen, og om eit år kan situasjonen vere heilt annleis enn i dag, som medfører at entreprenørane opererer med større einingsprisar. Dette er eit vesentleg argument for at kommunen bør utnytte situasjonen som er i bransjen no, all den dag det er ”kjøpars marknad”.

Ei delvis utbygging vil også medføre at brukarar av Botnavegen vil opphalde seg i eit langvarig anleggsområde, med alle dei ulempene det medfører.

Økonomiske konsekvensar:
Auka lånebyrde for Volda kommune.

Med det historisk låge rentenivået vi har i dag, så vil dei samla finansutgiftene med ei slik tilleggsløyving utover det som ligg i budsjettet (inkludert avdrag), auke med ca. kr 750 000,- årleg dei komande åra.

Ei eventuell frigrunnsavtale kunne ha redusert kostnadane noko. Det er inngått avtale om at grunnprisen skal fastsetjast av skjønsretten, så eit ev slikt initiativ bør kome frå grunneigarane.

Prosjektet kan verte både rimelegare og dyrare enn det som er opplyst om i denne saksutgreiinga. Faktiske kostnader veit ein ikkje endeleg før prosjektet er ferdig utført.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Komplett utbetring av Botnavegen vil ha mykje å bety for beredskap. Tiltaket vil vere svært positivt for vegvedlikehald og snøbrøyting. Oppgradering av overvass-nettet, nye bruer og kulvertar, medfører auka kapasitet i høve flaumtilstandar.

Auka vegbreidd, betre vegkurvatur, etablering av fortau og betre lyssetjing langs vegen, er positivt for trafikktryggleiken. Omlegging av el- og telenettet frå luft til jord medfører sikrare og meir stabil forsyning.

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

VOLDA KOMMUNE
Saksnr: 2014/2170 Avd: RÅD
Løpenr: Sns: PEL
11 MAI 2015
Arkivdel: Emne 2
Klassering P: 223
Klassering S:

Bjørn Magnar Rotevatn
Botnavegen 16
6104 VOLDA

Volda kommune
Ordførar
6100 VOLDA

Volda 9. mai 2015

VEGTILKOMST TIL RIDEBANE

Vi viser til møte med ordførar Arild Iversen og Per Ernst Lundberg 7. mai ang. spørsmål om vegtilkomst til Volda rideklubb si ridebane.

Ein føresetnad for den langsiktige leigeavtalen har heile tida vore at vegtilkomst skulle endrast slik det går fram av avtalen. Dette har partane vore samde om, og vegtilkomst er også godkjend. Vi valde ved inngåing av avtalen å tillate midlertidig bruk av anleggsveg slik at rideklubben raskt skulle få ny aktivitet etter at klubben stod utan ridebane.

Leigeavtalen er på 45 år med høve til forlenging på 10 år om gongen – og vil såleis påverke fleire generasjonar i familien. Med bakgrunn i vår velvilje med tanke på lengda på avtalen har det også blitt mogleg for rideklubben å søkje spelemidlar i samband med utbygging av anlegget. Dette har vore avgjerande for drifta dei har hatt til no.

Det er ikkje aktuelt å endre innhaldet i punktet om vegtilkomst i avtale datert 21. desember 2009. Ny vegtilkomst er ein føresetnad for avtalen.

I møtet vart det også drøfta utvida tilgang for motorisert ferdsel på ny vegtilkomst. Vi viser til vår fråsegn der det går fram at:

- *Vegen kan nyttast av ålmenta, men når det gjeld motorisert ferdsel skal vegen berre nyttast av brukarar av ridebana og kommunen. Grunneigar har fri rett til å nytte vegen slik det høver. Vegen må skiltast i samsvar med dette.*

Innhald i fråsegn datert 23. februar 2015 vert ikkje endra.

Mvh
Bjørn Magnar Rotevatn

Bjørn M. Rotevatn

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Volda rideklubb v/leiar Edle Holmin

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2014/2170	9113/2015	223	SVK/ US	01.09.2015

MELDING OM POLITISK VEDTAK - VOLDA RIDEKLUBB - VARIG DRIFTSTILSKOT

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 27.08.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 80/15, der det vart gjort slikt vedtak:

1. ***Volda kommune tek på seg å dekkje Volda Rideklubb sine auka kostnader med leige av grunn til ridebaneanlegg ved Rotevatnet frå og med 2019 og årleg i den avtalte leigeperioden, då slik at kommunen dekkjer differansen mellom noverande leige (kr. 12.000,-) og ny leige (kr. 50.000,-), dvs. kr. 38.000,- pr. år. Kostnaden vert å innarbeide i budsjett og økonomiplan.***

2. ***Volda kommune vil vurdere å ta på seg å bygge tilkomstveg til ridebana frå Botnavegen i samband med prosjekt Botnavegen. Kostnadskalkyle og finansiering av dette anlegget og Botnavegen vert å kome attende til i budsjett og økonomiplan for 2016-2019 når kostnadane er kjende.***

3. ***Volda kommune kjem attende til spørsmålet om inntreding i avtalen mellom grunneigar og rideklubben på punktet som vedkjem "vegtilkomst" når pkt 2 er avklara.***

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Teknisk sjef Rune Totland
Økonomisjef Henrik Skovly
Leiar rekneskap Gunnar L. Lillebø
Økonomikons. Janne Semb
Rådgjevar Per Ernst Lundberg

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no		www.volda.kommune.no	
Stormyra 2	Telefon:	Telefaks:	Org. nr:	Bankgiro:
6100 Volda	70058886	7005870170058701	939 760 946	3991.07.81727

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Ernst Lundberg	Arkivsak nr.:	2014/2170
		Arkivkode:	223

Utvalsaksnr	**Utval**	**Møtedato**
32/15	Formannskapet	03.03.2015
114/15	Formannskapet	23.06.2015
80/15	Kommunestyret	27.08.2015

VOLDA RIDEKLUBB - VARIG DRIFTSTILSKOT

Handsaming i kommunestyret 27.08.15:

Brev av 24.08.15 frå Volda rideklubb var lagt ut på lesebretta møtedagen.

Sindre Rotevatn reiste spørsmål om han var ugild. Han er medlem i grunneigarlaget, kan vere ein mogleg part i høve parkeringsplassen og ein potensiell utleigar. Han er dessutan part i turveg rundt Rotevatnet. Kl. § 40, fvl. § 6, 1. ledd, bokst. a.

Egil Arne Standal reiste spørsmål om han var ugild. Han har ei dotter som er styremedlem i rideklubben, og han er revisor for klubben. Kl. § 40, fvl. § 6, 2. ledd.

Rotevatn og Standal tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om deira ugildskap.

Røysting vedk. ugildskap.
Sindre Rotevatn vart samrøystes kjend ugild.
Egil Arne Standal vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.
Det var 24 medlemer til stades ved handsaming av saka.

Det vart avsett tid til lesing av brevet frå Volda rideklubb.

Røysting:
Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Sindre Rotevatn tok sete.

Vedtak i Kommunestyret - 27.08.2015

1. ***Volda kommune tek på seg å dekkje Volda Rideklubb sine auka kostnader med leige av grunn til ridebaneanlegg ved Rotevatnet frå og med 2019 og årleg i den***

avtalte leigeperioden, då slik at kommunen dekkjer differansen mellom noverande leige (kr. 12.000,-) og ny leige (kr. 50.000,-), dvs. kr. 38.000,- pr. år. Kostnaden vert å innarbeide i budsjett og økonomiplan.

2. ***Volda kommune vil vurdere å ta på seg å bygge tilkomstveg til ridebana frå Botnavegen i samband med prosjekt Botnavegen. Kostnadskalkyle og finansiering av dette anlegget og Botnavegen vert å kome attende til i budsjett og økonomiplan for 2016-2019 når kostnadane er kjende.***

3. ***Volda kommune kjem attende til spørsmålet om inntreding i avtalen mellom grunneigar og rideklubben på punktet som vedkjem "vegtilkomst" når pkt 2 er avklara.***

Handsaming i formannskapet 23.06.15:

Sakshandsamar Per Ernst Lundberg møtte under handsaminga av saka og svara på spørsmål frå formannskapet.

Brev frå styret i Rotevatn og Hoggen grunneigarlag. *Ang. deponering av masse,* datert 16.06.15,
vart sendt til formannskapet på møtedagen.

Formannskapet kom med slikt fellesframlegg, alternativt punkt 2 og 3:

2. Volda kommune vil vurdere å ta på seg å bygge tilkomstveg til ridebana frå Botnavegen i samband med prosjekt Botnavegen. Kostnadskalkyle og finansiering av dette anlegget og Botnavegen vert å kome attende til i budsjett og økonomiplan for 2016-2019 når kostnadane er kjende.

3. Volda kommune kjem attende til spørsmålet om inntreding i avtalen mellom grunneigar og rideklubben på punktet som vedkjem "vegtilkomst" når pkt 2 er avklara.

Røysting:
Tilrådinga frå administrasjonen pkt. 1 vart samrøystes vedteken.
Det vart røysta alternativt mellom framlegget til administrasjonen pkt. 2 og 3 og fellesframlegget. Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 23.06.2015 til kommunestyret:

1. *Volda kommune tek på seg å dekkje Volda Rideklubb sine auka kostnader med leige av grunn til ridebaneanlegg ved Rotevatnet frå og med 2019 og årleg i den avtalte leigeperioden, då slik at kommunen dekkjer differansen mellom noverande leige (kr. 12.000,-) og ny leige (kr. 50.000,-), dvs. kr. 38.000,- pr. år. Kostnaden vert å innarbeide i budsjett og økonomiplan.*

2. *Volda kommune vil vurdere å ta på seg å bygge tilkomstveg til ridebana frå Botnavegen i samband med prosjekt Botnavegen. Kostnadskalkyle og finansiering av dette anlegget og Botnavegen vert å kome attende til i budsjett og økonomiplan for 2016-2019 når kostnadane er kjende.*

3. *Volda kommune kjem attende til spørsmålet om inntreding i avtalen mellom grunneigar og rideklubben på punktet som vedkjem "vegtilkomst" når pkt 2 er avklara.*

Handsaming i formannskapet 03.03.15:

Gunnar Strøm kom med fylgjande framlegg:
Volda kommune er positiv til å støtte Volda Rideklubb økonomisk.

Korleis denne støtta skal gjevast skal vi kome tilbake til etter ei vidare utgreing av kostnader og ulike måter å støtte laget på.

Saka vert utsett.

Røysting over utsettingsframlegget:
Framlegget frå Gunnar Strøm vart samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 03.03.2015

Volda kommune er positiv til å støtte Volda Rideklubb økonomisk.

Korleis denne støtta skal gjevast skal vi kome tilbake til etter ei vidare utgreing av kostnader og ulike måter å støtte laget på.

Saka vert utsett.

Administrasjonen si tilråding:

1. *Volda kommune tek på seg å dekkje Volda Rideklubb sine auka kostnader med leige av grunn til ridebaneanlegg ved Rotevatnet frå og med 2019 og årleg i den avtalte leigeperioden, då slik at kommunen dekkjer differansen mellom noverande leige (kr. 12.000,-) og ny leige (kr. 50.000,-), dvs. kr. 38.000,- pr. år. Kostnaden vert å innarbeide i budsjett og økonomiplan.*

2. *Volda kommune tek på seg å bygge tilkomstveg til ridebana frå Botnavegen i samband med prosjekt Botnavegen. Tilleggsfinansiering av dette anlegget vert å kome attende til og innarbeide i budsjett og økonomiplanen for perioden 2016 - 2019 når kostnadane er kjende.*

3. *Volda kommune trer inn i avtalen mellom grunneigar og rideklubben for det punktet som vedkjem "Vegtilkomst", jfr. vedlegg 6 i denne saka.*

Vedleggsliste:

1. Søknad av 17.11.14
2. Orientering om historia til klubben m.m.
3. Avtale om leige av grunn
4. Resultatrekneskap/balanse pr. 30.10.14
5. Skisse tilkomstveg 20.10.11
6. Fråsegn grunneigar dat 23.2.15
7. Fråsegn grunneigar da. 9.5.15

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:
Volda Rideklubb søkjer kommunen om fast tilskot til leige av grunn til ridebaneanlegg, og at kommunen tek kostnad med bygging av tilkomstveg til anlegget.

Saksopplysningar:
Denne saka var føre i formannskapet sitt møte 3.3.15, sak 32/15. I rådmannen si saksutgreiing gjekk då følgjande fram:

"Volda Rideklubb, orgnr. 988778117, søkjer i brev av 17.11.14 om at kommunen dekkjer laget sine kostnader til leige av grunn til ridebaneanlegg og tek på seg kostnaden med bygging av ny veg til anlegget, jfr. ***vedlegg 1.***

I brevet og vedlegg vert det gjort greie for situasjonen laget har kome opp i, der det også er vist til historia frå laget vart oppretta i 1996 og fram til i dag, med hovudvekt på situasjonen i høve ridebane. Det vert her vist til nærare orientering i ***vedlegg 2***.

Det går fram av søknaden at laget i 2009 gjorde avtale med eigar av gnr. 27 bnr. 1 om leige av grunn til baneanlegg ved Rotevatnet, jfr. ***vedlegg 3***. I samband med denne etableringa fekk laget kommunal garanti for eit lån stort kr. 850.000,-. Ein del av dette vart nedbetalt ved spelemidlar og momskompensasjon, slik at laget i dag har eit lån på om lag kr. 300.000,-.

Laget sin økonomiske stode går fram av ***vedlegg 4***.

Vurdering og konklusjon:
Laget har fram til i dag klart å dekkje sine faste kostnader. Men i søknaden vert det gjort klart at laget framover vil ha problem med å dekkje kostnader som vil kome på. Dette gjeld i første rekkje kostnader med grunnleige, som vil auke frå 2019, og at det i leigeavtalen går det fram at dei pliktar å bygge ny tilkomstveg frå Botnavegen alt i løpet av 2015

Det er gjeve dispensasjon frå plankrav i Pbl. til dette anlegget i sak 124/11, møte 31.10.11. I denne saka går det fram at *"Ridebaneanlegget og tilkomstvegen er isolert sett eit enkelt anlegg med liten kostnad, små terrenginngrep og små konflikter med andre*

interesser…….Den tekniske løysinga er vurdert i samråd med kommunalteknisk avdeling og vi finn å kunne tilrå denne som tilfredstillande.
Det er gjennomført synfaring av traseen saman med ansvarlig søkjar/prosjekterande, representant for Rideklubben og grunneigar. Gjennom denne er detaljar i vegen drøfta og omsynet til Rotevasselva særleg vurdert. Det er etter dette gjennomført ny innmåling-, konstruksjon og profilering av veglinja…." Planlagt vegline er vist i ***vedlegg 5***.

Det er i søknaden frå rideklubben vist til dei viljeserklæringar formannskap og kommunestyre tidlegare har kome med i høve klubben sine aktivitetar. Rådmannen vil elles vise til at kommunen aktivt har lagt til rette for andre idrottsaktivitetar ved å t.d. stille gratis grunn til disposisjon til t.d. VTI-fotball, skateparken, dirt-park, og ikkje minst kommunen sitt engasjement i høve skianlegga på Reset.

Sett i høve til den vanskelege stoda Rideklubben har vore sett i fram gjennom tida med omsyn til banefasilitetar, vil rådmannen rå til at kommunen kjem søknaden i møte, og at det i budsjetta framover vert sett av midlar til Rideklubben til leige av bane. Vidare vert det rådd til at kommunen tek på seg kostnaden med opparbeiding av ny tilkomstveg, og at denne vert lagt inn ved prosjektering og gjennomføring av Botnavegen. Dette er drøfta med grunneigaren, og det ligg føre fråsegn frå han om at han aksepterer at kommunen trer inn i avtalen vedk. punktet "Vegtilkomst", jfr. ***vedlegg 6***. Det er føresett at kommunen held vegen vedlike, og at den kan nyttast av ålementa, unnateke motorisert ferdsel, som berre skal gjelde brukarar av ridebana, grunneigar og kommunen. Vegen må skiltast i samsvar med dette.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ridebaneanlegg er eit aktivum for Volda og regionen, og hestesport er ei godt folkehelsetiltak.

Økonomiske konsekvensar:
-Årleg støtte til grunnleige: kr. 12.000,- med justering i høve konsumprisindeksen, fram til 2018 . Frå 2019 kr. 50.000,-.
-Kostnad bygging av tilkomstveg vert å sjå i samanheng med prosjektering og gjennomføring av opprusting Botnavegen. I og med at dette er ein avtale på over 40 år, har kommunen rett til mva. refusjon i høve investeringa.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen. "

Formannskapet gjorde i sak 32/15 følgjande vedtak:
"*Volda kommune er positiv til å støtte Volda Rideklubb økonomisk. Korleis denne støtta skal gjevast skal vi kome tilbake til etter ei vidare utgreiing av kostnader og ulike måter å støtte laget på. Saka vert utsett."*

Ordførar og administrasjon har i ettertid drøfta saka med grunneigar, der m.a. dette med vegtilkomst (alternativ trasè) og ev. open ferdsel vart teke opp. I fråsegn av 9.5. 15 (*vedlegg 7*) står grunneigar fast på kravet om at det må byggast ved i samsvar med inngått avtale, og at vegen kan nyttast av ålmenta, men når det gjeld motorisert ferdsel skal vege berre nyttast av brukarar av ridebana, kommunen og grunneigar.

Ut formannskapet sitt vedtak og tilbakemelding frå grunneigar vil rådmannen rå til at kommunen tek på seg å dekkje Volda Rideklubb sine auka kostnader med leige av grunn til ridebaneanlegg ved Rotevatnet frå og med 2019, då slik at kommunen dekkjer differansen mellom noverande leige (kr. 12.000,-) og ny leige (kr. 50.000,-), dvs. kr. 38.000,- pr. år. Denne kostnaden vert då å innarbeide i budsjett og økonomiplan. Vidare at kommunen tek på seg å bygge tilkomstveg til ridebana frå Botnavegen i samband med prosjekt Botnavegen. Tilleggsfinansiering av dette anlegget vert å kome attende til og innarbeide i budsjett og økonomiplanen for perioden 2016 – 2019, når kostnadane er kjende.
Dette inneber at Volda kommune trer inn i avtalen mellom grunneigar og rideklubben for det punktet som vedkjem "Vegtilkomst", jfr. *vedlegg 6.*

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Volda rideklubb
v/leiar Edle Holmin
edleelisabet@gmail.com

Teknisk sjef, her
Økonomisjefen, her

Handsaming:

Erlend Krumsvik fekk permisjon kl. 16:35 og vara Arild Iversen tok sete.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

1. ***Kommunestyret godkjenner utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Din Bolig AS for bygging av 290 meter ny sambindingsveg over Håmyra.***

2. ***Kommunestyret godkjenner at bygging av 530m ny sambindingsveg over Håmyra med overføringskulvert for avlasting av Orrgylelva vert lyst på tilbod***

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn J. Aasebø	Arkivsak nr.:	2016/981
		Arkivkode:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
162/16	Formannskapet	20.09.2016
111/16	Kommunestyret	29.09.2016

AVTALE OM ANLEGGSBIDRAG OG FINANSIERING AV UTBYGGING AV SAMBINDINGSVEG OVER HÅMYRA

Administrasjonen si tilråding:

1. **Kommunestyret godkjenner utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Din Bolig AS for bygging av 290 meter ny sambindingsveg over Håmyra.**

2. **Kommunestyret godkjenner at bygging av 530m ny sambindingsveg over Håmyra med overføringskulvert for avlasting av Orrgylelva vert lyst på tilbod.**

Vedleggsliste:

1. Forslag til utbyggingsavtale datert 13.06.2016 for området "Detaljregulering for Håmyra" planID 1519-201103.
2. Vegplan med arealfordeling av kostnader mellom Volda kommune og Din Bustad AS.
3. Reguleringplan for Håmyra m/ planbestemmelsar

Uprenta saksvedlegg:

1. Kommuneplan for Volda sentrum.
2. PS 119/16 Avtale om anleggsbidrag – Utbygging av sambindingsveg over Håmyra / Utlegging til offentleg ettersyn.

Samandrag av saka:

Forslag til avtale om bruk av anleggsbidragsmodellen ved bygging av 290m ny sambindingsveg over Håmyra var utlagt til offentleg ettersyn i tidsromet 12. juli til 12. august 2016. Det kom ikkje inn merknader til avtalen.

Volda kommunestyret må før arbeidet vert lyst ut på tilbod godkjenne:

- utbyggingsavtale etter anleggsbidragsmodellen mellom Volda kommune som utbyggar og Din Bolig AS for bygging av 290m ny sambindingsveg over Håmyra
- finansiering av kommunen sin del av veganlegget frå kryss Raudemyrvegen/ Solhøgda til og med bru over Gjølelva vidareført som i gjeldande økonomiplan 2016-2019. Over Håmyra vil det i sambindingsvegen verte lagt kulvert for framtidig avlasting av Orrgylelva.

Rådmann tilrår at avtalen godkjend. Det er sannsynleg at kostnadsramma vil liggje innanfor planlagt finansiering. Rådmannen rår til at arbeidet vert lyst ut på anbod. Det vil verte lagt fram eiga sak om endeleg kostnader og finansiering når leverandør er valt.

Saksopplysningar:
Forslag til avtale om bruk av anleggsbidragsmodellen ved bygging av 290m ny sambindingsveg over Håmyra var utlagt til offentleg ettersyn i tidsromet 12. juli til 12. august 2016. Det kom ikkje inn merknader til avtalen.

Volda kommunestyret må før arbeidet vert lyst ut på tilbod godkjenne:

- utbyggingsavtale etter anleggsbidragsmodellen mellom Volda kommune som utbyggar og Din Bolig AS for bygging av 290m ny sambindingsveg over Håmyra
- finansiering av kommunen sin del av veganlegget frå kryss Raudemyrvegen/ Solhøgda til og med bru over Gjølelva kjem som eiga sak når leverandør er valt og prisen er kjend. Over Håmyra vil det i sambindingsvegen verte lagt kulvert for framtidig avlasting av Orrgylelva.

Med bakgrunn i at det er sannsynleg at kommunen sine kostnader ser ut til å ligge innanfor planlagt finansiering, tilrår rådmann at avtalen vert godkjend og at anlegget vert lyst ut på anbod. Ved utlysing av arbeidet må det takast klart atterhald om finansiering av prosjektet.

Vurdering og konklusjon:
Rådmann tilrår at forslag til utbyggingsavtale datert 13.06 etter anleggsbidragsmodellen mellom Volda kommune som utbyggar og Din Bolig AS for bygging av 290m ny sambindingsveg over Håmyra vert godkjend slik den ligg føre.

Finansiering av kommunen sin del av veganlegget frå kryss Raudemyrvegen/ Solhøgda til og med bru over Gjølelva kjem som eiga sak når leverandør er valt og prisen er kjend.

Kommuneplanen:
Saka handlar om kommunal tilrettelegging for auka busetting i Volda.

Helse og miljøkonsekvensar:
Vurdert i prosess for reguleringsplan for Håmyra.

Økonomiske konsekvensar:
Tiltaket vil auke kommunen sine kapitalkostnader.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Vurdert i prosess for reguleringsplan for Håmyra.

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Teknisk sektor, økonomisjef, revisor

Klageinstans:
Ingen

FORSLAG TIL UTBYGGINGSAVTALE DATERT 13.06.2016 ETTER ANLEGGSBIDRAGSMODELLEN

MELLOM

VOLDA KOMMUNE OG DIN BOLIG AS

1. PARTER

Denne utbyggingsavtalen gjeld mellom

Volda kommune - org.nr. **939 760 946** heretter kalla VK

Utbyggjar Din Bolig AS org.nr.**988 973 424** heretter kalla DB

2. GEOGRAFISK OMRÅDE

Utbyggingsområdet etter denne avtalen omfattar "Detaljregulering for Håmyra", datert 18.06.15. Anlegget omfattar opparbeiding av bustadgate oppgradert til samleveg i samsvar med ovanfor nemnde tekniske planar.

3. HEIMEL

Denne avtale inngåast med heimel i pbl kapittel 17 om utbyggingsavtaler, og Volda Kommunestyre sitt vedtak den 18.6.2009 om overordna prinsipp for bruk av utbyggingsavtalar i Volda kommune, jf pbl § 17-2.

4.FORMÅL

Avtalen har til formål å regulere partane sine rettar og plikter overfor kvarandre ved utbygging av samleveg gjennom "Håmyra bustadfelt".

Ved utbygging i planområdet skal det opparbeidast ny kommunal tilførselsveg. Utbyggingsavtalen regulerer ansvar for finansiering og opparbeiding av veg, vatn- og avløpstiltak frå kryss Raudemyrvegen/Solhøgda til og med bru over Gjølelva. DB skal betale 49% av nettokostnadene ved opparbeiding av vegstrekning o_V1, pel 290 – 580. i form av eit anleggsbidrag til VK, jf pkt. 6 i avtalen. VK skal være byggherre for tiltaka i o_V1. , jf pkt. 7. DB oppnår gjennom avtalen ein kostnadsinnsparing fordi VK som byggherre får kompensert alle kostnader til meirverdiavgift.

Denne form for utbyggingsavtale vert kalla «anleggsbidragsmodellen», og er ein tilpassing til avgiftssystemet som er godkjend av Skattedirektoratet på nærare vilkår.

5. INFRASTRUKTURTILTAK OMFATTA AV AVTALEN

Utbyggingsavtalen gjeld opparbeiding av Samleveg inkludert parsell av skogsveg, flomkulvert og bru over Gjølelva. Nærmare avgrensing er vist på kart datert 14. 04.2016, sjå vedlegg 1.
Vidare omfattar avtalen vass- og avløpsleidningar som skal plasserast i veg o_V1, pel 290 – 580.

6. UTBYGGAR SINE PLIKTER ETTER AVTALEN

6.1. Anleggsbidrag

DB skal yte eit anleggsbidrag som tilsvarer 49% av VK sine kostnader med opparbeiding av tiltaka med vegbygging o_V1, pel 290 – 580, som omtalt i pkt. 5. Deltakinga gjeld ikkje for flomkulvert som skal skiljast ut som eige prosjekt. I den grad VK har rett til å krevje frådrag eller kompensasjon for inngåande meirverdiavgift, omfattar anleggsbidraget kommunens kostnader eksklusivt meirverdiavgift. Når prosjektet er ferdigstilt, vert 49% av VK sine kostnader med opparbeiding av tiltaka med vegbygging o_1, pel 290– 580, inklusive medgått tid til administrasjon, prosjektering og prosjektleiing for denne parsellen fakturert DB.

6.2. Forfall og oppgjer

DB skal yte sitt anleggsbidrag fortløpande tilsvarande størrelsen på fakturaer som VK mottek frå entreprenør eksklusivt meirverdiavgift.
DB sin frist for betaling er 21 dagar frå motteke krav om betaling av anleggsbidraget frå VK, slik at anleggsbidraget er motteke før forfall av VK sin betalingsforpliktelse overfor entreprenør.

6.3. Sikkerhetstillelse

Som sikkerhet for DB sine økonomiske forpliktelser etter avtalen er det stilt en påkravs
bankgaranti på storleik med DB sin andel av kostnadene i anlegget med tillegg av 25 %, jfr. Pkt. 6.1., sjå vedlegg 2 til denne avtalen. Denne garantien skal være stilt før entrepriseарbeida vert sett i gang.

6.4. Grunnerverv og overføring av eigedomsrett til grunn

Det skal inngåast avtaler om grunnerverv, og eigedomsretten til vegarealet skal overførast frå DB til VK. 49% av vegarealet skal overførast til VK vederlagsfritt, medan resten av vegarealet til samleveg o_V1 vert overdrege til kostpris.
Utbyggingsavtalen trer ikkje i kraft før nærmare vilkår knytta til grunnerverv er oppfylt, sjå pkt 8.1 i avtalen.

6.5. Gjennomføring av anleggsarbeida

- VK leier prosjektet og gjennomføring av utbygginga av samleveg.
- For å unngå unødig transport av masser til og frå området, skal overskuddsmasser deponerast på arealet til DB på tilvist stad.
- DB får tilgong til sitt areal for oppstart av sin utbyggjing og klargering for mottak av overskotsmasser frå VK si vegbygging. Tilgong og forbitransport kan verte stogga/begrensa i kortare og lengre tidsrom grunna anleggsarbeidet si art på gitt tidspunkt. Desse stengingane og avgrensingane skal varslast utan unødig opphald, så snart VK får kjennskap til desse tilhøva.

6.6. Avbøtande tiltak

Med bakgrunn i reguleringsbestemmelsane til reguleringsplanen for utbyggingsområdet skal det gjennomførast avbøtande tiltak før anleggsarbeid i tilknyting til feltet kan starte opp. Tiltaka er nødvendige for utbygginga av bustadfeltet, og skal stå i rimeleg forhold til utbygginga sin art og omfang (160 bueiningar) og kommunen sitt bidrag til gjennomføring av planen og etter denne

avtalen. Utifrå dette yter DB eit tilskot på kr 250.000,- til VK, som gjennomfører tiltaka.

7. VOLDA KOMMUNE SINE PLIKTER ETTER AVTALEN

7.1. Byggherre

VK er byggherre for tiltaka beskrive i pkt. 5., og inngår avtale med entreprenør og øvrige tredjeparter. VK skal være fakturamottakar.

7.2. Drift og vedlikehald

VK vil drifte og vedlikehalde dei ferdige tiltaka i henhold til kommunal standard og budsjett.

8. AVTALENS VARIGHET

8.1. Ikrafttredelse

Partane sine forpliktingar etter avtalen trer i kraft når fylgjande forføresetnader er på plass:

- Når denne avtalen er vedteken av kommunestyret
- Når finansiering av VK sin andel er vedteken i kommunestyre.
- Regulert veigrunn som DB er heimelshaver til er overført VK som beskrive i pkt. 6.4 på eige målebrev med heftefritt skøyte.
- Bankgaranti er stilt i samsvar med pkt. 6.3 i avtalen.
- Betaling for avbøtande tiltak er overført til VK jf. Pkt 6.6 i avtalen.

8.2. Bortfall

Denne utbyggingsavtalen gjeld til partane sine forpliktingar etter utbyggingsavtalen er oppfylt.
Avtalen fell likevel bort dersom VK ikkje har inngått avtale med entreprenør innan 31.05.2017

9. TRANSPORT AV AVTALEN

DB kan ikkje videretransportere denne avtalen utan skriftleg samtykke frå VK. VK kan ikke
nekte samtykke uten saklig grunn. En saklig grunn kan være svekking av kommunen si
sikkerhet og ny bidragsyter sin betalingsevne.

10. MISLIGHOLD

10.1. Reklamasjon

Den part som vil gjere gjeldande misleghaldsverknader, må reklamere skriftleg innan rimelig
tid etter at han oppdaga eller burde oppdaga misleghaldet.

10.2. Heving

Begge parter har rett til å heve denne utbyggingsavtalen dersom det ligg føre vesentleg misleghald, og den andre part har fått ein rimeleg frist til å rette forholdet.
Ved heving skal DB ha rett til å tre inn i VK sine avtaler med entreprenør og eventuelle
Underleverandørar.

10.3 Erstatning

Dersom ein part mislegheld sine plikter etter avtalen, kan den andre part krevje erstatning for direkte økonomisk tap som parten påførast som fylgje av misleghaldet. Partane har plikt til å begrense eventuelle tap. Erstatning for indirekte tap kan ikkje krevjast.

10.4. Forsinka betaling

Ved for sein innbetaling av kontantbidrag iht avtalens punkt 6.1 betalast rente iht lov av 17. desember 1976 nr. 100.

11. Risiko for VK sin rett til kompensasjon for mva

VK skal sende inn kompenasjon og/eller avgiftsoppgåver iht. gjeldande regelverk. Denne avtale føreset at VK får 100 % kompensasjon/frådragsrett for inngåande mva for dei arbeida VK skal utføre iht. denne avtale. For det tilfelle at VK ikkje skulle få 100 % kompensasjon/frådrag, uavhengig av årsak, herunder lovendringar, skal DB halde VK skadeslaus. Dette inneber at DB er forplikta til å erstatte VK et beløp tilsvarande det beløp VK ikkje får kompensasjon/frådragsrett for med tillegg av eventuelle tilleggsavgift og gebyr. Denne erstatninga forfell til betaling seinast 5 dagar etter at VK mottar påkrav om tilbakebetaling frå myndighetene eller seinast 5 dagar frå det tidspunktet VK får beskjed om at kompensasjon/frådrag ikkje vert gitt.
Dersom DB ynskjer å klage på overnemnde vedtak, aksepterer VK at DB kan gjere dette på vegne av VK, for DB's egen regning og risiko. Dersom VK/DB får medhold og kompensasjon/frådrag likevel vert gitt, skal VK seinast 5 dagar etter at nemnde beløp er motteke tilbakebetale til DB det erstatningsbeløp DB har ytt VK.

12 TVIST

Rettstvistar vedrørande inngåing av denne avtale eller oppfylling, skal løysast etter norsk rett for dei ordinære domstolane med Søre Sunnmøre tingrett som verneting.

13 VEDTAK AV KOMPETENT MYNDIGHET

Denne avtalen er ikkje bindande for VK før den er godkjent av kommunestyret.

Sak om godkjenning vil bli førelagt kommunestyret etter at avtale er underskriven av utbyggjar og har vore utlagt til offentlig ettersyn, jf pbl § 17-4, 2. ledd.

14 EKSEMPLARER AV AVTALEN

Denne avtale underteiknast i 2 likelydande originaleksemplar, eit til kvar av partane.

15 MEDDELELSE OG KORRESPONDANSE

Alle medelingar og påkrav i tilknyting til utbyggingsavtalen skal vera skriftleg og sendast til
partane på følgjande adresser:

• Volda Kommune
Teknisk sektor
Rådhuset Stormyra
6100 Volda

• Din Bolig AS
v/ Roar Eiken
Vikegeila
6150 Ørsta

• Fakturaadresse DB
Din Bolig AS
v/ Roar Eiken
Vikegeila
6150 Ørsta

15. VEDLEGG TIL AVTALEN
I. Kart avgrensning veianlegg dat. 14.04.2016
2. Bankgaranti (vert vedlegg på eit seinare tidspunkt)
3. Firmaattest som viser signatur(kan verte eit vedlegg på eit seinare tidspunkt)

16. PARTENE SINE UNDERSKRIFTER

Ørsta, …….	Volda, ……
For utbyggjar Din Bolig A/S	For Volda kommune
……	**....……**
Roar Eiken	Jørgen Amdam
dagleg leiar	Ordførar

VEDLEGG 2


6894600
6894800
3478000
3480000
3482000
N
Prosjektnavn:
Hårnyra bustadfelt
Oppdragsgiver:
Din Bolig AS
Vikegeila 12
6150 Ørsta
Prosjektansvarlig:
Firma
Rev.dato
Rev.beskrivelse
Rev.
Per Mulvik AS
Besøksadresse: Holsetvn 7
Postadresse: 6151 ØRSTA
Org.nr.: 841 887 052
Telefon: 70 07 49 00
Mobil: 90 18 42 75
E-post: per@mulvik.no
mulvik
www.mulvik.no
Tittel:
Fordeling VkDB
Tegnet av: JHO
Dato: 14.04.15
Kontrollert:
Dato:
Endringer merkes:
Tegningsnr.:
Prosjekt nr.: 1357
Tekn.nr.: 939
Målestokk: 1:2000
Rev.:

VEDLEGG 3.

Teiknforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg

- Bustader-frittliggjande-småhus
- Bustader-konsentrert-småhus
- Energianlegg
- Renovasjonsanlegg
- Leikeplass

§12-5, Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- Køyreveg
- Fortau
- Gang-/sykkelveg
- Gangveg/gangareal
- Annan veggrunn – teknisk anlegg
- Annan veggrunn - grøntareal
- Kollektivhaldeplass
- Parkeringsplassar

§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur

- Turveg
- Friområde

§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift

- Friluftsformål

§12-6 - Omsynssoner

- Frisikt
- Gul sone etter rundskriv T-1442
- Flomfare

Linjesymbol

- RpGrense
- RpFormålGrense
- Eiendomsgrense som skal oppheves
- RpSikringGrense
- RpStøyGrense
- RpFareGrense
- Byggegrense
- Bebyggelse som forutsettes fjernet
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert parkeringsfelt
- Regulert fotgjengerfelt
- Regulert støyskjerm
- Regulert støttemur
- Sikringsgjerde

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:
Dato for basiskart:
Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
Høgdegrunnlag: NN1954

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk: 1:1000
0 12.5 25 37.5 50 m

N

Detaljregulering

Detaljregulering for Håmyra

Med tilhøyrande føresegner

Volda kommune

Arealplan-ID: **2011003**

Forslagstillar: **Din Bolig AS**

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA			SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato	Revisjon				
Dato	Revisjon				
Dato 03.12.2014	Revisjon	Endr. etter 1. høyring. Busslomme, justering o_V1, o_G/S3 m.m		03.12.2014	HI
Kommunestyret sitt vedtak					
Ny 2. gongs handsaming					
Offentleg ettersyn frå ..... til					
2. gongs handsaming					
Offentleg ettersyn frå.....06.05.2014.....til 23.06.2014				06.05.2014	HS/PH
1. gangs behandling			54/14	18.03.2014	HS
Kunngjering av oppstart av planarbeid				05.07.2011	JMO
Oppstartsmøte.....					
PLANEN ER UTARBEIDD AV: Multiconsult AS, Postboks 6133 Postterminalen			**TEGNNR.**	**DATO**	**SIGN.**
				05.02.2014	HI

Detaljregulering for Håmyra

PlanID:	Godkjenningsdato:	Godkjent av:
1519 -2011003	26.02.2015 (sak PS 4/15)	Volda kommunestyre

VOLDA KOMMUNE UTVIKLING

Plan utarbeidd: 3.02.2014

Revidert: 10.03.2014, 03.02.2015, 27.02.2015.
Etter vedtak i kommunestyret den 18.06.2013

Arkivsaknr.: 2014/280 (2011/1193)

REGULERINGSFØRESEGNER
tilknytt detaljregulering for Håmyra

§1. GENERELT

§1.1. Gyldigheitsområde
Desse reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som på plankartet er vist med reguleringsgrense. Føresegnene og plankart og situasjonsplanen kjem i tillegg til krav i plan- og bygningslova.

§1.2. Privatrettslege avtalar
Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§1.3. Andre bestemmelsar
Desse føresegnene kjem i tillegg til dei ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§1.4. Arealbruksføremål
Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med Pbl. §§ 12-5 og 12-6 til følgjande føremål:

Bebyggelse og anlegg (Pbl. § 12-5 nr. 1)
- 1111 Bustader – frittliggande småhus; BF1
- 1112 Bustader – konsentrert småhus: BK1 – BK8
- 1510 Energianlegg
- 1610 Leikeplass – f_L1 – f_L3
- 1550 Renovasjonsanlegg

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. § 12-5 nr. 2)
- 2011 Køyreveg, offentleg; o_V1, o_V2, o_V3, o_V7 og o_V8
- 2011 Køyreveg, felles; f_V4, f_V5, f_V6, f_V9
- 2012 Fortau, offentleg; o_F1-4
- 2015 Gang- og sykkelveg, felles(f_G/S2) og offentleg(o_G/S3)
- 2016 Gangveg; f_G1, f_G2, o_G3, f_G4 og f_G5,
- 2018 Anna veggrunn, tekniske anl., offentleg
- 2019 Anna veggrunn, grøntareal, felles
- 2082 Parkeringsplassar P1-4

Grøn struktur (Pbl §12-5 nr. 3)

- 3031 Turveg
- 3040 Friområde

Landbruks-, natur- og friluftsområde (Pbl § 12-5 nr. 5)
- 5130 Friluftsformål

Omsynssoner (Pbl §12-6)
- Sikringssone for frisikt H_140
- Gul støysoneH_220
- Flaumfaresone H_320

§2. AREALBRUK

§2.1. Fellesføresegner

a) Situasjonsplan sist revidert 3.12.2014, er juridisk bindande del av plan, og bygningar skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist i plankartet.
Plan og føresegner er bindande for plassering og utforming av bygningar, vegsystem samt plassering/utforming av leikeplassar og friområde.

b) Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk og at bygningar i same området får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg. Det skal leggast vekt på å nytte/ta vare på eksisterande vegetasjon samt opparbeide gode uteareal.

c) Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengsår skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast. I tilfelle der det førekjem utgravne massar skal desse leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande. Ved varige opne utgravingar, som vegskjeringar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 1,5 m, bør det etablerast støttemur.

d) Der tomt eller leikeareal grensar til fjellskjering med fallhøgde over 1 m skal topp fjellskjering sikrast med gjerde i høgde 1,2m. Gjerde skal vere slik forma at det hindrar klatring, jf. elles krav i TEK10.

e) Der terrenget etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannetomt eller veg, kan kommunen gje påbod om at planeringshøgder skal løftast eller gjerast lågare, eller at det vert nytta skråningar som gjer høgda på støttemurane lågare. Det tillatast oppført forstøtningsmur i eigedomsgrensa.

f) Høgde og utforming av gjerde og støyskjerm mot veg skal godkjennast av kommunen.

g) Vegskråningar skal setjast i stand med tilplanting/tilsåing samstundes med ferdigstilling av bustadfeltet. Terreng, gjerde og hekkar langs gater skal ikkje vere høgre enn 0.7m over vegnivået. Ved avkøyrsle gjeld ovannemnde, men høgda skal ikkje vere over 0.5 m.

h) Langs begge sider av o_V1 skal det plantast til med oppstamma tre som kan framstå som ein allè.

i) Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningalova med tekniske forskrifter.

§2.2. Bebyggelse og anlegg, PBL. §§12-5 NR.1 OG 12-7

2.2.1 Frittliggande småhus

a) Innanfor BF2 og BF3 gjeld reguleringsføresegnene tilhøyrande reguleringsplan for endring av Smalebakken 2 med planID 1994011.

b) Innan BF1 skal det kunne førast opp frittliggande småhus med utleigedel/sekundærhusvære med tilhørande anlegg som garasje, bud og liknande.

c) Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegrensene som er vist på plankartet. Bygningar tillatast oppført med mønehøgd inntil 9 m og gesimshøgd 6 m.

d) Grad av utnytting av tomtene er bestemt av "tillete prosent bebygd areal" (%BYA) slik:

Område BF1 Max % BYA = 30% BYA

e) I område merka BF skal garasjar ikkje byggjast større enn 50 m2 BYA og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 2,5 m og mønehøgd ikkje over 4,0 m. Det er ikkje tillete med ark på garasje. Garasje oppført vinkelrett på veg skal plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal. Garasje med innkøyring parallelt med veg skal ha avstand 3 m frå regulert trafikkareal.

f) På kvar einskild tomt skal det opparbeidast 2 parkeringsplassar på eigen grunn.

2.2.2 Konsentrerte småhus og lav blokkbebyggelse

a. Innan BK1 – BK8 skal det kunne førast opp konsentrerte fleirmannsbustader med tilhørande anlegg som garasje, bod og liknande. BK1 – BK8 skal planleggast under eitt, men kan byggjast ut i trinn.

Område	Type bygg	Bueining pr. bygg	Maks tal bueiningar
BK1	Lågblokk med parkering i underetasje	10	50 bueiningar
BK2	4-mannsbustader	4	16 bueiningar
BK3	Lågblokk med parkering i underetasje	10	20 bueiningar
BK4	4-mannsbustader	4	16 bueiningar
BK5	4-mannsbustader og 2-mannsbustader	4 og 2	16 bueiningar
BK6	2-mannsbustader	2	8 bueiningar
BK7	Lågblokk med parkering i underetasje	10	10 bueiningar
BK8	Lågblokk med parkering i underetasje	10	20 bueiningar

b. Bygningar med pulttak tillatast oppført med møne-/gesimshøgd inntil 9 m, medan bygningar med flatt tak og parkeringskjellar tillatast oppført med gesimshøgd inntil 10.5 m frå planert terreng ved høgste fasade på bygga.

c. For bu-einingar med heis kan ev. heis- og trappehus samt ventilasjonsbygg på tak overstige maks gesims og mønehøgd. Storleiken på desse bygningsdelane skal avgrensast til bygget sin funksjon.

d. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av "tillate prosent bebygd areal" (%BYA) slik:

Maks %BYA for BK1, BK3, BK7 og BK8 = 50% BYA
Maks %BYA for BK2, BK4 og BK5 = 45% BYA
Maks %BYA for BK6 = 30% BYA

e. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillete med ark eller takglas på garasje.

f. Garasje skal som hovudregel og ved utkøyring vinkelrett på veg, plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal. Kommunen kan, om utbygginga på tomta gjer det nødvendig med garasje med innkøyring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 3 m frå regulert trafikkareal.

g. Innanfor BK2, BK4,BK5 og BK6 skal det minimum opparbeidast 2 parkeringsplassar pr. bustad. For BK1,BK3, BK7 og BK8 skal det minimum opparbeidast 1,5 parkeringsplass. Ein av parkeringsplassane for kvar bueining (BK1 t.o.m. BK8) skal vere overdekt.

h. Parkering kan dekkjast ved felles parkeringsplass for fleire av BK-områda og skal opparbeidast som vist i situasjonsplanen. Det skal setjast av areal til parkeringsplassar for bilar og elektriske rullestolar/scooterar for forflyttningshemmede personar i tilknytning til områda BK1-BK8. Minimum 1 parkeringsplass for forlyttningshemmede pr. 10 bu-eining. Disse parkeringsplassene må ligge nær hovudinngangen og i de bygg med heis, nær heis

i. Uteareal med viste gangtilkomstar skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med situasjonsplanen.

j. Dei fysiske inngrep i terreng skal så langt det let seg gjere gjennomførast på ein slik måte at ein tek vare på eksisterande vegetasjon og unngår sår i terrenget. Skråningar skal plantast til med stadeigen vegetasjon.

k. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.

l. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.

m. Innafor kvar tomt må utbyggjer syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt ledningsnett etter godkjenning frå kommunen.

n. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

o. Innanfor BK1 skal det etablerast minimum to småbarnsleikeplassar, kvar av dei skal vere på minimum 100 m2 og minimum utstyrast med sandkasse og sittebenk.

2.2.3 **Leikeplass**

a. Leikeplassane f_L1, f_L2 og f_L3 skal opparbeidast slik at dei er eigna for leik og opphald, minimum med reiestativ, sandkasse, benk og noko fast dekke. Leikeplassane kan gjerdast inne. Prinsippa om universell utforming bør, så langt råd, leggast til grunn slik at leikeplassane heilt eller delvis kan nyttast av alle

b. Leikeplassane f_L1, f_L2 og f_L3 skal ha eigna beplantning som kan fungere som skjerming mellom dei ulike aktivitetssonene. Beplantning innanfor f_L2 må ikkje redusere mulegheitene for bruk av området til skileik.

c. Leikeplassen f_L1 skal i tillegg opparbeidast med ballbane, med eigna dekke til føremålet og naudsynt sikringsnett.

d. Leikeplassane skal opparbeidast i samsvar med forskrift om sikkerheit ved leikeplassutstyr frå Barne- og Familiedepartementet

e. Leikeplassen f_L1 er felles for bueiningane innanfor BK1 og BK2, men skal også kunne fungere som kvartalsleikeplass for tilgrensande bustadområde.

f. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast, dette gjeld særleg for f_L3

g. Leikeplassane f_L2 og f_L3 er felles for bustadane innanfor BK3, BK4, BK5, BK6, BK7 og BK8. F_L2 er i tillegg felles leikeplass for byggefelta Smalebakken og Håmyra.

§2.3. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, pbl. §§12-5 NR.2 OG 12-7

2.3.1 Trafikkområde

a) I trafikkområde skal det som vist i situasjonsplanen byggast
- Køyreveg, - Fortau, - Gang-/sykkelveg

b) I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til annan veggrunn samt vegskjeringar og fyllingar. Vist skråningsutslag på plankart kan endrast som følgje av detaljprosjektering.

c) O_V1, o_V2, o_V3, o_V7 og o_V8 er offentlege vegar. Lengde- og tverrprofilar som følgjer som illustrasjon til planen er rettleiande jf. teikningane (1357-201, 1357-202,1357-203, 1357-204, 1357-205, 1357-206, 1357-207 og 1357-208)

d) F_V4, f_V5, f_V6 og f_V9 er felles vegar for tilgrensande bustadområde. Lengde- og tverrprofilar som følgjer som illustrasjon til planen er rettleiande jf. teikningane (1357-201, 1357-202,1357-203, 1357-204, 1357-205, 1357-206, 1357-207 og 1357-208)

e) F_V10 er felles skogsbilveg for skogeigarane i området.

f) Fortau langs offentlege vegar skal vere oppheva.

2.3.2 Gang- og sykkelveg.

a) Gang- og sykkelvegar skal opparbeidast med viste breidder og utformast som vist i situasjonsplanen.
b) F_G/S2 skal vere felles for tilstøytande bustadområde.
c) O_G/S3 er offentleg gang-/sykkelveg.

2.3.3 Gangveg.

a) F_G1, f_G2, f_G4 og f_G5 er felles for tilstøytande bustadområde.
b) O_G3 er offentleg gangveg.

2.3.4 Parkeringsplassar.

a) O_P1 er offentleg og kan nyttast i forbindelse med bruk av friluftsområdet nord for planområdet
b) F_P3 er felles parkeringsplass for BK3, BK4, BK5, BK7 og BK8.

c) F_P2 og f_P4 er felles parkeringsplass for BK1 og BK2.

§2.4. Grønstruktur, pbl. §§12-5 NR.3 OG 12-7

2.4.1 Turveg

a) Offentleg turveg o_Tv3, o_Tv4, o_Tv6 og o_Tv7 er del av eksisterande turstinett i grøntkorridoren langs Håmyrelva. Stiane skal haldast vedlike og utbedrast i utbyggingsperioden.

b) Det skal opparbeidast tursti frå o_Fr1 – o_Fr6 og til anna regulert formål.

2.4.2 Friområde

a. Friområde o_Fr1 - o_Fr6 er offentleg friområde.

b. Innanfor o_Fr1 - o_Fr6 er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjøn er til hinder for bruken av friluftsområdet. Nødvendig skjøtsel av skog og ev. førebygging av elva vil vere tilate.

§2.5. Landbruks-, natur- og friluftsområde, pbl § 12-5 nr. 5

2.5.1 Friluftsformål

a) Innafor område for friluftsformål skal det vere høve til å drive friluftsliv i tillegg til at det kan drivast landbruksdrift, dvs. beite for husdyr, vedhogst/vedlikehaldshogst.

§3. Hensynssoner, pbl. §12-6

§3.1. Sikringssoner

3.1.1 Frisikt

Frisiktsonene merka «H140» i vegkryssa må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innafor frisiktsonene skal planerast ned til 0,5 meter over tilgrensande vegars nivå.

§3.2. Støysoner

3.2.1 Gul støysone

Innanfor områda merka H220_1-2 er det ikkje høve til å føre opp bustad eller etablere hovuduteplass utan at det er etablert nødvendig støyskjerming.

§3.3. Faresoner

3.3.1 Flaumfare

Innanfor område merka H320_1 og 2 er det ikkje høve til oppføring av bygg før det er gjort undersøkingar om muleg flaumfare og nødvendige tiltak er etablert.

3.3.2 Jord og Flaumskred avklaring

Det skal som del av teknisk plan gjennomførast naudsynt utgreiing av jord- og flaumskredfaren for nedre del av planområdet i samarbeid med NVE.

§4. Fellesføresegner

§4.1. Rekkefølgje, Pbl. §12-7 nr.10

a) Behov for sikringstiltak langs Håmyrelva må avklarast og i nødvendig grad etablerast før tilgrensande bustadområde kan takast i bruk. Plan for sikring/handtering av overvatn i planområdet må utarbeidast som del av teknisk plan og skal gje grunnlag for dimensjonering av tekniske anlegg i planområdet.
Det skal som del av teknisk plan gjennomførast naudsynt utgreiing av jord- og flaumskredfaren for nedre del av planområdet i samarbeid med NVE.
Naudsynte tiltak som fylgjer av slik utgreiing skal vere på plass før bustader i området kan takast i bruk.

b) Vegar skal utbyggast samtidig med, eller i forkant av utbygging av tomtene.

c) Nødvendig støyskjerming må etablerast i samsvar med vedlagte støyrapport før o_V1 kan ferdigstillast.

d) F_L1 skal opparbeidast, utstyrast med leikeplassutstyr, beplantast og ev. sikringsbehov skal vere etablert og ferdigstilt før bustader innanfor BK1 og BK2 kan takast i bruk.

e) Tilkomst f_G4 og f_G5 til f_L1 skal vere ferdig før BK3, BK5, BK7 og BK8 kan takast i bruk.
f) Tilkomst f_G1 til f_L2 skal vere ferdig før BK3, BK7 og BK8 kan takast i bruk.

g) F_L2 skal opparbeidast, utstyrast med leikeplassutstyr, beplantast og sikringstiltak skal vere etablert og ferdigstilt før bustader innanfor BK 3, BK5 og BK7 kan takast i bruk.

h) F_L3 skal opparbeidast, utstyrast med leikeplassutstyr, beplantast og sikringstiltak skal vere etablert og ferdigstilt før bustader innanfor BK 4 og BK6 kan takast i bruk.

i) Oppstamma tre langs på sørsiden av o_V1 skal vere planta før BK3 og BK8 kan takast i bruk. Oppstamma tre på nordsiden av o_V1 skal vere planta før BK1 og BK2 kan takast i bruk.
j) Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget og elles i samsvar med situasjonsplan godkjent av kommunen.

k) Før utbygging vert sett i verk skal kommunen godkjenne tekniske anlegg og vedta utbyggingsavtale mellom kommunen og tiltakshavar vedkomande dei tekniske anlegga som er naudsynt for utbygginga. Dette gjeld mellom anna vegar, gatelys, stiar, VA og EL-/tele- og kabelnett, drensgrøftar og ev. sikringstiltak langs Håmyrelva. Samlevegen frå enden av Raudemyrvegen og forbi eksisterande busetnad i Solhøgda skal utbyggast med fortau, fast dekke (AP el tilsv) før utbygging av bustadane i Håmyrområdet vert sett i gang. Oppføring av støyskjerm /og eller naudsynt avskjerming mot bustadane i Solhøgda skal gjerast som del av opparbeiding av veg o_v1.
Omlegging av skogsbilveg og etablering av parkeringsplass skal gjennomførast samtidig med utbygging av veg o_v1 og før utbygging av områda BK1 og Bk2.
Plan for skilting i området skal vere del av teknisk plan.
l) For området skal det nyttast fellesrenovasjon med oppsamling av avfall i nedgravde konteinarar. Det skal vere etablert avtale om slik ordning med VØR, jf Renovasjonsforskriftene §2, før utbygging kan setjast i gang. Ordninga skal vere etablert før bygningar i området vert tekne i bruk.

m) Før utbygging av Håmyrafeltet med tilhøyrande samleveg kan settast i gang skal det etablerast fylgjande strakstiltak i Raudemyrvegen:

1. Vegen skal skiltast med fartsgrense 40km/t.
2. Fartshumpar/oppheva gangfelt skal etablerast ved gangveg mot Sjukehuset (vest for gnr 19 bnr 410)-, ved kryss mot Brenslene-, mot gangveg aust for Steingardsvegen og ved overgang til Heltnevegen/Uravegen.
3. Gatestrekninga skal ha prioritet i høve komande plan for utskifting/oppgradering av kommunale gatelys.
4. Dersom Raudemyrvegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda ikkje er opparbeidd til samlevegstandard før utbygging av Håmyrfeltet startar, skal det i anleggsfasen etablerast ordning med vikeplikt for møtande køyrety (skilt 212/214) eller lysregulering.

n) Før Raudemyrvegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra /Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda vere opprusta til samleveg standard.
Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.

Før Kleppevegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra/Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen vere opprusta til samleveg-standard. Tilsvarande må Engesetvegen opprustast. Andre byggetrinn i Håmyra skal ikkje iverksetjast før desse tiltaka er iverksett. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.

§4.2. Automatisk freda kulturminne

Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvaret ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.

§ 5 Generelt.

Det er ikkje høve til, med private servituttar, å skipe tilhøve som er i strid med desse føresegnene. Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld vedtekter i Plan- og bygningslova og bygningsvedtektene for Volda kommune. Når særlege grunnar talar for det kan kommunen tillate mindre vesentlege endringar frå reguleringsplanen innanfor ramma av bygningslovgjevinga og dei kommunale vedtektene.

Volda kommune, 22.06.2015

VOLDA KOMMUNE
UTVIKLING

For rådmannen Per Helme
planleggar

Handsaming:

Melding om politisk vedtak - Organisering av interkommunalt IKT-samarbeid, frå arbeidsmiljøutvalet vart delt ut i møtet, datert 19.09.2016.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret sluttar seg til at IKT-drifta vert organisert under felles leiing i eit interkommunalt selskap. Volda kommune stiller til disposisjon 3 stillingar til selskapet frå 1. januar 2017 ved at to av stillingane/IKT-konsulentane som går i stillingane) vert leigd ut og den tredje som er vakant vert overført til selskapet.*

2. *Kommunestyret kjem attende til godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av selskapet.*

3. *Kommunestyret viser til prosessen med samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, og at det må takast høgde for at denne prosessen vert ivareteke gjennom IKT-selskapet dersom Hornindal og Volda ser det som mest tenleg. Vidare må IKT-funksjonen i kommunen si kriseleiing ivaretakast i avtalen.*

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Sjurgard	Arkivsak nr.:	2016/1176
		Arkivkode:	056

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
163/16	Formannskapet	20.09.2016
112/16	Kommunestyret	29.09.2016

ORGANISERING AV INTERKOMMUNALT IKT-SAMARBEID

Administrasjonen si tilråding:

1. **Kommunestyret sluttar seg til at IKT-drifta vert organisert under felles leiing i eit interkommunalt selskap. Volda kommune stiller til disposisjon 3 stillingar til selskapet frå 1. januar 2017 ved at to av stillingane/IKT-konsulentane som går i stillingane) vert leigd ut og den tredje som er vakant vert overført til selskapet.**

2. **Kommunestyret kjem attende til godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av selskapet.**

3. **Kommunestyret viser til prosessen med samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, og at det må takast høgde for at denne prosessen vert ivareteke gjennom IKT-selskapet dersom Hornindal og Volda ser det som mest tenleg. Vidare må IKT-funksjonen i kommunen si kriseleiing ivaretakast i avtalen.**

Vedleggsliste:
Notat frå rådmannen av 11.07.16
Saksutgreiing til rådmannsgruppa
Rapport til rådmannsgruppa om IKT-organisering for kommunane på Søre Sunnmøre

Uprenta saksvedlegg:
Tenesteskildring/tenesteleveranseavtale

Samandrag av saka:

Det er foreslått å samle IKT-drifta for kommunane på Søre Sunnmøre i eit interkommunalt selskap som skal avløyse Hareid som vertskommune.

Saksopplysningar:
Det vert vist til utgreiinga i vedlagte notat frå rådmannen av 11.07.16.

Notatet er sendt på høyring internt og til rådmannen i Hornindal kommune for ev uttale innan 19. august. Det er ikkje kome innspel til notatet. Rådmannen har etter høyringsrunden hatt ein gjennomgang med IKT-konsulentane i Volda kommune. Dei er positive til å delta i gjennomføring av modellen som er foreslått.

Stadig fleire av databasene og applikasjonane vert drifta frå felles IKT driftssenter for dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre. Forslaget som no ligg føre er ei vidareføring av den driftsmodellen som er etablert. Det nye er i hovudsak at ein samordnar drifta under felles leiing og organiserer dette under eit selskap som avløyser Hareid som vertskommune. Det er utarbeidd ein tenesteleveranseavtale som sikrar ansvar og oppfølging av datadrifta frå dette senteret i den enkelte kommune. Modellen skal sikre stordriftsfordelar på både investering og drift, og det skal i tillegg til tilsette på sentralen vere IKT-personell ute i den enkelte kommune.

Modellen byggjer på at kommunane overfører sine IKT-stillingar til det interkommunale selskapet som syt for IKT-drifta i alle kommunane. Det er i dag 19 stillingar til saman. Behovet i den nye organisasjonen er kalkulert til 18 stillingar inklusive dagleg leiar. Det er forventa at ein etter ein etter etablering og implementeringsfase på 2 - 3 år kan ta ut effekt ved reduksjon i bemanning. Dette vil i så fall skje etter ein plan og ved naturleg avgang eller overføring til andre ledige stillingar i kommunane.

Stillingane/drifta i IKT-selskapet vert fordelt på kommunane etter ein fastsett utrekningsnøkkel.

I modellen er det lagt opp til eit skilje mellom strategi (bestilling) og drift (utføring). Samtidig vil det vere behov for nært samarbeid mellom desse funksjonane.

Vurdering og konklusjon:

Det digitale samfunnet vil berre utvikle seg vidare på stadig fleire område. Dette gir moglegheit til å utvikle tenestene overfor innbyggjarane, samtidig som det opnar for smartare og rimelegare måtar å administrere oppgåvene på. For å kome dit må ein sikre den grunnleggjande drifta. Rådmannen meiner at den interkommunale driftsmodellen som er etablert på Søre Sunnmøre er nødvendig for at vi skal greie å vere operative og ha sikker drift på IKT-sida. Dette gir også grunnlag for eit fagleg miljø der vi kan få til utvikling i lag. Kommunane leverer dei same tenestene, og det er mykje å hente på å drive felles utviklingsarbeid og samarbeide om dei same programvarene og korleis ein skal organisere arbeidet for å få effekten ut av dei i drift og tenesteyting.

Rådmannen hadde i utgangspunktet tenkt at Volda overfører to stillingar til selskapet og held fast ved den tredje IKT-stillinga som strategisk ressurs. Dei andre kommunane, bortsett frå kanskje Ørsta, vil overføre alle IKT-stillingane i selskapet. I rådmannsgruppa vart det drøfta at ei heil stilling for IKT-strategisk arbeid kan vere for høgt dimensjonert for ein kommune, og at dette er ein ressurs ein bør samarbeide om. Rådmannen foreslår derfor at alle dei tre IKT-stillingane i Volda kommune inngår i felles drift. Den fjerde som er eit engasjement i oppvekstsektoren vert å avvente kva vi gjer med vidare før engasjementperioden går ut 1. juli 2017.

Kommunane bør utvikle felles strategi på korleis ein skal møte det digitale samfunnet, og korleis ein skal møte innbyggjarane for å få tidsmessige tenester og gjennom digitale vaner forenkle tenesteytinga og sakshandsaminga i kommunane. IKT er ein innsatsfaktor for å utvikle tenesteytinga og redusere driftskostnadene til kommunane. I land som t.d Danmark, men også i større byar her i landet, har ein kome lenger i denne utviklinga. Erfaringa viser at ein må auke utgiftene til IKT for å ta ut effekten i administrasjon og tenesteyting. Slik rådmannen ser det vert Volda kommune nødt til å auke ressursane på IKT-området i åra framover. Saman med dei andre kommunane ser rådmannen det som viktig å byggje opp kapasitet også på strategisk utvikling for å analysere, ta rette val og sikre gevinstrealisering. Den strategiske IKT-ressursen bør koplast til tenestemiljøa på tvers av kommunegrensene og setje utviklingsarbeidet i system og sikre kontinuitet.

Rådmannen innser at skal ein fullt og heilt med i det interkommunale samarbeidet, så må alle dei tre faste stillingane innanfor IKT stillast til disposisjon for felles drift. På den andre sida ser rådmannen behov for at kommunane i samarbeid byggjer opp strategisk IKT-kapasitet. I ei mellomfase meiner rådmannen dette må løysast gjennom pragmatisk ved ikkje for sterkt skilje mellom drift og strategisk arbeid. Det må uansett vere bruer i mellom. Med det behovet som vil kome framover for å ta i bruk IKT-verkty i den strategiske utviklinga, så vil det i dei komande åra verte behov for å byggje opp utviklingskapasitet på IKT-sida. Slik sett burde vi kanskje alleie no ha reservert ei eiga stilling til dette, men det handlar om kva vi kan prioitere no og om vi ev kan samarbeide med dei andre kommunane om ein slik kapasitet. I alle høve vil vi måtte kome attende til dette i samband med kommunesamanslåingsprosessen.

Rådmannen rår til at Volda kommune deltek i den vidare utviklinga av SSIKT (Søre Sunnmøre IKT-samarbeid) og sluttar seg til endring av selskapsstruktur der ein avløyser vertskommune til fordel for eit interkommunalt selskap som får ansvar for drifta av IKT i alle 7 kommunane under ei samla leiing. Volda kommune leiger ut tre IKT-stillingar til det interkommunale selskapet frå 1. januar 2017.

Volda og Hornindal må i samband med samanslåingsprosessen gjere avklaringar på korleis ein skal byggje opp IKT i ny kommune. Rådmannen ser det som opplagt at den nye kommunen må inngå interkommunalt samarbeid om IKT-drift og IKT-utvikling. Det kan vere naturleg at dette samarbeidet går i retning der den nye kommunen har hovudtyngda av samarbeid på andre tenesteområde (jfr felles IKT-plattform). Rådmannen vil sikre tett oppfølging av dette i samanslåingsprosessen. Det kan også vere aktuelt å kjøpe kapasitet i det interkommunale IKT-miljøet som vert dedikert til å følgje opp prosessen med etablering av felles IKT i den nye kommunen. Dette bør avklarast i reformprosessen og i ev takast høgde for avtalen med etablering av nytt selskap for SSIKT.

IKT sin funksjon opp mot beredsskapsarbeidet i kommunen må også ivaretakast gjennom avtalen med SSIKT

Kommunestyret vil få denne saka i to omgangar. I denne saka får kommunestyret orientering om organiseringa og gjer prinsippvedtak om deltaking. I den seinare sak vil det verte lagt fram sak om godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av det interkommunale selskapet og oppheving av vertskommuneavtalen med Hareid kommune.

Følgjande mål og strategiar i kommuneplanen kan koplast til IKT som viktige verkty for å lykkast:

MÅL:
Volda kommune skal ha ein økonomi i balanse og driftsresultat på 1,75 % av inntektene.

STRATEGIAR:
 Arbeide for samsvar mellom oppgåver og ressursar.
 Sikre realistisk budsjettering.
 Arbeide for ein sterkare kopling mellom prioriteringar i kommuneplanen, budsjett, økonomiplan og arbeidsoppgåver.
 Legge til rette for at administrasjonen, politikarane og innbyggjarane skal ha felles kunnskap om situasjon og utfordringar.
 Bruke moglegheiter som ligg i digital tenesteproduksjon og legge til rette for innovasjon og nyskaping i tenesteproduksjon.

MÅL:
Volda kommune skal ha eit godt omdøme.
STRATEGIAR:
 Sikre eit godt arbeidsmiljø i organisasjonen.
 Tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov.
 Gi innbyggarane god informasjon, gi raske tilbakemeldingar og ha oppdaterte, framtidsretta og brukarvennlege kommunikasjonsløysingar.
 Legge til rette for involverande prosessar.

Helse og miljøkonsekvensar:
IKT er ein viktig innsatsfaktor for utvikling av velferdsteknologi i helsetenestene. IKT er eit dagleg arbeidsverkty for neste alle tilsette i kommunen. Det er viktig for arbeidsmiljøet og effektiviteten i organisasjonen at drifta av IKT fungerer godt.

Økonomiske konsekvensar:
Samling av driftspersonellet under felles leiing i eit interkommualt selskap vert gjennomført med ei stilling færre samla sett for dei 7 kommunane. For dei kommunane som går inn med sine IKT-stillingar skal endringa i prinsippet ikkje medføre vesentleg auka utgifter. IKT som innsatsfaktor vil måtte prioriterast for å kunne ta ut effekt i administrasjon og tenesteproduksjon. Det vil verte utarbeidd budsjett for den interkommunale drifta seinare i haust.

Beredskapsmessige konsekvensar:
IKT- funksjonen er representert i kommunen si kriseleiing. Dette må iveratakast vidare gjennom det interkommunale samarbeidet.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
IKT-konsulentane, her
Personalsjefen, her
Økonomisjefen, her
Sektorsjefane, her
Arbeidstakarorganisasjonane, her
Hovudverneombodet, her
Vanylven kommune
Sande kommune

Herøy kommune
Ulstein kommune
Hareid kommune
Ørsta kommune
Hornindal kommune

VOLDA KOMMUNE
Rådmann

NOTAT

Hovudtillitsvalte

Sak: SSIKT- teneste og organisering

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2016/1176	*8463/2016*	*056*	*ADM/RUNSJU*	*11.07.2016*

ORGANISERING AV INTERKOMMUNALT IKT-SAMARBEID

Forslag til ny organisering
Gjennom IKT-samarbeidet for Søre Sunnmøre er det utarbeidd eit forslag til ny organisering:

Hovudinnhaldet i denne kan visast ved slik oppstilling:

Forslag til IKT-organisering for kommunane på Søre Sunnmøre			
Strategi / bestillar		**Drift / utførar**	
Ansvar	Strategigruppe (samansett av ein tilsett frå kvar kommune)	Ansvar	Int.k selskap (Kl §27 med rådm som styre)
Formål	Definere behov og drive planlegging for bruk av IKT i utvikling av administrative oppgåver og kommunal tenesteyting. Sikre gevinstrealisering av IKT-investeringar/-satsingar.	Formål	Syte for drift av all IKT-infrastruktur og nettverk i alle 7 kommunane. Implementere nye system og drive prosjekt. Brukarstøtte og vaktordning.
Arbeidsgjevar	Den enkelte kommune sjølv el i samarbeid har IKT-strategisk medarbeidar	Arbeidsgjevar	Interkommunalt selskap der alt IKT-driftspersonell er tilsett
Lokalisering	I den enkelte kommune	Lokalisering	Desentralisert i den enkelte kommune i tillegg til sentralt driftssenter
Forankring	Overordna IKT-strategi som skal vedtakast av kvart kommunestyre	Leveringsoppdrag	Tenesteskildring og tenesteleveranseavtale som er forpliktande på kva som skal leverast, til kva tid og på kva nivå.

Modellen for organisering samsvarar med dei råda som er gitt av KS, jfr forskingsrapport utarbeidd av konsulentselskapet PWC (KS FoU- prosjektnr 144016 – 30.10.15)

Eg viser til utgreiinga frå strategigruppa og forslaget til tenesteskildring/tenesteleveranseavtale som følgjer vedlagt.

Dagens organisering

Volda kommune har 3 IKT-stillingar og eitt års engasjement for IKT-fagarbeidar i oppvekstsektoren. Den siste ressursen er frigjort tidsressurs som pedagogisk personale ved Øyra skule og Volda ungdomskule har brukt til IKT-arbeid. IKT-leiarstillinga er vakant etter at Arnfinn Hovde slutta. Det er inne vikar for å dekkje opp den samla bemanningskabalen. IKT-leiaren er med i kommunen si kriseleiing.

Vi er med i det interkommunale samarbeidet på Søre Sunnmøre. Siste åra har fleire av databasene vorte flytta ut til felles driftssenter på Hareid og drifta derfrå. Dette resulterer i at drifta dels vert organisert frå driftssenteret på Hareid (SSIKT) og dels frå eigne tilsette IKT-konsulentar.

Driftssenteret er organisert som vertskommunesamarbeid med Hareid som vertskommune (jfr Kl § 28 b) Det er også etablert eit interkommunalt selskap med rådmennene som styre. Tanken var at dette selskapet skulle ha ein tilsett med strategisk funksjon. Dette har ikkje vorte realisert, og med dagens organisering så har det strategiske arbeidet vore organisert gjennom ei strategigruppe samansett av IKT-konsulentar og administrative leiarar for dei 7 kommunane. Det har ikkje vore reservert ressursar til førebuingar til strategigruppa, og medlemmene har måtta prioritere dette arbeidet på toppen av sine primæroppgåver. Ulstein kommune har teke den største belastninga her.

Flytting av fleire databaser til driftssetneret i løpet av kort tid siste tida har vore utfordrande for våre IKT-konsulentar. Dette har kome som ekstra belastning i ein periode der IKT-leiaren hadde permisjon. Enkelte forhold kunne også ha vore betre planlagt og kommunisert frå driftssenteret. Dette er teke opp med driftssenteret. Det er i utfordring i dag at vi har parallelle driftsmiljø, der noko vert drifta av våre IKT-konsulentar, og noko vert drifta frå det interkommunale driftssenteret på Hareid.

Det interkommunale IKT-samarbeidet har vore nødvendig, og den enkelte kommune har ikkje greidd å kome dit vi er i dag i eigen regi. Vi hentar ut stordriftsfordelar på investering og drift, og vi samarbeider om å få meir utvikling ved bruk fagsystema.

IKT har auka formidabelt både i volum og kompleksitet. Samanlikna med berre for nokre få år sidan, så har så å seie alle tilsette i Volda kommune brukarnamn og passord til ei datamaskin. Pleie- og omsorg brukar data i opplæring, administrasjon og pasientoppfølging. I skulane er IKT i praksis integrert i alle fag, og ikkje berre eitt av krava til grunnleggjande ferdigheiter. I nær framtid vert også den digitale kvardagen enda meir aktuell også i føreskulealder.

IKT-konsulentane har eit stort og komplekst område som dei skal følgje opp, og dei tilsette strekkjer seg langt i det daglege for å halde systema operative. Kapasiteten er avgrensa, og sjølv med dei gode haldningane og store innsatsen hos IKT-konsulentane, så meiner rådmannen vi no har kome til eit smertepunkt der vi må gjere noko for å sikre utviklinga framover. Den operative drifta er så krevjande at det vert minimal tid til å drive digitalt utviklingsarbeid. Innanfor fleire tenesteområde aktualiserer det seg eit behov for å avklare retning og satsing for å utvikle tenestene. Vi manglar strategiske planar for digitalisert utvikling i Volda kommune.

Den digitale utviklinga
IKT-teknologien påverkar utviklinga av heile samfunnet. KS har utvikla IKT-strategi for kommunesektoren. Her er nokre utdrag frå KS sin strategi:

> *«**Kommunens og fylkeskommunens egen digitaliseringsstrategi bør bestå av to deler.***
> ***Del en** bør være av strategisk karakter som definerer hovedlinjene for hvordan IKT skal støtte opp under planlagt tjenesteutvikling og bidra til å løse egne utfordringer. Denne delen bør være langsiktig og ses i sammenheng med overordnede strategier. Den bør også ta hensyn til framtidige behov og peke på hva som er regionens og kommunens felles satsingsområder.*
>
> ***Del to** er en handlingsplan med aktiviteter og tiltak for ett år av gangen. Den beskriver hvilke tiltak som må igangsettes per år for at de overordnede målene i strategien skal nås. Denne delen bør oppgraderes og justeres hvert år i forbindelse med budsjettbehandlingen for og sikre at det settes av nok ressurser til at målene i strategien nås. Den bør også følges opp med en kompetanseutviklingsplan for å sikre at ansatte har nødvendig kompetanse.*
>
> *Satsningsområder i strategiperioden*
> ***Digitaliseringsstrategien har følgende visjon, basert på KS' langtidsstrategi:***
> ***En samordnet kommunal sektor leverer digitale tjenester som gir innbyggere og næringsliv et reelt digitalt førstevalg.***
> *Digitaliseringsstrategien konkretiserer visjonen i seks tverrgående og tre sektorielle satsnings-områder. I arbeidet med egen digitaliseringsstrategi står den enkelte kommune og fylkes-kommune fritt å prioritere satsningsområder ut fra eget behov.*

Tverrgående satsningsområder
1. *Digital dialog*
2. *Strategisk ledelse og IKT*
3. *Kompetanse*
4. *Arkiv og dokumenthåndtering*
5. *Personvern, taushetsplikt og informasjonssikkerhet*
6. *Arkitektur og standardisering*

Sektorielle satsningsområder:
1. *Helse og velferd*
2. *Oppvekst og utdanning*
3. *Plan, bygg og geodata»*

Sjå elles lenke til KS sin digitaleringsstrategi for 2013 – 2016.
http://www.ks.no/contentassets/e7f699792add4068aaedcb25a97ff56a/ks-digitaliseringsstrategi.pdf

Strategien skal reviderast i haust og gjelde for perioden 2017 – 2020.

Regjeringa har forventingar til at digitalisering i kommunesektoren skal føre til forenkling, fornying og forbetring, jfr Kommuneproposisjonen for 2017 og Stortingsmelding om IKT-politikk (Meld. St. 27 (2015–2016) - Digital agenda for Norge — IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet)
https://www.regjeringen.no/contentassets/fe3e34b866034b82b9c623c5cec39823/no/pdfs/stm201520160027000dddpdfs.pdf

Ei hovudprioriteringane til regjeringa i IKT-politikken er å setje brukaren i sentrum og å få ei effektiv digitalisering av offentleg sektor. Ved å ta utgangspunkt i brukarane sine behov, kan det offentlege lage tenester som brukarane har nytte av, og som dekkjer eit reelt behov. Målet er at dei digitale løysingane er så gode at dei fleste vel bort manuelle kanalar. Gjennom informasjons- og kommunikasjonsteknologi vil regjeringa skape eit enklere møte med ein døgnopen offentleg sektor, høgare kvalitet i tenestene, auka verdiskaping og bedre avgjerder. Regjeringa ser på IKT som ein vesentleg innsatsfaktor for innovasjon og produktivitet. Regjeringa har også forventingar til at kommunesektoren skal drive meir kostnadseffektivt. Både i Kommuneøkonomiproposisjonen for 2017 og i nemnde Stortingsmelding for digitalisering er det vist til Produktivitetskommisjonen leia av professor Rattsø, jfr m.a: *«Bruk av teknologi står sentralt for å forbedre og fornye offentlig sektor i Norge, og at det er et stort uutnyttet potensial for effektivisering i forvaltningen gjennom bruk av IKT».*

I den nemnde stortingsmeldinga varslar regjeringa eit taktskifte og høgare ambisjonsnivå for den digitale satsinga. Tenestene skal opplevast som heilskaplege og samanhengjande. Digitalt førsteval skal styrkast retta mot sjølvbeteningsløysingar og automatisert sakshandsaming. Statlege verksemder skal ta eit større ansvar for å utvikle tenester som kommunesektoren kan nytte.

Utover dei hovudstøttesystema vi har hatt sidan vi tok i bruk data, så har vi dei seinare digitalisert fleire tenester og forenkla administrative oppgåver, som til dømes:

- bruk av sosiale medium i kommunal informasjon
- integrering mellom hovudssystema (økonomi, sak/arkiv) og andre system for bruk av registrerte data mv
- elektronisk søknadshandsaming av barnehageopptak
- elektronisk registrering av timelister
- elektronisk meldingsutveksling mellom primærhelsetenesta og sjukehus
- elektronisk kvalitetsinformasjonssystem og avviksystem
- elektronisk registrering og databehandlarsystem for vedlikehald i kommunale bygg
- elektronisk rapportering og registreringssystem i heimetenesta
- m.v

I løpet av kort tid kjem også elektronisk fakturering og digital post som tillegg i den elektroniske tenesteporteølgja.

Stadig fleire av innbyggjarane brukar digitale verkty, og det ligg eit stort både behov og potensiale for å utvikle dei kommunale tenestene ved bruk av denne teknologien. I Danmark er det kommunar som har svært ambisiøse målsettingar for digitalisering, og København har kome svært langt på dette området.

Kommentarar til forslaget til ny organisering
Med unntak av dei store bykommunane må kommunane samarbeide om drift og utvikling innanfor IKT. Nemnde Stortingsmelding (Digital agenda for Norge) peikar også på at det er stordriftsfordelar å hente ved samarbeid. Det er fleire samarbeid som har organisert seg liknande slik det er gjort framlegg om for kommunane på Søre Sunnmøre.

Med dagens volum og kompleksitet innanfor IKT-området manglar vi kapasitet. Dette må løysast gjennom samarbeid, der ein kan samle det som ein i dag driftar i kvar kommune i eitt driftssenter. Dette frigjer ressursar til investeringar, abonnementutgifter og arbeidskapasitet, der dette kan samlast til ei i staden for 7 uavhengige driftseiningar.

Ved å samordne IKT-kompetansen i dei 7 kommunane får ein eit miljø for både spesialisering, mindre sårbart driftsmiljø og vaktordning. Det er eit viktig mål at drifta av IKT vert så enkel og effektiv som mogleg. Skal ein få til dette må kommunane samarbeide om å standardisere drifta mest mogleg. Dette inneber å investere i same infrastruktur og programvarer for å få dette så straumlineforma som mogleg. Da kan det samla IKT-miljøet byggje opp eigen kompetanse som i stor grad kan erstatte dyre konsulenttimar frå programvareleverandørane. Mindre kommunar må samarbeide for å oppnå same effekt som store bykommunar får til. Vi bør operere som vi er ein felles virtuell kommune. Dette er krevjande ettersom det krev semje om kva som er dei mest tenlege systema.

Optimal effekt ut av ein slik samarbeidsmodell krev vidare at kommunane ikkje har eiga drift med eigne tilsette som skal operere parallelt med den sentrale driftsorganisjonen. Det vil skape gråsoner og situasjonar der det vert uoversiktleg kven som har ansvar når ting ikkje fungerer. Dette er sjølvsagt utfordrande i ein overgangsfase der Volda enda har lokale løysingar som etter kvart skal standardiserast/samordnast i felles drift. Den desentraliserte tenestestrukturen gjer at Volda kommune har ein vesentleg meir komplisert og fordyrande IKT-infrastruktur samanlikna med t.d kommunar som Ulstein og Hareid. I alle høve vil IKT-konsulentane i Volda ha fysisk tilhald i Volda og bruke sin lokalkunnskap og kompetanse på løysingane i Volda.

I botnen for forslaget til ny organisering ligg det ei tenesteskildring og tenesteleveranseavtale som spesifiserer ansvaret til den interkommunale driftsorganisasjonen. Denne skal ivareta alle behova som ligg til drifta av IKT i den enkelte kommune. Ein kritisk nøkkelfaktor er at denne vert følgt opp i praksis. Det er avgjerande at driftsorganisasjonen (det interkommunale selskapet) får god leiing som får det optimale ut av ressursane. Rekruttering av leiar er tenkt å skje ved ekstern utlysing.

Det er vidare viktige føresetnader som må følgjast opp i den enkelte kommune for at modellen skal fungere. Det vil bli eit sterkare skilje mellom det som er IKT-tekniske oppgåver og funksjonar som er knytt til bruken av programvarer og teknisk utstyr. Dette inneber at kommunane må peike ut og skulere opp ansvarlege for dei ulike programvarene (superbrukarar). Vi må også finne fram til ei intern organisering av bruken av AV-utstyret (videokanon mv på møteromma, videoframvising i kommunestyresalen mv).

Vidare er det viktig at vi får behalde kompetansen og får flest mogleg av IKT-medarbeidarane i kommunane med på den nye organiseringa. Medarbeidarane får ulike funksjonar fordelt på driftssenteret og desentralisert lokalisering. Nokre vil arbeide meir spesialisert på ulike nivå. Nokre vil arbeide på eit breiare område som også deltek i turnus på brukarstøtte. IKT er eit fagfelt med så raske endringar at kompetansen meir eller mindre vil vere ferskvare. Det bør derfor vere ein motivasjonsfaktor å kunne tilhøyre eit større fagmiljø.

Andre alternativ
Til tross for dei gode haldningane og den store innsatsen som kommunen sine IKT-medarbeidarar står for, så meiner rådmannen det er nådd ei smertegrense der vi må gjere noko for å sikre framtidig digitalisert utvikling i Volda kommune. Rådmannen meiner det vert for kostbart og lite realistisk å byggje opp eigen kapasitet.

Alternativet til interkommunalt samarbeid er å leie tenester ute i den private marknaden. Slik rådmannen vurderer dette så er det berre på delar av leveransen dette kunne vere aktuelt, dvs

det som går på rein teknisk drift av serverar (lokasjon og straum). Dei fagtekniske tenestene via databasene krev særskilt kommunalfagleg kompetanse i eit breidt samansett miljø. Denne er bygt opp over lang tid gjennom det interkommunale samarbeidet. Dette er eit område som ikkje private selskap berre kan overta utan vidare. Det interkommunale samarbeidet byggjer på at ein må vere med på samarbeidet om basisdrifta. Ein kommune kan derfor ikkje stå delvis utanfor og leie private selskap til å «house» serverane. Rådmannen ser det ikkje som realistisk at Volda kommune åleine kan gå ut i konkurranse på delleveranse, og at dette i så fall må skje samla for alle kommunane i samarbeidet.

Rådmannen si tilråding
Rådmannen rår til at Volda kommune sluttar seg til den nye organiseringa for det interkommunale IKT-samarbeidet for kommunane på Søre Sunnmøre. Det vert foreslått at to av stillingane inngår i den samla kompetanseressursen som vert styrt av leiaren i det interkommunale selskapet ut frå tenesteskildringa og tenesteleveranseavtalen. Rådmannen vil rå til at Volda held fast på arbeidsgjevartilknytninga for desse to tilsette, og at dei vert leigd ut til det interkommunale selskapet ved særskilt avtale. Dersom dette fungerer godt, så kan ein vurdere om arbeidsgjevaransvaret skal overførast til det interkommunale selskapet. Når det gjeld engasjementet som IKT-fagarbeidar i oppveksektoren vert det å avvente å ta stilling til når det er avklart kva som skal skje vidare med denne ressursen innan 01.07.17.

Rådmannen rår til at den ledige IKT-leiarstillinga vert reservert til stratetisk IKT-funksjon i Volda kommune, og at denne stillinga ikkje går inn i den interkommunale drifts-organisasjonen. Denne vil også vere med i kommunen si kriseleiing. Stortingsmelding nr 27 (2015 – 2016), Digital Agenda for Norge, definerer strategisk IKT-kompetanse slik:

- *Se muligheter digitalisering gir, og se kva det kan skape av verdier for virksomheten.*
- *Kunnskap om hvordan man styrer og gjennomfører digitaliseringsinitiativer, og henter ut gevinster av disse.*
- *Forstå hva som kreves for å sikre at teknologien utnyttes, og at digitaliserings-inititiativet styre og ledes riktig.*

Rådmennene i Volda og Ørsta har gjort ei vurdering om desse to kommunane kunne samarbeide om felles strategiressurs. Ein ser at dette vert komplisert så lenge vi er sjølvstendige kommunar. Det vert for vanskeleg i høve til prioriteringar og å kunne følgje godt nok opp prosessane i høve til dei ulike tenestene.

Det er ein intensjon at IKT-medarbeidarane i kommunane på Søre Sunnmøre går inn i samla driftsmiljø i det interkommunale selskapet. Drifta vert fordelt på kommunane etter framforhandla fordelingsnøkkel. Etter ferien strategigruppa for SSIKT utgreie kostnadene med drifta og fordelinga på den enkelte kommune.

IKT er ein innsatsfaktor for å kunne ta ut gevinst i form av effektivisering og betre tenester både i administrasjon og tenesteyting. Volda kommune må pårekne å bruke meir ressursar på denne innsatsfaktoren, mellom anna til ei stilling dedikert til strategisk arbeid. Denne funksjonen er sentral for å initiere og identifisere løysingar, koordinere prosessar der ein involverer sektorane i å planleggje, gjennomføre og ta ut effekt av tiltaka. Funksjonen er sentral i det strategiske arbeidet mellom kommunane og som bestillar inn til driftssenteret.

Det er ikkje teke stilling til om Volda kommune har denne strategiske kompetansen i dag eller om ein må rekruttere denne eksternt.
Hornindal og Volda

Med bakgrunn i kommunestyrevedtaka vil kommunane ta fatt på prosessen for å etablere ny felles kommune. Dette vert ei ny juridisk eining som skal ta stilling til tilslutning til interkommunale samarbeid. Inntil vidare held eksisterande kommunar fram med sine samarbeid. Kommunane pliktar å orientere og drøfte endringar i desse samarbeida med kvarandre. Volda kommune er fullt med i det interkommunale IKT-samarbeidet for Søre Sunnmøre. Hornindal har liknande samarbeid saman med dei andre Nordfjordkommunane. Desse kommunane har ulike hovudsystem enn dei vi nyttar på Søre Sunnmøre. Korleis dette skal løysast for den nye kommunen må avklarast i samanslåingsprosessen. Retninga for samarbeidet i den nye kommunen bør vurderast ut frå ei samla vurdering av kostnader, kvalitet, funksjonalitet og regional tilknytning. I den digitale verda går utviklinga raskt, og rådmannen ser det som mest tenleg for Volda kommune no å delta i den utviklinga som vert drive vidare i regi av det interkommunale samarbeidet for Søre Sunnmøre. Rådmannen ser det som naturleg å kople Hornindal på dei strategiske utviklingsprosessane som vil verte sett i gang i tida framover, slik at ein kan dra nytte av dette i samband med etablering av ny kommune.

Rådmannen i Hornindal får utgreiinga til orientering og med høve til å gi uttale før saka vert lagt fram for politisk handsaming.

Prosessen
Rådmannen har drøfta forslaget til ny organisering med dei to fast tilsette IKT-konsulentane saman med Ørsta kommune og representant for SSIKT (IKT-samarbeidet på Søre Sunnmøre).

Høyringsnotatet går til arbeidstakarorganisasjonane som formell høyringspart. Notatet saman med vedlegga går også til IKT-konsulentane, sektorsjefane, hovudverneombodet og verneombodet for rådhuset for å kunne ha høve til å kome med innspel.

Oppfølging av dette vil innebere ei omorganisering som utløyser drøfting med arbeidstakarorganisasjonane og tett oppfølging i høve til den det vedkjem.

Etter fristen for høyringa vil saka verte lagt fram for arbeidsmiljøutvalet, formannskapet og kommunestyret.

Frist for å kome med uttale vert sett til fredag 19. august d.å.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

Vedlegg:
Saksutgreiing til rådmannsgruppa for Søre Sunnmøre med framlegg til ny organisering.
Utgreiing av ny organisasjonsmodell.
Tenesteskildring/tenesteleveranseavtale

Kopi:
Formannskapet
Oppvekstsjefen
Helse- og omsorgssjefen
Barnevernssjefen
Kst teknisk sjef
Servicesjefen
Utviklingssjefen
Personalsjefen
Økonomisjefen
Rågjevar i rådmannen sin stab
Hovudverneombodet
Verneombodet for tilsette på rådhuset
IKT-konsulentane
Rådmannen i Hornindal kommune

Dokumenta om omorganisering og tenestebeskrivelse har, den tida prosjektgruppa har arbeidd med det, lagt ope og tilgjengeleg for alle IT tilsette. Det vart og lagt fram for IT tilsette i eit orienteringsmøte i Volda den 31.5. Det er ikkje kome merknader. Strategigruppa hadde dokumenta til handsaming den 31.5 og slutta seg til dokumenta. Ein representant frå dei hovudtillitsvalde har vore med i gruppa.

Organisering er knytt til kva vi skal produsere / levere. Dermed er tenestebeskrivelsen med på å gi rammer rundt organiseringa. Nivå og forventningar vi set i tenestebeskrivelsen er med på å definere behovet for personell og ressursar vi må ha for å kunne levere.

Tenestebeskrivelsen er eit omfattande dokument og mykje av det har form av opplisting. Nokre viktige punkt vi vil trekke fram:

- Utvida brukarstøtte ja / Nei
  Dersom utvida brukarstøtte ikkje er tilgjengeleg på programmet vil det sei at der er brukarstøtte i ordinær kontortid måndag til fredag 8 – 16.
  Utvida brukarstøtte vil sei at programmet er omfatta av vaktordninga i SSIKT 24/7.

- Kapittel 2 – brukarstøtte. Korleis brukarar vert tatt hand om i SSIKT er kritisk viktig. Brukarane må få hjelp på ein enkel og effektiv måte, på same tid må SSIKT få oversikt over spørsmål og problemstillingar som vert meldt inn. Dette sikrar rask problemløysing og at spørsmåla vert følgt opp til dei er løyste. Det gir og over tid ein oversikt som gjer at vi kan betre leveransane. Viser loggen at der er mange problem med Ephorte i kommune A kan ein til dømes sett inn opplæring.

- Kap 3.1. og 3.2 gir mål for oppetid og leveransar.

Måla i dokumentet er det etter prosjektgruppa si oppfatning realistisk å nå.

IT funksjonen i kommunane er i endring. I nokon grad er dette ei endring vi har skapt sjølve ved etablering av eit felles driftssenter. I nokon grad er det endringar vi er påført utanfrå ved auka krav til dokumentasjon og auka krav til drift eks gjennom Norsk helsenett og elektronisk meldingsutveksling. Utvikling skyt fart og vil halde fram med å utfordre oss.

Krav til rapportering aukar og kravet til effektivisering aukar.



KS / PwC rapporten om IKT samarbeid i kommunal sektor trekker i kapittel 6 inn fleire ulike moment.

- Digitalisering av tenester og kommunikasjon vil føre til at IT investeringar vert flytta frå drift til innovasjon og endring, og stadig meir i retning av gjennomgripande endingar
- Skytenester – dette er eit løysingsalternativt alle må forhalde seg til med dei utfordingane og det potensialet dette har med seg.
- Innbyggarane sine forventningar.
  Døgnåpen forvaltning

Bruk av eigen informasjon
Brukartilpassa informasjon
- Bruke og gjenbruk av informasjon
- Mobile løysingar
- Ny teknologi

Omorganiseringa handlar om å utnytte noverande kompetanse effektivt når driftsmiljøa i den enkelte kommune vert trappa ned og flytta til driftssenteret, men det handlar først og fremst om å bruke den felles kompetansen effektivt til å løyse dei utfordringane alle kommunane står overfor.

Det ligg ei betydeleg utfordring framføre oss i det å gå frå ein modell til ein annan, men prosjektgruppa meiner vi har funne ein god modell for å gå vidare frå noverande løysing til ein ny løysing.

- Modellen ivaretek kopling mellom SSIKT og lokal kommune på fleire måtar. For det første vil lokalt IT personell med få unnatak sitte lokalt slik dei gjer i dag. Dei vil handtere lokalt utstyr så lenge det er behov for det. Dei vil gå i gangane, være ein del av det lokale miljøet og være i kontakt med miljøet og kommuneorganisasjonen.
  Der vil og være ei formell kopling mellom kommune og SSIKT gjennom strategigruppa.
- IT tilsette, bortsett frå ei lita gruppe på driftssenteret, vil dele tid mellom brukarstøtte og drift / prosjekt. Dette vil gje rom for spesialisering på driftsoppgåver slik at ikkje alle må kunne litt om alt. Det gir og rom for å dele arbeidsdagar mellom arbeid med brukarstøtte og andre oppgåver.
- Modellen skil mellom kommunen si rolle som bestiller og kommune si rolle som driftsoperatør ved at det er Strategigruppa som er bestiller overfor driftssenteret. Modellen føreset at strategigruppa får ei mei aktiv rolle enn det den har i dag. Medlemmene i strategigruppa er tilsett i kommunane og ikkje i SSIKT
- Modellen opnar for at kommunar kan halde att ein strategisk IT kompetanse i kommune og ikkje føre dei over til SSIKT. Denne kompetansen kan så nyttast inn mot strategigruppa.

Kritisk viktige faktorar for å få dett til å fungere:
- Utvida ressurs som dagleg leiar i SSIKT må på plass for å leie arbeidet med omlegging.
- Styret må ta ei klar rolle og skilje mellom rolla som rådmannsgruppe søre Sunnmøre og styret i SSIKT.
- Det må på plass ein klar framdriftsplan og ansvarsfordeling
- Det må utarbeidast ein felles IKT strategi og ein felle strategi for digitalisering.
- SSIKT må utviklast som ein funksjonell, løysingsorientert og fleksibel organisasjon.

KS / PwC rapporten om IKT samarbeid i kommunal sektor er det lista opp nokre suksesskriterier for interkommunalt IKT samarbeid. Dei ligg med som vedlegg 1.

Framlegg til vedtak:
Rådmannsgruppa godkjenner tenestebeskrivelse / SLA SSIKT datert ** og legg den til grunn for vidare arbeid med organisering og drifta av SSIKT.

Rådmannsgruppa sluttar seg til notat frå prosjektgruppa om organisering av SSIKT datert 20160606. Det skal arbeidast vidare med prosessen etter framdriftsplanen i punkt 5.

20160606

Verner Larsen

Vedlegg 1
4.3 Suksesskriterier

Selv om drift av IKT-systemer ikke lenger bør være den sentrale IKT-oppgaven vil det for et interkommunalt IKT-samarbeid som har ansvar for drift være en grunnleggende forutsetning for at samarbeidet skal fungere at driften er stabil.

Ut over denne forutsetningen har vi definert følgende suksesskriterier:

☐ ***Kvalitet og tilgjengelighet.*** Dette handler vel så mye om tjenestene brukerne – både interne brukere, innbyggere, næringsliv, lag og foreninger – opplever, som om selve IKT-systemene. Tjenestene består som regel både av teknologi og ressurser. Kvalitet og tilgjengelighet styres av brukernes forventninger.

☐ ***Omstillingsevne.*** Dette handler ikke bare om at teknologi og ressurser ikke skal være en bremsekloss for endringer, men at teknologi og ressurser kan være en katalysator for endringer i kommunale tjenester.

☐ ***Økonomi og langsiktige investeringer.*** Samarbeidet bør ha mulighet til langsiktige investeringer, for eksempel ved å kunne ta opp lån.

☐ ***Digitalisering og teknologisk utvikling.*** Kommunene må ha mulighet til å drive arbeid med digitalisering basert på den teknologiske utviklingen.

☐ ***Styringsmulighet på rett nivå for kommunene.*** Kommunene må ha kontroll og styre samarbeidet. Samarbeidet er avhengig av beslutningsmyndighet i styringen. Det betyr at samarbeidet må styres gjennom rådmannen.

☐ ***Gjennomføringsevne (styringsmulighet for samarbeidet).*** Det er både forskjeller mellom samarbeid og forskjeller mellom teori (avtaler o.l.) og praksis når det gjelder hvor mye makt man overlater til samarbeidet. Å finne riktig balanse her trekkes frem som en viktig faktor for å lykkes. Samarbeidet må være styringsdyktig, samtidig som kommunen må ha kontroll.

☐ ***Kompetanse og ressurser.*** Kommunene og samarbeidet er avhengig av rett kompetanse.

☐ ***Styrket makt mot leverandørmarkedet.*** Dette er et viktig fortrinn ved å være en større aktør enn hver enkeltkommune. Samarbeidet må bruke dette fortrinnet.

☐ ***Styrket makt mot offentlige etater, KS, andre kommuner.*** Dette kan også være et viktig fortrinn ved å være en større aktør enn hver enkeltkommune. Samarbeidet må bruke dette fortrinnet også.

☐ ***Samarbeid (mellom samarbeid/kommuner).*** Man sørge for at «samarbeidet» består av alle selskap og funksjoner, og at man bygger opp under en holdning om at samarbeidet er en del av kommunene.

☐ ***Sentral styring.*** Det er et ønske fra de fleste, både kommuner, KS, Regjeringen, sentrale direktorater og store deler av næringslivet om mer sentral styring. For hvert enkelt samarbeid er det viktig å bidra til dette der det er mulig, og være oppdatert på det som gjøres sentralt, slik at eventuelle endringer ikke kommer overraskende på.

☐ ***Ledelse.*** God styring av samarbeidet krever mye av lederen for samarbeidet. Det gjelder spesielt for en modell som ikke er basert på et kunde-leverandør-forhold.

4.4 Strategi

Det er en utfordring for samarbeidet dersom eierkommunene har ulike prioriteringer og oppfatninger knyttet til IKT. Eierkommunene bør derfor ha felles strategi for IKT, digitalisering og teknologi

Oppgavene samarbeidene bør prioritere fremover, krever mer og tettere samarbeid med sektorer og ledelse i eierkommunene.

Notat frå prosjektgruppa om organisering av SSIKT.

1. **Oppnemning av gruppa**
   Gruppa er peika ut av rådmannsgruppa og set saman av
   Guttorm Rimstad, Vanylven kommune
   Per Erik Akerjordet, SSIKT
   Guro Norunn Gausemel, Herøy Kommune
   Bjørn Ander Heggen, Ørsta kommune
   Verner Larsen, Strategigruppa
   I tillegg er det peika ut ein representant frå dei hovudtillitsvalte i dei sju kommunen Endre Johan Ose, Fagforbundet / Hareid kommune

2. **Noverande organisering**

   Noverande organisering er delt mellom eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28, som omfattar driftssenteret for SSIKT og eit samarbeid etter § 27 for resten av IKT samarbeidet. Til grunn for § 27 samarbeidet ligg det utarbeidd vedtekter som samarbeidskommunane har slutta seg til. (vedlegg 1)

Ansvaret for vertskommunesamarbeidet ligg til rådmannen i vertskommunen, som er Hareid.



Ansvaret for § 27 samarbeidet ligg til styret i samarbeidet som er rådmenenne i samarbeidskommunane. 4,3 stillingsheimar er tilsett ved driftssenteret. Driftssenteret ivaretek drift av maskinvare og infrastruktur. Det er også 2,3 stillingar knytt til systemansvar/prosjektansvar for program innanfor pleie og omsorg og økonomi tilsett ved driftssenteret. For andre program som vert køyrt frå driftssenteret ligg ansvaret for utvikling og bruk i fageiningar som ligg i § 27 samarbeidet. Oppgåvefordeling og grensedraging mellom vertskommunesamarbeidet og § 27 samarbeidet er dermed flytande og ikkje eintydige.

UTKAST



I noverande organisering har kvar samarbeidskommune eige IT avdelinga. IKT ressursane i den enkelte kommune varierer frå 1 til 4,8. Erfaringane frå samarbeidskommunane er at IKT ressursane er knappe i høve til behova. Arbeidsoppgåvene spenner frå brukarstøtte til IKT-strategi, frå enkel reperasjon og oppsett av PC / tynnklient til drift av løysingar for tryggleik og komplisert infrastruktur. Kompetanse og kapasitet vert spreidd tynt utover eit stort område. Arbeidsoppgåver på drift vert flytta frå kommunane til driftssenteret. Vi ser og at behovet for å samordne bruken av programvare aukar. Innanfor pleie og omsorg er denne utviklinga kome langt. Alle sju kommunane har felles system og felles rutinar, og utviklinga skjer no parallelt i alle sju kommunane. I nokon grad er dette eit krav på grunn av elektronisk meldingsutveksling med elektronisk flytting av pasientinformasjon. Delvis er det eit krav for å kunne ta ut gevinst ved bruk av programvaren. Det er utarbeidd ein eigen rapport om resultat ved innføring av felles løysing frå prosjektleiinga.

Vi ser den same utviklinga kome innanfor økonomisystem og seinare også innfor andre fagområder. Tettare samarbeid på driftssida og på programvaresida gjer at IKT ressursane i kommunane må samarbeide tettar. Det er og behov for å fordele oppgåvene slik at ikkje alle kan litt om alt, men at IT personalet kan få spesialisere seg på nokre område og utvikle betre kompetanse. Det er behov for å kunne sjå IT ressursane på tvers av kommunane. På same tid er det behov for å ha IT ressursar tilgjengeleg for den enkelte kommune til brukarstøtte, til drift av lokal infrastruktur og maskinpark og til utvikling av IKT strategi og IKT bruk i den enkelte kommuneorganisasjonen.

KS har gjennomført to større utgreiingar om IKT samarbeid. Den eine er ei utgreiing i samarbeid med PWC med tittelen «IKT-samarbeid i kommunal sektor Modeller for organisering, styring og finansiering».
http://www.ks.no/contentassets/865fecf1adb24126b83ab225991493c6/rapport-pwc.pdf
Den andre er ei utgreiing frå KS-advokatane om «Interkommunalt samarbeid om IKT – rettslige rammer for organisering»
http://www.ks.no/contentassets/865fecf1adb24126b83ab225991493c6/interkommunalt-samarbeid-om-ikt---rettslige-rammer-for-organisering.pdf



KS si anbefaling er klar, ved etablering av eit samarbeid bør organisasjonsforma være eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 med eit styre som er sett saman av rådmenn. Konklusjonen om at rådmenn må sitte i styret vert grunngitt med at «Framtida sitt IKT-samarbeid strategisk avgjerdsmynde i styringa, koordinering ut frå eit heilskapssyn på kommuneorganisasjon og lokalsamfunn og at den kommunale leiinga har god innsikt i den teknologiske utvikling.

Prosjektgruppa vil rå til at dette vert lagt til grunn i den vidare organiseringa og at § 28 samarbeidet (vertskommunesamarbeidet) vert avvikla. Driftssenteret ved SSIKT vert lagt inn under § 27 samarbeidet. Styret får dermed eit ansvar for den totale utviklinga av IKT funksjonane for alle samarbeidskommunane på driftssida og på strategi og utvikling.

Den noverande samarbeidsavtalen må erstattast av ein ny avtale.

1. Organisering av SSIKT

Det er viktig at den interkommunale einiga vi bygger opp på IKT sida vert oppfatta som fleksibel og effektiv. Ordinære driftsoppgåver vert handtert av driftsorganisasjonen i SSIKT. Spørsmål, avvik og problem vert meldt inn til brukarstøtte, og brukarstøtte har ansvar for intern fordeling av oppgåver i SSIKT og ansvar for å følgje opp saka til den er løyst. Krav og fristar er regulert i eige dokument (SLA).

Styret i SSIKT er sett saman av rådmennene i samarbeidskommunane. Styret utfører sine oppgåver innafor rammene av samarbeidsavtalen og vedtekne strategi- og rammeplaner. Styret har eigne møter med eigen protokoll. Styret vedtek budsjett for SSIKT etter framlegg frå dagleg leiar. Styret har og arbeidsgjevaransvaret for dei som er tilsett i samarbeidet.
Rekneskapstenester og tenester innafor personaladministrasjon vert kjøpt frå kontorkommunen.
Rekneskapen for eit § 27 samarbeid skal inn i rekneskapen for den kommunen der samarbeidet

har si kontoradresse. Det vil være naturleg at dette er Hareid kommune i og med at dette arbeidet ligg der i dag.

Dagleg leiar i SSIKT er sekretær for styret og har talerett i styremøta. Leiar i strategigruppa har møterett og talerett i styret.

Strategigruppa:

Strategigruppa er sette saman av eit medlem frå kva kommune. Kommunen sitt medlem i strategigruppa skal ha eit overordna ansvar for koordinering, forankring og utvikling av IKT aktivitet i eigen kommune. Dagleg leiar for SSIKT er sekretær for strategigruppa.

Strategigruppa kan, dersom det er behov for det, peike ut eit arbeidsutval for å auke arbeidskapasiteten i utvalet. Leiar for strategigruppa og leiar for SSIKT skal alltid være representert i dette arbeidsutvalet.



For det enkelte fagprogram som er i bruk, og vert drifta av SSIKT, vert det etablert brukargrupper. Brukargruppa skal sørge for at programvaren vert effektivt utnytta i kommunane. Dei skal koordinere bruken av programvare i den enkelte kommune og være kontaktleddet over mot leverandør av programvaren. Brukargruppene rapporterer drifts- og utviklingsbehov til strategigruppa gjennom leiar i SSIKT. Strategigruppa prioriterer mellom innkomne behov i budsjettframlegget for SSIKT. Brukargruppene vert peika ut av strategigruppa i SSIKT. For fleire program som naturleg høyrer saman kan strategigruppa peike ut ei felles brukargruppe.

Strategigruppa skal:

- Skal fungere som bestillar for kommunane inn mot driftssenteret
- utvikle samarbeidet og strategiske planar for IKT samarbeidet i tråd med vedtekne målsettingar for SSIKT.
- prioritere aktivitet i medlemskommunane i henhald til vedtekne planar.
- utarbeide budsjettframlegg i samarbeid med dagleg leiar
- være ei ressurs for dagleg leiar til å iverksette vedtekne planar for IKT samarbeidet i SSIKT og i kommunane.

- Være bindeleddet mellom SSIKT og den enkelte kommune
- bidra i gjennomføring av utviklingsprosjekt i SSIKT
- Ta avgjerd om kjøp av nye program, utviding av program, utskifting av eksisterande program, oppstart av pilotprosjekt og viktige vegval innanfor vedtekne strategiske planar
- Gjennomføre samlingar for medlemskommunane med fokus på strategisk utvikling innafor IKT området

Ved å etablere strategigruppa som ein bestillar inn mot SSIKT får vi eit skilje mellom kommunen si rolle som brukar og leverandør. Dette er to roller som ofte glir over i kvarandre når kommune sit på begge sider av bordet, men som der viktig å halde frå kvarandre.

Modell for organisering av arbeidet i SSIKT:

Dagleg leiar skal leie drifta av SSIKT og har personalansvar for alle tilsette. I organisasjonsstrukturen er det ein stillingsprosent som brukarstøtteansvarleg med ansvar for koordinering og leiing av brukarstøttefunksjonen. Der er ei tilsvarande stillingsprosent som driftsansvarleg. Saman med dagleg leiar utgjer dei verksemda sitt leiarteam.

I modellen er første linje nær brukaren og er første instans i problemløysing. I ein struktur der IT ressursane er samla under ei felles leiing vil storparten av dei tilsette arbeide i det området som i figuren er markert med mørk grøn farge som 1. og 2. linje. Det betyr at arbeidstida vert delt mellom arbeid med brukarstøtte og driftsoppgåver.

Dei vil dele arbeidstida mellom arbeidsoppgåver på brukarstøtte og andre oppgåver etter ein oppsett plan. Dei IT tilsette utanom driftssenteret har base lokalt i det enkelte rådhus. Det vert etablert eit samordna system for brukarstøtte og arbeidsdeling jf SLA dokumentet kap 2.

I ein oppstartsperiode under oppbygging av brukarstøttesystema er det viktig at vi får til ei fysisk samlokalisering av brukarstøttefunksjonen. Ein enkel, effektiv og god brukarstøttefunksjon er eit kritisk viktig element i den nye organiseringa. Det er viktig for å gi brukarane tillit til SSIKT men det er og viktig for å skjerme den delen av SSIKT som skal arbeide med andre oppgåver utan avbrot.

I strukturen er det nokre stillingar som er knytt til drift ved driftssenteret og vert plassert på Hareid, på sikt truleg fire stillingar. I dag er dette litt over to stillingar. Overflytting skjer ved om-

UTKAST

disponering.



Om kommunane ønsker å halde på strategisk IKT kompetanse i eigen organisasjon, kan ein la være å overføre ei av stillingane til SSIKT og sette personen inn i strategigruppa. Vedkomande vil då arbeide kontinuerleg med IKT strategi og vere representant for ein eller fleire kommunar i Strategigruppa.

Ved til dømes tre personar som arbeider med IKT strategi og dekkjer dei 7 kommunane så vil ein sikre kontinuerleg arbeid med IKT strategi. Om ein ynskjer ein representant frå kvar kommune i strategigruppa så vil ein kunne supplere med fleire personar slik at alle kommunar har sin representant men då gjerne personar frå andre fagmiljø. Dei 3 som er dedikerte for IKT strategisk arbeid vil leie det IKT strategiske medan dei andre representantane er med for å sikre andre innfallsvinklar mot arbeidet enn det dei IKT faglege har.

For dei prosjekta der det er eigne prosjektressursar tilsett i SSIKT (pr i dag Gerica og Agresso) er det naturleg at desse vert tatt inn i diskusjonar kring utvikling og strategi.

Med ei slik organisering vil vi ha ei klart skilje mellom drift og strategi. Strategigruppa vil då vere meir aktiv enn tidlegare mhp drifta i SSIKT, og ein vil ha ansvar for gjennomføring av IKT-prosjekt. Strategigruppa må peikast ut av styret i SSIKT.

Det er eit omfattande omstillingsprosjekt vi starter opp. Sju kommunale einingar og eit driftssenter skal omformast til ei felles eining. Realistisk sett må vi pårekene at ei slik omstilling tek tre til fem år før den er implementert. I omstillingsperioden må vi være open for at det kan være behov for ulik kompetanse på ulike tidspunkt i strategigruppa.

Arbeidsoppgåver som skal ligge til det IKT strategiske arbeidet:

- Oppdatere SSIKT sin IKT strategi og Digitaliseringsstrategi.
- Vurdere roller til grupper i strukturen til SSIKT i samarbeid med dagleg leiar og foreslå endringar for styret.
- Gevinstrealisering. Arbeide med å dokumentere gevinstar vi oppnår ved implementering av våre IKT prosjekt.
- Fange opp ynskjer om digitalisering av arbeidsprosessar i kommunale organisasjonar
- Identifisere mogeleg digitaliseringsprosjekt
- Vere kontakt mellom kommunale fagmiljø/faggrupper og SSIKT
- Tett dialog mellom strategi og leiar driftssenter. Dei som arbeider med strategi må ha god kjennskap til teknologisk plattform i driftssenter, for å kunne forstå korleis ein kan realisere ynskja prosjekt.
- Sikre kompetanse blant dei tilsette på IKT løysingane
- Prosjektleiing i implementering av nye digitale tenester
- Orientere seg til ei kvar tid om kva som rører seg i samfunnet angåande digitalisering, og kjenne til dei føringar som kjem frå det offentlege sentralt.
- Ha oversikt over kvar kommune sine IKT kostnader og budsjettering av IKT i kvar kommune.

Stillingsbeskrivelser:

Stillingsinnhald:

- **Dagleg leiar**
  Leie selskapet
  Personalansvar
  Budsjettansvar
  Mynde til å tilsette innanfor vedteke budsjett
  Legg fram saker for styret / strategigruppa
  Sekretær for styret/strategigruppa

- **Teknisk drift ansvarleg**
  Ansvarleg for vaktordning
  Sikre drift/oppetid på kjernefunksjonar iht SLA
  Rapportere til dagleg leiar
  Skalere lagring/serverkraft/kommunikasjon til ei kvar tid
  Melde behov for og implementere utvidelsar av kjernefunksjonar i tide

- **Brukarstøtte ansvarleg**
  Implementere brukarstøttesystem
  Bemanne brukarstøttefunksjonen og utvikle denne
  Rapportere til dagleg leiar

- **IKT driftskonsulent driftssenter**
  Arbeider i driftssenteret med kjernefunksjonar
  Del av vaktlag
  Detaljkunnskap om grunnleggande infrastruktur i driftssenter

UTKAST

Er del av 3 linje support

- **IKT driftskonsulent**
  Arbeid med IKT drift(server, nettverk, applikasjon, klient, print)
  Rullere på 1 linje brukarstøtte
  Fungere som 2 linje brukarstøtte
  Lokalisert i sin noverande kommune
  Delta i IKT prosjekt

- **IKT applikasjons konsulent**
  Systemansvar for ein applikasjon
  Sikre sameint bruk av applikasjon
  Implementere ny funksjonalitet i applikasjon
  Eventuelt integrere applikasjon mot andre applikasjonar
  Ansvarleg for opplæring i bruk av applikasjon
  Lokalisert der det høver seg best å vere

Oppsettet er ikkje uttømande men er eksempel på oppgåver som kan leggast til den enkelte stilling. Oppgåver kan og bli lagt til stillingar ut frå den enkelte sin kompetanse.

3. Økonomi

Budsjett og økonomiplan for SSIKT vert fastsett av styret for SSIKT seinast i august året før budsjettåret. Deltakarkommunane innarbeider sine budsjettbeløp på drift og investering i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan. Delingsnøkkel for drifts- og investeringskostnader er 50 % delt likt mellom deltakarkommunane og 50 % delt etter folketal pr 1.1. i det året budsjettframlegget vert utarbeidd.

Ved overføring av IT ressursar til SSIKT vil vi overføre:

- Løn inkl sosiale kostnader
- Kurs og reisekostnader
- Telefonkostnader
- Lisenskostander, datakommunikasjon og konsulentkostnader knytt til programvare som vert drifta av SSIKT

Kostnadane vert samla og fordelt ut på deltakarkommunane etter fordelingsnøkkel. Det må og avklarast om kommunen vil halde tilbake ei stilling som strategisk IKT ressurs jf driftsmodell. Der er også prosjektstillingar inne på IT området som må få ei avklaring med omsyn til overføring.

4. Overføring av personell

I utgreiinga frå KS advokatane om juridiske sider ved IKT samarbeidet side 153 er det rådd til at § 27 samarbeidet vert organisert som ei eiga juridisk eining dersom samarbeidet skal inngå kontraktar og avtaler. Det må SSIKT på vegne av dei sju kommunane når det gjelder lisensar, driftsavtaler og avtaler om programvare. Vi må difor etablere samarbeidet som ei eiga juridisk eining og Arbeidsmiljølova sine krav i kapittel 16 om verksemdsoverdraging vil gjelde.

UTKAST

Der er då gitte krav om informasjon og ein prosess knytt til overføring. Der er og reservasjonsrett for tilsett som vil reservere seg mot at arbeidsavtalen vert flytta. Vi må difor sette av tid for å få gjort dette rett og etablere gode dialogar.

For tilsette i kommunane som skal over til SSIKT kan vi få dette til ved å sette dato for overføring til seinast 1.1 2018. Dette gir oss god tid til å gjennomføre det på rett måte. I perioden 1.1 2017 til overføring finn stad kan vi inngå avtale om at SSIKT disponerer dei tilsette.

Dei tilsette i driftssenteret er i dag tilsett i Hareid kommune det vil og være ei verksemdsoverdraging for dei å bli flytta til eit nytt § 27 samarbeid.

Mogleg løysing:

- Få vedtatt ny samarbeidsavtale med samarbeidskommunane der det er fastsett dato for kor tid avtalen skal tre i kraft og den noverande avtalen skal avsluttast eks 1.1. 2017
- Gjennomføre prosess om verksemdsovertaking for tilsette ved driftssenteret frå same dato (1.1. 2017)
- Etablere § 27 samarbeidet som eigen juridisk organisasjon frå same dato.
- Gjennomføre prosess med verksemdsovertaking frå andre IT avdelingar innan 1.1. 2018

I overføring av personell legg vi til grunn at alle vert overført med dei løns- og arbeidsvilkår dei har ved overføringa.

5. Tidsramme og framdriftsplan

Kommunane har i dag eit godt oppbygd driftssenter i SSIKT og mange driftsoppgåver er flytta over dit. Vi har likevel ein del drift som ligg att lokalt. Der er ulik infrastruktur med nett og kommunikasjonar i den enkelte kommune og der er ein del skilnader i arbeidsmåtar, tenkesett og løysingar. Vi må arbeide systematisk og målsretta for å bygge opp like system, like strukturar og felles strategi, men dette er ei omlegging som vil ta litt tid og vi må ha eit tre til fem års perspektiv på det å få alt til å fungere optimalt.

Hovudpunkter:

1. Sak om organisering til rådmannsgruppa – juni 2016
   Tidsplan og avklaring av prosess for tilsetting av dagleg leiar i SSIKT til rådmannsgruppa – juni 2016
2. Orientering om arbeidet med organisering til kommunestyra i september 2016
3. Sak om revidert samarbeidsavtale til vedtak i kommunestyra i samarbeidskommunane innan utgangen av 2016.
4. Førebuing av ny struktur internt i SSIKT hausten 2016
5. Etablere felles supportsystem innan utgangen av 2016
6. Avtale mellom rådmennene om at SSIKT disponerer IT personell i kommunane frå 1.1. 2017 vert utarbeidd og vedtatt i rådmannsgruppa innan utgangen av oktober 2016.
7. SSIKT utarbeider strategiplan og startegi for digitalisering for handsaming i styret innan juni 2017. Vedtak i kommunestyra hausten 2017.
8. Formelle prosessar om overføring av personell ved SSIKT vert oppstarta august 2016 med atterhald om vedtak. Overføring av personell frå driftssenteret SSIKT om mogleg frå 1.1 2017
9. Formelle prosessar om overføring av anne personell vert oppstarta 1.1. 2017 med ferdigstilling seinast 31.12. 2017. Formell overføring av stillingar til SSIKT frå 1.1. 2018

UTKAST

20160606

Prosjektgruppa

UTKAST

VEDLEGG 1:
AVTALE OM REGIONALT DRIFTSSENTER

1. Grunnlaget for avtalen

Denne avtalen gjeld regionalt driftssenter IKT Samarbeidet vert å gjennomføre etter reglane i kommunelova § 28-1b – administrativt vertskommunesamarbeid, jfr. også kommunelova §28-1 a-k.

Namnet på samarbeidet er SSIKT Driftssenter. Driftssenteret er knytt til organisasjonsstrukturen Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) – eit samarbeid etter kommunelova § 27

2. Deltakarkommunar

Vertskommune er:	Hareid
Samarbeidskommune er:	Ørsta Volda Vanylven Sande Herøy Ulstein

Vertskommune gjer lik, men separat avtale med kvar samarbeidskommune. I tillegg til denne avtalen, regulerer kommunelova kap. 5 vertskommune-samarbeidet.

Andre avtaler som regulerer grenseoppgang mellom SSIKT Driftssenter og dei samarbeidande kommunar sin IKT struktur kan utarbeidast ved behov. Slike avtaler vert godkjend av styringsgruppa i § 27 samarbeid SSIKT.

Vertskommunen skal elles gjennomføre verksemda i samsvar med kommunelova, forvaltningslova og anna regelverk som gjeld for kommunen.

3. Føremål og oppgåver.

Føremålet med samarbeidet er å etablere og utvikle eit felles driftssenter og fagmiljø for felles IKT drift innafor dei rammer som er vedtatt i § 27 samarbeidet SSIKT.

4. Mynde og delegering

UTKAST

Kommunestyret i ……. kommune (samarbeidskommune) delegerer oppgåver og mynde innafor investering, drift og utvikling av felles IKT tenester til rådmannen i kommunen som skal delegere dette myndet vidare til rådmannen i vertskommunen.

Kommunane i samarbeidet innarbeider sjølve sin del av samarbeidet sine drifts- og investeringsmidlar i kommunen sine budsjett og handlingsprogram. Styringsgruppa i SSIKT v/rådmennene i kommunane i samarbeidet, får mynde til å avgjere når og korleis overføringane skal skje.

Kommunestyret i vertskommunen delegerer oppgåver og mynde til rådmannen i vertskommunen.

Delegeringa gjeld avgjerder i enkeltsaker og saker utan prinsipiell verknad.

Rådmannen i vertskommunen kan delegere myndet etter denne avtalen vidare til leiar i SSIKT driftssenter.

5. Lovlegkontroll og kontrollutval

Lovlegkontroll kan skje etter reglane i kommunelova § 28 h, jfr § 59. Kontrollutvalet i vertskommunen har mynde etter kommunelova § 77 nr 1 overfor verksemda, jfr kommunelova § 28 j.

6. Personalet

Stillingar ved driftssenteret vert, så langt råd, lyst ut internt. Driftssenteret kan og leige inn ressursar til fastsette driftsoppgåver frå samarbeidskommunane etter avtale. Det skal inngåast separate avtaler om dette i kvart enkelt tilfelle. Kommunen som avgir ressursar får kompensert dei reelle lønskostnadane frå SSIKT Driftssenteret. SSIKT Driftssenter sine kostnader knytt til innleige vert å dele mellom kommunane, jfr. § 10.2 i vedtektene til §27 –samarbeidet, SSIKT – søre Sunnmøre IKT.

7. Økonomi og rekneskap

Vertskommunen har budsjettansvar, ansvar for rekneskapsføring, ansvar for tilfredsstillande lokale og driftsmidlar.

UTKAST

Budsjett for drift og investering i driftssenteret vert fremja som ein del av budsjettprosessen i § 27 samarbeidet SSIKT. Økonomisk ansvar og eigarskap føl § 10 i vedtektene til §27 – samarbeidet, SSIKT – søre Sunnmøre IKT.

8. Lokalisering og organisering av arbeidet.

Samarbeidet vert organisert med eigen leiar underlagt rådmannen i vertskommunen. Det er leiaren sitt ansvar å syte for god kontakt mellom samarbeidet og alle deltakarkommunane.

Leiar i driftssenteret står for dagleg drift og utvikling av driftssenteret i tråd med vedtekne rammer og retningsliner.

Leiaren førebur saker til strategigruppa i §27 samarbeidet og er sekretær for gruppa.

9. Iverksetjing og endring

Denne avtalen gjeld fullt ut frå 01.01.2014 fram til 01.01.2017.

For uttrede av samarbeidet vert det vist til vedtekter for SSIKT § 13

10. Tvistemål

Tvistemål om verksemda som måtte kome mellom samarbeidskommunane, skal avgjerast ved valdgift i vertskommunen i samsvar med reglane i Tvistemålslova. Valdgiftsretten skal ha 3 medlemar oppnemnd av tingrettsdommaren på Søre Sunnmøre.

…… den ….. /……. 20…

Vertskommune	Samarbeidskommune

UTKAST

Tenesteskildring og SLA

Mellom

og

1. Skildring av tenester og SLA (teneste leveranse avtale)

Om dette dokumentet

Denne avtalen er inngått mellom SSIKT (Leverandør) og kommunane som har signert avtalen (Kunden).

Leveranse- og SLA avtalen skildrar kva SSIKT skal levere av maskinvare, infrastruktur, tenester og avgrensingar i desse leveransane.

SLA skildrar kva nivå tenestene skal leverast på.

Overordna målsetjing

SSIKT skal ta seg av installasjon, konfigurasjon, overvaking og operasjonell drift av alle IKT tenester, skildra i denne avtalen. Dette for å effektivisere og gi høgare kvalitet på IKT drifta gjennom stordriftsfordelar. SSIKT skal nytte moderne, framtidsretta løysingar for å kunne levere best mogleg tenester ut til brukarane. SSIKT skal levere stabile og kvalitetssikra IKT løysingar til sluttbrukarane i alle kommunane.

Overordna leveransespesifikasjon

SSIKT skal ha ansvaret for planlegging, installering og operasjonell drift av infrastruktur, maskin- og programvare i det interkommunale driftssenteret. I tillegg skal SSIKT drifte nettverk mellom kommunane og det lokale nettverket (LAN, WAN WLAN) i kvar enkelt kommune.

Programvare som er installert lokalt i kommunane er også under SSIKT sitt ansvar so sant dei er definert i denne avtalen.

SSIKT vil legge tekniske føringar på utstyr for dei tilknytte kommunane for å sikre ein god leveransekvalitet heilt fram til sluttbrukaren. Dette er skildra i utstyrs katalogen, vedlegg 1 **(ikkje klart endå)**

SSIKT skal også levere brukarstøtte til sluttbrukarar samt vidareformidle og følgje opp saker til eksterne leverandører, på alle sentrale system og programmer som blir beskrive og omfatta av denne avtalen.

1. Definering av tenestene som skal leverast.

Denne delen av avtalen skildrar alle tenestene som SSIKT (leverandør) skal levere til kommunane (kunden). I del 3 av avtalen er dei målbare leveransekriteriene (SLA) skildra.

Alle tenester vert definert slik at kunde (kommunane)og leverandør (SSIKT) skal ha ein sameint forståing av kva som skal leverast og til kva servicenivå (SLA).

1.1 SSIKT Drift - Datasenter

Denne tenesta omfattar drift og overvaking av sentrale serverar i driftssenteret for å kunne gi kundar tilgang til applikasjonar.

Datasenter ligg til grunn for all anna leveranse.

Tenestene omfattar følgjande:

Inkludert i SSIKT Datasenter:
Datarom hos SSIKT: • Kjøling • Straum inkl. UPS og aggregat • Datarack • Brannvarsling • Adgangskontroll Infrastruktur: • Redundant høgende nettverk for datasentral. • Redundant vmware løysing for installering av virtuelle serverar. • Redundante sikkerheitsløysing som ivaretek krav frå Datatilsynet. • Redundant høg yting lagringsnettverk (SAN). • Redundant backup løysing adskilt i eigen brannsone eller lokasjon. Tenester: • 24 timers overvaking av sentrale komponentar. • 24 timers feilmeldingsmottak pr. e-post eller web portal. • Avtalar som sikrar tilgang til 2./3.linje produkt-spesialistar. • Sikkerhetskopiering og oppbevaring av media. • Drift, vedlikehald og administrasjon av datasenteret. • Service og vedlikehaldstenester.

UTKAST

Lisensar: Alle komponentar i driftssenteret som krev lisens skal være korrekt lisensiert til ei kvar tid.

- Nødvendige lisensar for systemprogramvare.
- Nødvendige lisensar for drift, administrasjon og overvaking.

1.2 SSIKT – Basis pakke

Denne tenesta dekker dei mest tradisjonelle kontorbehova og er basert på programvare frå Citrix/vmware. Tenesta sørgjer også for tilgang til internett, lagringskapasitet, antivirus og støttefunksjonar for å kunne levere ein profesjonell og brukarvennleg teneste.

Tenesta vert levert som eit VDI (virtual Desktop Infrastructure) frå datasenteret til SSIKT.

Følgjande er inkludert i denne tenesta:

SSIKT Basis pakke

Felles infrastruktur:

- 5 GB lagringskapasitet pr. brukar, heimekatalog
- VDI skrivebord med tilgang til Citrix applikasjonar
- Internettaksess for kontorbruk

Fellestenester:

- Feilmelding / brukarstøtte
- Lisensadministrasjon
- Sikkerhetskopiering.

Programvare og lisensar:

- Microsoft office Pro
- Microsoft exchange mailbox, 5 GB lagringskapasitet. (Opsjon!)
- Antivirus-teneste for VDI desktop
- Acrobat reader
- WinZip
- Java

UTKAST

1.3 SSIKT – APP – Gerica, eLink

Denne tenesta dekker leveransen av applikasjonane Gerica og eLink.

Gerica vert nytta innanfor Pleie og Omsorg som EPJ (Elektronisk Pasient Journal), sakshandsaming og eLink vert, saman med Gerica, nytta til elektronisk meldingsutveksling med andre aktørar innanfor PLO og Helse. Gerica har også direkte oppslag mot Folkeregisteret, PPS (Praktiske Prosedyrer Sykepleie) og mot skattedata. Mobil pleie nyttar eigne MDA mot telenettet.

Følgjande er inkludert i denne tenesta:

SSIKT – APP - Gerica
Applikasjon: • Gerica • eLink Utvida brukarstøtte: • Ja Levert via: • Citrix terminalserver som en publisert applikasjon. Kan nåes fra: • Sikker sone • Alle klienttypar støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

UTKAST

1.4 SSIKT – APP – Sak/arkiv

Denne tenesta dekker leveransen av applikasjonen sak/arkiv.

Sak / arkiv vert nytta som arkivsystem, i politisk sakshandsaming og administrasjon av politiske møte.

Følgjande er inkludert i denne tenesta:

SSIKT – APP – Sak/arkiv
Applikasjon: • Ephorte versjon 5 • E-innsyn • Konverterings-server (PDF) • Pixedit Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Citrix terminalserver som en publisert applikasjon til sikker sone • Web applikasjon til opa sone Kan nåes frå: • Sikker sone • Opa sone • Alle klienttypar støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

UTKAST

1.5 SSIKT – APP – Agresso Milestone 5

Denne tenesta dekker leveransen av applikasjonen Agresso Milestone 5.

Agresso Milestone 5 vert nytta som kommunane sitt økonomi- og løn/personal-system.

Følgjande er inkludert i denne tenesta:

SSIKT – APP – Agresso Milestone 5
Applikasjon: • Agresso ver 5.5 smart office • Utvida brukarstøtte: • Nei • Kan utvides i periodar med krav om høg oppetid, til dømes årsavslutning. Levert via: • Citrix terminalserver som en publisert applikasjon til sikker sone • Citrix terminalserver som en publisert applikasjon til open sone Kan nåes frå: • Sikker sone • Open sone • Alle klienttypar støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

UTKAST

1.6 SSIKT – APP – Agresso Milestone 5 WEB

Denne tenesta dekker leveransen av applikasjonen Agresso Milestone 5 WEB.

Agresso Milestone 5 WEB vert nytta som «frontend» mot Agresso økonomi og lønnssystem. Gir tilgang på rapportar og funksjonar via web. Eit enklare grensesnitt enn Agresso Milestone 5. Vert nytta av brukarar som ikkje treng full tilgang til all Agresso Milestone 5 funksjonalitet.

Følgjande er inkludert i denne tenesta:

SSIKT – APP – Agresso Milestone 5 WEB
Applikasjon: • Agresso Milestone 5 WEB Utvida brukarstøtte: • Nei • Kan utvides i periodar med krav om høg oppetid, f.eks årsavslutning. Levert via: • Citrix terminalserver som ein publisert applikasjon til sikker sone • Web applikasjon til open sone Kan nåes frå: • Sikker sone • Open sone • Alle klienttypar støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

UTKAST

1.7 SSIKT – APP – HsPro, VismaLink

Denne tenesta leverer Helsestasjonsprogram til 5 av kommunane; Hareid, Ulstein, Vanylven, Ørsta og Volda. Løysinga har eigne modular for fysioterapi, flyktning, smittevern, skulehelsetenesta, ungdomshelsetenesta, utanlandsvaksine og svangerskapskontroll i tillegg til modul for helsestasjonstenester. Har støtte for mottak av elektroniske meldingar via Norsk Helsenett og funksjonalitet for SMS-påminningar på timeavtalar.

VismaLink er «motoren» for meldingsutveksling mellom NHN og Visma sine applikasjonar.

SSIKT – APP – HsPro
Applikasjon: • HsPro Helsestasjonsprogram • VismaLink meldingsutveksling Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Citrix terminalserver som ein publisert applikasjon til sikker sone Kan nåes frå: • Sikker sone • Alle klienttypar støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

UTKAST

1.8 SSIKT – APP – WinMed

Denne tenesta leverer Helsstasjonsprogram til 2 av kommunane; Herøy og Sande. Løysinga har eigne modular for fysioterapi, flyktning, smittevern, skulehelsetenesta, ungdomshelsetenesta, utanlandsvaksine og svangerskapskontroll i tillegg til modul for helsestasjonstenester. Programmet er pr mai 2016 ikkje godkjent for ordinære meldingar via NHN, men kan registrere vaksiner i Sysvak, samt levere jordmoroppgjer til Helfo. Har SMS-påminningar for timeavtalar.

SSIKT – APP – WinMed
Applikasjon: • WinMed Helsestasjonsprogram • Dips Communikator, for handtering av meldingstrafikken Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Citrix terminalserver som en publisert applikasjon til sikker sone Kan nåes frå: • Sikker sone • Alle klienttypar støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

1.9 SSIKT – APP – GisLine

Løysinga er basis i kommunale tenester som m.a. leveranse av plandata, produksjon av situasjonskart og oppmåling. Koplingar til Matrikkel og andre fagsystem. Inneheld også modul som gir publikum innsyn i kart, eigedomar og planar via eiga web-side, sjå www.sunnmorskart.no

SSIKT – APP – GisLine
Applikasjon: • GisLine Innsyn, kart, oppmåling, plan, VA Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Citrix terminalserver som en publisert applikasjon

UTKAST

Kan nåes frå:

- Open sone
- Alle klienttypar støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

1.10 SSIKT – APP – Gemini VA

Med Gemini VA vert VA-nettet oppdatert med informasjon om tekniske data, geografi og historikk. Gemini VA inneheld standard GIS-funksjonalitet for presentasjon og analyse av VA-faginformasjon og leser kart og andre datakjelder frå ulike format utan konvertering.

SSIKT – APP – Gemini VA
Applikasjon: • Gemini VA Fagsystem for forvaltning og administrasjon av Vatn og Avløp Utvida brukarstøtte: • Nei Leveres via: • Citrix terminalserver som en publisert applikasjon Kan nåes fra: • Open sone • Alle klienttyper støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

UTKAST

1.11 SSIKT – APP – Komtek

Komtek utnyttar data frå matrikkelen til å vedlikehalde basisinformasjon i dei kommunale registera. Komtek knyter deretter ulike fagdata saman med digitale kart og geografiske informasjonssystem. Systemet dekker arbeidsoppgåver som registrering, oppfylging, rapportering og fakturering av feiing og tilsyn.

SSIKT – APP – Komtek
Applikasjon: • Komtek Administrering av kommunale avgifter Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Citrix terminalserver som en publisert applikasjon Kan nåes frå: • Open sone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

1.12 SSIKT – APP – Arena

Arena er eit støtteverktøy for budsjettarbeid og budsjettkontroll. Vert nytta til analyse og rapporteringar. Import/eksport funksjon med økonomisystemet Agresso Milestone 5. Vert levert som ei ASP-løysing frå www.arenanorgeas.no

SSIKT – APP – Arena
Applikasjon: • Arena Støtteverktøy budsjettering og budsjettkontroll Utvida brukarstøtte: • Nei, Levert som ASP web-applikasjon Levert via: • Citrix terminalserver som en publisert applikasjon til sikker sone • Web applikasjon til open sone Kan nåes frå: • Sikker sone • Open sone

UTKAST

- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Nei, men kan nås direkte frå internett.

1.13 SSIKT – APP – Velferd

Velferd vert (saman med Socio) nytta av kommunane til NAV sine kommunale sosialtenester. Systemet inneheld alle sentrale funksjonar for sakshandsaming av sosialsaker slik at ein oppnår gode og effektive rutinar vedr. journal og postjournal, økonomisk berekning, anvising og remittering, eksport til NAV Personkort, rapportering til SSB og Kostra, Direkteoppslag mot folkeregisteret og integrasjon med Bokart (bustadkartlegging)

SSIKT – APP – Velferd

Applikasjon:

- Velferd Fagprogram for sosialtenesta

Utvida brukarstøtte:

- Nei

Levert via:

- Citrix terminalserver som en publisert applikasjon til sikker sone

Kan nåes frå:

- Sikker sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

UTKAST

1.14 SSIKT – APP – Socio

Socio leverer same tenesta som Velferd. Sjå over.

SSIKT – APP – Socio
Applikasjon: • Socio Fagsystem for sosial-tenesta Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Citrix terminalserver som en publisert applikasjon til sikker sone Kan nåes frå: • Sikker sone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

1.15 SSIKT – APP – Familia

Familia er fagsystemet for barnevernstenesta. Løysinga varetek alle delar av sakshandsamingsprosessen til barnevernstenestene. I tillegg støttar det offentleg rapportering og statistikk og følgjer dei til ei kvar tid gjeldande lover og føreskrifter frå sentrale myndigheiter.

SSIKT – APP – Familia
Applikasjon: • Familia Fagsystem for barnevernstenesta Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Citrix terminalserver som en publisert applikasjon til sikker sone

UTKAST

Kan nåes frå:

- Sikker sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

1.16 SSIKT – APP – ACOS

ACOS leverer kommunane si løysing for intranett-portal og internettportal. Integrasjon mot sak/arkivsystem og skjemaløysinga frå Sem & Stenersen.

SSIKT – APP – ACOS
Applikasjon: • ACOS Portal Intranettportal og internettportal med integrasjon mot sak/arkiv-system Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Citrix terminalserver som en publisert applikasjon til sikker sone • Web applikasjon til open sone Kan nåes frå: • Sikker sone • Open sone • Alle klienttypar støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

UTKAST

1.17 SSIKT – APP – Mikromarc

Mikromarc er biblioteka sitt system for utlån og administrasjon av utlån. Løysinga vert levert som ei ASP-løysing til biblioteka

SSIKT – APP – Mikromarc
Applikasjon: • Mikromarc Biblioteksystem ASP Utvida brukarstøtte: • Nei • ASP løysing levert via web Levert via: • Web applikasjon til open sone Kan nåes frå: • open sone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Nei

UTKAST

1.18 SSIKT – APP – Sem & Stenersen skjema

Alle kommunane nyttar den elektroniske skjemaløysinga frå Sem & Stenersen. Desse elektroniske skjema ivaretek tryggleik for innbyggar og sakshandsamar i hht krav frå Datatilsynet. Sem & Stenersen skjema følgjer ELMER- retningslinene og støttar ELMER2. Støttar integrasjon mot alle NOARK-godkjende sak/arkiv system. Køyrast som ASP-løysing der Sem & Stenersen har ansvar for, og utfører alt naudsynt vedlikehald på løysinga.

SSIKT – APP – Sem & Stenersen
Applikasjon: • Sem & Stenersen skjemaløysing for elektroniske søknader Utvida brukarstøtte:

- Nei, ASP

Levert via:

- Citrix terminalserver som en publisert applikasjon til sikker sone
- Web applikasjon til open sone

Kan nåes frå:

- Sikker sone
- Open sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

1.19 SSIKT – APP – Microsoft SharePoint

Microsoft SharePoint er ei løysing som kan nyttast til ei mengd forskjellige ting; m.a. portal, men kommunane i samarbeidet nyttar SharePoint først og fremst som eit dokumentdelings-system som tek vare på innhaldsstyring i ymse prosjektgrupper.

SSIKT – APP – Microsoft SharePoint

Applikasjon:

- Microsoft SharePoint System for betre samhandling for dokumentdeling og innhaldsstyring.

Utvida brukarstøtte:

- Nei

Levert via:

- Citrix terminalserver som en publisert applikasjon til sikker sone
- Web applikasjon til open sone

Kan nåes frå:

- Sikker sone
- Open sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

UTKAST

1.20 SSIKT – APP – Heimkok

Internt system for administrering av brukarar, grupper og maskiner i SSIKT.

SSIKT – APP – Heimkok
Applikasjon: • Internt system for administrering av brukarar, maskiner og andre fysiske einingar og rettigheiter knytt til desse i Active Directory (AD) Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Citrix terminalserver som en publisert applikasjon til sikker sone • Web applikasjon til open sone Kan nåes frå: • Sikker sone • Open sone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

1.21 SSIKT – APP – OPPAD

OPPAD er eit oppvekstadministrativt system som Herøy kommune nyttar. Programmet handterer både skule, SFO og barnehage og vert nytta til planlegging av skulerute, utdanningstilbod ved skulen, fordeling av elevar i klasser, oppretting av grupper, fordeling av arbeidsoppgåver til tilsette samt timeplanlegging.

SSIKT – APP – OPPAD
Applikasjon: • OPPAD Oppvekstadministrativt system Utvida brukarstøtte: • Nei

UTKAST

Levert via:

- Web applikasjon til open sone

Kan nåes frå:

- Open sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

1.22 SSIKT – APP – IST Hypernet

IST Hypernet er eit oppvekstadministrativt system som Ørsta kommune nyttar. Leverer tenester til skule, SFO og barnehage i eitt samla system. Leverast som ei ASP-løysing frå IST Norge.

SSIKT – APP – IST Hypernet
Applikasjon: • IST Hypernet Oppvekstadministrativt system Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Web applikasjon til open sone, ASP Kan nåes frå: • Open sone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

UTKAST

1.23 SSIKT – APP – WisSkole

Wis Skole er eit administrativt system for grunnskulen som løyser dei mest sentrale oppgåvene knytt til administrering av elevar, føresette, grupper og karakterar.

SSIKT – APP – Wis Skole
Applikasjon: • Wis Skole Administrativt system for grunnskulen. Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Publisert applikasjon til open sone Kan nåes frå: • Open sone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

1.24 SSIKT – APP – AIVO

Aivo er eit hjelpeprogram for institusjonskjøkken for administrasjon av menyar, bestillingar frå avdelingar og bestilling av varer hjå grossist m.m. Vert nytta av kommunane Hareid, Ulstein og Herøy.

SSIKT – APP – AIVO
Applikasjon: • AIVO Hjelpesystem for institusjonskjøkken Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Applikasjon til open sone

UTKAST

Kan nåes frå:

- Open sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

1.25 SSIKT – APP – Visma Flyktning

Visma flyktning er eit administrativt program for dei som arbeider med flyktningar. Programmet leverer tenester både for dagleg drift og rapportering.

SSIKT – APP – Visma Flyktning
Applikasjon: • Visma Flyktning Administrativt system for flyktninghandtering Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Applikasjon til open sone Kan nåes frå: • Open sone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

1.26 SSIKT – APP – PA-KIS/ISY

PA-KIS /ISY er eit program for administrering av slamtøming. Nytta berre i Herøy.

SSIKT – APP – PA-KIS/ISY
Applikasjon: • PA-KIS/ISY Administrativt program for slamtøming. Utvida brukarstøtte: • Nei

UTKAST

Levert via:

- Web applikasjon til open sone

Kan nåes frå:

- Open sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

1.27 SSIKT – APP – ShiftManager

ShiftManager er eit timeregistreringssystem og turnusplanleggar for Pleie- og Omsorgstenesta med integrasjon mot Økonomi- og løn-systemet Agresso Milestone 5.

SSIKT – APP – IST Hypernet
Applikasjon: • ShiftManager - Timeadministrasjon og turnus for Pleie- og Omsorgsektoren Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Publisert applikasjon via Citrix. Kan nåes frå: • Open sone • Sikker sone som publisert applikasjon • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

UTKAST

1.28 SSIKT – APP – Min Vakt

Min Vakt er et ASP-basert websystem for timeregistrering og turnus-administrasjon for Pleie- og Omsorgstenesta. SMS-varsling om ledige vakter

SSIKT – APP – Min Vakt
Applikasjon: • Min Vakt Timeregistrering og turnus-system for Pleie og Omsorgssektoren Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Web applikasjon til open sone, ASP Kan nåes frå: • Open sone • Sikker sone som publisert applikasjon • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja, direkte tilgjengeleg via Internett

1.29 SSIKT – APP – Visma Barnehage

Visma Barnehage er barnehagane sitt administrative program som vert nytta ved barnehageopptak, fakturering og andre administrative oppgåver.

SSIKT – APP – Visma Barnehage
Applikasjon: • Visma Barnehage Administrativt system for barnehagar. Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Applikasjon til open sone

UTKAST

Kan nåes frå:

- Open sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

1.30 SSIKT – APP – HK Oppvekst

HK Oppvekst er PPT-tenesta sitt administrative program.

SSIKT – APP – HK Oppvekst

Applikasjon:

- HK Oppvekst Administrativt program for PPT-tenesta

Utvida brukarstøtte:

- Nei

Levert via:

- Web applikasjon til open sone

Kan nåes frå:

- Open sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

UTKAST

1.31 SSIKT – APP – SystemX

SystemX er eit pasientadministrativt system for legekontor, med EPJ og elektronisk meldingsutveksling med andre system innanfor Helse og PLO.
MediLink er «motoren» i meldingsutvekslinga.

SSIKT – APP – SystemX
Applikasjon: • SystemX Administrativt og EPJ-system for legekontor • MediLink Program for meldingsutveksling frå/til SystemX Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Applikasjon til legesone Kan nåes frå: • Legesone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Nei, men kan nåes via terminalserver og NHN si heimekontorløysing.

1.32 SSIKT – APP – SD-Anlegg

SD-Anlegg vert nytta av FDV-avdelingane til drift og overvaking av varme, lys og ventilasjon i kommunale bygg.

SSIKT – APP – SD-Anlegg
Applikasjon: • SD-Anlegg Kontroll- og administrasjonsprogram for Varme, lys og ventilasjon i kommunale bygg. Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Web applikasjon til open sone

UTKAST

Kan nåes frå:

- Open sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

1.33 SSIKT – APP – ARX

ARX vert nytta av FDV for adgangsstyring og kontroll i kommunale bygg.

SSIKT – APP – ARX
Applikasjon: • ARX Adgangsstyring og kontroll Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Web applikasjon til open sone Kan nåes frå: • Open sone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

1.34 SSIKT – APP – DX Billettsal

DX Billettsal vert nytta av Ulstein kommune til sal av billettar til arrangement i Sjøborg Kulturhus

SSIKT – APP – DX Billettsal
Applikasjon: • DX Billettsal System for sal av billettar til arrangement Utvida brukarstøtte: • Nei

UTKAST

Levert via:

- Web applikasjon til open sone, ASP

Kan nåes frå:

- Open sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

1.35 SSIKT – APP – Compilo

Compilo er eit kvalitetsikringssystem for m.a. avvikshandtering, ROS-analyser og vedlikehald av kommunen sine internprosedyre og regelverk. Vert nytta av Sande kommune.

SSIKT – APP – Compilo

Applikasjon:

- Compilo Kvalitetsikringssytem for Sande kommune

Utvida brukarstøtte:

- Nei

Levert via:

- Web applikasjon til open sone

Kan nåes frå:

- Open sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

UTKAST

1.36 SSIKT – APP – CGM Allmenn

CGM Allmenn er Volda og Ørsta Legekontor sitt administrative EPJ-system med meldingsutveksling via NHN mot andre aktørar innan for Helse og PLO.
Vartdal og Sæbø legekontor har per i dag driftsavtale med leverandør CGM.

SSIKT – APP – CGM Allmenn
Applikasjon: • CGM Allmenn legeprogram, Volda • Dips Communikator, for handtering av meldingstrafikken. Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Web applikasjon til legesone Kan nåes frå: • legesone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Nei, men kan nåes via terminalserver og NHN si heimekontorløysing.

1.37 SSIKT – APP – Tidbank

Tidbank frå Norsk Tid er eit tidregisteringssystem nytta av Ørsta kommune.

SSIKT – APP – Tidbank
Applikasjon: • Norsk tid sin applikasjon Tidbank, tidregistreringssystem Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Web applikasjon til open sone Kan nåes frå:

UTKAST

- Open sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Nei

1.38 SSIKT – APP – Tempus

Tempus er eit tidsregistreringssystem nytta i Ulstein kommune

SSIKT – APP Tempus
Applikasjon: • Tempus tidregistreringsystem Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Web applikasjon til open sone Kan nåes frå: • Open sone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Nei

1.38 SSIKT – APP Novaschem

Novaschem vert nytta til produksjon av timeplanar i nokre av kommunane.

SSIKT – APP – Novaschem
Applikasjon: • Novaschem System for produksjon av timeplanar i skulen Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via:

UTKAST

- Web applikasjon til open sone.

Kan nåes frå:

- Open sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

1.39 SSIKT – APP – ESMI

ESMI er eit adgangskontrollsystem nytta av Ulstein Eigedom i Ulsteinhallen.

SSIKT – APP – ESMI
Applikasjon: • ESMI Adgangskontrollsystem Ulsteinhallen (Ulstein Eigedom) Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Web applikasjon til open sone Kan nåes frå: • Open sone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Nei

1.41 SSIKT – APP – EXO Scada

EXO Scada er eit styrings og administrasjonsprogram for lys, varme og ventilasjon. Vert nytta av Ulstein kommune og Ulstein Fjernvarme.

SSIKT – APP EXO Scada
Applikasjon:

UTKAST

- EXO Scada SD-anlegg

Utvida brukarstøtte:

- Nei

Levert via:

- Web applikasjon til open sone

Kan nåes frå:

- Open sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

1.42 SSIKT – APP – WSM

WYSE Streaming Manager. Vert nytta til å administrere strømming av desktopar og vedlikehald/ oppdatering av image til tynne klientar, særleg i elevnettet.

SSIKT – APP – WSM
Applikasjon: • WSM WYSE Streaming manager Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Web applikasjon til open sone Kan nåes frå: • Open sone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Nei

UTKAST

1.43 SSIKT – APP – DWG Viewer

SSIKT – APP – DWG Viewer
Applikasjon: • DWG Viewer Program for visning av AutoCad – filer. Ulstein Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Applikasjon til open sone Kan nåes frå: • Open sone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Nei

1.44 SSIKT – APP – AMX Client

AMX vert nytta til storskjermvisning i Ulstein kulturhus Sjøborg

SSIKT – APP – AMX Client
Applikasjon: • AMX Client Program for storskjermvisning (Ulstein kultur) Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Applikasjon til open sone

UTKAST

Kan nåes frå:

- Open sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Nei

1.45 SSIKT – APP – RiskManager

RiskManager er eit kvalitets- og dokumentstyringssystem som administrerer avvik, skade og risiko.

SSIKT – APP – RiskManager
Applikasjon: • RiskManager Kvalitets- og styringssystem Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • Web applikasjon til open sone Kan nåes frå: • Open sone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

1.46 SSIKT – APP – Ressursstyring (RS)

RS er eit system for ressursstyring og turnusarbeid for Pleie og Omsorgsektoren. Vert nytta av Ulstein, Volda og Ørsta

SSIKT – APP – Ressursstyring (RS)
Applikasjon: • Ressursstyring (RS) Ressurstyring/turnus i Pleie- og Omsorgsektoren Utvida brukarstøtte: • Nei

UTKAST

Levert via:

- Web applikasjon til open sone

Kan nåes frå:

- Open sone
- Sikker sone som publisert applikasjon
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

1.47 SSIKT – APP – Kvalitetslosen

Kvalitetslosen er eit kvalitetssikringsystem på linje med RiskManager (sjå 1.45 over)

SSIKT – APP Kvalitetslosen

Applikasjon:

- Kvalitetslosen System for registrering og handsaming av avvik, skade og risiko. Kvalitetsstyring.

Utvida brukarstøtte:

- Nei

Levert via:

- Web applikasjon til open sone
- Publisert applikasjon til sikker sone.

Kan nåes frå:

- Open sone
- Sikker sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

UTKAST

1.48 SSIKT – APP – KF-Kvalitet

KF-Kvalitet er eit kvalitetssikrings- og avvikshandteringssystem på linje med RiskManager (sjå 1.45 over) Vert nytta av Ørsta kommune

SSIKT – APP KF-Kvalitet
Applikasjon: • KF-Kvalitet. System for registrering og handsaming av avvik, skade og risiko. Kvalitetsstyring. ASP løysing frå levernandør bortsett frå avviksmodulen som ligg på server i driftssenteret. Utvida brukarstøtte: • Nei Levert via: • ASP Web applikasjon til open sone • Publisert applikasjon til sikker sone. Kan nåes frå: • Open sone • Sikker sone • Alle klienttype støtta av SSIKT Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing: • Ja

1.49 SSIKT-APP-Extensor

Exstensor vert nytta av fysioterapitenesta i Volda som deira fagapplikasjon

SSIKT – APP Exstensor
Applikasjon: • Exstensor – Fagverkty for fysioterapitenesta i Volda. Utvida brukarstøtte:

UTKAST

- Nei

Levert via:

- Publisert applikasjon til sikker sone.

Kan nåes frå:

- Sikker sone
- Alle klienttype støtta av SSIKT

Tilgjengeleg frå SSIKT heimekontor-løysing:

- Ja

Nettverk

Nettverk omhandlar alle former for tilknyting mellom klientar og sentrale komponentar i SSIKT sitt driftssenter, det beskriv også kommunikasjon mot 3 parts leverandørar, som til dømes Norsk Helsenett, skatteetaten og internett.

1.50 SSIKT – NET-Stamnett

Denne tenesta dekker leveransen av stamnett som knyter kommunane sine rådhus saman med SSIKT sitt driftssenter.

Tenesta NET-Stamnett er løysning som knyter kommunane saman med SSIKT sitt driftssenter på Hareid. Løysninga består av fiberkommunikasjon på 10Gb, denne går som ein ring mellom alle kommunane sine rådhus for å bygge redundans. Der det ikkje er mulig å levere ring-struktur, skal kommunen sikras med ei ekstra leigd linje mot driftssenteret for å sikre redundansen.

Eigne avtalar for leige av mørk fiber vert gjort mellom SSIKT og kvar kommune som kan tilby dette.

Følgjande er inkludert i denne tenesta:

SSIKT – NET-Stamnett
Nettverk: • Fiber mellom rådhus og SSIKT • Leigde linjer for å sikre redundans

UTKAST

Utvida brukarstøtte:

- Ja

Hardware krav:

- Cisco ASR 920 10Gb router

1.51 SSIKT – NET-Datasenter

Denne tenesta dekker leveransen av datasenter-nettverk som vert nytta i SSIKT driftssenter.

Tenesta NET-Datasenter gir redundant nettverk på serverrom for tilknyting av servere og anna utstyr som vert nytta.

Følgjande er inkludert i denne tenesta:

SSIKT – NET-Datasenter
Nettverk: • 10 Gb redundant switch infrastruktur • Sentral styring i hovud-rack • Distribuerte switchar i kvart server-rack • Link mot backuplokasjon/rom. Utvida brukarstøtte: • Ja Hardware krav: • Cisco Nexus switcher • Cisco Nexus FEX Rack switcher.

1.52 SSIKT – NET- Norsk Helsenett

Aksessen vert nytta av alle EPJ-system i sikker sone for meldingsutveksling, SMS og e-postvarsling ut av sikker sone.

SSIKT – NET-Norsk Helsenett
Nettverk: • Norsk Helsenett-aksess terminert i driftssenteret • Redundant tilkopling i en annen kommune. (planlagt)

UTKAST

Utvida brukarstøtte:

- Ja
- Egen SLA med leverandør

Hardware krav:

- Utstyr levert av linje-leverandør.

1.53 SSIKT – NET - Internettaksess

SSIKT – NET-Internettaksess
Nettverk: • Fiber 1Gbit/s frå ISP terminert i driftssenter • Fiber 1 Gbit/s i Volda kommune for å sikre redundans Utvida brukarstøtte: • Ja • Egen SLA med leverandør Hardware krav: • Utstyr levert av linje-leverandør.

1.54 SSIKT – NET - Skattelinje

SSIKT – NET-Skattelinje (Sofie)
Nettverk: • Linje til skatteetaten terminert i driftssenteret (Sofie) Utvida brukarstøtte: • Nei • Egen SLA med leverandør Hardware krav:

UTKAST

- Utstyr levert av linje-leverandør.

1.55 SSIKT – NET – NAV-linje

SSIKT – NET-NAV-linje
Nettverk: • Terminert linje frå NAV i driftssenteret for leveranse av Velferd/Socio til Sosialtenesta Utvida brukarstøtte: • Nei Hardware krav: • Utstyr levert av linje-leverandør.

1.56 SSIKT – NET – Trådlaust nettverk (WiFi)

SSIKT – NET – Trådlaust nettverk
Nettverk: • Trådlaust nettverk på kommunale bygg for å gi mobile einingar tilkopling til IKT-system og internett. • Gjestenett for besøkande. Utvida brukarstøtte: • Nei Hardware krav: • Cisco basestasjoner • Redundant kontroller for trådlause basestasjoner på driftsenteret.

UTKAST

Klientar

Klientar er ein samlebetegnelse for einingar som brukarane nyttar for å kople seg opp mot SSIKT sine IKT-løysingar. Dette kan være stasjonære datamaskiner, tynne klientar eller berbare datamaskiner.

Alle modellar som vert levert er standardisert og skal være godkjende av SSIKT. Desse modellane er definert i en eigen utstyrs katalog, **sjå vedlegg 1**. **(ikkje klart endå)**

Kunden (enkeltbrukar, skule, barnehage, institusjon etc) skal halde maskinparken oppdatert i høve til SSIKT sine anbefalingar for hardware og operativsystem. Om klientar ikkje er i samsvar med anbefalingane, kan ikkje SSIKT garantere at funksjon og SLA for denne eininga vert oppretthalden.

Bestilling av nye klientar skal gjerast gjennom servicedesk for å sikre rett klient-type til den arbeidsoppgåva som skal utføres.

UTKAST

1.70 SSIKT – Klient – Tynne klientar

SSIKT – Klient – Tynne klientar
Beskriving: • Klientar utan lokalt operativsystem. Får levert desktop via VDI og applikasjonar på desktop via Citrix utifrå definerte behov. Utvida brukarstøtte: • Nei Hardware krav: • Leverast etter spesifikasjon i utstyrskatalog; **sjå Vedlegg 1 (ikkje klart endå)** • Lagerføres ved SSIKT • Kan ligge på lager ved avtalte lokasjonar ute i kommunane.

1.71 SSIKT – Klient – Laptop

SSIKT – Klient – Laptop

Beskriving:

- Berbar klient med eige operativsystem. Vert sett opp med nettverkstilgang til eit av SSIKT sine trådlause nett alt utifrå kor laptop skal brukast. Publiserte applikasjonar via Citrix etter definerte behov.

Utvida brukarstøtte:

- Nei

Hardware krav:

- Leverast etter spesifikasjon i utstyrs katalog.
- Lagerføres ved SSIKT.
- Kan ligge på lager ved avtalte lokasjonar ute i kommunane.

1.72 SSIKT – Klient – Desktop

SSIKT – Klient – Desktop

Beskriving:

- Stasjonær klient med eige operativsystem. Kabla oppkopling til eitt av SSIKT sine faste nett utifrå kva sone desktop skal stå i. Publiserte applikasjonar via Citrix etter definerte behov

Utvida brukarstøtte:

- Nei

Hardware krav:

- Leverast etter spesifikasjon i utstyrs katalog.
- Lagerføres ved SSIKT.
- Kan ligge på lager ved avtalte lokasjonar ute i kommunane.

UTKAST

1.73 SSIKT – Klient – Workstation

SSIKT – Klient – Workstation
Beskriving: • Stasjonær klient med eige operativsystem berekna på brukarar med spesielle behov for ein spesialtilpassa klient grunna arbeidsoppgåvene som skal køyrast. Forhøga yting på minne ,GPU og prosessor, typisk kart og planarbeid, DAP og DAK. Publiserte applikasjonar via Citrix etter definerte behov Utvida brukarstøtte: • Nei Hardware krav: • Leverast etter spesifikasjon i utstyrs katalog. • Lagerføres ikkje ved SSIKT. • Spesialbestilling.

UTKAST

Print

Print er samleomgrepet for einingar som kan skrive ut frå systema og fagprogram.

1.80 SSIKT – Print – Multifunksjons printer

SSIKT – Print – Multifunksjons printer
Beskriving: Maskiner som har funksjonalitet for printing, skanning og kopiering. Maskinene skal ha full funksjonalitet for sikker print og sikker skanning (SafeCom). Kan leverast med farge eller svart/kvitt etter kva behov som er definert. Leverast med opp til A3 utskrift og etterbehandlar etter behov. Utvida brukarstøtte: • Nei • Responstid på service definert i avtale med leverandør. Hardware krav: • Leverast etter spesifikasjon i utstyrskatalog. • Lagerføres ikkje ved SSIKT.

- Spesial-bestilling.

1.81 SSIKT – Print –Printer

SSIKT – Print –Printer
Beskriving: Maskiner med kun print-funksjon. Skal ha full funksjonalitet for sikker print (SafeCom). Kan leverast med farge eller svart/kvitt etter kva behov som er definert. Leverast med opp til A3 utskrift og duplex etter behov. Utvida brukarstøtte: • Nei • Responstid på service definert i avtale med leverandør. Hardware krav: • Leverast etter spesifikasjon i utstyrs katalog. • Lagerføres ikkje ved SSIKT. • Spesial bestilling.

1.82 SSIKT – Print –Plotter

SSIKT – Print –Plotter
Beskriving: Maskiner med plotte-funksjonalitet, vert nytta til utskrift av kart og andre ting som treng stort format. Spesialmaskiner som bestillast etter behov. Opp til A0 utskrift. Utvida brukarstøtte: • Nei • Responstid på service definert i avtale med leverandør. Hardware krav: • Leverast etter spesifikasjon i utstyrskatalog, eventuelt med spesial-bestilling om spesielle behov er til stades. • Lagerføres ikkje ved SSIKT.

UTKAST

Backup teneste beskrivelse.

Restore av enkeltfiler som ikkje er kritiske for driften, utføres innen 24 timer.

Historiske systemer:

SSIKT vil levere data frå historiske system som kommunane gjer oppslag i no. Systema vil bli flytta over til et driftsmiljø som ikkje er tilgjengelig til ein kvar tid. Dei vil bli aktivert ved behov, dette vert gjort for å minske risikoen for sikkerhetsbrudd, då operativsystemet som desse applikasjonene er avhengig av ikkje kan oppgraderes.

Desse vil bli helde tilgjengelige så lenge det er teknisk mulig og forsvarlig i forhold til driftsitmiljøet.

Nye prosjekt som blir oppstarta skal ha en plan for migrering og arkivering av system som skal erstattast. Slik at det gamle driftsmiljøet kan avvikles.

2. Brukarstøtte og programvarestøtte

SSIKT skal yte brukarstøtte for alle sluttbrukarar i sjustjerna (som nyttar tenester via SSIKT).

Kommunane har ansvar for at eigne tilsette har naudsynt basiskunnskap i bruk av PC eller anna relevant utstyr med Microsoft Windows og Office programvare. Arbeidsgjevar skal sjå til at personalet som nyttar fagapplikasjonar har fått opplæring og har naudsynt kompetanse for å utføre dei oppgåver som systemet vert nytta til.

I prosjekt med innføring av nye fagsystem skal opplæring vere ein del av prosjektet.

2.1 Brukarstøtte

IT servicedesk/brukarstøtte er den funksjonen som sluttbrukarane i dei sju kommunane kontaktar og samhandlar med på dagleg basis. Dette er den mest kritiske funksjonen frå eit sluttbrukarperspektiv, då IT-support er den einaste funksjonen innan IT-tenesteleveransen som sluttbrukar kommuniserer med direkte. IT-servicedesk skal fungere som eit enkelt kontaktpunkt mellom tenesteytar (SSIKT) og brukarane. Rolla/funksjonen til brukarstøtte er å styre hendingar (incidents) og teneste førespurnader (service requests), i tillegg til å handtere kommunikasjon med brukarane.

Brukarstøtte er ein kritisk funksjon innan handtering av feilsituasjonar/hendingar/incident-prosessen. Hovudmålet for brukarstøtte (servicedesk) er å gjenopprette normal drift for ei teneste so raskt som mogeleg og dermed minimere den negative effekten på verksemda. Ein sikrar på denne måten at optimale nivå av service, kvalitet og tilgjengelegheit vert opprettheldt. Normal tenesteoperasjon er definert som tenestedrift innanfor dei grenseverdiane som er sett i service level agreement. I tillegg skal IT-servicedesk jobbe pro-aktivt gjennom:

-overvaking av IT-miljøa for å plukke opp eventuelle feilsituasjonar so tidleg som mogeleg.

-justere IKT-aktivitet til organisatoriske prioriteringar

-identifisere potensielle forbetringar til tenestene

-identifisere behov for fleire tenester eller krav til opplæring

Hovudoppgåvene til brukarstøtte (servicedesk) er å samhandle med sluttbrukarar. Det skal vere eit felles kontaktpunkt for brukarane i alle kommunane der henvendingar til IKT-brukarstøtte skal meldast inn uansett karakter. SSIKT skal så forvalte og vidareformidle dette til rette instans dersom det er naudsynt/ved behov.

Problem/feil(incident) eller endringsynskjer (request) skal meldast inn på fylgjande måtar:

1. Via telefon på supportnummer: XXX XX XXX i opningstida ref punkt 3.1 i SLA
2. Via e-post på adresse: support@ssikt.no, heile døgnet (24/7)
3. Via web på adresse: support.ssikt.no, heile døgnet (24/7)

Det er ynskjeleg at supportsaker i størst mogleg grad vert registrert via e-post eller web. Dette er mindre ressurskrevjande enn om alle saker skal meldast inn via telefon.

2.2 Brukarstøttesystem

SSIKT kjem til å ha eit eige brukarstøttesystem der alle saker skal registrerast og klassifiserast slik at ein effektivt kan fylgje opp kvar enkelt sak. Brukaren skal kunne fylgje saksgongen og sjå kva som er forventa rettetid/løysingstid. Det er mogeleg å ta ut statistikkar basert på registrerte saker og sjå kvar ein eventuelt bør setje inn tiltak som t.d. opplæring, nytt utstyr.

Ein ser viktigheita ved å innføre eit felles brukarstøttesystem for alle dei sju kommunane blant anna for å:

-få ei meir optimal fordeling av oppgåver

-unngå at fleire IT-ressursar arbeidar med same sak utan å vite om kvarandre

- få høve til å prioritere blant oppgåvene.

Dette er særskilt viktig å få til når ein har ei stor oppgåvemengde og avgrensa med personressursar.

Brukarstøttesystemet vil i tillegg fungere som ei kunnskapsbase både for IT-personell og sluttbrukerar. Ein vil bygge opp ein FAQ-base som inneheld oversikt over løysingar og rutinar om ein t.d. må sende saka vidare.

UTKAST

2.3 Utvida brukarstøtte

På spesielle applikasjonar og tenester definert i punkt 3 vil det vere utvida support.
Dette opnar for at ein kan melde feil på IKT-systema til vakttelefon utanom ordinær supporttid, som er 0800-1600. Dette gjeld berre for applikasjonar/system som er satt opp med utvida support i SLA eller ved særskilde avtalar.

2.4 Definere skilje mellom SSIKT og kommunens ansvar.

SSIKT har ansvar for å levere program på brukaren sitt skrivebord, klart til at brukar kan logge på programmet (påloggings boks). Unntaket er program som SSIKT har eigne applikasjons konsulentar på (Agresso, Gerica p.d.d.). Dersom det oppstår feil i sjølve fagapplikasjonen er det programansvarleg/superbrukar i kvar kommune som skal ta saka. *Problem i program/fagapplikasjonar etter innlogging skal meldast til SSIKT sin servicedesk, men vert handsama av den enkelte kommune sin programansvarlig.* SSIKT vil fylgje opp saka og eskalere til ekstern leverandør dersom det er naudsynt.

Kvar kommune må definere kven som skal ha ansvar for dei ulike fagapplikasjonane som vert nytta. Det må setjast opp ei fullstendig oversikt over kven som skal kontaktast og på kva måte ein tek kontakt.
Det skal opprettast ei matrise med oversikt over programansvarlige i kvar enkelt kommune og felles koordinator for alle kommunane, som har same/felles applikasjon.

Det må gjerast avklaringar rundt kven som skal ha ansvar for utstyr som t.d. AV løysingar i den enkelte kommune.

SSIKT skal drifte felles og kommunalt IKT-utstyr og infrastruktur, og stå for naudsynt standardisering. Det vil seie at SSIKT vil inngå rammeavtalar/innkjøpsavtalar for alle sju kommunane. Spesielt på nettverksbiten er det viktig at vi standardiserer på switchar og trådlause aksesspunkt. Driftssenteret vil overvake nettverket heilt ut til endepunkta i kvar kommune so sant dei fyl SSIKT sine standardar.

Det skal utarbeidast felles rutinar for bestilling av konto/tilgangar for tilsette i kommunane, og ikkje minst rutinar rundt stenging av konto/tilgangar når nokon sluttar.

Vidare skal SSIKT ha ansvar for rådgiving og planlegging innan IKT-området, og ha ansvar for alt innkjøp av utstyr og tenester etter avtale med den enkelte kommune.

UTKAST

2.5 Lokalisering av IKT support funksjonen

SSIKT skal ha ein desentralisert struktur på der IKT konsulentar sit lokalt og nærast mogeleg sluttbrukarane. Normalt oppmøtestad vil vere i eiga kommune som i dag.
For 1. linje support meiner vi denne skal være samla på ein felles lokasjon, dette for å bygge en sterkare kultur og skjerme dei for «støy» på lokal arbeidsplass.
IKT-konsulentar frå dei ulike kommunane vil rotere på å bemanne 1. linja, slik at dei for eksempel har denne funksjonen 3 dagar i veka anna kvar veke. Desse dagane må dei vere samla på ein felles lokasjon for best mogeleg effektiv support funksjon og samkøyring av organisasjonen.

Det er derfor behov for et lokale som vi kan benytte for 1. linje support og andre felles funksjoner. Dette bør ligge geografisk sentralt for alle kommunane og ha min 7-8 kontorplasser, samt møterom.

Det vert utbetalt eit fast reisetillegg på Kr. XXX,. for oppmøte utanfor normal arbeidsstad.

Brukarstøtte prosess flyt:

UTKAST



3. Teneste oversikt med servicegrad / SLA

Service Level Agreement (SLA) eller tenestenivå-avtale vert inngått i forbindelse med drifts- eller vedlikehalds avtalar eller andre løpande tenestekjøps-avtaler som ASP- eller skytjeneste-avtaler

Tenestenivå-avtalen beskriv og regulerer nivået på ytingane for den løpande tenesta.

Servicenivå eller nivå på ytinga, angir forventa eller garantert kvalitet for ein teneste, som enten kan være standardisert på tvers av alle tenester, eller som kan være nivåregulert.

Eksempel på tenester kan være opningstider for brukarstøtte, kor raskt nye brukarar skal opprettast, kor rask respons brukaren skal ha, oppetider for IT-systemet i prosent, kor lang tid det skal ta ved rollback osv. Ofte er både kvalitet og kvantitet definert.

SLA skal være enkel å måle, og som oftast leverer tenesteyter jamnelege rapportar til kunden som viser i tall korleis tenesta har blitt levert. Rapporteringa er som regel grunnlaget for betaling. For eksempel, kan nedetid eller dårleg responstid resultere i prisavslag.

UTKAST

3.1 SLA (Tenestenivåavtalen)

Matrisa nedafor gir en oversikt over dei tenestene som vert levert og som er inkludert i denne avtalen.

Vidare viser matrisa serviceperiode og servicegrad pr. teneste.

Teneste	Avt. pkt.	Serviceperiode	Service-nivå	Måle periode	Utvida brukarstøtte	Kommentarar
Overordna SLA kritiske system	1.1	0-24 alle dagar	99,7%	Månad		
SSIKT - Basis pakke	1.2	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP - Gerica	1.3	0-24 alle dagar	99,7%	Månad	JA	Service vindu 02-04 hver dag, backup?
SSIKT – APP – Sak/arkiv	1.4	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Agresso smart office	1.5	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Kan gis utvida support på ved behov
SSIKT – APP – WEB	1.6	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Kan gis utvida support på ved behov
SSIKT – APP – HsPro	1.7	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – WinMed	1.8	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – GisLine	1.9	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Gemini VA	1.10	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Komtek	1.11	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Arena	1.12	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Velferd	1.13	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Socio	1.14	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Familia	1.15	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – ACOS	1.16	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Mikromarc	1.17	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Sem & Stenersen	1.18	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – SharePoint	1.19	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Heimkok	1.20	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Oppad	1.21	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	

UTKAST

SSIKT – APP – IST Hypernet	1.22	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Wis Skole	1.23	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Aivo	1.24	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Visma Flyktning	1.25	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – PA-KIS/ISY	1.26	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – ShiftManager	1.27	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Herøy og Vanylven
SSIKT – APP – Min Vakt	1.28	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – Visma Barnehage	1.29	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – HK Oppvekst	1.30	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	PPT
SSIKT – APP – SystemX	1.31	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Herøy, Hareid og Sande
SSIKT – APP – SD-Anlegg	1.32	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP – ARX Adgangskontroll	1.33	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Hareid, Herøy og Ulstein
SSIKT – APP – DX Billettsal	1.34	08-23 man-fre	99,7%	Månad	JA	Herøy og Ulstein
SSIKT – APP - Compilo	1.35	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Kun Sande
SSIKT – APP – CGM Almenn	1.36	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP - TidBank	1.37	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Tidregistrering Ørsta
SSIKT-APP-Tempus	1.38	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Tidsregistrering
SSIKT-APP-Novaschem	1.39	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Timeplan skule
SSIKT – APP – ESMI	1.40	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Ulstein – adgangskontroll Ulsteinhallen (UEKF)
SSIKT – APP – EXO Scada	1.41	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	SD-anlegg
SSIKT – APP – Wyse Streaming Manager	1.42	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Elev-klientar stasjonære
SSIKT – APP – DWG Viewer	1.43	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Visning av autocad-innhald Ulstein
SSIKT – APP – AMX Client	1.44	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Storskjermvisning Ulstein (kultur)
SSIKT- APP – RiskManager/Kvalitetssystem	1.45	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Kvalitets- og styringssystem

UTKAST

SSIKT-APP-Ressursstyring (RS)	1.46	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Ulstein, Volda og Ørsta Ressursstyring/Turnus
SSIKT – APP - Kvalitetslosen	1.47	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – APP –KF-kvalitet	1.48	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Kvalitet og avvik for Ørsta
SSIKT – APP – Extensor	1.49	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	Fysioterapi Volda
SSIKT-NET-Stamnett	1.50	0-24 alle dagar	99,7%	Månad	JA	
SSIKT – NET-Datasenter	1.51	0-24 alle dagar	99,7%	Månad	JA	
SSIKT – NET – Norsk Helsenett	1.52	0-24 alle dagar	99,7%	Månad	JA	
SSIKT – NET – Internettaksess	1.53	0-24 alle dagar	99,7%	Månad	JA	
SSIKT – NET - Skattelinje	1.54	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – NET – NAV-linje	1.55	08-16 man-fre	99,7%	Månad	NEI	
SSIKT – Klient – Tynne klientar	1.70	08-16 man-fre	48 timer	Månad	Nei	Leveranse av ny klient, eller utskifte av defekt.
SSIKT – Klient – Laptop	1.71	08-16 man-fre	48 timer	Månad	Nei	Leveranse av ny klient, eller utskifte av defekt.
SSIKT – Klient – Desktop	1.72	08-16 man-fre	48 timer	Månad	Nei	Leveranse av ny klient, eller utskifte av defekt.
SSIKT – Klient – Workstation	1.73	08-16 man-fre	72 timer	Månad	Nei	Leveranse av ny klient, eller utskifte av defekt.
SSIKT – Print – Multifunksjons maskin	1.80	08-16 man-fre	3 dager	Månad	Nei	SLA med leverandør
SSIKT – Print – Printer	1.81	08-16 man-fre	3 dagar	Månad	Nei	SLA med leverandør

UTKAST

SSIKT – Print – Plotter	1.82	08-16 man-fre	7 dagar	Månad	Nei	SLA med leverandør
Brukarstøtte	2.1	08-16 man-fre	60 sekund	Månad	NEI	Maks svartid på telefon
Brukarstøtte	2.1	08-16 man-fre	20%	Månad	NEI	Løysningsgrad på 1 linje.
Brukarstøtte	2.1	08-16 man-fre	30%	Månad	NEI	Løysning grad web saker, innan 24 timer. (Problem)
Brukarstøtte	2.1	08-16 man-fre	30%	Månad	NEI	Løysning grad e-post saker, innan 24 timer. (Problem)
Brukarstøtte (utvida)	2.2	0-24 alle dagar	1 time	Månad	NEI	Responstid på hendingar

3.2 Oversikt over system med utvida support:

Applikasjon	**Ref punkt**
Gerica	1.3
Norsk Helsenett	1.52
Internettaksess	1.53
DX Billettsal	1.34
Stamnett	1.50
Datasenter	1.51

Dersom brukarar oppdagar feil i ein av applikasjonane/tenestene opplyst i pkt 3.2 så skal dette meldast via ordnært supportsystem mellom 0800-1600.

Mellom 1600 og 0800 skal feil i desse applikasjonane/tenestene meldast SSIKT vakttelefon på **70095100.**

Dersom driftsenter/vakthavande oppdagar feil i applikasjonar opplista i pkt 3.2 eller i stamnett og datasenter, skal feilen publiserast på support-portalen for SSIKT der ein, om mogleg, informerer om sannsynleg rettetid. Opplysningane skal oppdaterast straks nye er tilgjengeleg.

UTKAST

3.3 Vedlikehaldsvindauge.

Vedlikehaldsvindauge for heile driftsløysninga er ***tirsdagar mellom 18.00 og 24.00.***

Måling av SLA :

Oppetidsmålingar blir utført automatisk av overvakingsystem mot sentralt og lokalt utstyr, minimum kvart 15 minutt.

Responstid på telefon blir tatt ut månadleg basert på statistikk frå SSIKT telefon system.

Responstid på manuelt utførte aktiviteter blir målt via registreringer i SSIKT Helpdesk system (tidstemplar kvart enkelt oppdrag).

Tidsfristar knytt til feilretting:

I tabellen nedanfor er det angitt kva tidsfristar som gjeld for feilretting (meldt via Servicedesk eller vakttelefon) :

Feilkategori	Maksimal Reaksjonstid (timer)	Maksimal Tilkallingstid (timer)	Løysingstid (timer)
Klasse 1 - feil	1	1	4
Klasse 2 - feil	4		12
Klasse 3 - feil	8		36
Klasse 4 - feil	8		48

Definisjon av nivå

Klasse 1 – Kritisk:

Feil i utstyr og/eller programmer som hindrar Kunden i å utføre en vesentlig del av den ordinære funksjon utstyret eller programmet har i sin daglige bruk hos Kunden, der Kunden ikkje sjølv kan rette eller omgå feilen på ein slik måte at Kunden kan nytte utstyr og/eller program utan at feilen er merkbar for Kunden. Klasse 1 feil vil gjelde for alle forretningskritiske system og hovudnettverksutstyr. Klasse 1 feil skal omfatte eit stort antal personar.

Betyr at feil rammer meir enn ein person - mange. Heile eller deler av driftsytelsen manglar.

Klasse 2 – Høg:

Feil i utstyr og/eller programmer som hindrar Kunden i å utføre deler av den ordinære funksjon som utstyr og/eller programmet har i sin daglige bruk hos Kunden, der Kunden ikkje sjølv kan rette eller omgå feilen på en slik måte at Kunden kan nytte utstyr og/eller programmer utan at feilen er merkbar for Kunden. Klasse 2 feil vil gjelde for alle driftskritiske system, nettverksutstyr, arbeidsstasjonar og skrivarar.

Klasse 2 feil gjelder også for enkelt applikasjonar som har med liv og helse å gjere.

Rammar ei avgrensa mengd med brukarar.

Klasse 3 – Normal:

Feil i utstyr og/eller programmer som ikkje direkte hindrar Kunden i å utføre den ordinære funksjon utstyret eller programmet har i sin daglige bruk hos Kunden. Klasse 3 feil vil gjelde for alle rutinemessige henvendelsar.

Rammar typisk ein brukar, men er kritisk for at han/ho får utført sin jobb.

Klasse 4 - Lav :

Mindre feil som rammer typisk en bruker, men er ikkje kritisk for å løyse jobben.

UTKAST

Definisjonar

Feilmottak	Mottak av oppdrag, feilmeldingar eller endringsmeldingar frå Kunden via telefon, faks eller mail
Feilretting	Retting av feil som er meldt til Leverandøren via feilmottak eller gjennom overvaking.
Endringsoppdrag	Eit oppdrag som endrar ei eining eller eit tilhøve som vert omfatta av denne avtalen.
Feilsituasjonar	Oppdrag relatert til utfall av funksjonalitet som er naudsynt for å utføre daglig arbeide.
Løysningstid	Tid frå feil er meldt til SSIKT eller fanget opp gjennom overvaking av infrastrukturen til funksjonalitet er gjenskapt.
Serviceperiode	Perioden kor SSIKT er forplikta å levere dei tenestene som er omfatta av denne avtalen, og der oppetida skal beregnast.
Servicegrad	Dette er kravet til tenesta, anten i form av en oppetidsgaranti eller i form av ei tilkallingstid.
Reaksjonstid	Tida frå Kunden har meldt en feil til SSIKT, til SSIKT har gitt foreløpig tilbakemelding til Kunden på avtalt medium og oppdatert statusen på feilmeldinga i SSIKT sitt loggverktøy.
Tilkallingstid	Tida frå feil er meldt til feilretting eller oppdrag er starta.
Backup	Data flyttas over frå normal lagrings område til ekstern disk eller tape, for å sikre mot datatap.
Restore	Tilbake legging av data fra backup til normal filplassering

UTKAST

Vedlegg 1: Utstyrs katalog

Oversikt over hva slags utstyr som SSIKT vil benytte:

Klient katalog

- Tynne klienter: WYSE
- Laptop: DELL, LENOVO, HP
- Workstation: DELL, LENOVO, HP
- Monitorer: Phillips, Samsung, LG, Dell, HP
- Projektorer: Optoma, Ricoh
- Interaktive skjemar: Ricoh

Nettverks katalog

- Kant switch: Cisco Catalyst med PoE
- Core Switch: Cisco Nexus
- Stamnett switch: Cisco ASR 900
- WiFi: Cisco 1800, 2800 og 3800 seriane

Printer katalog

- Sharp Stor multifunksjon
- Sharp Liten multifunksjon
- Sharp Arbeidsgruppe printer
- HP Plotter

Mobil telefoner

- Merke / type / modell: Samsung, Sony, Microsoft (Lumia), Huawei,
- Tilbehør

UTKAST

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Formannskapet

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2016/1176	10958/2016	056	SVK/ SONHAV	19.09.2016

MELDING OM POLITISK VEDTAK - ORGANISERING AV INTERKOMMUNALT IKT-SAMARBEID

Vi melder med dette frå at Arbeidsmiljøutvalet den 14.09.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 15/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka om, Organisering av interkommunalt ikt-samarbeid, til vitende.

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no		www.volda.kommune.no	
Stormyra 2	Telefon:	Telefaks:	Org. nr:	Bankgiro:
6100 Volda		70058701	939 760 946	3991.07.81727

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Sjurgard	Arkivsak nr.:	2016/1176
		Arkivkode:	056

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/16	Arbeidsmiljøutvalet	14.09.2016

ORGANISERING AV INTERKOMMUNALT IKT-SAMARBEID

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 14.09.2016:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka om, Organisering av interkommunalt ikt-samarbeid, til vitende.

Administrasjonen si tilråding:
Arbeidsmiljøutvalet tek saka om, Organisering av interkommunalt ikt-samarbeid, til vitende.

Vedleggsliste:
Notat frå rådmannen av 11.07.16
Saksutgreiing til rådmannsgruppa
Rapport til rådmannsgruppa om IKT-organisering for kommunane på Søre Sunnmøre

Uprenta saksvedlegg:
Tenesteskildring/tenesteleveranseavtale

Samandrag av saka:
Det er foreslått å samle IKT-drifta for kommunane på Søre Sunnmøre i eit interkommunalt selskap som skal avløyse Hareid som vertskommune.

Saksopplysningar:
Det vert vist til utgreiinga i vedlagte notat frå rådmannen av 11.07.16.

Notatet er sendt på høyring internt og til rådmannen i Hornindal kommune for ev uttale innan 19. august. Det er ikkje kome innspel til notatet. Rådmannen har etter høyringsrunden hatt ein

gjennomgang med IKT-konsulentane i Volda kommune. Dei er positive til å delta i gjennomføring av modellen som er foreslått.

Stadig fleire av databasene og applikasjonane vert drifta frå felles IKT driftssenter for dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre. Forslaget som no ligg føre er ei vidareføring av den driftsmodellen som er etablert. Det nye er i hovudsak at ein samordnar drifta under felles leiing og organiserer dette under eit selskap som avløyser Hareid som vertskommune. Det er utarbeidd ein tenesteleveranseavtale som sikrar ansvar og oppfølging av datadrifta frå dette senteret i den enkelte kommune. Modellen skal sikre stordriftsfordelar på både investering og drift, og det skal i tillegg til tilsette på sentralen vere IKT-personell ute i den enkelte kommune.

Modellen byggjer på at kommunane overfører sine IKT-stillingar til det interkommunale selskapet som syt for IKT-drifta i alle kommunane. Det er i dag 19 stillingar til saman. Behovet i den nye organisasjonen er kalkulert til 18 stillingar inklusive dagleg leiar. Det er forventa at ein etter ein etter etablering og implementeringsfase på 2 - 3 år kan ta ut effekt ved reduksjon i bemanning. Dette vil i så fall skje etter ein plan og ved naturleg avgang eller overføring til andre ledige stillingar i kommunane.

Stillingane/drifta i IKT-selskapet vert fordelt på kommunane etter ein fastsett utrekningsnøkkel.

I modellen er det lagt opp til eit skilje mellom strategi (bestilling) og drift (utføring). Samtidig vil det vere behov for nært samarbeid mellom desse funksjonane.

Vurdering og konklusjon:

Det digitale samfunnet vil berre utvikle seg vidare på stadig fleire område. Dette gir moglegheit til å utvikle tenestene overfor innbyggjarane, samtidig som det opnar for smartare og rimelegare måtar å administrere oppgåvene på. For å kome dit må ein sikre den grunnleggjande drifta. Rådmannen meiner at den interkommunale driftsmodellen som er etablert på Søre Sunnmøre er nødvendig for at vi skal greie å vere operative og ha sikker drift på IKT-sida. Dette gir også grunnlag for eit fagleg miljø der vi kan få til utvikling i lag. Kommunane leverer dei same tenestene, og det er mykje å hente på å drive felles utviklingsarbeid og samarbeide om dei same programvarene og korleis ein skal organisere arbeidet for å få effekten ut av dei i drift og tenesteyting.

Rådmannen hadde i utgangspunktet tenkt at Volda overfører to stillingar til selskapet og held fast ved den tredje IKT-stillinga som strategisk ressurs. Dei andre kommunane, bortsett frå kanskje Ørsta, vil overføre alle IKT-stillingane i selskapet. I rådmannsgruppa vart det drøfta at ei heil stilling for IKT-strategisk arbeid kan vere for høgt dimensjonert for ein kommune, og at dette er ein ressurs ein bør samarbeide om. Rådmannen foreslår derfor at alle dei tre IKT-stillingane i Volda kommune inngår i felles drift. Den fjerde som er eit engasjement i oppvekstsektoren vert å avvente kva vi gjer med vidare før engasjementperioden går ut 1. juli 2017.

Kommunane bør utvikle felles strategi på korleis ein skal møte det digitale samfunnet, og korleis ein skal møte innbyggjarane for å få tidsmessige tenester og gjennom digitale vaner forenkle tenesteytinga og sakshandsaminga i kommunane. IKT er ein innsatsfaktor for å utvikle tenesteytinga og redusere driftskostnadene til kommunane. I land som t.d Danmark,

men også i større byar her i landet, har ein kome lenger i denne utviklinga. Erfaringa viser at ein må auke utgiftene til IKT for å ta ut effekten i administrasjon og tenesteyting. Slik rådmannen ser det vert Volda kommune nødt til å auke ressursane på IKT-området i åra framover. Saman med dei andre kommunane ser rådmannen det som viktig å byggje opp kapasitet også på strategisk utvikling for å analysere, ta rette val og sikre gevinstrealisering. Den strategiske IKT-ressursen bør koplast til tenestemiljøa på tvers av kommunegrensene og setje utviklingsarbeidet i system og sikre kontinuitet.

Rådmannen innser at skal ein fullt og heilt med i det interkommunale samarbeidet, så må alle dei tre faste stillingane innanfor IKT stillast til disposisjon for felles drift. På den andre sida ser rådmannen behov for at kommunane i samarbeid byggjer opp strategisk IKT-kapasitet. I ei mellomfase meiner rådmannen dette må løysast gjennom pragmatisk ved ikkje for sterkt skilje mellom drift og strategisk arbeid. Det må uansett vere bruer i mellom. Med det behovet som vil kome framover for å ta i bruk IKT-verkty i den strategiske utviklinga, så vil det i dei komande åra verte behov for å byggje opp utviklingskapasitet på IKT-sida. Slik sett burde vi kanskje alleie no ha reservert ei eiga stilling til dette, men det handlar om kva vi kan prioitere no og om vi ev kan samarbeide med dei andre kommunane om ein slik kapasitet. I alle høve vil vi måtte kome attende til dette i samband med kommunesamanslåingsprosessen.

Rådmannen rår til at Volda kommune deltek i den vidare utviklinga av SSIKT (Søre Sunnmøre IKT-samarbeid) og sluttar seg til endring av selskapsstruktur der ein avløyser vertskommune til fordel for eit interkommunalt selskap som får ansvar for drifta av IKT i alle 7 kommunane under ei samla leiing. Volda kommune leiger ut tre IKT-stillingar til det interkommunale selskapet frå 1. januar 2017.

Volda og Hornindal må i samband med samanslåingsprosessen gjere avklaringar på korleis ein skal byggje opp IKT i ny kommune. Rådmannen ser det som opplagt at den nye kommunen må inngå interkommunalt samarbeid om IKT-drift og IKT-utvikling. Det kan vere naturleg at dette samarbeidet går i retning der den nye kommunen har hovudtyngda av samarbeid på andre tenesteområde (jfr felles IKT-plattform). Rådmannen vil sikre tett oppfølging av dette i samanslåingsprosessen. Det kan også vere aktuelt å kjøpe kapasitet i det interkommunale IKT-miljøet som vert dedikert til å følgje opp prosessen med etablering av felles IKT i den nye kommunen. Dette bør avklarast i reformprosessen og i ev takast høgde for avtalen med etablering av nytt selskap for SSIKT.

IKT sin funksjon opp mot beredsskapsarbeidet i kommunen må også ivaretakast gjennom avtalen med SSIKT

Kommunestyret vil få denne saka i to omgangar. I denne saka får kommunestyret orientering om organiseringa og gjer prinsippvedtak om deltaking. I den seinare sak vil det verte lagt fram sak om godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av det interkommunale selskapet og oppheving av vertskommuneavtalen med Hareid kommune.

Følgjande mål og strategiar i kommuneplanen kan koplast til IKT som viktige verkty for å lykkast:

MÅL:
Volda kommune skal ha ein økonomi i balanse og driftsresultat på 1,75 % av inntektene.
STRATEGIAR:
 Arbeide for samsvar mellom oppgåver og ressursar.

 Sikre realistisk budsjettering.
 Arbeide for ein sterkare kopling mellom prioriteringar i kommuneplanen, budsjett, økonomiplan og arbeidsoppgåver.
 Legge til rette for at administrasjonen, politikarane og innbyggjarane skal ha felles kunnskap om situasjon og utfordringar.
 Bruke moglegheiter som ligg i digital tenesteproduksjon og legge til rette for innovasjon og nyskaping i tenesteproduksjon.

MÅL:
Volda kommune skal ha eit godt omdøme.
STRATEGIAR:
 Sikre eit godt arbeidsmiljø i organisasjonen.
 Tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov.
 Gi innbyggarane god informasjon, gi raske tilbakemeldingar og ha oppdaterte, framtidsretta og brukarvennlege kommunikasjonsløysingar.
 Legge til rette for involverande prosessar.

Helse og miljøkonsekvensar:
IKT er ein viktig innsatsfaktor for utvikling av velferdsteknologi i helsetenestene. IKT er eit dagleg arbeidsverkty for neste alle tilsette i kommunen. Det er viktig for arbeidsmiljøet og effektiviteten i organisasjonen at drifta av IKT fungerer godt.

Økonomiske konsekvensar:
Samling av driftspersonellet under felles leiing i eit interkommualt selskap vert gjennomført med ei stilling færre samla sett for dei 7 kommunane. For dei kommunane som går inn med sine IKT-stillingar skal endringa i prinsippet ikkje medføre vesentleg auka utgifter. IKT som innsatsfaktor vil måtte prioriterast for å kunne ta ut effekt i administrasjon og tenesteproduksjon. Det vil verte utarbeidd budsjett for den interkommunale drifta seinare i haust.

Beredskapsmessige konsekvensar:
IKT- funksjonen er representert i kommunen si kriseleiing. Dette må iveratakast vidare gjennom det interkommunale samarbeidet.

Rune Sjurgard
Rådmann

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner rutinar for eigarskapsstyring slik desse framgår av saka.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Henrik Skovly	Arkivsak nr.:	2016/1529
		Arkivkode:	037

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
164/16	Formannskapet	20.09.2016
113/16	Kommunestyret	29.09.2016

RUTINAR FOR EIGARSKAPSSTYRING

Administrasjonen si tilråding:
Kommunestyret godkjenner rutinar for eigarskapsstyring slik desse framgår av saka.

Vedleggsliste:

- Rutine for eigarskapsstyring

Saksopplysningar:

Kommunane har eigarinteresser i ei mengde ulike selskap, og det er viktig at kommunane er gode eigarar. Som eigar bør ein vurdere kva ein skal eige, og korleis ein skal eige. Ved å utøve eigarskapet på ein måte som sikrar langsiktigheit og forutsigbarheit, skapar ein gode rammevilkår for selskapa.

Oppgåver og tenester som tidlegare vart ytt direkte av kommunane, vert i dag ofte utført av eigne selskap som er eigd av ei kommune, eller er eigd i fellesskap av fleire kommunar og/eller private. At oppgåveløysing/tenesteproduksjon som normalt er eit kommunalt ansvar vert løyst via eigne selskap, skaper utfordringar vedkomande demokratisk kontroll, innsyn, ansvar m.m. for eigarane av desse selskapa. I tillegg til lovmessige krav om at kommunane skal føre kontroll med desse selskapa, vil utføring av godt eigarskap være svært viktig for å sikre den oppgåveløysinga og tenesteproduksjonen som skjer i desse selskapa.

På grunnlag av lovmessige krav om tilsyn og kontroll, tok kontrollutvala i alle sju kommunane på Søre Sunnmøre initiativ til å få utarbeida rutinar for forvaltinga av kommunane sine interesse i ulike selskap. Framlegg til rutinar for eigarskapskontroll vart utarbeidd av økonomisjefane i kommunane Ulstein, Herøy og Vanylven i 2007, og kommunestyra vedtok desse i 2007/2008

Rådmannsgruppa etablerte i 2015 ei arbeidsgruppe for å revidere rutinen, og å kome med eit felles saksframlegg til ny rutine. Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå Herøy, Ulstein, Vanylven og Ørsta.

Arbeidsgruppa har vurdert den tidlegare rutinen som god når det gjeld innsyn og kontroll, men at den delen som gjeld eigarskapsstyring bør løftast opp. Administrasjonen si oppfølging av rutinen har ikkje vore god nok i alle kommunane, og det er naudsynt å konkretisere og forenkle rutinen for å sikre oppfølging og utføring.

Utøving av eigarskap

Tradisjonelt har dei politiske rollene til folkevalde vore:

- ombodsrolla
- myndeutøvingsrolla
- samfunnsutviklarrolla

I tillegg kjem to roller som ofte vert utelatne, når folkevalderoller er tema. Desse er eigarrolla og arbeidsgjevarrolla. I denne saka er det eigarrolla som er tema.

Kommunestyret har ei eigarrolle med omsyn til selskap der kommunen er eigar/deleigar. Godt eigarskap betyr at kommunen brukar moglegheita til aktivt å utøve strategisk eigarskap. For å kunne utøve strategisk eigarskap er det naudsynt med ein klar og presis eigarstrategi, der eigar sine forventningar til selskapet er formulert. Er føremålet å skape inntekter til eigarane, eller er føremålet å realisere ulike politiske og samfunnsmessige oppgåver/føremål. Det er viktig med ei tverrpolitisk forståing for kvifor kommunen eig selskapet.

Ein strategisk eigar deltek aktivt i representantskap og generalforsamling i dei aktuelle selskapa. Eigarrepresentanten representerer kommunen som eigar og såleis ikkje seg sjølv eller som representant for noko parti. Sidan eigarrepresentantane i generalforsamling og representantskap skal formidle kommunestyret sitt fleirtal i den enkelte sak, vil eigarrepresentanten måtte undersøke fullmaktene sine og kommunestyret sine føringar før vedkomande møter på vegne av kommunen i desse organa.

Det viktigaste motivet ein kommune har ved å etablere eller engasjere seg i eit sjølvstendig selskap, må vere at selskapet gir eit ekstra bidrag til kommunen sin samla tenesteproduksjon. Så lenge selskapet er med på å realisere kommunen sine målsetjingar, er eigarskapet nyttig og interessant. Dersom selskapet ikkje lenger er naudsynt for å nå kommunale mål, eller kanskje til og med er ein trussel mot kommunal måloppnåing, må engasjementet i selskapet vurderast på nytt.

Mange kommunale selskap er oppretta for å tilby tenester til innbyggarane i kommunen. I slike selskap vil det vere spesielt krevjande å uttøve eigarrolla, då dei folkevalde både skal representere brukarane (ombodsrolla) og eigarrolla i selskapet.

Kommunen sitt eigarskap vert direkte utøvd i føretaket sitt eigarorgan, som er generalforsamlinga i eit AS eller representantskapet i eit IKS. Det er eit viktig selskapsrettsleg skilje mellom dette eigarorganet, og styret. Kommunen kan formelt ikkje utøve direkte eigarskap i styret, eller involvere seg i den daglege drifta. Styret er utnemnt av eigarorganet, og har saman med dagleg leiar, ansvaret for den daglege drifta. Dette er likevel ikkje til hinder for uformelle kontaktar mellom eigar og styre/dagleg leiar, om prinsipielle og

viktige saker. Gjennomføring av eigarmøter mellom eigar og styre/dagleg leiar vil være eit eigna forum for slike saker.

Ein kommunestyrerepresentant har ulike roller og det kan til tider vere vanskeleg å skilje dei. Fleire kommunar har innført reglar eller vurderer å innføre reglar der kommunestyre- eller formannskapsmedlemmer ikkje skal ha styreverv i selskap der kommunen har eigarinteresser. Slike reglar blir ikkje foreslått her, men det vert anbefalt at ikkje same representant sit både i eigarorganet og styret.

Det er viktig at eigarrepresentanten er kjent med si rolle, og det ansvar han har som eigarrepresentant. Det er viktig at eigarrepresentanten kan søke råd i kommunen sin administrasjon, og at han er gjort kjent med kva som er eigaren sine synspunkt i saker som vert teke opp i eigarorganet. Det er viktig at kommunen syt for å lære opp og løpande følgje opp desse representantane.

Eigarrepresentanten har ansvar for å vidareformidle informasjon til eigar, og å aktivt søke å få avklara eigar sine synspunkt inn mot møter i eigarskapsorganet. I viktige saker som vedtektsendringar og kapitalendringar, bør representanten alltid søke slik avklaring før møtet i eigarskapsorganet.

Formål og overordna prinsipp for god eigarstyring

Formål og vedtekter
Kommunen må ha eit definert føremål og strategi med sitt eigarskap. Føremålet kan være finansielt, politisk eller samfunnsmessig. Ofte vil desse føremåla overlappe, og føremålet kan og endrast over tid. Ein eigarstrategi bør definere kvifor kommunen eig selskapet eller har eigarinteresser i det. Dersom formålet med eigarskapet endrar seg, bør kommunen vurdere sitt eigarskap.

Selskapet si verksemd og føremål bør tydeleggjerast i selskapet sine vedtekter. Innan rammene for vedtektene bør selskapet ha klare mål og strategiar for si verksemd. Vedtektene dannar ramma for selskapet si verksemd, og desse bør være tilstrekkeleg klare til at verksemda vert drive i samsvar med eigar sitt føremål. Ønskjer eigarane å innskjerpe styret og dagleg leiar sitt handlingsrom, kan dette skje via vedtektsendringar. For kommunen som eigar, er det viktig å ha ei aktiv rolle i samband med vedtektsendringar.

Prinsipp for god eigarstyring
Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) har 30.okt 2014 gitt ei anbefaling for eigarstyring og selskapsleiing. Anbefalinga er primært retta mot børsnoterte selskap, men gjev uttrykk for ein «beste praksis» for godt eigarskap og selskapsleiing. Oppstillinga nedanfor er delvis basert på NUES si anbefaling, samt Bergen, Kristiansand og Tromsø sine eigarskapsmeldingar.

Kommunen ønskjer å ha følgjande prinsipp nedfelt for sitt eigarskap:

1. Selskapet si verksemd bør tydeleggjerast i vedtektene
2. Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risiko
3. Eigarane skal handssamast likt
4. Eigarskapet vert utøvd i selskapet sine eigarorgan
5. Det skal være openheit knytta til kommunen sitt eigarskap
6. Styresamansetninga skal representere kompetanse og mangfald

7. Kommunen gjev som eigar klare langsiktige mål for selskapet. Styret er ansvarleg for realiseringa av måla.
8. Godtgjersle til styre og leiar skal ligge på eit moderat nivå i selskap der kommunen er ein stor eigar
9. Eigarskapet skal fremme samfunnsansvarleg forretningsdrift
10. Selskapet er ansvarlig for rapportering til eigarane

Representasjon i selskapsorgan

Kriterium for val av representantar til eigarorgan, styre o. l.
Her må ein skilje mellom kommunen sine representantar i eigarorgana representantskap og generalforsamling på den eine sida og styrerepresentantar på den andre sida.

Kommunen utøvar direkte eigarmakt berre i eigarorgana representantskap og generalforsamling. Kommunestyret utpeikar kommunen sine representantar til representantskap og generalforsamling. Det er ikkje nødvendig at desse er medlemmar av kommunestyret eller er folkevalde, men det vert likevel anbefalt at ordførar eller andre sentrale politikarar vert utpeika til kommunen sin representant i eigarorgana.

Den viktigaste oppgåva for generalforsamlinga og representantskapet er å velje styre. Eigarane sine representantar som møter i generalforsamling eller representantskap, må derfor vite kva eigarane ynskjer med selskapet og velje det styret som samla er best til å ivareta selskapet på vegne av alle eigarane. Det er anbefalt å nytte valnemnd ved val av styrerepresentantar.

Eigarorganet (eventuelt valnemnda) må ha ei meining om kva kompetanse ein skal sjå etter når ein skal utpeike styrerepresentantar. Nokre selskap har ei rein kommersiell målsetjing, medan andre kan til dømes vere oppretta for å få gjennomført ei konkret samferdselssak. Det vil derfor vere ulike kriterium som bør vektleggast ved val av styremedlemmar.
Følgjande kriterium bør vektleggast:

- kva kompetanse treng selskapet
- kva erfaring er viktig å få inn i styret
- tid/kapasitet til å utføre styrevervet
- mangfald og kjønnsfordeling
- habilitet

Styret har det overordna ansvaret for forvaltinga av selskapet, og skal ivareta den strategiske leiinga av selskapet innan dei rammene som er gitt av eigaren. Det er kva som er tenleg for selskapet som skal være det primære fokuset til styremedlemmane i utøvinga av styrevervet. Styremedlemmar kan bli haldne personleg erstatnings- og straffeansvarleg for sine disposisjonar i styret.

Opplæring og oppfølging
Det er eit stort ansvar å skulle representere betydelege samfunnsinteresser gjennom røystefullmakt på generalforsamling/representantskap eller gjennom styreverv i ulike selskap. Eigar bør derfor legge forholda til rette slik at den som blir utpeika til slike verv, får nødvendig kompetanse til å utføre vervet, og naudsynt kunnskap om det ansvaret som ligg til den oppgåva som han/ho blir sett til å utføre.

Kommunen som eigar har eit ansvar for at denne type opplæring blir gitt. I 2012 og 2016 har Vest kontrollutvalssekretariat arrangert kurset «Eigar-, styre-, og kontrollrolla i

kommunale/interkommunale selskap og AS» for kommunale styrerepresentantar, eigarskapsrepresentantar og administrasjonen i kommunane.

Administrasjonen i kommunen må vere tilgjengeleg for rådgjeving overfor kommunalt valde representantar. Ved generalforsamlingar og representantskapsmøte kan kommunen sin representant på førehand drøfte og vurdere selskapet sitt rekneskap og årsmelding med kommunen si økonomiavdeling. Tilsvarande vil det vere naturleg å bruke juridisk eller anna kommunal kompetanse når det er behov for det. I samband med generalforsamlingar og representantskapsmøte kan det vere aktuelt at administrasjonen deltek saman med politisk valde utsendingar for å gje råd i saker som kjem fram under møtet.

Rapportering til eigar
For å kunne ivareta si rolle som ein god og strategisk eigar, er kommunen avhengig av god kommunikasjon med sine eigarrepresentantar, og at informasjon frå selskapet vert arkivert og gjort tilgjengeleg for politikarar, offentlegheit og administrasjon i kommunen.

I Norge har vi eit prinsipp om offentlegheit i forvaltinga, og openheit og forutsigbarheit aukar tillita til det kommunale eigarskapet. Kommunen ønskjer å legge til rette for meiroffentlegheit i kommunalt eigde selskap så langt det er mogleg, og ikkje i strid med teieplikt og forretningsmessige omsyn.

Eigarane skal varslast om møter i representantskapet (IKS) med minst 4 vekers varsel, og om møter i generalforsamling (AS) med minst 1 vekers varsel. Korte fristar gjer det vanskeleg å handsame viktige saker for eigarane politisk innan fristen. Det er derfor viktig at eigarrepresentanten i forkant orienterer kommunen om spesielt viktige saker eller saker som er svært relevante for kommunen sitt engasjement i selskapet, slik at kommunen kan vurdere sitt standpunkt, før saka kjem opp til avgjer i selskapet sine styrande organ.

Det vert anbefalt at ordførar eller andre sentrale politikarar vert utpeika til kommunen sin representant i eigarorgana. Dette for å sikre at kommunikasjon mellom selskapet og eigarkommunen skjer raskt, og at informasjon tilflyt politiske organ.

Kontroll og økonomisk oppfølging

Kommunen sitt eigarskap i selskap, er underlagt kontroll av både kontrollutval, revisor og administrasjon. Kontrollutvalet, revisor og administrasjonen si oppfølging er som følgjer:

Selskapskontroll – Kommunelova § 80
Kommunen sin revisor og kontrollutvalet har etter § 80 i kommunelova rett til utvida innsyn i alle interkommunale selskap (IKS) og i aksjeselskap som er 100 % eigde av ei eller fleire kommunar i fellesskap, samt i heileigde dotterselskap av desse.

Kommunestyret vedtek eigne retningsliner for kontrollutvalet sin selskapskontroll, og det er kontrollutvalet som avgjer omfanget av sin eigen selskapskontroll. Formålet med selskapskontrollen er å kontrollere om den som utøver kommunen si eigarinteresse, utøvar denne mynda i samsvar med lovverket og følgjer opp kommunen sine eigarinteresser slik desse er klargjorde i dei vedtak og formål som ligg til grunn for eigarskapet i selskapet. Selskapskontrollen omfattar ikkje ein regelmessig kontroll med forretningsmessige disposisjonar. Dette er ein kontroll som fell inn under styret sitt ansvarsområde.

Kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m. m. – Kommunelova **§ 77** nr 5

Kontroll / oppfølging med kommunen sine engasjement i selskap som fell utanfor kontrollutvalet sin innsynsrett etter kommunelova § 80, kan gjennomførast utifrå § 77 nr 5:

"Kontrollutvalet skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet m. m."

Omgrepet "interesser" i kommunelova. § 77 nr 5 vil omfamne dei fleste engasjement, som kommunen har i ulike selskap, foreiningar, stiftingar o. l. Grunnlaget for kontrollen er kommunestyret sitt eige frittståande formål for å engasjere seg i organisasjonen/selskapet.

For at kommunen skal krevje innsyn/kontroll i desse engasjementa, er det naudsynt å krevje rett til innsyn/kontroll i selskapsavtalen eller vedtektene. Krav om innsyn/kontroll kan og setjast som ein føresetnad for kommunale tilskot eller næringsstøtte. Det kan til dømes setjast krav til innsyn/kontroll i samband med kommunale garantiar.

Administrativ oppfølging av selskapa sin økonomi
Den administrative oppfølginga av kommunen sitt eigarskap og interesser, vil bli gjort i ei årleg sak til kommunestyret. Saka skal omfatte ei samla oversikt av kommunen sine eigarinteresser i ulike selskap, samt ei oversikt over næringslån og garantiar.

I selskap der kommunen har vesentlege eigarinteresser, vil det bli gjort ei økonomisk analyse av selskapet si økonomiske utvikling. Det er utarbeida ein oppfølgingsmodell der viktige økonomiske nøkkeltal vert nytta til ei enkel analyse. Nøkkeltala er henta frå offentleg tilgjengeleg informasjon. Dersom det er behov for ytterlegare informasjon, kan selskapet kontaktast for nærare avklaringar.

I selskap der kommunen har mindre eigarinteresser og med låg risiko, vil den årlege rapporteringa berre omfatte balanseverdi og eigarpart.

Eigarskapsmelding

KS anbefalar alle kommunane å utarbeide ei eiga Eigarskapsmelding over kommunen sine eigarinteresser i ulike selskap. Formålet med ei Eigarskapsmelding vil være å skape ei større merksemd kring kommunen sitt eigarskap, og å gjere kommunen til ein tydelegare eigar, ved mellom anna å stille eigarkrav til selskapa basert på nærare definerte formål og mål med eigarskapet.

I NOU 2016:4 "Ny kommunelov" vert det føreslått å gjere det obligatorisk for kommunane å utarbeide Eigarskapsmelding. Denne rutinen omhandlar dei fleste moment som ei Eigarskapsmelding skal innehalde. Dersom Eigarskapsmelding vert obligatorisk, vil denne rutinen være eit godt grunnlag for å utarbeide ei ordinær Eigarskapsmelding.

Saka har ingen konsekvensar knytt til folkehelse, kommuneplan eller økonomi.

Rune Sjurgard
Rådmann

Henrik Skovly
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

- Rådmann
- Rådgjevar Asbjørn Moltudal
- Skatteoppkrevjar
- Økonomikonsulent Andreea Beleuta
- Vest kontroll
- Kommunerevisjonen

Klageinstans:

Rutine for eigarskapsstyring

1. Etablering av selskap og nye engasjement.

Bakgrunnen for at kommunen engasjerer seg som eigar i eit selskap skal gå fram av etableringsvedtaket. Ved etablering av selskap skal ein spesielt vurdere dei forholda som går fram av punkta under:

1.1. Strategi for kva ein vil oppnå med eigarskapet/engasjementet

Det skal gå klart fram kva formål og strategi kommunen har for oppretting av selskapet, og om formålet kan oppfyllast innanfor eksisterande organisasjonsstruktur.

1.2. Val av selskapsform

Ved val av selskapsform må det vurderast kva selskapsform som er best egna til å oppnå målsetjingane med eigarskapet. Kva ansvar/risiko tek kommunen ved val av denne selskapsforma, og gir selskapsforma tilstrekkeleg innsynsrett og representasjon i styrande organ for kommunen? Kva behov ligg til grunn for oppretting og drift av selskapet?

Selskap som driv konkurranseutsett verksemd i tillegg til monopolverksemd, bør som hovudregel skilje ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering.

1.3. Finansiering / eigenkapital til oppretting av selskapet

Kommunen skal budsjettere med midlar til eigenkapital / tilskot til opprettinga. Om behov skal det også budsjetterast med ytterlegare tilskot i økonomiplanperioden.
Kostnads- og ansvarsfordeling mellom eigarane skal definerast.

1.4. Krav om innsyn

I IKS, selskap etter § 27 i koml. og heileigde kommunale aksjeselskap har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 80.
Ved oppretting av andre selskapsformer skal kommunestyret vurdere om kommunen skal krevje rett til innsyn i selskapet, jf koml. § 77, 5. ledd. Slik innsynsrett skal normalt krevjast. Rett til innsyn må takast inn i selskapsavtalen eller i vedtektene.

Ved tilsegn om kommunale garantiar, næringstøtte og andre tilskot skal kommunestyret vurdere om det skal krevjast rett til innsyn i selskapet / organisasjonen, jf. koml. § 77, 5. ledd. Slik innsynsrett skal normalt krevjast.

2. Endringar av kommunen sin eigarandel i selskap og endringar av vedtekter

Ved endringar i vedtekter eller eigarstruktur i selskap der kommunen er inne som eigar, skal ein spesielt vurdere dei forholda som går fram av punkta under:

2.1. Strategi for vidare eigarskap

Det skal vurderast om selskapet framleis oppfyller formålet som ligg til grunn for eigarskapet/engasjementet.

2.2. Økonomisk utvikling

Følgjande forhold skal spesielt vurderast:

- Er innskoten kapital i behald?
- Er det naudsynt med utviding av eigenkapitalen og eventuelt innskot av ny eigenkapital?
- Er drifta økonomisk forsvarleg, og i samsvar med regelverket?
- Representerer dagens drift ein økonomisk risiko for eigarane?
- Gjev den økonomiske analysen etter analysemodellen grunn til særskilt oppfølging, og er trenden i utviklinga positiv / negativ?
- Er tidlegare merknader vedkomande drifta følgd opp?

Ved endring av drifta bør ein som hovudregel skilje ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering.

2.3. Kommunen sin representasjon i eigarorgan

Er kommunen representert i forhold til eigardel eller selskapsavtale? Har kommunen vore representert på generalforsamling eller representantskap? Er det behov for å endre kommunen sin representasjon?

2.4. Generalforsamling og representantskap

Gjev årsrekneskap, årsmelding eller andre saker på generalforsamlinga eller representantskapet grunnlag for å skifte ut eller gjere endringar i styret?
Er forslag til vedtektsendringar i samsvar med lov og kommunen sine politiske vedtak?
Vert det gitt tilbakemelding til kommunestyret frå generalforsamlinga eller representantskapet?

2.5. Kommunen sin kontroll av eigarskap og økonomiske engasjement

Er kommunen sikra rett til innsyn i selskapet i medhald av koml. § 77, 5. ledd? Er det ønskeleg med eit utvida rett til innsyn?
Er det kravd og gjennomført innsyn i selskapet, og er eventuelle avvik i rapportar følgd opp?

Gjev utført administrativ oppfølgjing, jf pkt 3, grunn til å vurdere kommunen sitt eigarskap i selskapet?

3. Oppfølging av selskapa

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over dei selskapa som kommunen er engasjert i, kven som til ei kvar tid representerer kommunen som eigar i selskapet og kva føremålet med engasjementet er. Det skal gjennomførast ein årleg kontroll. Utgangspunktet for kontrollen er å følgje opp økonomisk utvikling og strategi med eigarskapet.

Det kan skiljast mellom generell rapportering og enkeltrapportering. Alle rapportar skal som utgangspunkt til kommunestyret. Kommunestyret kan pålegge kontrollutvalet å utføre ytterlegare kontroll.

3.1. Generell rapportering

Generell rapportering skal leggast fram for kommunestyret kvart år. Kontrollen med økonomiske nøkkeltal og kommentarar skal vere grunnlaget i rapporten. Dette er ein generell rapport som viser status. Kommunestyret kan med bakgrunn i rapporten be administrasjonen utføre vidare kontrollar, jfr punkt 3.2.

I rapporteringa skal det leggast fram liste over alle selskapa som kommunen har eigardel i, Det vert foretatt ei administrativ vurdering av kva selskap som vert analysert med oppfølgjingsmodellen, jfr vedlegg. Selskap av liten verdi eller med liten risiko inngår normalt ikkje i denne analysen.

Grunnlaget for analysen er den økonomiske situasjonen til selskapa basert på årsmelding og årsrekneskap frå offentleg tilgjenglege rapportering. Dersom det gjennom analysen kjem fram særskilde avvik, kan det vere naturleg å ta kontakt med selskapet for nærare avklaring av situasjonen.

3.2 Enkeltrapportering

Kommunestyret kan på bakgrunn av rapporteringa i punkt 3.1, be om at det vert gjennomført eigen utvida rapport for eit enkelt selskap.

4. Representasjon i styre og generalforsamling/representantskap

Generelt:
Ved innstilling av representantar bør det vurderast om det er eit kommersielt selskap eller eit selskap med eit ideelt eller politisk formål. KS anbefalar at ordførar eller rådmann ikkje bør vere medlem av styre. Vidare vert det anbefalt at styremedlemmar i morselskap ikkje bør sitje i styre til dotterselskap.
For å skilje dei ulike rollene bør ein unngå at same person møter i både styret og eigarorganet (generalforsamling og representantskapet).

Styremedlemmar:
Styremedlemmar vert valt av generalforsamling eller representantskapet. KS anbefalar bruk av valnemnd ved val av styremedlemmar.

Følgjande kriterium bør vektleggast ved val av styremedlemmar:

a) kva kompetanse treng selskapet
b) kva erfaring er viktig å få inn i styret
c) tid/kapasitet til å utføre styrevervet
d) mangfald og kjønnsfordeling
e) habilitet

Folkevalde bør registrere alle styreverv i Styrevervregisteret.

Representasjon i generalforsamling/representantsakap
KS har i "anbefaling om eigarskap" anbefalt at komunestyret oppnemner sentrale folkevalde som eigarrepresentantar i generalforsamling/representantskapsmøte.
Oppnemning av sentrale folkevalde til eigarorgan vil bidra til å forenkle samhandling og kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorganet.

Ved val av eigarrepresentantar bør ein vurdere om ein fast folkevald (t.d ordførar) gjennomgåande skal vere kommunen sin representant.

5. Opplæring og oppfølging

5.1 Opplæring

Representantar i styre, representantskap og generalforsamlingar, skal få tilbod om opplæring i starten av ny kommunestyreperiode. I opplæringa skal ein spesielt legge vekt på:

- informere om rettar og plikter representanten tek på seg ved å la seg velje til vervet
- la representanten få innsikt i kva ansvar han/ho kan pådra seg
- orientere om kven ein skal vere lojal overfor som vald representant. I dette ligg å skilje mellom verv der ein skal representere kommunen som eigar og styreverv der ein har ansvar overfor generalforsamlinga/representantskapet og selskapet
- informere om korleis eit selskap er organisert, forskjellen mellom generalforsamling og styre
- få generell opplæring i styrearbeid

Denne opplæringa kan med fordel gjennomførast felles for fleire kommunar.

5.2. Oppfølging

Representantane kan be kommuneadministrasjonen om å få utlevert offentleg dokumentasjon som kommunen har om:

- formålet med kommunen sitt engasjement i selskapet
- eventuelle strategiar for eigarskapet
- vedtak i kommunen om forhold som gjeld selskapet
- økonomiske vurderingar som administrasjonen har gjort mot selskapet
- anna relevant informasjon som kan vere viktig for representanten for å kunne utøve vervet

Dei valde representantane skal gjerast kjende med at dei kan nytte den kommunale administrasjonen som støttespelar i utøvinga av vervet dei er valde til å ivareta.

6. Løpande dialog med eigarrepresentantane

Representantane som møter på representantskap og generalforsamling, skal representere kommunen og følgje dei vedtaka som kommunen har gjort enten dette gjeld:

- eit konkret politisk vedtak som gjeld ei spesiell sak som skal til behandling i selskapet
- generelle føringar som gjeld selskapet eller som framgår av grunngjevinga for at kommunen oppretta eller engasjerte seg i selskapet
- generelle retningsliner i kommunen sin eigarskapspolitikk.

Representantane må på eige sjølvstendig initiativ løpande vurdere om:

- saker til handsaming skal drøftast med kommunen på førehand.
- saker som gjeld vedtektsendring, bør leggast fram for kommunen på førehand.

- opplysningar som dei blir kjende med ved utøving av vervet, skal tilbakerapporterast eller vurderast av kommunen,
- ein ynskjer å ha med seg representantar frå administrasjonen til generalforsamling/representantskap

Handsaming:

Fride Sortehaug reiste spørsmål om habilitet. Ho er instruktør i symjegruppa, jf. fvl § 6, 2. ledd. Fride Sortehaug tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:
Fride Sortehaug vart samrøystes kjent habil.

Fride Sortehaug tok sete.

Anders Egil Straume, KrF, kom med slikt framlegg:

Under punkt 1. 100000.- (ellers som det står)

Røysting:
Det vart røysta alternativ mellom framlegget frå Ander Egil Straume og tilrådinga frå administrasjonen. Framlegget frå Anders Egil Straume fekk fire røyster (Anders Egil Straume, Margrete Bjerkvik, Odd Harald Sundal og Fride Sortehaug) og fall, fem røysta imot.

Tilråding i formannskapet - 06.09.2016 til kommunestyret:

1. ***Kommunestyre godkjenner at VTI symjegruppa får eit tilskot på kr 50.000 pr år, under føresetnad av at grunnskulelevane i Volda kommune får gratis inngang på folkebadinga.***

2. ***Ordninga gjeld frå budsjettåret 2017, og skal evaluerast etter eitt år. Tiltaket vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.***

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2016/731
		Arkivkode:	C21

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
151/16	Formannskapet	06.09.2016
114/16	Kommunestyret	29.09.2016

VTI-SYMJEGRUPPA - LEIGE AV SYMJEHALLEN I VOLDA - FOLKEBADINGA

Administrasjonen si tilråding:

1. **Kommunestyre godkjenner at VTI symjegruppa får eit tilskot på kr 50.000 pr år, under føresetnad av at grunnskulelevane i Volda kommune får gratis inngang på folkebadinga.**

2. **Ordninga gjeld frå budsjettåret 2017, og skal evaluerast etter eitt år. Tiltaket vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.**

Vedleggsliste:
Vedrørande leige av symjehallen i Volda, datert 28. april 2016
Søknad om stønad til leige av symjebassenget for VTI symjegruppa, datert 11. mai 2016

Samandrag av saka:
VTI symjegruppa fekk hausten 2015 ei prisauke på 40% for leige av symjehallen i Volda. Årleg leige er no 225.000 kr. Dei har forhandla med framleigar (Høgskulen) om å få redusert leigesummen, men har ikkje nådd fram. Dei ber både om økonomisk støtte frå Volda kommune og om at kommunen forhandlar fram ein leigeavtale for symjegruppa.

Saksopplysningar:
VTI symjegruppa har tatt kontakt med Volda kommune ang økonomien til symjegruppa og dei konsekvensar det kan få for folkebadinga. Det er symjegruppa som driftar folkebadinga, som er det einaste offentlege halltilbodet i Volda for symjing og leik i vatn. I tillegg driv symjegruppa med konkurransesymjing og symjeopplæring i form av kurs som «Vill i vann» og «Trygg i vann». Desse kursa har årleg om lag 250 deltakarar.

Budsjettet for VTI symjegruppa si folkebading i 2016 viser at det ligg an til eit lite overskot:

Antal	Budsj oms	Husleige	Adm.kost*	Overskot**	Pr arr.
87	Kr 65.000,-	Kr 50.000,-	Kr 6.500,-	Kr 8.500,-	Kr 97,70

***)** Andel rekneskap, forsikringar, avskriving, annonsering, andre driftskostnader
****) Ekskl. innleige av livreddar når naudsynt/dugnadslista ikkje strekk til.

VTI symjegruppa skriv at folkebadinga berre gir knapt 100 kr i inntekt pr gong – samtidig som folkebadinga representerer om lag 7 % av omsetninga, og bandlegg 80-90% av dugnadsaktiviteten. Symjegruppa brukar mykje ressursar for å drifte folkebadinga, og styret meiner at folkebadinga ikkje lengre er berekraftig økonomisk sett pga prisauken på leige av bassenget. Ei framhald av dagens tilbod om folkebading, vil gå ut over dei andre tilboda som VTI symjegruppa har. Styret går derfor inn for å avvikle folkebadinga i si noverande form og under dei gjeldande vilkåra.

Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen har VTI symjegruppa søkt om følgjande støtte frå Volda kommune:

1. «Volda kommune subsidierar 60% av VTI symjegruppa si bassengleige, som ved historisk/planlagd aktivitetsnivå og gjeldande leigeprisar,-tilsvarar pt ca 150.000 kr årleg. Beløpet inkluderer stønad til bassengleige for folkebadinga og all vår kursaktivitet,- herunder også barnehagar, skular, minoritetsspråklege med vidare.
2. Volda kommune forhandlar timesatsar med utleigarar. Volda kommune står som leigetakar for all vår bassengtid, også i varmtvassbasseng, og VTI symjegruppa svarar leige til Volda kommune.
3. VTI symjegruppa avtalar/tingar bassengtider direkte med utleigarar.
4. Avtalen må vere løpande.»

Dersom Volda kommune gir et årleg tilskot på 50.000 kr til VTI-symjegruppa, så dekkjer det symjegruppa sine leigeutgifter til folkebadinga. Føresetnaden er at grunnskuleelevane i kommunen får gratis inngang til folkebadinga, for på den måten å styrke symjeopplæringa til barn i grunnskulealder.

VTI symjegruppa ber også om at Volda kommune forhandlar timesatsar og at Volda kommune står som leigetakar for symjegruppa si bassengtid, som igjen skal svare leige til Volda kommune. Volda kommune har ikkje ressursar til å gå inn å forhandle leigepris for idrettslag, og om kommunen gjorde det, så ville det skape presedens for andre lag og organisasjonar i Volda kommune.

Vurdering og konklusjon:
Folkebadinga er viktig i eit folkehelseperspektiv som er det førande prinsippet i den samfunnsdelen i kommuneplanen som nettopp er vedteken. Dette er eit tilbod som det er viktig å oppretthalde. Folkebading er eit viktig fellestiltak som er i samfunnet si interesse, og som det er naturleg at kommunen bidreg til å tilretteleggje for. Dersom grunnskuleelevane i kommunen får gratis inngang på folkebadinga, så vil det gje dei gode moglegheiter til mengdetrening og til å utvikle symjeferdigheitene sine.

Rådmannen rår ikkje til at Volda kommune skal forhandle fram avtale om timesatsar for leige av basseng med Høgskulen i Volda.

Helse og miljøkonsekvensar:
Folkebadinga er eit viktig folkehelsetiltak. Det er eit lågterskeltilbod, og ein viktig del av symjeopplæringa i Volda.

Økonomiske konsekvensar:
Det må innarbeidast 50.000 kr til VTI symjegruppa i budsjettet for 2017

Beredskapsmessige konsekvensar:
Tilrettelegging for symjeopplæring vil førebyggje mot ulykker i vatn.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
VTI symjegruppa
Økonomisjefen, her
Oppvekstsjefen, her
Høgskulen i Volda

Volda kommune
Att.: Ordførar Jørgen Amdam
Stormyra 2, 6100 Volda

Volda 28.04.2016

Vedgåande leige av Symjehallen i Volda

VTI-Symjegruppa, *«den vesle klubben med det store hjartet»,* fikk hausten 2015 bråtт ei prisauke på 40% for leige av symjehallen i Volda. Årleg leige vert no ca. kr. 225.000,-.
Vi har sjølvsagt prøvd fohandling med framleigar, men utan særleg resultat. Modalaust.

I tillegg til aktive/konkurransesymjarar driv vi også symjeopplæring i stort mon.
Kurs som «Vill i vann» og «Trygg i vann» er ein *viktig* del av arbeidet vårt.
Ei livslang livreddande ferdigheit som *for* mange manglar, - spesielt våre nye landsmenn.
Heldigvis er dei godt representerte på kursa våre.
Eit viktig samfunnsoppdrag med ca. 250 deltakarar årleg!

«Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen (H) poengterer overfor TV 2 at «alle barn skal lære seg å svømme» – og at det er det kommunenes oppgave å sørge for. Det betyr i praksis at alle barn skal beherske dykking, 200 meter svømming og livredding. Fra og med neste år innfører regjeringen og støttepartiene Kristelig Folkeparti og Venstre derfor ferdighetstester for å avdekke hvilke kommuner som ikke gir sine elever god nok svømmeopplæring. Det er veldig foruroligende når vi får tall som viser at norske barn i en del undersøkelser er blant de dårligste svømmerne i Europa, sier Isaksen». (NTB 24.04.2016)

Stor utgiftsauke gjer at vi må snu kvar stein. VTI-Symjegruppa driftar også folkebadinga.
Einaste offentlege halltilbodet i Volda for symjing og leik i vatn.
Slik det har vorte, er folkebadinga ein av aktivitetane vi må vurdere.
Den er dessverre ikkje bærekraftig.
Strenge krav gir ein evig rekrutteringskamp av vakter generelt og livreddarar spesielt.
Mykje administrasjon og over 400 dugnadstimar går med for å gi bygda «folkebading», - og oss eit års-overskot lik *ein* knapp «laurdagstombola»/eit par-tre støtteannonser.

FOLKEBADINGA 2016 - VTI-SYMJEGRUPPA

ANTAL	BUDSJ OMS	HUSLEIGE	ADM KOST *	OVERSKOT **	PR ARR
87	kr 65 000,00	kr 50 000,00	kr 6 500,00	kr 8 500,00	kr 97,70

**) Andel rekneskap, forsikringar, avskriving, annonsering, andre driftskostnader...*
***) Ekskl. innleige av livreddar når naudsynt/dugnadslista ikkje strekk til.*

Folkebadinga representerer ca 7% av vår omsetning og bandlegg 80-90% dugnadskapsitet.

Resursbruken for å drifte folkebadinga er *for* stor i høve inntekt (kost/nytte). Som de ser, sit vi att med ein liten 100-lapp pr. gong. Eit ansvarleg styre må tenkje omdisponering av sine få frivillige/føresette under gjeldande vilkår. Vi berre *må* nytte resursane i ei meir inntekts-givande retning slik utgiftene våre har auka.

Alle «må-tinga» er alt reduserte til eit minimum og «bør-tinga» lagde på vent. Likevel går 2016 mot underskot om vi ikkje tek grep. Ein vond spiral.

«Om ikkje einaste (?), så i alle fall ein av ytterst få klubbar under VTI-paraplyen som ikkje har ei eller anna form for arena-subsidiering».

Vi er ei lita brikke i ein tøff sponsormarknad. Dei «store» fer med det meste. Vi jobbar likevel kontinuerleg og har nokre gode hjelparar. Vi tenkjer at det alltid er meir å hente, - men pengar kjem ikkje dalande i desse tider.

Det vert eit stort nederlag for oss, publikum og Volda om vi t.d. må avvikle eit så viktig folkehelsetilbod som folkebadinga.

Som sagt, vi snur kvar stein og stiller spørmålet:
Finns det midlar i kommunen og/eller midlar de kjenner til som t.d. kan kallast tilskot til folkebadinga og/eller generelt tilskot til leige av symjehall eller...?.

Skal vi halde noverande aktivitet med noverande utgifter, trengs hjelp.
Vår kontaktperson vil snarleg, - med von om konstruktiv dialog, - ta kontakt for eit møte.

Kom oss gjerne i forkjøpet med forslag til evt. møtetidspunkt.

Grep i høve folkebadinga er dessverre hastesak, - «tida og vegen».

Kontaktperson: Jon Heltne
E-post: joingval@gmail.com
Tlf.: 485 07 430

Mvh
Styret i VTI-Symjegruppa
Janette Kobbevik Mikalsen - Leiar,
Matz Åsebø - Nestleiar,
Kjell Frode Løvland - Kasserar,
Marte Beate Nerhus - Sekretær,
Heidi Myhre - Medlem,
Jon Heltne -Medlem



Kopi: Jorand

Volda kommune
Postmottak
Stormyra 2 – 6100 Volda

Volda 11.05.2016

Søknad om stønad til leige av symjebasseng for VTI – Symjegruppa

Syner til brev av 28.04.2016 (sjå vedlegg) og møte med Volda kommune 06.05.2016.
Tilstades i møtet for Volda Kommune: Jørgen Amdam – ordførar. **For VTI-Symjegruppa**: Janette Kobbevik Mikalsen – leiar, Anne Britt Åmbø Hallaråker – kursansvarleg, Jon Heltne – styremedlem.

Som det kjem fram i brev av 27.04., driv vi i tillegg til konkurransesymjing, - utstrakt symjeopplæring og drifting av folkebadinga.

Etter å ha fått monaleg auka bassengleige, må vi som ansvarleg styre ta grep. Folkebadinga, einaste offentlege tilbodet i Volda, er dessverre den mest resurskrevjande aktiviteten vår, og utan økonomisk oppside (ref. vedlegg).

Styret går inn for å avvikle folkebadinga i si noverande form under gjeldande vilkår. Prisauken har også gitt oss ei stor utfordring med å kunne oppretthalde øvrig aktivitet.

Med bakgrunn i økonomisk situasjon, søkjer vi Volda kommune om stønad til bassengleige slik:

1. *Volda kommue subsidierar 60% av VTI-Symjegruppa si bassengleige, som ved historisk/planlagd aktivitetsnivå og gjeldande leigeprisar, - tilsvarar pt. ca. kr. 150.000,- årleg. Beløpet inkluderar stønad til bassengleige for folkebadinga og all vår kursaktivitet, - herunder også barnehagar, skular, minoritetsspråklege med vidare…*
2. *Volda kommune forhandlar timesatsar med utleigarar. Volda kommune står som leigetakar for all vår bassengtid, også i «varmtvass, - og VTI-Symjegruppa svarar leige til Volda kommune.*
3. *VTI-Symjegruppa avtaler/tingar bassengtider direkte med utleigarar.*
4. *Avtalen må vere løpande.*

Kronebeløpet bør verte lågare enn stipulert ved å inkludere stor-kundefordelane Volda kommune har ved forhandling av timesatsar. Kan og skyte inn at vi kjenner symjeklubbar der vertskommunen ser symjeopplæringa som så viktig og livreddande at dei subsidierar bassengleige 100%..

Vår målsetjing er at Volda kommune, i samarbeid med VTI-Symjegruppa, skal vere ei føregangskommune der symjeopplæring er sterkt prioritert og av høg kvalitet. Vi kan med vår erfaring, kompetanse og betra vilkår, løyse og organisere ein endå større del av symjeopplæringa. «VINN, VINN».

Vi er er langt på veg med plan for haust 2016, der mellom anna folkebadinga er eit springange punkt - og ein vesentleg del i vår dugnadskabal. **Prisgitt rask handsaming.**

På vegne av
Styret i VTI-Symjegruppa

Jon Heltne – styremedlem

Kopi: ordførar Jørgen Amdam

Volda Kommune
Postmottak
Stormyra 2 – 6100 Volda

Volda 09.09.2016

Folkebadinga

Vi har motteke administrasjonen si tilråding i høve sak nr.: 2016/731 – VTI-symjegruppa – leige av symjehallen i Volda – Folkebadinga. Skashandsamar Inger-Johanne Johnsen.

Med bakgrunn i tilnærma inga økonomisk oppside og særs stor dugnadsinnsats tok symjegruppa skiftleg kontakt den 28.04. 2016 med Volda kommune der vi mellom anna ba om eit møte.
06.05. 2016 møtte representantar for styret i symjegruppa ordførar Jørgen Amdam. Agenda stønad for vidare drifting av folkebadinga og søknad datert 11.05. 2016 vart sendt.

Tilbodet frå administrasjonen seier årelg stønad på kr. 50.000,- for å dekkje husleige for folkebadinga. Vidare at grunnskule-elevar får gratis inngang. Eit godt insitament for å få fleire trygge i vatn, for all del, men økonomisk er VTI-symjegruppa like langt eller knapt nok det.

På den eine sida har vi fått signal om at rabatten vi har i høve husleige fell bort og gir oss ytterlegare utgiftsauke. På den andre sida vil gratis-bading for grunnskuleelevar gi for stort inntektstap. Varsamt rekna er 80% av vår omsetning barnebillettar. Sist folkebading t.d., vart det omsett for ca. kr. 650,-, av det 3 vaksnebillettar. Det vil i praksis sei at eit stort korps av frivillige foreldre framleis må stille 100-vis av dugnadstimar tilnærma gratis/utan inntekt til klubben.

Dersom vi ikkje kan ta betalt også for born og ikkje ser eit større engasjement frå kommunen, vil folkebadinga verte lagd ned.
Vi må, - som sagt tidlegare, - sjå etter inntektskilder/måtar å nytte personresursane våre på for å kunne oppretthalde den store helseforbyggjande og livreddande aktiviteten vi driv. Fokebadinga MÅ vere ein inntektsgivande aktivitet om skal den halde fram.

Etter møtet vi hadde den……. purre vi framdrift høveleg i ettertid og var tyedelege på at det hasta med tanke på planlegging av ny sesong. Med utgangspunkt tilbakemelding først 31.08.16, er folkebading onsdagane allereie kutta til fordel for kursverksemd. Skal vi ta oppatt onsdagen må kommunen evt. finne ny halltid for kursa som går.

Slik utsiktene er kan vi ikkje gå for anna løysing enn at kommunen må dekke til ei kvar tid reell husleige for folkebadinga. Dette vil også måtte gjelde for haust-sesongen 2016 - og vi må ha høve til å ta betalt for born i storeleik kr. 30,- mot før kr. 50,-.
Eit anna moment i høve gratis inngang for born er om vi kjem opp i eit uhandterleg antal og må vise bort vaksne symjarar/trimmarar.

Det er med tungt hjarte, men utan skissert engasjement frå Volda kommune vert folkebadinga lagd ned i si heilheit.

For styret i VTI-symjegruppa

……..

Kopi ordførar Jørgen Amdam

Handsaming:

Hild Våge kom med framlegg om *ordførar* som representant i vassregionutvalet.
Håvard Festø kom med framlegg om *varaordførar* som vararepresentant.

Røysting:
Tilrådinga frå administrasjonen med framlegga frå Hild Våge og Håvard Festø vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Valnemnda - 15.09.2016 til kommunestyret:

Som representant i vassregionutvalet vert ordførar vald
Som vararepresentant i vassregionutvalet vert varaordførar vald.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2015/1850
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/16	Valnemnda	15.09.2016
115/16	Kommunestyret	29.09.2016

VAL AV POLITISK REPRESENTANT I VASSREGIONUTVALET

Administrasjonen si tilråding:
Som representant i vassregionutvalet vert ..... vald
Som vararepresentant i vassregionutvalet vert ..... vald.

Vedleggsliste:
Brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune: politiske representantar i vassregionutvalet, datert 8. juli 2016

Saksopplysningar:
Møre og Romsdal vassregion er delt inn i fem vassområde: Nordre Nordmøre, søre Nordmøre, Romsdal, nordre Sunnmøre og søre Sunnmøre. Kvart vassområde vil ha eit eige vasområdeutval. Det skal veljast ein politisk leiar frå ein kommune til leiar for kvar av dei 5 vassområdeutvala.

Etter vassforskrifta §22 og plan- og bygningsloven § 3-2 har kommunen ein rett og plikt til å delta i det regionale vassregionutvalet. Det er og viktig for å ivareta lokale interesser og politisk forankring. Møre og Romsdal fylkeskommune ber derfor alle kommunar om å oppnemne ein politisk representant og ein vararepresentant til vassregionutvalet i Møre og Romsdal. Desse vil og representere kommunane i dei respektive vassområdeutvala.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Melding om vedtak til Møre og Romsdal fylkeskommune, postboks 2500, 6404 Molde

Handsaming:

Magnar Sunde kom med framlegg om *Grethe Matland Olsen* som meddommar i Frostating lagmannsrett.

Røysting:
Framlegget frå Magnar Sunde vart samrøystes vedteke.

Roald Espset kom med framlegg om *Egil Berg* som meddommar i Tingretten.
Magnar Sunde kom med framlegg om *Per Torheim* som meddommar i Tingretten.

Røysting:
Tilrådinga frå administrasjonen med framlegga frå Roald Espset og Magnar Sunde vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Valnemnda - 15.09.2016

Som meddommar til Frostating lagmannsrett blir Grethe Matland Olsen valt.
Som medlem i tingretten blir Egil Berg og Per Torheim valt.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2015/2353
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/16	Valnemnda	15.09.2016
116/16	Kommunestyret	29.09.2016

LAGRETTEMEDLEMMER OG MEDDOMMERE FOR PERIODEN 2017-2020

Administrasjonen si tilråding:
Som meddommar til Frostating lagmannsrett blir …..… valt.
Som medlem i tingretten blir ……. og …….. valt.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Saksopplysningar:
På grunn av ein feil må det veljast eit nytt medlem når det gjeld meddommar til Frostating lagmannsrett slik at det totalt blir ni kvinner, og to nye medlemmer når det gjeld Tingretten, slik at det totalt blir 30 menn.

Dei som allereie er valt, er:

Meddommarar – Frostating lagmannsrett - Kvinner

1.	*Wiwi Ann J. Koppen*	*1966*
2.	*Tove Nilsen Løset*	*1966*
3.	*Vigdis Støylen*	*1949*
4.	*Maria Terese Sundal*	*1968*
5.	*Magnhild Eikenes Kile*	*1958*
6.	*Runa Bakke*	*1961*
7.	*Annlaug Stokke*	*1962*

8.	*Gunvor Bergem Lia*	*1966*
9.	*……..*	

Meddommarar – Tingretten – Menn:

1.	*Ståle Hansen*	*1956*
2.	*Ola Rangsæter*	*1967*
3.	*Ola Svein Sætre*	*1952*
4.	*Randulf Reite*	*1962*
5.	*Rune Kiperberg*	*1962*
6.	*Jon Petter Lied*	*1959*
7.	*Kjell Tore Aarstad*	*1958*
8.	*Per Johan Ramsli*	*1967*
9.	*Frank Vatne*	*1972*
10.	*Audun Kristian Høidal*	*1974*
11.	*Rune Aasen*	*1963*
12.	*Asbjørn Tore Humberset*	*1970*
13.	*Espen Stray Helle*	*1981*
14.	*Odd Stenvåg*	
15.	*Egil Høydal*	*1966*
16.	*Ivar Arne Lid*	*1975*
17.	*Svein Bjerkvik*	*1958*
18.	*Dag Ragnar Sætre*	*1957*
19.	*Lars Arne Muren*	*1967*
20.	*Atle Svellingen*	*1958*
21.	*Ulf Kristiansen*	*1963*
22.	*Egil Reite*	*1959*
23.	*Roar Berg*	*1943*
24.	*Børge Berg*	*1976*
25.	*Petter Haugen*	*1968*
26.	*Edvin Dale*	*1975*
27.	*Rolf Lillerovde*	*1958*
28.	*Robert Steinnes*	*1974*
29.	*……..*	
30.	*……..*	

Lagrettemedlemmar og meddommarar i lagmannsretten, tingretten og jordskifteretten vert valt for perioden 1.1.2017 til 31.12.2020. Krav til den som skal veljast er nedfelt i domsstollova §§ 70-72. Mellom anna må ein ha tilstrekkeleg norskkunnskap, vere personleg eigna for oppgåva og ha plettfri vandel. Nedre aldersgrense for å kunne veljast er 21 år og øvre er 70 år ved periodestart, dette betyr at dei som veljast må være født etter 31. desember 1946 og før 1. januar 1996. I tillegg må den som skal veljast ha stått i folkeregisteret i minst 3 år. Domstoladministrasjonen ber kommunane sørgje for at meddommarane vert representert i høve til innbyggarane i kommunen når det gjeld alder, etnisk bakgrunn og kultur.

I samsvar med skriv frå Frostating lagmannsrett, skal det veljast 18 lekdommarar, som skal gjere teneste som lagrettemedlemmer/meddommarar til lagmannsretten. Det skal vere like mange kvinner som menn i utvalet. Det er mest aktuelt for lekdommarane å gjere teneste i straffesaker, men også i nokre sivile saker. Dei fleste sakene vert handsama i løpet av ein til tre dagar, nokre saker kan vare i ei eller fleire veker. Frostating lagmannsrett ber kommunane

om at ein bør forsøke å unngå belastning eit val vil føre med seg, for personar som av ulike årsaker, antakeleg ofte vil finne det umulig å gjere teneste.

Søre Sunnmøre tingrett treng 60 meddommarar frå Volda kommune. Det skal soleis veljast 30 kvinner og 30 menn.

Ingen kan veljast som meddommar til både tingretten og lagmannsretten, jf. domstollova § 68, 3. ledd. Lagrettemedlemmer og andre meddommarar er ikkje fritekne for val til jordskifteutvalet.

Vurdering og konklusjon:
Det må veljast ei ny kvinne til Frostating lagmannsrett og 2 menn som meddommar i tingretten.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ingen
Økonomiske konsekvensar:
Ingen
Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Servicekontoret for vidare arbeid

Handsaming:

Åshild Vik kom med framlegg om *Anne Natvig* som nytt medlem i driftsstyret og *Anne Natvig* som vara for fadder i ungdomsrådet.

Hild Våge kom med framlegg om at 1. vara i driftsstyret, *Inghild Liv Remøy,* gjekk inn på fast plass, varalista rykte opp og at *Anne Natvig* gjekk inn på 8. varaplass.

Åshild Vik trekte framlegget sitt vedk. pkt. 2.

Røysting:
Pkt. 1 og 2 i tilrådinga med tillegget frå Hild Våge vart samrøystes vedteke.
Pkt. 3 i tilrådinga med tillegget frå Åshild Vik vart samrøystes vedteke.

Hild Våge kom med framlegg om å utsetje handsaming av pkt. 4.

Røysting:
Framlegget frå Hild Våge vart samrøystes vedteke.

Etter at møtet var heva opna valnemnda møtet att og tok oppatt sak 11/16 til vidare handsaming.

Arild Iversen kom med framlegg om *Åshild Vik* som ny vara for kommunal representant i Fairtrade.

Røysting:
Framlegget frå Arild Iversen vart samrøystes vedteke.

Tilrådinging i Valnemnda - 15.09.2016 til kommunestyret:

1. **Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får permisjon frå sine politiske verv medan ho studerer i Trondheim.**
2. **Som nytt medlem i driftsstyret blir Inghild Liv Remøy valt. Som ny åttande vara vert Anne Natvig valt.**
3. **Som ny vara for fadder i ungdomsrådet blir Anne Natvig valt.**
4. **Som ny vara for kommunal representant i Fairtrade vert Åshild Vik valt.**

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Unni Strand	Arkivsak nr.:	2016/1281
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/16	Valnemnda	15.09.2016
117/16	Kommunestyret	29.09.2016

MATHILDE M. SJØHELLE EIKSUND - PERMISJON FRÅ POLITISK VERV

Administrasjonen si tilråding:

1. **Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får permisjon frå sine politiske verv medan ho studerer i Trondheim.**
2. **Som nytt medlem i driftsstyret blir ….. valt.**
3. **Som ny vara for fadder i ungdomsrådet blir…. valt.**
4. **Som ny vara for kommunal representant i Fairtrade vert …… valt.**

Vedleggsliste:
Oversikt over medlemer og varamedlemer i driftsstyret

Uprenta saksvedlegg:
Søknad om permisjon datert 26.07.16

Saksopplysningar:
I brev datert 26.07.16 søkjer Mathilde M. Sjøhelle Eiksund om permisjon frå vervet sitt som representant for Venstre i driftsstyret i Volda kommune. Ho skriv:

«Eg vil søke permisjon frå vervet mitt som representant for Venstre i Driftstyret i Volda kommune. I haust flytter eg frå Volda for å studere ved NTNU i Trondheim. Studiet går over tre år, og det blir derfor vanskelig å leggje inn den innsatsen som trengst i Driftstyret. Eg håper dette er i orden og at nokon kan ta over plassen min.»

I følgje kommunelova § 15, 2. ledd, kan *«kommunestyret etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikkje utan uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet»*

Av kommentarane til kommunelova § 15, 2. ledd, går det fram at fritaksgrunnen i første rekke må vere at arbeidsforhold, helsetilstand eller andre velferdsgrunnar for søkjaren, gjer at det vert ekstra byrdefullt å oppfylle pliktene som vervet medfører. Avgjerda vert såleis skjønnsmessig.

Eg legg til grunn at ho som student ikkje melder flytting frå Volda.

Suppleringsval skal skje frå den same gruppa som den som trer ut (jf. kommunelova § 16 nr 3), i dette tilfellet gjeld det senterpartiet, arbeiderpartiet, sosialistisk venstreparti og venstre si gruppe i driftsstyret.

Prinsippet om kjønnsmessig representasjon gjeld òg ved *utskifting* av medlemmer i driftsstyret i valperioden, jf. Kommunelova § 16 nr 3. Den nye medlemen skal kome frå det kjønn som er underrepresentert, dersom ikkje begge kjønn vil vere likt representert med minst 40 % etter utskiftinga. Reglane om kjønnsmessig representasjon skal føljast så langt det er mogleg (jfr. rundskriv H-4/11 frå Kommunal- og regionaldepartementet).

Åshild Vik er fadder i ungdomsrådet, medan Anne Natvig er kommunal representant i Fairtrade, medan Mathilde Sjøhelle Eiksund har vore valt som vara i desse to utvala.

Vurdering og konklusjon:
Mathilde M Sjøhelle Eiksund får innvilga sin søknad om permisjon frå sine kommunale verv så lenge ho studerer i Trondheim.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Mathilde M. Sjøhelle Eiksund
Den/dei som blir valde

DRIFTSSTYRET i Volda kommune 2015-2019 (oppdatert 13.11.15.bkk)

Tlf.privat	Tlf.Arbeid	Representantar	Vararepresentantar	Tlf.privat	Tlf.Arbeid
		SP, AP,SV OG V			
91313572	-	Rebekka Riise Bjerknes leiar (SP)	1. Inghild Liv Remøy	41429102	70075360
91569596	91883098	Hild Våge (AP) n.leiar	2. Anne Lise Fredly	90772345	
40568613	70074220	Uthman Abu Harbid (AP)	3. Dag Aarflot	99698046	
48350262		Alf Jakobsen	4. Idar Andrè Flo V	95762762	
90179559		Mathilde Eiksund	5. Janne Heggvoll	94276996	70075262
			6. Kaspar Selvik	902 10 891	
			7. Lina Marie Bjørkedal	991 69 926	
			8. Helge Standal	48117302	
		KRF			
90856914		Henning Holsvik	1. Erlend Krumsvik		
70076990 40065317	70078960	Inger Tove Bilsbakk Simonnes	2. Kjell Petter Wiik	90177297	
			3. Alinde Marie Bjørkedal	90799420	70054265
			4. Margaret Theresa R. Kornberg	70050253 40457473	
		FRP			
91185755		Roald A. Espset	1. Jenny Venås	97168634	
			2. Eiliv Halkjelsvik	95932530	
		H			
91318342	70047000	Per Svein Krøvel	1. Ivar Otto Kristiansen	48191348	
			2. Odd Martin Velsvik	70078940 98236760	70055910 98236760

(F/service og kultur/servicekontoret/telefonar

PS 118/16 Orienteringssaker

Orienteringssaker

OS 40/16 Oppsummering frå møte 19.09.16 i styringsgruppa for interkommunalt samarbeid mellom Volda og Ørsta

Oppsummering frå møte 19.09.16 i styringsgruppa for interkommunalt samarbeid mellom Volda og Ørsta

Til stades:

Ørsta kommune: Ordførar Stein Aam, rådmann Wenche Solheim, HTV Fagforbundet Hild Våge

Volda kommune: Ordførar Jørgen Amdam, HTV Fagforbundet Oddbjørg Yksnøy Rangsæter, HTV UDF Sirikit Vågen og rådmann Rune Sjurgard.

1. Generelt om status interkommunalt samarbeid

Positiv utvikling på det interkommunale samarbeidet mellom Volda og Ørsta siste åra. Samanslåing av Volda og Hornindal skaper usikkerheit i Ørsta.

Volda og Ørsta er innstilt på å ha tett samarbeid framover, også med konstellasjonen Volda/Hornindal.

2. Nav

Felles Nav-kontor skal evaluerast, og da med hovudfokus på samarbeidet med andre kommunale tenester.

Avtalen i lokala i Strandgata går ut om ca 1 år. Vil vere behov for Nav-tenester i Volda og på Grodås da det er brukarar som har problem med å kome seg til Ørsta. Det må avklarast kva tenester dette kan vere og korleis dette skal organiserast. Frå Volda si side har det vore snakk om ordningar der ein kan gi lågterskeltilbod.

Rådmennene lagar mandat for evaluering i samarbeid med staten og ser på ev behov for ressursar.

3. PPT

Dagens vertskommuneordning vert oppløyst, og Volda og Ørsta spør andre kommunar om dei kan yte PPT-tenester enten som vertskommune eller gjennom sal av tenester.

4. Barnevern

Hornindal har vendt seg til Volda kommune om å inngå samarbeid om barnevern frå nyttår. Dette må takast opp i kvar samarbeidskommune og utgiftene fordelast slik at fellesutgiftene vert delt på fleire.

5. Landbruk

Landbruket er ei viktig næring og er særleg stor i Hornindal og Ørsta. Det vert vurdert eit prosjekt for å kople landbruk inn mot reiseliv finansiert over regionale utviklingsmidlar. T.d

kan det vurderast om det kan etablerast eit senter på Grodås for næringsutvikling kopla til landbruk, reiseliv og lokale tradisjonar mv.

Landbruk og utmarksnæring har eit potensial i nye Volda/Hornindal og Ørsta. Det kan også vere aktuelt å drøfte samarbeid med Stryn og Stranda. Det vil vere ein fordel om ein kan oppretthalde samarbeidet om landbrukskontoret i Ørsta, og at dette kan vidareutviklast og styrkast i kommunesamanslåingsprosessen med Hornindal.

Det kan vere aktuelt å gjennomføre eit forprosjekt med ein prosjektleiar for å utvikle ideen, "Nye næringar på gamle tufter". Dette vert følgt opp som ledd i samanslåingsprosessen mellom Volda og Hornindal, der ein også kan kople samarbeid mot Ørsta, Stranda og Stryn. Dette vert å kome attende til.

6. Beredsskapsvatn

Ørsta kommune er positive til å gi beredskapsvatn til Volda. Volda kommune avventar attendemelding frå Ørsta kommune for å få avklart utkast til avtale. Wenche tek dette opp med teknisk sektor i Ørsta.

7. Arealplanlegging Furene - Hovden

Dette er eit sentralt område som det kan verte stor pågang på for arealkrevjande service. Behov for overordna infrastruktur for vant, kloakk og vegsystem. Vurdere idekonkurranse om arealbruk. Vidare bør kommunane vurdere samarbeid om ein plan for korleis ein bør drive kommunale serviceområde for dette området.

Kommunane bør vurdere å ta inn felles arealanalyse inn i planstrategien. Volda ber Ørsta ta inn i planstrategien regulering av Torvmyrvegen (jfr kommunestyre-vedtak/budsjettvedtak).

8. Andre tema

VØR: Biogas Møre vil vurdere lokalisering i Volda/Ørsta-området.

Samferdsel: Samferdselspakken med utbygging av Voldatunnell, planlegging av Ørstafjordkryssing og gjennomføring av miljøgate i begge kommunane er viktig å få felles oppslutning om. Ørsta vil krevje at det skal oppstartast kommunedelplan for traseen for Ørstafjordkryssinga, og at dette inngår i samferdselspakken.

Flyplassen: Kommersialisering av Osloruta har medført auka prisar og redusert bruk av flyplassen. Flyplassgruppa arbeider med å skaffe dokumentasjon og påverke i saka.

Heimetenester: Det er behov for å utvikle samarbeid for heimetenester for Austefjord, Bjørke og Hornindal.

Politireforma: Politimesteren skal i løpet av kort tid leggje fram framlegg til struktur. Det er viktig at den politiske leiinga i Volda og Ørsta følgjer med på denne prosessen og syte for at Volda og Ørsta lensmannskontor er sikra framtidig utvikling.

Ref

Rune Sjurgard

Distribusjon:

Nordfjordrådet
Sunnmøre Regionråd
Romsdal Regionråd
ORKidè
Kommunane i Nordfjord
Kommunane på Sunnmøre
Fylkeskommunen i Møre og Romsdal
Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane
Kommunaldepartementet

Workshop Regionreforma

Prosjektrapport

Nordfjordrådet og Sunnmøre Regionråd

Ørsta 7. september 2016

Erlend Krumsvik
Rådgjevar, Sunnmøre Regionråd IKS

Innholdsfortegnelse

Kort oppsummering 3

Arbeidsmetodikk 3

Prosessresultat 4

Styrke og svakheit med dagens fylkesinndeling 4

Muligheiter og Trugslar ved framtidig regionstruktur 5

Dei største utfordrinane knytt til å endre fylkesstrukturen i Norge 8

Vedlegg 1 - Styrke og svakheit med dagens fylkesstruktur 11

Vedlegg 2 – Muligheiter og Trugslar ved valgt scenarie 13

Kort oppsummering

Ordførarar og rådmenn i Nordfjordrådet og Sunnmøre regionråd var samla til felles workshop Regionreforma, på Hotell Ivar Aasen i Ørsta kommune onsdag 7. september 2016. Dette var fyrste gong i begge regionråda si historie at dei samhandlar på ein felles møteplass.

Begge regionråda hadde uavhengig av kvarandre gjort vedtak om å samsnakke med den andre part om Regionreforma. Sunnmøre Regionråd tok på seg arrangementsansvaret, og utarbeide eit arbeidsverktøy for samlinga.

Workshop Regionreforma er eit ønske om å kome til orde i ein viktig samfunnsprosess som angår endra struktur på fylkesnivå. Det kommunale forvaltningsnivået blir direkte omfatta av ei slik endring, og det blir oppfatta som viktig at ein kan kome med innspel til prosessen.

Prosjektrapporten viser klart at begge regionråda, og den akkumulerte oppfatninga til einskilde deltakarar, at Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal bør gå felles inn i ein framtidig ny regionstruktur i Noreg.

Arbeidsmetodikk

Workshop Regionreforma var lagt opp som gruppearbeid, der ein delte inn ordførarane i fire arbeidsgrupper, og rådmennene i tre. På denne måten kan ein samanstille den øvste politiske og administrative haldninga til Regionreforma. Deltakarane frå Nordfjordrådet utgjorde mindretalet i samlinga, så desse vart satt til gruppeleiarar på kvar gruppe, med dobbelstemme i valg av scenariealternativ.

Arbeidsmetodikken var lagt opp som SWOT-analyse, der ein vurderer Styrkar og Svakheiter med dagens fylkesstruktur, og Muligheiter og Trugslar med eit gruppevalt framtidig scenario for Regionreforma.

Etter endt samling vart det sendt ut eit spørjeskjema der deltakarane kunne gi individuelle tilbakemeldingar, eller utdjupe personlige synspunkt.

Det var ingen av deltakarane på samlinga

SWOT-analyse	
Dagens fylkesstruktur	**Valgfritt Scenario** *(30 års-perspektiv)*
• Styrke	• Muligheiter
• Svakheit	• Truslar

Valgfrie scenarier for arbeidsgruppene

Scenario 1
Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir vidareført som i dag
Scenario 2
Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke
Scenario 3
Møre og Romsdal og Nordfjord blir eit nytt fylke
Scenario 4
Sunnmøre og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke
Scenario 5
Sunnmøre og Nordfjord blir eit nytt fylke.
Scenario 6
Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.

som etterlyste andre scenariealternativer, og etter individuelle tilbakemeldingar i spørjeskjema som vart sendt ut til deltakarane etter gjennomført samling var det ein som la fram eit anna scenarie. Dette var Sunnmøre + Sogn og Fjordane + Hordaland. Dette er ein del av Scenario 6. Ein kan ut frå desse tilbakemeldingane slå fast at dei foreslåtte scenaria var relevante og dagsaktuelle for denne målgruppa.

Arbeidsmetodikken gruppa var delt inn i tre steg, lik arbeidsmetodikk for alle fire gruppearbeida. (1) Individuelle notat om moment som er aktuelle, (2) oppføring av individuelle moment på flipoverark, (3) gruppediskusjon, kollektive tilleggsoppføringar, og prioritering av dei tre mest aktuelle momenta som kom fram gjennom gruppearbeidet. På denne måten kom alle til orde, ein fekk samordne innspela, og gjort kollektive val i gruppa.

Prosessresultat

Styrke og svakheit med dagens fylkesinndeling

Denne oppsummeringa er basert på gruppenes skriftlege innspel, jfr. vedlegg 1, samt tankar som kom fram under gruppepresentasjonane på workshopen.

Tabellen nedanfor viser ei samanstilling og aggregert oppsummering av dei tre viktigaste punkta på styrke og svakheit ved dagens fylkesinndeling. Det er fleire moment som har kome fram gjennom gruppearbeidet, men dersom ein ser workshopen i ein heilskap er det desse haldningane som dei samla gruppene har sagt er viktigast.

Aggregert oppsummering av dei tre viktigaste punkta

Styrke	*Svakheit*
• Kjent forvaltningsstruktur • Felles vestlandskultur • God kunnskap og kjennskap til eige fylke • Etablerte og velfungerande nettverk • Fylka legg godt til rette for relevante næringsklynger	• Ikkje konkurransedyktige om statlege arbeidsplassar • For små til å dra nytte av stordriftsfordelar. • Manglar eit sterkt regionsenter • Utfordringar knytt til infrastruktur • Skinndemokrati som hindrar strategisk utvikling • Uhensiktsmessige fylkesgrenser • Manglande heilskap mellom statleg og regional organisering. • Ubalanse i demografisk samansetning

Det er naturleg at ein ser ein styrke i den organisering og struktur som er kjent, gjerne dersom dette blir sett opp mot ein endringsprosess der ein ikkje har endeleg løysing på korleis organisering vil legge til rette for god samhandling. I ein kjent organisasjon er nettverka godt etablerte, og på den måten gir kjennskap mellom ulike forvaltningsaktørar eit velfungerande nettverk. Ein veit korleis ting blir gjort, og ein veit også korleis ting ikkje fungerer like godt – men alle partar har lært seg kompenserande tiltak i ein kvardagsforvaltning. Endring skiftar det kjente inn i skuggane, og ein må

lære seg nye personar og nye arbeidsmåtar. Over tid vil også dette bli til kjente og godt velfungerande nettverk.

Ein faktor som oftast blir tatt lite omsyn til, og som oftast produserer negativ effekt i endringsprosessar, er kjennskap og forståing av kultur. Språk, felles minner, samhandling over tid og emosjonelle faktorar spelar inn på det ein ser som felles. Dersom ein blandar grupper med ulike identitet, er det lett å produsere oppfatningar om «dei» og «oss», om ikkje prosessane får nok tid og fokus til å bygge ny identitet. Kommunereforma har basis i bu- og arbeidsmarknadsregionar då ein ser dette som eit naturleg utgangspunkt for samanslåing. Det vil ikkje skape forundring dersom Regionreforma har felles kultur som tilsvarande førande faktor.

Når ein bevegar seg innanfor kjent kultur og felles identitet er det lett å skape ein fellestankegang, og det «usagte» fungerer til felles beste. Arbeidsgruppene har satt dette på dagsorden, og det kom klart fram at begge regionråda ser seg sjølve innanfor ein «Vestlandskultur». Det som indirekte var sterktast sagt i denne diskusjonen var at Trøndelag ikkje vart diskutert. Særleg Sunnmøringen har vore tydeleg over generasjonar at ein er ein del av Vestlandet, gjerne spissare formulert til Nordvestlandet. Sjølv om nokre statlege føretak har organisert denne regionen inn under Midt-Norge, er dette fortsatt kunstig.

God kjennskap til eige fylke, og god tilrettelegging for næringsklynger, heng godt saman. Det ein føler eit ansvar for, vil eit forvaltningsnivå naturleg legge til rette for. Fylka gjer ein god jobb på dette i dag, og det er viktig å fremje dei positive sidene ved dagens organisering.

Det vart påpeika i workshopen at dagens fylkesgrenser står fram som kunstige, då samfunnet har utvikla seg over tid gjennom betra infrastruktur og større mobilitet. Sidan det i dag ligg til det regionale nivå å ha rolla som ein regional utviklingsaktør, bør denne oppgåva utøvast i ein geografi som dekker dei naturlege områda slik samfunnet elles ser det.

Regionreforma legg opp til fortsatt tre forvaltningsnivå i Noreg, og det står helt klart at dei oppgåvene som i dag ligg til regional nivå står fram som eit «skinndemokrati» i den større samanhengen. Statlege oppgåver må derfor regionaliserast slik at fylkesaktørane kan spele ei aktuell rolle i samfunnsutviklinga. Slik som dagens fylkesinndeling er lagt opp blir dette oppfatta som for lite robust til å ta over fleire oppgåver, og det er for lite potensiale på effektivisering. Regional forvaltning på ligge til hensiktsmessige regionar, der både regional inndeling og statleg inndeling er i samsvar med kvarandre.

Muligheiter og Trugslar ved framtidig regionstruktur

Denne oppsummeringa er basert på gruppenes skriftlege innspel, jfr. vedlegg 2, samt tankar som kom fram under gruppepresentasjonane på workshopen.

Gruppene kunne velge mellom dei seks sceneria som var fremma som forslag til workshopen. Gruppene gav tilbakemelding om at det vart ein diskusjon om val av scenario, men etter ein gjennomgang av prosessen viste det seg at valet sto mellom berre to av desse. Gruppene gjorde slike val:

Gruppeval av scenario

Ordførargruppene	*Rådmannsgruppene*
Scenario 2 Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke **(tre grupper)** Scenario 6 Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. **(ei gruppe)**	Scenario 6 Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. **(alle gruppene)**

Det var ei omforeint haldning i begge regionråda at Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal bør gå saman, eller saman vidare, i Regionreforma. Begge fylka blir oppfatta som for små til å stå åleine, dersom regionstrukturen endrar seg og naboregionane blir større og sterkare.

Innstillinga frå gruppene vart utfordra i ettertid, for å avdekke kva for scenario som den individuelle deltakar var opptatt av. Som det går fram av figuren nedanfor, er det 25% som meiner at scenario 2 – Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke. 37,5% meiner at scenario 6 – Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland er det beste alternativet. Samla er det 62,5% som meiner at Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane naturleg hører saman i ein framtidig regionstruktur. 12,5% gav uttrykk for at fylka bør gå vidare som i dag, medan dei øvrige 25% hadde tankar om andre scenario.



Desse tilbakemeldingane frå dei to regionråda er i tråd med haldninga i Sogn og Fjordane, at det fylket ønsker å gå vidare i regionreforma som eit samla fylke. Derimot står dette i kontrast til haldninga i Møre og Romsdal, der ein ønsker å gå inn i framtida som eit uendra fylke.

I forhold til ønska framtidsscenario var det tydeleg at ein større region står seg sterkare som regional aktør i ein nasjonal samanheng. Regiongrensene kan bli flytta og betre tilpassa den naturlege utviklinga som har blitt skapt over tid. Grensa mellom Nordfjord i sør og Sunnmøre i Nord blir oppfatta som kunstig i dag, særleg etter at Kvivsvegen har blitt opna. Vidare vil også Rovdefjordkryssinga kunne ha ei tilsvarande effekt med å sy saman desse to regionane om ein løftar blikket litt inn i framtida. Arbeidskraftmobiliteten har endra seg i takt med forbetra infrastruktur, og i dag kan ein jobbe i eit fylke og være busett i eit anna. Denne utviklinga ser ein i grenseområda i dag, sjølv om statistikken per i dag er beskjeden.

Vestlandsorienteringa er klart framme gruppediskusjonane, og ein ser i retning mot Bergen og ikkje mot Trondheim. Dette har utgangspunkt i ein kulturell faktor, og dei næringsklyngene som er etablert langs kysten. For deltakarane i desse to regionråda var det unaturleg å sjå mot Trøndelagregionen.

Ønsket om statlege arbeidsplassar er framme i diskusjonen om ein større region, og er i tråd med dei statlege ambisjonane om å restrukturere statlege verksemder til nye regionar. Det blir etterlyst eit sterkare regionsenter enn dei som er etablerte i dag, og eit som gjerne står som motvekt til Bergen og Trondheim. Ålesund blir framheva som eit alternativ, men ikkje utan at ein ser til polysentriske løysingar eller andre desentraliserte strukturar som kjem ein heil ny region til gode.

Tabellane nedanfor er ei oppsummering av dei innspela som gruppene har kome fram til i gruppearbeidet.

Aggregert oppsummering av dei tre viktigaste punkta

Scenario 2: Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke

Muligheiter	*Trugslar*
• Ulogiske grenser blir oppheva og ein kan samle eit folk med felles vestlandskultur. • Utvikle Ålesund som eit sterkt regional senter, som eit alternativ mellom Bergen og Ålesund, samstundes som polysentriske løysingar blir utvikla i den nye regionen. • Representere ein robust nok region til å aksle nytt ansvar og desentralisering av statlege arbeidsplassar og delegasjon av nasjonalt ansvar til regionalt mynde. • Meir robust fagmiljø, og rom for å samordne nødvendig infrastruktur i eit felles område.	• Framleis ein liten region målt i folketal, og samstundes dyr å drive grunna dei topografiske forholda og utfordringar knytt til infrastruktur. • Ein er redd for omkampar på spesialisthelsetenesta, særleg med tanke på lokalisering av sjukehus. • Lenger avstandar blir oppfatta som utfordrande med tanke på nettverk og systemkontakt. • Mulig redusert politisk engasjement, og dårlegare representasjon på Stortinget.

Aggregert oppsummering av dei tre viktigaste punkta

Scenario 6: Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland

Muligheiter	*Trugslar*
• Kan realisere eit kraftsenter i vest, som styrkar næringar knytt til kyst og havrom, utdanning, politikk og relevante samfunnsoppgåver. • En stor nok region til å kunne ta over statlege arbeidsplassar som i dag er lokalisert i Oslo. • Kan få til heilheitstenking i utbygging av infrastruktur lang vestlandskysten. • Kan utvikle ein eigen «Vestlandskultur»	• Lange avstandar og lang reisetid er ei stor utfordring. • Sentraliseringa kan flytte seg frå Oslo til Bergen, utan at dette gir effekt mot resten av regionen. • Lang distanse mellom lokalpolitisk påverknad på regional politikk. • Nye fogderi og mulig utvikling av nye subregionar, interne stridigheiter med utgangspunkt i topografiske forhold.

Lange distansar er ei utfordring i vurderingane av framtidig regioninndeling, og det er knytt utfordringar til den topografien som ligg til kystområda. Fjordar og fjell krev store samfunnsinvesteringar, og grenseendringar vil samle større krav og føringar for statleg prioritering av relevant infrastruktur. I høve scenario 6 vil det kunne bli opp 8-9 timar reisetid i bil frå nordlege utkantar til evt. Bergen som regionsenter. Dette er forhold som vil virke inn på framtidige prioriteringar av statlege infrastrukturinvesteringar. Reisetid på kysten vil stå i konkurranse til reisemengde på Østlandet.

Frå eit overordna perspektiv er det likevel eit ynskjer om endring sett frå perspektivet til kommunal forvaltning. Å vere del av ein større, sterkare og felles kulturell region er uttrykt positivt. Det er også knytt klare forventningar til at denne regionen får tildelt meir ansvar, og omfattande delegert mynde. Kva og korleis er ikkje omhandla, men at meir og nærare politisk ansvar er tydeleg.

Dei største utfordrinane knytt til å endre fylkesstrukturen i Norge

Tilbakemeldingane i dette kapittelet er basert på individuelle tilbakemeldingar frå deltakarane, og ikkje eit resultat av gruppeprosessane. Argumenta som kom fram under dette tema er lista opp slik det er gitt frå deltakarane:

1. Gamalt tankegods. Endringsvilje og-kompetanse. Vilje til å "nullstille" og å finne felles gode løysingar. Senterproblematikk.
2. Vekst i byråkratiet- større avstand - endå mindre legitimitet blant innbyggjarane
3. "Manglande lokalkunnskap blant administrasjon og folkevalde.
4. Fogderistrid"
5. Lokal motstand mot all endring. Også ei utfordring at folk flest er svært lite opptatt av det regionale nivået. For forvaltninga vil det være utfordrande i lang tid og skulle endre på etablerte samarbeidsmønster. Mange nye strukturer skal etablerast og nye nettverk byggast.
6. Sikre at det vert ei oppgåvefordeling og ei utforming som gjer at region vert eit slagkraftig alternativ til Oslo.

7. Oppgåvefordeling
8. Fare for at M og R sprekk hvis vi går saman med Nordfjord.
9. Å få gjennomslag i det lokale politiske miljøet
10. Etablerte nettverk mellom politikk, næringsliv og andre organ kjem i spel. Erkjenning av at Ålesund er den sentrale byregionen og flytting av Fylkesmann embete mm dit, blir også ei utfordring.
11. "At vi er fastgrodd i dei noverande grensene
12. Større regionar krev også større oppgåver og at oppgåver blir overført frå fylkeskommunane til kommunane
13. Kampen mot sentralisering - spesielt direktoratmakta - kan bli eit stort mageplask
14. Noverande regjering vil egentleg ikkje ha regionar - derfor lite energi og ideologi bak arbeidet"
15. Avstand
16. Sentralisering av funksjoner
17. Ubalanse mellom fylka
18. Ett næringsapparat som ikkje gir grunnlag for vekst
19. Fogderistriden kan ta seg opp mellom fylka
20. Befolkningsutviklinga. Felles overordna strategi"
21. Bli enig internt i fylket.
22. Unngå splitting av fogderia
23. Ved nye grenser, kva med Helse Midt, Vegvesenet Midt, fleire andre samarbeidspunkt
24. Nordmøre
25. Kulturforskjellar
26. Mangel på forståing for behovet for endringar
27. Utydeleg frå Regjeringa på kva oppgåver som kan desentraliserast frå stat til nye regionar.
28. Det blir store ulikskapar mellom folkerike regionar og ditriktsregionar.
29. Ved ein stor vestlandsregion vert det langt til utkantane.
30. Dersom ikkje Møre og Romsdal med Nordfjord vert eige fylke bør vi tilhøyre Vestlandet ned til Hordaland. Då må Ålesund få ein delregionstatus som motvekt til Bergen. Det kan verte bra for Sunnmøre."
31. Låste posisjonar i Møre og Romsdal fylkesting. På nasjonalt nivå trur eg det er mindre motstand mot regionaliseringa.
32. Kompetanse er samla i dagens "fylkeshovedstader", og utgjer viktig kompetanse. Det er ikkje berre enkelt å flytte desse oppgåvene til andre nye sentere. Det er heller ikkje ynskjeleg at dette vert samla i ein av dei to store byane Bergen og Trondheim.
33. Møre og Romsdal fylkeskommune
34. Hindre sentralisering og oppretthalde ein desentral tenestestruktur. Utvikle innsikt og kunnskap hos sentraliserte kompetansemiljø om fortrinna heile regionen har
35. At etablerte strukturar blir utfordra.
36. Å skape felles identitet og samhald i heile den nye regionen, inkludert ytterkantane.
37. Demokrati: Vil distrikta/dei minst folkerike områda få like stor innverknad? Eller vil t.d. Bergen styre mykje åleine?
38. Intern sentralisering"
39. Manglande statleg vilje/evne til å overføre makt/mynde
40. Stor og mangslungen underskog (mange og små kommunar slik biletet ser ut i dag)

41. Etablerte revir og tenkesett blir utfordra
42. Organisering av ny region
43. At staten avgir så mykje makt at større fylke/regionar har noko for seg
44. Å verte einige om kva dei nye grensene skal gå, alle har eit ønske om å vere midtpunktet i ein ny region. Ingen ønskjer å vere utkant.
45. Tillit, avstandar, vilje

Totalt 15 av kommentarane overfor tek til orde for manglande ***endringsvilje*** til å få regionreforma gjennomført. Den pre definerte haldninga til Møre og Romsdal fylkeskommune blir nemnt, men argumenta trekk seg vidare ut over denne aktøren åleine. Etablerte nettverk og kjende strukturar blir endra. Dette er i sum gamalt tankegods som har utfordringar knytt til vilje og forståing for endring. Slike haldningar vil som regel ha utfordringar med å finne tilstrekkeleg vekt på argument som legg føringar for strukturendring.

Dei to neste fellesargumenta tek til orde for omfattande ***omstillingskostnadar*** knytt til prosessen, og den tredje tek til orde for usikkerheit knytt til ***statleg deligeringsvilje***. Endring av kultur og arbeidsmåte tek tid å etablere seg, og det kan i nokre samanhengar være skjøre prosessar som kan feile. Dårleg handtering av prosessar vil som regel materialisere seg i fogderi som står mot kvarande i den regionale politikken. Bygging av felles kultur tek tid, og skaping av ulike subkulturar er enkelt. Det er likevel lettare å gjennomføre kulturbygging innanfor ei felles overbygning slik som den omtale «Vestlandskulturen».

Usikkerheit knytt til statleg delegeringsvilje har sitt utspring i at det innleiingsvis før Regionreforma vart tatt til orde for å ha berre to forvaltningsnivå. Er det då knytt tilstrekkeleg statleg vilje og engasjement til å delegere statlege oppgåver til regionalt nivå, og vil det være tilstrekkeleg endringsvilje i statlege selskap til å tilpasse seg dei nye regionane. Dette er usikre moment på dette tidspunkt i prosessen.

Vedlegg 1 - Styrke og svakheit med dagens fylkesstruktur

Direkte avskrift frå gruppearbeidet.

Ordførargruppe 1	
Styrke	**Svakheit**
Eksisterande struktur er kjent Avstander i dag er ok 3. Gode på skule/utdanning (SF) 1. Etablert og organisert – lett å tilføre ressursar & utvikling (nettverk/plan). Regionale avgrensningar gir høve til å bygge nettverk. Nettverk mellom pol./næring (andre institt) godt utvikla/samkjørt Felles utfordring for framtidsutvikling Etablert planverk for mange område/år 2. Sterke byregionar (MR)	1. Fogderistrid – manglar ein bålplass 2. Oss er så få her – manglar nasjonal slagkraft - nabolaget er ein sterk Trøndelagregion - Svak økonomisk vekst - Kvinneunderskot - Fråflytting - Mangel på endringsvilje - Oslomakta veks 3. Manglar innan kommunikasjon (veg/info) - Blir tømt for oppgåver og innhald – Splittelsek.rreform Kommuner som vil til Trøndelag og andre til S&F. - Så lite å gjere at man må finne oppgåver for å vere relevant

Ordførargruppe 2	
Styrke	**Svakheit**
1. Satsing på maritime klynge Nærheit, felles identitet 2. Lokal kjennskap/lokal demokrati Etablert struktur 3. Kjente strukturar/oversiktlig geografisk eining Fylka er grunnlaget for rep. Av distrikta til Stortinget. Alle delar av fylket er i dag rep. Kommunikasjonar i fylket i dag er godt samordna. Betre oversikt over små eininger Ikkje for store avstandar Sterke fagmiljø	1. Ikkje store nok til å ta på seg nye oppgåve, vanskelig å utnytte stordriftsfordelar, vanskeleg å samle seg mot eit felles mål 2. Fylkesgrensene splittar naturlege bu og arbeidsmarknads område 3. ”Folk flest” har ikke eigarskap til Fylkestinget, ikkje samsvar mellom fylkesgrenser og staten sin inndelingar HF SV, Lik samarbeid/duynamikk på tvers av fylkesgrensene.

Ordførargruppe 3	
Styrke	**Svakheit**
1 Funksjonell struktur - Skule, institusjonar (arbeidsplassar), utdanning, helse 2 Transparent og demokratisk - Passeleg storleik, kjennskap til alle deler av fylket, oversiktlig, kort veg til å påverke 3 Identitet/ Vi er vestlendinger /Språk og kultur - felles identitet, historisk rotfesta, stoltheit, kulturbinge,	1 Manglande nasjonal slagkraft, stå i lag om å kjempe - Fogderistrid - Manglande samordning av fylkesgrenser - Manglande vekst på kysten SF - Tradisjon for å konservere 2 Tape attraktivitet, tape i nasjonal sentraliseringsstrend – arbeidsplassar osv. - Demografi: ungdom, kvinner - Store avstander

Ordførargruppe 4	
Styrke	**Svakheit**
1. Kultur/felles historie 2. Nærhet/oversiktlighet 3. Innovative næringsklynger/miljø Natur (opplevelse/næring) Klar regionsinndeling Komp. bygging	1. Fogderi 2. Helhetstenkning, statlege og offentlege sine grense 3. Ubalanse: befolkning og geografi (topografi), økonomi, ulik forvaltningspraksis Manglande kompetanse (sårbare miljø) Næringsapp (Innovasjon)

Rådmannsgruppe 1	
Styrke	**Svakheit**
Kunnskap om fylket Tydeleg stemme utad (MR) Pol.repr. på Stortinget Sikre reg. Kompetansemiljø 1. Nærleik mellom folvaltningsnivå 3. Felles identitet (SF) Oversikteleg geografi/nærleik 2. Desentralisert tenestetilbod/komp.miljø God samhandling (SF) Innovativ næringskultur/dynamisk	1. Svak/ ikkje samlande pol. Påverknad - Manglande samsvar mellom oppgåve/forventa og økonomiske rammevilkår 2. Ubalanse i folketal mellom fylka - Undervurdert som utv.arena av overordna mynde (direktorat makt) 3. FK – skinndemokrati, fylkesgrense hindrar for statlege/reg. Teneste

Rådmannsgruppe 2	
Styrke	**Svakheit**
1 Innarbeidd struktur/god samhandling Godt fungerende Etablert 2 Næringsstruktur/eksport Samhandling plan/strategi Identitetsbærar (SF) 3 Lokalkunnskap	**1.** Befolkningsutvikling: tap av tilbud og tap av attraktivitet Manglande def. Regionssenter med vekstkraft. Grenser samsvarar ikkje med nye kommunikasjonsårer. Sunnmøre sin posisjon i MR samsvarar ikkje med tyngdepunktet. **2.** Fogderi/fogderistrid (MR litt meir): Hemmer god og strategisk utvikling, mangler definert regionssenter med tiltrekkingskraft **3.** Infrastruktur, for få statlege arbeidsplassar, mangler felles overordna strategi

Rådmannsgruppe 3	
Styrke	**Svakheit**
1. Kunnskap og kjennskap om eget fylke: Helseregion 2. Etablert kommunalt nettverk: Kultur Nettverk m/FK og FM – nærheit Kompetansearb.plassar i regionen Motpol til Bergen og Tr.h. 3. Får til mykje, spesielt innan næringsklyngene	1. Fylket er for lite for å derfor taper vi kampen om statlege arb.pl. Ungdom kjem ikkje tilbake etter endt utd. – vond sirkel. 2. For "bastant grense mot Nordfjord": Fylkesgrensa hindrar valfridom knytt til skule og helse. Grensa "hindrar" interkommunalt samarbeid over fylkesgrensa. 3. Fogderistrid, for få oppg. Til FK?

Vedlegg 2 – Muligheiter og Trugslar ved valgt scenarie

Direkte avskrift frå gruppearbeidet.

Ordførargruppe 1 Scenario 2: Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke	
Muligheiter	**Trugslar**
1. Sameina kraft, utviklingsretta sakene (samferdsel og næring osv) 2. Muskla til å få flytta statlege arb.pl. til vårt fylke. Breiare fagmiljø. Styrke regional planlegging td samferdsle/turisme og styrking innan fiskeri og havbruk. 3. "Bålpanna kjem heim". Ålesund blir naturlig nok bykjerna. Meir saft i å samle oss med ein felles folke-kultur. Gode utdanningsinstitusjonar med framtidas grøne/blå næringsliv (marin/maritimt). Og vi får bygge noko nytt – saman!	**1.** Lang distrikt som kan bidra til utkantar som kanskje vil gi fleire fogderi? Man endra fungerande strukturar, avlære – lære på nytt. **2.** Avstand til forvaltning. Avskaling i politisk deltaking? Lang tid på å bli einige om nye strukturar → lammande. **3.** Dyrare drift, infrastruktur? Må vi kjøpe spesialisthelsetilbod? Ny helse og sjukehuskamp? Overdigitalisering? Får vi alle med?

Ordførargruppe 2 Scenario 2: Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke	
Muligheiter	**Trugslar**
1. Større i areal og folketall, kulturlikheit, felles identitet. **2.** Danne ein region mellom Trondheim og Bergen. **3.** Fleire byar, kan motverke sentralisering. Vi har same utfordringar på mange område. Det vil vere muligheiter som å utvikle felles kommunikasjonsløysingar som vil skape ein større arbeidsmarknad.	**1.** Ingenmannsland i mellom. Manglande oppslutning i delar av fylket. Ikkje store nok til at statlege oppgåver vert flytta. Det er i dag ikkje ein naturleg aksle for samhandling **2.** Manglar maktsentral, den bryt opp eksisterande strukturar. **3.** Store avstandar, dårleg infrastruktur.

Ordførargruppe 3 Scenario 2: Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke	
Muligheiter	**Trugslar**
Større gjennomslagskraft. Felles identitet som vi kan bygge på. 1. Bygge en sterk byregion rundt Ålesund, samtidig som vi satsar på polysentrisk samarbeid og distribuerte løysingar – Urbant og ruralt. 2. Bli kvitt ulogiske grenser og tette skott. Samordna infrastruktur 3. Nasjonal attraktivitet – brandbuilde ANALEIS-FYLKET. Utvikle vårt eige konk.fortrinn i kampen mot storbyane!	**1.** Manglande oppg. → MÅ få tilført nye. **2.** Avskaling i nord og sør? **3.** Framleis "små" i folketal? Kan fogderistriden bli forsterka? Eller så kan det danne nye konsellasjonar. Det kan også bli eit "dyrt fylke" i farhald til geografi, fjordar og avstandar – dette krev teknologi og kommunikasjonar.

Ordførargruppe 4 Scenario 6: Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.	
Muligheiter	**Trugslar**
1. Kraftsenter "Vest" innan politikk, utdanning, havrom, næring og reiseliv. **2.** Helhetstenking innan samferd., utdanning/skule og stat/off. Etat. **3.** Kompetanse innan det å beholde den vi har og rekruttere. Det vil vere økt vekst i ein felles fylkesstruktur kor vi kan rekruttere kvinnene tilbake. "Vestlandskultur".	**1.** Sentralisering "Internt": Politisk makt, rekruttering. Tenester, ikkje Oslo -> Bergen. **2.** Avstand (oversiktlighet). Både i administrasjon/politisk og den lokale kunnskapen. **3.** Kultur – er vi virkelig så like? Det kan komme politisk splitting, internt og regionen. Topografi, samme fokus som næringslivet.

Rådmannsgruppe 1 Scenario 6: Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.	
Muligheiter	**Trugslar**
1. Desentralisere statlige oppgaver, en form for motmakt i det som skjer i dag, politisk påvirkning. Styrke internasjonale relasjonar. 2. Kjøttvekt/pol.påverknad, næringslivs synargiar og vidareutvikle felles kultur. 3. Komplementert samfunn, styrke forskingsmiljø og styrke komparative fortrinn.	• Distanse mellom politikk og grasrot. • Sentralisering • Maktkamp stat/region/vilje til flytting av makt • Lågare valdeltaking, lågare engasjement • Større avstand, mindre dynamikk • Nye fogderi/subregionar

Rådmannsgruppe 2 Scenario 6: Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.	
Muligheiter	**Trugslar**
1. Stor region i nasjonal sammanheng. Samordna strategisk utvikling. **2.** Potensiale å utvikle kyst og havrom, vi kan bygge desentraliserte næringsstrukturar. Vi kan utvikle reiseliv, store og viktige. Vi har relativt lik kultur/identitet og derav utvikle felles infrastruktur. **3.** Sterk/Slagkraftig næringsstruktur.	**1.** Intern sentralisisering mot Bergen. Får ikkje tatt ut potensiale i omorganisering. Uoversiktlig/vanskelig å samordne. **2.** Svekke demokrati i distriktet, forbli en utkant i ein større region. Auka byråkrati. **3.** Får ikkje desentralisert statsm. Store avstandar.

Rådmannsgruppe 3 Scenario 6: Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.	
Muligheiter	**Trugslar**
1. Større tyngde/slagkraft. Statlege arbeidsplassar ut av Oslo **2.** Tegne "nytt kart" i høve offentlege kompetansemiljø i den nye regionen. Nye føringar/muligheiter i høve kommunestruktur **3.** Næringsutvikling – klynger. Gjere kvarandre gode og stå saman. Det blir større mangfald og vi blir mindre sårbare. Utvikling i lengre perspektiv. Avslutning av "konserveringsfasen" som gir energi til handling og utvikling.	**1.** Ulike virkelighetsoppfatning med kultur og praksis. Møre og Romsdal utkant i ein stor vestlandsregion. **2.** Sentralisering til Bergen, fjernstyring frå Bergen. Møre og Romsdal vert splitta i Romsdalsfjorden. **3.** Kan gå utover lokaldemokratiet og distriktspolitikk. Vil kanskje gi mindre politisk engasjement.

Til:
Kommunaldepartementet
Nordfjordrådet
Sunnmøre Regionråd
Kommunane i Nordfjord
Kommunane på Sunnmøre
Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane
Fylkeskommunen i Møre og Romsdal
Romsdal Regionråd
ORKidè

Ber om at rapporten blir distribuert til kommunalministeren, statsrådar i kommunaldepartementet, folkevalgte i kommunestyrer og fylkesting, rådmenn, og ellers til aktuelle aktørar som har interesse eller oppdrag innanfor arbeidet med regionreforma.

Vedlagt ligg prosjektrapporten etter Workshop regionreforma, som vart gjennomført mellom Ordførarar og Rådmenn i Nordfjordrådet og Sunnmøre regionråd, i Ørsta 7. september 2016. Rapporten er eit innspel til arbeidet med Regionreforma frå kommunal forvaltning i Nordfjord og på Sunnmøre.

Dersom det er tekniske spørsmål til rapporten kan underteikna bli kontakta.

Med vennlig hilsen

Erlend Krumsvik
Rådgiver
Sunnmøre Regionråd IKS

Mob: 410 40 838
www.sunnmoreregionrad.no

PS 119/16 Delegerte saker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 146/16 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 2/57

DS 147/16 Ferdigattest, Askevegen 11-19, Gbr 17/223 og 18/423

DS 148/16 Ferdigattest Gbr 17/231

DS 149/16 Løyve til tiltak , garasje Gbr 19/927

DS 150/16 Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 19/983

DS 151/16 Igangsettingsløyve Gbr 20/561/0/7

DS 152/16 Ferdigattest, parkeringsplass Gbr 20/79

DS 153/16 Løyve til tiltak, bustad Gbr 21/150

DS 154/16 Ferdigattest, tilbygg Gbr 30/219

DS 155/16 Løyve til tiltak, saghus Gbr 32/1

DS 156/16 Løyve til tiltak, støttemur gbr 110/7

DS 157/16 Ferdigattest Gbr 146/18

DS 158/16 Løyve til tiltak, garasje/lager Gbr 155/3